



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 20–51, 1600–1650

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605, 5692–5693



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 20–51, 1600–1650

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605, 5692–5693

Innhald

Del I	Innleiing	9	Kap. 42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret	54
1	Oversikt	11	Kap. 43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga	55
1.1	Område	11	Kap. 44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste	57
1.2	Hovudoppgåver og organisering ...	11	Kap. 45	Noregs institusjon for menneskerettar	58
1.3	Oversikt over budsjettframlegget for Finansdepartementet	12	Kap. 51	Riksrevisjonen	60
2	Nokre viktige oppgåver i 2022	14	Kap. 3051	Riksrevisjonen	62
2.1	Koronapandemien	14		Programområde 23	
2.2	Statens pensjonsfond	15		Finansadministrasjon	63
2.3	Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet	15		<i>Programkategori 23.10</i>	
2.4	Fornye, forenkle og forbetre	15		<i>Finansadministrasjon</i>	63
3	Viktige resultat 2017–2021	19	Kap. 1600	Finansdepartementet	63
4	Oppfølging av oppmodingsvedtak	23	Kap. 4600	Finansdepartementet	72
4.1	Stortingssesjon 2020–2021	25	Kap. 1602	Finanstilsynet	72
4.2	Stortingssesjon 2019–2020	30	Kap. 4602	Finanstilsynet	79
4.3	Stortingssesjon 2018–2019	32	Kap. 5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	79
4.4	Stortingssesjon 2017–2018	33	Kap. 1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	80
4.5	Stortingssesjon 2016–2017	33	Kap. 4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	85
5	Oversiktstabellar for budsjettet	35		<i>Programkategori 23.20 Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon</i>	86
5.1	Bruk av stikkordet «kan overførast»	38	Kap. 1610	Tolletaten	86
Del II	Budsjettframlegget for 2022 ...	39	Kap. 4610	Tolletaten	92
6	Nærare omtale av løvingsframlegga m.m.	41	Kap. 1618	Skatteetaten	94
			Kap. 4618	Skatteetaten	105
			Kap. 1619	Skatteklagenemnda	107
Programområde 00	Konstitusjonelle institusjonar	41		<i>Programkategori 23.30 Offisiell statistikk</i>	109
	<i>Programkategori 00.30 Regjeringa</i>	41	Kap. 1620	Statistisk sentralbyrå	109
Kap. 20	Statsministerens kontor	42	Kap. 4620	Statistisk sentralbyrå	116
Kap. 21	Statsrådet	43		<i>Programkategori 23.40 Andre føremål</i>	117
Kap. 3021	Statsrådet	43	Kap. 1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	117
Kap. 24	Regjeringsadvokaten	44	Kap. 1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	118
Kap. 3024	Regjeringsadvokaten	45	Kap. 1634	Kompensasjon for inntektssvikt som følge av koronaviruset	118
	<i>Programkategori 00.40 Stortinget og tilknytte organ</i>	46	Kap. 1645	Statleg garantiordning for lån til små og mellomstore føretak	119
Kap. 41	Stortinget	46			
Kap. 3041	Stortinget	54			

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	121
<i>Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.</i>	121
Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.	122
Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløysing	123
<i>Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.</i>	124
Kap. 4670 Den nordiske investeringsbanken	124
Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar	125
Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank	125
Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	126
Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	127
Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	127

Del III Andre saker	129
7 Likestilling og mangfald	131
7.1 Finansdepartementet	131
7.2 Etatane under Finansdepartementet	132
7.2.1 Likestilling	132
7.2.2 Etnisitet	134
7.2.3 Likestillings- og mangfaldsarbeidet i etatane som offentleg myndigheit	134
7.3 Programkategori 00.30 Regjering	136
7.4 Verknader av virusutbrotet i 2020	138
8 Omtale av klima- og miljørelevante saker	140
8.1 Finansdepartementet	140
8.2 Statistisk sentralbyrå	140
Forslag	143
Vedlegg	
1 Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak	151

Tabelloversikt

Tabell 4.1	Oversikt over oppmodingsvedtak	23	Tabell 6.7	Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent	111
Tabell 6.1	Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen	88	Tabell 6.8	Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk	111
Tabell 6.2	Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk	89	Tabell 6.9	Statistikkpubliseringar	111
Tabell 6.3	Skatte- og avgiftsproveny (i mrd. kroner)	95	Tabell 6.10	Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2020	121
Tabell 6.4	Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu	107	Tabell 7.1	Likestilling mellom kjønna	132
Tabell 6.5	Aktualiteten til statistikken – veker frå utgangen av referanseperioden til publisering	110	Tabell 7.2	Samla sjukefråvær i pst. – baa kjønn, kvinner og menn ...	132
Tabell 6.6	Publisering av statistikk – del som vart publisert på varsla tidspunkt	110	Tabell 7.3	Kvinnerens del av menns løn for nokre yrkeskodar	133
			Tabell 7.4	Tilsette med innvandrarbakgrunn	134
			Tabell 7.5	Inkluderingsdugnaden	134

Figuroversikt

Figur 1.1	Verksemder på Finansdepartementets område i 2022	11	Figur 6.1	Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter ...	94
-----------	---	----	-----------	---	----



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2022

Utgiftskapittel: 20–51, 1600–1650

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605, 5692–5693

*Tilråding frå Finansdepartementet 1. oktober 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Oversikt

1.1 Område

I denne proposisjonen kjem departementet med framlegg om utgifter og inntekter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar*, programområde 23 *Finansadministrasjon*, medrekna skatte- og avgiftsadministrasjonen, og programområde 24 *Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.* Ansvar for løyvingane, medrekna rekneskapsavlegging, under programkategoriane 00.30 *Regjeringa* og 00.40 *Stortinget og tilknytte organ* ligg til høvesvis Statsministerens kontor og Stortingets egne institusjonar. Av praktiske grunnar vert desse programkategoriane førte opp i Finansdepartementets proposisjon, og beløpa er tekne med i oversikt over løyvingar på Finansdepartementets område. Framlegg under programkategori 00.40 er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.


1.2 Hovudoppgåver og organisering

Finansdepartementet med underliggjande etatar har ansvar for m.a. å

- medverke til eit høveleg grunnlag for vedtak i den økonomiske politikken og i budsjettarbeidet
- sikre finansieringa av den offentlege verksemda gjennom skattar og avgifter
- samordne arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyringa i staten
- forvalte statleg formue og gjeld
- medverke til eit offisielt statistikk- og datagrunnlag til bruk i offentlig og privat verksemd
- medverke til velfungerande finansmarknader

Politikken på dei ovannemnde områda er omtalt i Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, Prop. 1 S (2021–2022) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2022* og Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*. Proposisjonen her omfattar i fyrste rekkje forvaltninga og administrasjonen på desse områda.

Nedanfor er ei oversikt over verksemdar på Finansdepartementets område.



Figur 1.1 Verksemdar på Finansdepartementets område i 2022

¹ Ansvarstilhøvet mellom Noregs Bank og statsmaktene i m.a. budsjettsaker og administrative saker er regulert av lov 21. juni 2019 nr. 31 om Norges Bank og pengevesenet mv.

² Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

³ Verksemd med eige styre.

1.3 Oversikt over budsjettframlegget for Finansdepartementet

Programområde under departementet

Nemning	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	2 409 181	2 513 700	2 574 025	2,4
Programområde 23 Finansadministrasjon	116 514 924	52 340 435	53 219 314	1,7
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	24 467 723	98 160 900	10 250 600	-89,6
<i>Sum utgifter</i>	<i>143 391 828</i>	<i>153 015 035</i>	<i>66 043 939</i>	<i>-56,8</i>
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	26 081	29 600	31 000	4,7
Programområde 23 Finansadministrasjon	3 164 836	3 302 693	3 568 854	8,1
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	21 728 862	25 802 200	11 719 900	-54,6
<i>Sum inntekter</i>	<i>24 919 779</i>	<i>29 134 493</i>	<i>15 319 754</i>	<i>-47,4</i>

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar
Programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* omfattar regjeringa og Stortinget med underliggjande institusjonar. Framlegg til løyving for 2022 under dette programområdet utgjer 2 574,0 mill. kroner som reelt er om lag det same som i saldert budsjett 2021. Under programkategori 00.30 *Regjeringa*, er det ein reduksjon med vel 1,7 mill. kroner. Reduksjonen kjem særleg av lågare behov til Koronakommisjonen og ei teknisk omlegging av premieordninga til Statens pensjonskasse. Under programkategori 00.40 *Stortinget og tilknytte organ*, gjer ein framlegg om å auke løyvingane med 62,1 mill. kroner eller 2,9 pst.

Framlegget under programkategori 00.40 *Stortinget og tilknytte organ* er i samsvar med framlegget frå stortingsadministrasjonen.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programområde 23 *Finansadministrasjon* omfattar skatte- og avgiftsadministrasjon, offisiell statistikk,

finansadministrasjon og nokre andre føremål. Det samla framlegget til løyving for 2022 under dette programområdet utgjer 53 219,3 mill. kroner. Det er ein auke på 876,0 mill. kroner frå saldert budsjett 2021. Av auken gjeld vel 707 mill. kroner nettoordninga for statleg betalt meirverdiavgift. Til Skatteetaten ligg det inne ein auke med 446,8 mill. kroner som særleg gjeld igangsetjing av eit fleirårig prosjekt for modernisering på innkrevjingsområdet og tiltak for betre IT-sikkerheit.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programområdet omfattar utgifter til renter og avdrag på den innanlandske statsgjelda og på statsskassa sine krav. Departementet sine renter og avdrag på statsgjeld er budsjetterte til 10 250,6 mill. kroner. Hovudgrunnen til minkinga her med 87 910,3 mill. kroner frå saldert budsjett 2021 er at eit stort obligasjonslån hadde forfall i 2021, medan det for 2022 ikkje vert rekna med nokon avdrag.

Verknader av ny premiemodell i Statens pensjonskasse

Premiesystemet i Statens pensjonskasse vert no modernisert. Frå 2022 tek ein i bruk ein ny premiemodell. Denne tek omsyn til spesifikke forhold i kvar einskild verksemd, og der det laupande vert gjort justeringar på grunnlag av til dømes lønsnivå, tidspunkt for pensjonering og alderssamansetjing. For verksemdene skal omlegginga vere om lag budsjettneøytral sidan opp- eller nedjustering av løyvinga skal svare til endringa av premiekravet.

For dei verksemdar som er omfatta av denne proposisjonen, utgjer justeringane til saman ein netto reduksjon med om lag 161,9 mill. kroner.

Inntekter

Samla inntekter, utanom skattar og avgifter, utgjer 15 319,8 mill. kroner. Av det er 11 719,2 mill. kroner utbyte og renteinntekter, m.a. 10 113,0 mill. kroner i overføring frå overføringsfondet i Noregs Bank. Statens renteinntekter av foliokontoen i Noregs Bank og andre krav i 2022 er omtalte i kap. 5605 *Renter av kontantar i statskassa og andre fordringar*. Det er gjort greie for skattar og avgifter i ein særskild proposisjon – Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*.

Utgifter fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	21 584 220	22 659 635	23 806 506	5,1
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	569 941	413 600	513 900	24,3
50–89	Overføringar til andre	57 242 667	41 941 800	41 723 533	-0,5
90–99	Utlån, statsgjeld o.a.	63 995 000	88 000 000		-100,0
	Sum under departementet	143 391 828	153 015 035	66 043 939	-56,8

2 Nokre viktige oppgåver i 2022

Nedanfor er det gjort greie for nokre av dei viktige oppgåvene Finansdepartementet skal utføre i 2022, i tillegg til å samordne den økonomiske politikken.

2.1 Koronapandemien

Koronapandemien har i stor grad prega den økonomiske utviklinga i norsk og internasjonal økonomi i 2020 og 2021. Sidan forsommaren 2021 har vaksineringa komen så langt at dei strenge smitteverntiltaka gradvis har vorte avvikla. Gjenopninga av samfunnet har gjeve eit kraftig oppsving i husholda sin etterspørsel etter varer og tenester, og farten i fastlandsøkonomien er høg. Den registrerte arbeidsløysa går raskt ned, og store delar av næringslivet ventar høg vekst framover. Det ligg an til at norsk økonomi vil kome inn i ein høgkonjunktur i 2022 og at den registrerte arbeidsløysa vil vere lågare enn snittet for dei siste 20 åra. Fleire næringar opplever no at det er vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft.

Regjeringa har fremja omfattande økonomiske tiltak for å minke dei negative konsekvensane av pandemien og smitteverntiltaka. Oljepengebruken har vorte løfta kraftig i 2020 og 2021 for å kompensere for inntektsbortfall som har føljt av aktivitetsdempande smitteverntiltak. Samstundes har sparinga i husholda auka til rekordhøge nivå, sidan smitteverntiltaka har hindra husholda frå å bruke pengar som normalt. Når smitteverntiltaka vert trappa vidare ned, ventar vi at den økonomiske aktiviteten vil auke raskt. Dersom den økonomiske politikken ikkje vert lagt om i tide, aukar risikoen for at låg rente og høg oljepengebruk skaper pressproblem og store svingingar i økonomien.

Regjeringa har gjennom heile krisa framheva at dei mellombelse økonomiske tiltaka skal verte avvikla når dei ikkje lenger er naudsynte. Med utsikter til at pandemien i store trekk kan gå over i laupet av 2021, legg regjeringa opp til at den kraftige og mellombelse auken i offentleg pengebruk i all hovudsak vert trekt tilbake. Avvikling av kompensasjonen har motpost i avvikling av aktivitets-

dempande smitteverntiltak, noko som i seg sjølv verkar ekspansivt på økonomien. Den auka sparinga i husholda gjennom krisa representerer òg ein oppdemma etterspørsel etter varer og tenester som no vert utløyst.

Regjeringa er samstundes oppteken av å førebyggje negative etterverknader av krisa. Målet er at arbeidsløysa ikkje skal vere høgare etter krisa enn før, og å møte dei krava krisa har skapt for å ta igjen tapt progresjon i skulen, og å ivareta psykisk helse og sårbare grupper. Tiltaka for registrerte arbeidslause og permitterte vil vere på eit høgt nivå i 2022 òg, og tiltaka vert særleg retta inn mot dei som har gått lenge utan arbeid og grupper med nedsett arbeidsevne. Regjeringa har òg foreslått midlar til ein tredje vaksinedose mot covid-19 i budsjettet for 2022.

Dei økonomiske tiltaka har verka. Sjølv om fallet i økonomisk aktivitet våren 2020 var det djupaste i etterkrigstida, var reduksjonen i aktiviteten i norsk økonomi mindre enn i dei fleste andre OECD-land, og norsk økonomi har tatt seg raskt opp att. Samstundes er det viktig å evaluere dei nye tiltaka som pandemien gjorde det naudsynt å innføre, og særleg kompensasjonsordninga for føretak med stort omsetningsfall. Departementet varsla ei slik evaluering i Prop. 70 LS (2019–2020):

«Departementet legger opp til å evaluere tilskuddsordningen. Blant annet vil antallet konkurser og oppbud i målgruppen som følge av virusutbruddet og smitteverntiltakene og utviklingen i arbeidsmarkedet danne et grunnlag for en vurdering om tiltaket har hatt ønsket effekt.»

For å kunne gjennomføre påliteleg analyse av dei økonomiske verknadane av ordninga, vil ein analysere nøkkeltal for føretaka som har mottatt støtte. Krisa starta i 2020, men varte inn i 2021, og det vil være føremålstenleg å vente til ordninga er avslutta og data for 2021 er klare. Førebelse vurderingar er at kompensasjonsordninga har verka etter føremålet, slik Riksrevisjonen konkluderte i mai i år, men det vil verte gjort ei grundigare evaluering i laupet av 2022. Ein tar òg sikte på å gjere makroøkonomiske analysar av støtte-

ordningane, men det kan da være krevjande å isolere effekten av dei enkelte ordningane.

Ein nærare omtale av dei økonomiske krise-tiltaka i samband med koronapandemien er gjeve i avsnittet *Viktige resultat 2017–2021* i del 1, pkt. 3, i denne proposisjonen.

2.2 Statens pensjonsfond

Stortinget har i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond gjeve Finansdepartementet ansvaret for forvaltninga av fondet. Den operasjonelle forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) er det høvesvis Noregs Bank og Folketrygdfondet som tek hand om, jf. § 2 i lova. Departementet har fastsett føresegner for forvaltninga i særskilde mandat for Noregs Bank og Folketrygdfondet. Her er det gjort greie for referanseindeksar og rammer for forvaltninga, og ein finn føresegner om risikostyring, rapportering og ansvarleg investeringspraksis. Mandata er i hovudsak prinsippbaserte, og dei føreset at Noregs Bank og Folketrygdfondet fastset meir detaljerte interne reglar.

Den samla marknadsverdien av Statens pensjonsfond var 11 990 mrd. kroner ved inngangen til andre halvår 2021. Av dette var 11 673 mrd. kroner i SPU og 317 mrd. kroner i SPN. Langsiktig og god forvaltning av denne fellesformuen er ei viktig oppgåve.

Målet med investeringane i Statens pensjonsfond er høgast mogleg avkasting innafor akseptabel risiko. Fondet skal vere ein ansvarleg investor innafor den overordna finansielle målsettinga.

Finansdepartementet fastset investeringsstrategien for fondet og følgjer opp forvaltninga.

Arbeidet med Statens pensjonsfond er nærare omtalt i Meld. St. 24 (2020–2021) *Statens pensjonsfond 2021* og i Meld. St. 1 (2021–2021) *Nasjonalbudsjettet 2022*.

2.3 Regelverksarbeid på finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet har det i mange år vore arbeid mykje med å utvikle og tilpasse rammevilkåra for finansnæringa gjennom føremålstenlege lover og forskrifter. Regelverket skal medverke til at finansmarknadene og finansinstitusjonane er effektive. Samstundes skal det fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i finansmarknaden. Det er lagt stor vekt på at den

samla reguleringa skjer på ein konsistent måte for dei ulike typar finansinstitusjonar, med lik regulering av lik type risiko, uavhengig av kva slag finansinstitusjon som tek risikoen. Interessene til kundane skal òg takast vare på når ein fastset reglar. Regelverksarbeidet speglar i stor mon arbeidet med nye reglar i EU/EØS, i tillegg til enkelte nasjonalt initierte prosessar. Rapporteringa av gjennomførte regelverksoppgåver og gjennomgang av prioriterte regelverksoppgåver er omtalt i del II av proposisjonen under kap. 1600 Finansdepartementet.

Arbeidet med finansiell stabilitet er delt mellom Finansdepartementet, Finanstilsynet og Noregs Bank. Finansdepartementet arbeider særleg med rammevilkåra for finanssektoren. Ein omtale av dette arbeidet og stoda i dei internasjonale finansmarknadene er gjeven i Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og i den årlege finansmarknadsmeldinga som har meir utførleg informasjon om utviklinga i finansmarknadene, utsiktene for finansiell stabilitet og omtale av finansmarknadsreguleringa. Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarknadsmeldingen 2021* vart lagd fram i april 2021 og drøfta då Stortinget behandla Innst. 582 S (2020–2021).

2.4 Fornye, forenkle og forbetre

Skatte- og avgiftsområdet

Skatteetaten har dei seinare åra gjennomført fleire store omstillingsprosessar der målet er ei betre og meir effektiv skatte- og avgiftsforvaltning. Skatteetaten består no av eit direktorat og seks divisjonar med landsdekkjande ansvar for kvar sine fagområde. Etaten har 57 skattekontor fordelt rundt i landet. Skatteoppkrevjarfunksjonen vart overført frå kommunane til Skatteetaten 1. november 2020. Om lag 1 000 personar med ansvar for arbeidsgjevarkontroll, skatteinnkrevjing og skatte- rekneskap vart då overførte frå kommunane til Skatteetaten. Skatteetaten har no eit heilskapleg ansvar for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter. Den nye organiseringa legg til rette for at Skatteetaten kan løyse sine oppgåver på ein betre og meir effektiv måte.

Skatteetaten moderniserer systemportefølja si. Moderniseringa effektiviserer etatens interne prosessar, men gjev òg enklare tenester for innbyggjarane og forenkling for næringslivet. I 2020 vart eit modernisert folkeregister lansert. Ei innsynsløysing for innbyggjarar, der ein kan sjå egne opplysningar, vart lansert i 2021. Det er òg gjennomført ei opprydding i d-nummer-databasen.

Effektar er mellom anna eit register med høgare kvalitet og meir oppdaterte opplysningar. Manuell og papirbasert saksbehandling vert erstatta av automatiserte prosesser, og endringar kan sendast elektronisk.

Skatteetaten utviklar samstundes ei ny dialogbasert skattemelding for formues- og inntektskatt for næringsdrivande, lønstakarar og pensjonistar. Den nye skattemeldinga skal forenkla og forbetre prosessane for fastsetjing av skatt og redusere næringslivets kostnader ved å etterleve statlege rapporteringskrav. Løysinga for lønstakarar og pensjonistar er tilnærma ferdigstilt og vart teken i bruk våren 2020 i samband med skattemeldinga for 2019. Denne løysinga har fungert bra. I 2022 skal prosjektet utvikle ei løysing for næringsdrivande.

Etaten utviklar òg eit nytt IT-system for meirverdiavgift. Ei meir digitalisert prosesstøtte og betre rettleiing for verksemdene vil gjere det enklare å etterleve meirverdiavgiftsreglane. Etter å ha utvikla og lansert ein ny portal for mva-registrering i 2021, vil prosjektet i 2022 arbeide vidare med utvikling av ny skattemelding for mva.

Skatteetaten starta i 2020 òg utviklinga av ei løysing som skal gjere det mogleg å dele opplysningar om inntekt og arbeidsforhold som arbeidsgjevar allereie har innrapportert i a-meldinga, med pensjonsverksemd slik at desse kan rekne ut rett pensjonsgrunnlag etter OTP-regelverket. Målet er betre etterleving av pensjonsforpliktingar frå arbeidsgjevarane og forenkla rapportering av opplysningar frå næringslivet. Etter planen vert løysinga klar i 2022.

I 2022 skal Skatteetaten òg starte steg 1 av tre av ei omfattande modernisering av innkrevjingsområdet og særleg IT-porteføljen. Tiltaket vil leggje til rette for å samordne og modernisere systemporteføljen, prosessane og regelverket på innkrevjingsområdet. Tiltaket vil gjere prosessane og regelverket meir brukarvenlege. Programmet er ei tverrsektoriell satsing som vert foreslått gjennomført over sju år. Skatteetaten vil samarbeide med politiet, Nav, Lånekassa og Brønnøysundregistranane om å utvikle samanhengande tenester på innkrevjingsområdet.

Skatteetaten har omfattande digitale prosessar og ein stor og kompleks IT-systemportefølje. Vel fungerande og sikre IT-system i etaten er avgjerande for verksemda. Etaten vil i 2022 difor styrkje arbeidet med informasjonstryggleiken i eiga system for å oppretthalde stabile og tilstrekkeleg sikre system.

Tiltaka er omtalte under kap. 1618 *Skatteetaten* òg.

Tolletaten

Tolletaten har starta arbeidet med å digitalisere systemstøtta på kontrollområdet og etablere ei ny løysing for deklarerering og automatisk fortolling av varer på grensa (ekspressfortolling). Føremålet er mellom anna å effektivisere oppgåveløysinga for både næringslivet og Tolletaten. Ekspressfortollingsløysinga vil gje ei føreseieleg og smidig grensepassering for næringslivet. For aktørar som fortollar på grensa, betyr dette at ein, i normal-situasjonen, slepp å stanse for å få behandla papira sine i ekspedisjonen. Frå 2018 har det vorte gjennomført eit forsøksprosjekt med ekspressfortolling på Ørje tollstad. Løysinga vart vidareutvikla med fleire prosedyrar, og prøvinga vart utvida til Svinesund i 2020. Prøveprosjektet er evaluert, og ein vidare strategi for arbeidet med løysinga er under arbeid.

Tolletaten vart omorganisert 1. juni 2019 og består no av to fagdivisjonar og eit direktorat med fire fagdivisjonar. Fagdivisjonane har ansvar og oppgåver for heile landet. Tidlegare var etaten organisert med eit direktorat og seks underliggjande tollregionar. Tolletaten har òg innført ny organisering av nivåa under divisjonane i oktober 2020, og vil halde fram med å tilpasse organiseringa si til tida og tilhøva.

Tiltaka er òg omtalte under kap. 1610 *Tolletaten*.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) legg til rette for effektiv ressursbruk i staten gjennom å levere standardiserte og effektive tenester til statlege verksemdar. Gjentekne, regelbaserte oppgåver med store volum gjer slike tenester godt eigna for digitalisering og automatisering, og DFØ har arbeidd målretta med dette i fleire år. Den stendige utviklinga av tenestene bidreg både til effektivisering av arbeidet og auka kvalitet på prosessane.

Direktoratet bidreg òg til at staten får lågare investerings- og driftskostnader ved å kjøpe løysingar som mange kundar kan nytte. Fleire store og komplekse verksemdar skal verte kundar av DFØ. Universiteta i Bergen og Oslo vart kundar av DFØ i 2021, og universiteta i Trondheim og Tromsø vert etter planen løns- og rekneskapskundar av DFØ frå 2022. Dei store verksemdene er sterkt delaktige i utviklinga av nye løysingar som òg resten av staten kan nytte.

Regjeringa har òg starta arbeidet med å utvikle DFØ til eit kompetansesenter for offentleg

ressursbruk for å styrkje merksemda og kompetansen på effektiv ressursbruk i forvaltninga. DFØ vart omorganisert i 2020. Frå 1. januar 2020 vart fagområda til avdelinga for leiing og avdelinga for utgreiing og analyse i *Digitaliseringsdirektoratet* (tidlegare Difi) flytta til DFØ. I andre halvår 2020 vart òg fagområdet innkjøp flytta frå *Digitaliseringsdirektoratet* til DFØ. Ved å flytte desse fagområda vert fagområda økonomi, innkjøp, styring, leiing og organisering samla i DFØ. Dette legg til rette for ei meir samordna utvikling av desse områda, og at statlege verksemdar kan få betre og meir heilskaplege tenester enn før.

Finansområdet

Regjeringa har sett ned eit utval som skal gå gjennom verksemda til Finanstilsynet og utarbeide utkast til ei ny finanstilsynslov, som reflekterer utviklinga i regelverk og i tilsynsomsfang og -metodikk.

Elles ventar tilsynet fortsatt auke i oppgåver. Særleg omfattande regelverksutvikling i EU gjer at tilsynet må bruke betydelege ressursar på å utvikle tilsvarande norsk regelverk. Vidare auke i Finanstilsynets oppgåver skjerpar kravet til effektiv utnytting av tilsynet sine ressursar og til prioritering av innsatsen på dei ulike tilsynsomsråda. Redusert saksbehandlingstid gjennom systematisk forbetring av interne arbeidsprosessar, samstundes som eksterne og interne kvalitetskrav skal møtast, er sentralt.

Finanstilsynet har i fleire år gjennomført tiltak som har auka kvaliteten på data og effektivisert og forenkla verksemda. I 2019 fastsette tilsynet ein digitaliseringsstrategi for perioden 2019–2022. Strategien inneheld mål, prinsipp og planar for digitaliseringsarbeid i tilsynet.

Frå 2022 skal Finanstilsynet trappe opp digitaliseringsarbeidet. Satsinga som er føresetta å vare i fem år, vert retta inn mot automatisering av forvaltningsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og auka deling av data. Tilsynet vil mellom anna ta i bruk kunstig intelligens på innsamla data for å avdekkje mønster og ulovleg aktivitet i verdipapirmarknaden. Det vil òg auke den maskinelle behandlinga og kontrollen med dokument og lydfiler.

Modernisering av statistikkproduksjonen

Ny statistikklov tredde i kraft 1. januar 2021. Statistisk sentralbyrå (SSB) må framleis arbeide med implementering av nytt regelverk. Med den

nye lova har SSB fått ei ny rolle som sentral myndigheit for utarbeiding, utvikling og formidling av offisiell statistikk, og må ta ei større rolle som samordnar og kvalitetssikrar av statistikk frå alle produsentane i det norske statistikksystemet. Dette vil vere ei viktig oppgåve framover.

Det er vedteke eit nasjonalt program for offisiell statistikk for 2021 til 2023. Fyrste program gjeld ein kort periode, og SSB må i 2022 starte arbeidet med å utarbeide forslag til program for neste programperiode. Forslaget skal fremjast etter samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*.

SSB skal utvikle og fremje tiltak for kvalitetssikring og kompetansebygging innan det norske statistikksystemet i samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*. Eit system for kvalitetssikring skal etablerast i 2021, og ein fyrste kvalitetsrapport for den norske offisielle statistikken skal publiserast i 2022. Denne rapporten gir grunnlag for å vurdere tiltak for betre kvalitet i offisiell statistikk og endringar i systemet for kvalitetssikring.

Teknologiske endringar gjev tilgang på meir data og nye datakjelder. Det skapar nye høve til statistikkutvikling, men fører òg til auka etterspurnad etter statistikk og analysar frå SSB. SSB må bruke stordata og nye metodar for å utvikle ny statistikk og nytte ressursane sine betre. Det er naudsynt å effektivisere og fornye, og ikkje minst å frigjere ressursar som kan gje rom for utvikling. SSB må heile tida utvikle statistikkproduksjonen for å møte auka krav frå brukarane, samstundes som verksemda skal effektiviserast. I det daglege arbeidet er det naudsynt at verksemda veg effektivitet opp mot andre kvalitetsindikatorar.

SSB held fram arbeidet med å etablere ei moderne IT-plattform. Utviklingsarbeidet inneber mellom anna nye løysingar for datalagring og datafangst og prosessforbetringar i dei statistikkproduserande avdelingane. Rutineprosessar som i dag krev mykje arbeidsinnsats, kan i større grad standardiserast og automatiserast, og slik skape rom for å nytte fleire nye datakjelder og lage meir statistikk, analyse og formidling som er godt tilpassa ulike brukaromsyn. I tillegg til at forenkla produksjonsprosessar kan gje rom for vidare kontinuerleg utvikling, vil auka bruk av nye datakjelder òg medverke til å redusere oppgåvebøra for oppgåvegevarar.

Transaksjonsdata og andre stordata kan gje høve til statistikk på nye område og redusere oppgåvebøra for oppgåvegevarar. Slike data kan saman med nye metodar òg bidra positivt til eksisterande statistikk, noko bruk av transaksjonsdata i produksjonen av nasjonalrekneskapen i 2020 er eit døme på. SSB vil i 2022 gjennomføre ei ny for-

bruksundersøking. SSB skal i dette arbeidet gjere seg nytte av transaksjonsdata, som det ikkje tidlegare har hatt tilgang til. Førebelse konklusjonar er at ein i tillegg til å nytte transaksjonsdata, må supplere med andre kjelder for å få eit godt nok grunnlag til å lage statistikkane.

Budsjettgevinstar frå endra jobbreisevanar

Koronapandemien har kravd meir bruk av digitale møte og gav statlege verksemdar høve til å redusere reiseomfanget. Sjølv om reiseaktiviteten vil

auke igjen etter kvart som samfunnet opnar igjen, vil nivået truleg vere varig redusert. Dette vil redusere reiseutgifter og spare reisetid for dei tilsette. Regjeringa gjer framlegg om eit varig gevinstuttak frå og med 2022 på 5 pst. av reiseutgiftene slik desse var før pandemien. For dei verksemdar som er omfatta av denne proposisjonen, unntatt Stortinget og tilknytte organ, utgjer dette 11 mill. kroner. Sjå Prop. 1 S (2021–2022) Gul bok, for ei nærmare framstilling av gevinstuttaket.

3 Viktige resultat 2017–2021

Økonomiske krisetiltak i samband med koronapandemien

Koronapandemien har skapt ei økonomisk krise ulik andre kriser. Regjeringa har saman med Stortinget sette i verk historisk kraftige tiltak for å motverke inntektsbortfall hos føretak og hushalda. Både når det gjeld økonomien og folkehelsa har Noreg så langt kome betre gjennom krise enn dei fleste andre europeiske land.

Sidan 12. mars 2020 har regjeringa fremja omfattande økonomiske tiltak for å minke dei negative konsekvensane av pandemien og smitteverntiltaka. Regjeringa sin strategi for vegen ut av krise vart fyrste gong lagt fram våren 2020. Den er sidan oppdatert og utvida og inneber å kompensere når det er naudsynt, men trappe ned tiltaka for å gje insentiv til aktivitet så snart smittesituasjonen og smitteverntiltaka gjer det mogleg.

Regjeringa sitt overordna mål med dei økonomiske tiltaka har heile tida vore å tryggje arbeidsplassar og forhindre at arbeidsløysa festar seg på eit høgt nivå. Gjennom stønad og kompensasjon til næringslivet vil fleire arbeidsgjevarar unngå konkurs under pandemien, slik at aktiviteten i økonomien raskt kan ta seg opp igjen og flest mogleg kan kome tilbake i jobb når det ikkje lenger er behov for strenge smitteverntiltak.

Krise har ramma skeivt, og personar med lita utdanning er overrepresentert blant dei ledige. Auka satsing på utdanning og kompetansetiltak har vore sentralt for regjeringa, for å bidra til at fleire styrkjer sine moglegheiter på arbeidsmarknaden. Regjeringa har lagt vekt på at dei økonomiske tiltaka skal vere målretta og mellombels med plan for utfasing, gje best moglege insentiv, og samstundes vere innretta slik at ein kan unngå misbruk.

Dei økonomiske tiltaka har verka. Sjølv om fallet i økonomisk aktivitet våren 2020 var det djupaste i etterkrigstida, var reduksjonen i brutto nasjonalprodukt (BNP) for Fastlands-Noreg samla i 2020 på meir moderate 2,5 pst. Til samanlikning fall BNP i heile OECD-området med 4,7 pst. i snitt.

Med utsikter til avvikling av dei fleste smitteverntiltak i laupet av 2021, legg regjeringa opp til

at den kraftige og mellombelse auken i offentleg pengebruk i all hovudsak vert trekt tilbake. Regjeringa er samstundes oppteken av å førebyggje negative etterverknader av krise. Målet er at arbeidsløysa ikkje skal vere høgare etter krise enn før, og å møte dei krava krise har skapt for progresjon i skulen, psykisk helse og rus, og for sårbare grupper.

Statens pensjonsfond

Statens pensjonsfond utland har utvikla seg sterkt og hadde medio september 2021 ein marknadsvardi på om lag 12.000 mrd. norske kroner. Regjeringa har vidareført og utvikla investeringsstrategien til SPU, mellom anna med vekt på ytterlegare styrking av ansvarleg forvaltning som ein integrert del av verksemda i SPU. Det er brei politisk semje om at Statens pensjonsfond utland (SPU) ikkje skal vere eit verkemiddel i utanriks- eller klimapolitikken.

Frå og med 2018 vart delen aksjar i referanseindeksen for SPU auka frå 62,5 pst. til 70 pst., samstundes som delen obligasjonar vart redusert tilsvarende.

Finansdepartementet sette våren 2019 ned eit utval for å gjennomgå dei etiske retningslinene for SPU. Utvalet leverte si utgreiing i juni 2020, og i 2021 foreslo Finansdepartementet mellom anna endringar i kriteria om våpen og korrupsjon og eit nytt kriterium om våpensal. Finanskomiteen slutta seg til dette i juni 2021. Det er no:

- Opna for investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi under miljømandata, med krav til openheit, avkastning og risiko som for investeringar elles.
- Setje i gang nytt arbeid med klimarisiko for å auke kunnskapen om korleis klimaendringar, klimapolitikk og det grøne skiftet kan verke inn på investorar som SPU, og korleis klimarisiko og klimarelaterte investeringsmoglegheiter kan handsamast ved forvaltninga av fondet.
- Gjeve Noregs Bank i oppgåve å vidareutvikle sitt forventningsdokument om skatt og openheit og vurdere korleis banken ytterlegare kan styrkje sitt arbeid på dette feltet.

I 2020 og 2021 førte ein brei gjennomgang av referanseindeksen for aksjar i SPU til at talet på selskap i aksjeindeksen vart redusert frå om lag 8 800 til om lag 6 600, samstundes som den delen av investeringane i SPU som vert plassert i Nord-Amerika vart auka og delen i Europa minka.

Ei ekspertgruppe vurderte i 2021 finansiell klimarisiko og klimarelaterte investeringsmogleikheiter. I september 2021 vart det satt ned eit offentleg utval for å vurdere langsiktige perspektiv for SPU.

Skatt og avgift

Regjeringa har prioritert skatte- og avgiftsendringar som fremjer økonomisk vekst og legg til rette for ei grøn omstilling. Det samla skatte- og avgiftsnivået er redusert med i overkant av 36 mrd. kroner frå 2013 til og med 2021. Skattesatsen på alminneleg inntekt er redusert frå 24 pst. i 2017 til 22 pst. frå 2019. Det har vorte meir lønsamt å arbeide fordi marginals-katten på arbeid er redusert, mest for dei lågaste inntektene. Kringkastingsavgifta er fjerna og erstatta av ordinær skattefinansiering.

Regjeringa har prioritert lågare formuesskatt for å støtte norske eigarar i å utvikle næringsverksemder og arbeidsplassar. Lettene i formuesskatten sidan 2013 utgjør 9,9 mrd. kroner. I 2017 vart det innført ein eigen rabatt på aksjar og driftsmiddel. Rabatten har vorte gradvis auka, slik at aksjar og driftsmiddel i 2021 vert verdsette til 55 pst. av verdien før rabatt.

Selskapsskatten er redusert til eit konkurransedyktig nivå på 22 pst. Regjeringa har òg betra dei skattemessige rammevilkåra for oppstartsselskap. Det er innført ei skatteinsentivordning for investeringar i slike verksemder, og som vart ytterlegere utvida i 2020. I 2018 vart ei ny skatteordning for tilsetteopsjonar i små oppstartsselskap innført og seinare utvida fleire gonger.

Regjeringa har lagt til rette for grøn omstilling ved å auke det generelle avgiftsnivået på ikkje-kvotepliktige utslepp av klimagassar og ved å avvike fritak og reduserte satsar. Dette gjer at ein stadig større del av norske utslepp står overfor ein karbonpris som gir hushald og verksemder økonomiske insentiv til å redusere utsleppa. Om lag 85 pst. av norske utslepp av klimagassar er prisa gjennom avgifter og kvotesystemet. Samtidig har regjeringa redusert det samla nivået av skattar og avgifter.

Finansdepartementet sende 3. september 2021 eit framlegg på høyring om å leggje om særskatten for petroleumsverksemd til ein kontantstraumsskatt frå inntektsåret 2022. Framlegget vil

gjere særskatten nøytral og dermed gi samsvar mellom selskapas og samfunnets vurderingar.

Regjeringa har òg lagt fram prinsipp for eit framtidig bilavgiftssystem. Dagens system er ikkje berekraftig. Provenyet fell kraftig, og dei eksterne kostnadene ved bruk av køyretøy, utanom utslepp av CO₂, er ikkje tilstrekkeleg prisa.

Det er vedteke enklare reglar for utanlandske arbeidstakarar på kortvarig opphald i Noreg. I ordninga vert lønsinntekter skattlagde etter ein bruttometode med ein flat sats på 25 pst. Ordninga tok til å gjelde frå inntektsåret 2019 og skal gje meir rett skattlegging i tråd med regelverket. Det er vedteke nye reglar om kjeldes-katt på renter og royalty m.m. Reglane skal motverke overskotsflytting og at inntekt ikkje vert skattlagt. Reglane tek til å gjelde i løpet av 2021.

Med verknad frå og med 2020 vart den tidlegare ulovfesta omgåingsregelen lovfesta. Etter omgåingsregelen kan ein skattepliktig miste ein skattefordel når hovudføremålet med ein transaksjon er å oppnå skattefordelen, og ulike vilkår er oppfylte. Ikkje minst omsynet til førehandsvisse for skattytarane talar for at ein så viktig regel er lovfesta. Innhaldet i den lovfesta regelen svarer langt på veg til innhaldet i den ulovfesta regelen, men med endringar når det gjeld skatt i utlandet, det føremålet skattytaren meiner å ha med ein transaksjon og ved at ein kan nytte regelen på tilfelle som er omtalt i lovforarbeider.

Med verknad frå 1. januar 2020 vart det innført ei plikt til å gje opplysningar frå digitale plattformar om utleige og tenester som vert formidla over digitale plattformar. Arbeidet følgde opp innstillinga frå Delingsøkonomiutvalet i NOU 2017: 4 *Delingsøkonomien – muligheter og utfordringer*.

Regjeringa har gjort viktige avklaringar om reglane for naturalytingar i arbeidshøve. Dette, saman med vesentleg utvida grenser for skattefrie ytingar, gjev klårare reglar samstundes som det er stor fleksibilitet til å gje naturalytingar skattefritt i rimeleg omfang.

Regjeringa har følgd opp oppmodinga frå utvalet *Norge mot 2025* om å setje ned eit nytt skatteutval. Utvalet skal sjå på perspektiv for framtidens skatte- og avgiftssystem og gjere ein brei gjennomgang av skattesystemet. Utvalet skal levere si utgreiing innan 1. november 2022.

Finansmarknadene

Velfungerande kapitalmarknader, godt forbrukarvern og trygg finansverksemd er viktig for vekstevna i økonomien og kvardagen til folk. Regjeringa har mellom anna medverka til likare kapital-

krav for norske og utanlandske bankar, styrkt innskotsgarantien og verktøykassa for krisehandtering, vidareført reguleringa av utlånspraksis i bankane og treft tiltak for ein meir velfungerande marknad for forbrukslån. Regjeringa har utvikla den norske verdipapirmarknaden ved mellom anna å auke investorvernet

Regjeringa har gjennomført fleire viktige regelverksendringar for dei private tenestepensjonsordningane, mellom anna gjennom etablering av eigen pensjonskonto. Måla for desse endringane er tryggleik for opptente pensjonar, større valfridom og ei effektiv og rasjonell forvaltning av pensjonskapital. Regjeringa har òg foreslått pensjonsopptening frå fyrste krone.

Regjeringa har lagt til rette for nye forretningsmodellar og bruk av ny teknologi i den finansielle tenesteproduksjonen. Det er etablert ei regulatorisk sandkasse for fintech i regi av Finanstilsynet.

Regjeringa har arbeidd for å dreie privat kapital over mot meir berekraftige investeringar, handtering av finansiell risiko som følgje av klimaendringar og fremje openheit og langsiktigheit i finansmarknadene.

Regjeringa har styrkt innsatsen mot kvitvasking og terrorfinansiering og lagt fram ein ny strategi mot kvitvasking, terrorfinansiering og finansiering av sprenging av masseødeleggingsvåpen.

Effektiv bruk av ressursar

Regjeringa byggjer politikken sin på ein effektiv bruk av fellesskapets ressursar og har i perioden styrkt arbeidet for gode utgreiingar og god ressursbruk. Gjennom avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma vert det gitt insentiv til meir effektiv statleg drift. Frå og med saldert budsjett 2018 og til og med saldert budsjett 2021 har ein gjennom denne reforma trekt inn vel 7,7 mrd. kroner til andre prioriterte føremål som tiltak innafor utdanning, helse og samferdsel

Regjeringa har gjennomført ei rekkje djupare analysar av utvalde område for å identifisere effektiviseringspotensial og betre målretting av ressursbruken over statsbudsjettet. For å styrkje merksemda og kompetansen på området har regjeringa starta med å utvikle Direktoratet for forvaltning og økonomistyring til eit kompetansesenter for offentleg ressursbruk.

Overføring av skatteoppkrevjinga frå kommunane til Skatteetaten

Frå 1. november 2020 er ansvaret for skatteoppkrevjinga overført frå kommunane til Skatte-

etaten. Med ny organisering har Skatteetaten eit heilskapleg ansvar for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter. Eit viktig føremål med overføringa er større og betre fagmiljø, auka grad av likebehandling av skattytarar og betre rettstryggleik. For dei skatte- og avgiftspliktige er det ei forenkling sidan dei no berre treng å ha kontakt med ein etat med heile ansvaret for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter. Endå viktigare er kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet. Skatteoppkrevjinga er no lokalisert til 40 skattekontor, medan dei resterande 16 skattekontora (Svalbard unnateke) òg kan gje rettleiing i samband med skatteoppkrevjinga. Endringa inneber at det er oppretta mange store fagmiljø med kompetansesarbeidsplassar i heile landet, òg utanfor dei største byane. Med ny organisering har arbeidsmarknadsregion Oslo i overkant av 23 pst. av årsverka til skatteoppkrevjinga, mot tidlegare 28 pst. Samstundes vil ein kunne gjere oppgåva meir effektivt: Skatteetaten vil på sikt nytte 918 årsverk til oppgåva, mot om lag 1 300 i kommunane. Heilårsverknaden av gevinsten frå overføringa er rekna til 370 mill. kroner årleg.

Samordninga av arbeidsgjevarkontrollen med Skatteetatens andre kontrollaktivitetar vil medverke til betre og meir effektive kontrollar, større og meir kompetente kontrollmiljø og gjere det lettare å arbeide heilskapleg med kontroll av bedrifter og enkeltpersonar.

Folkeregisteret

Regjeringa gjorde i statsbudsjettet for 2016 framlegg om eit prosjekt for å modernisere Folkeregisteret. Prosjektet vart avslutta i 2020. Folkeregisteret er ein nasjonal felleskomponent og ein viktig del av Noregs digitale infrastruktur. Folkeregisteret gjev oversikt over kven som er busett i Noreg og andre personar som har ei tilknytning til landet (til dømes utanlandske arbeidrarar eller studantar). Registeret skal òg syne kven som har innvandra og utvandra. Ei korrekt oppføring i Folkeregisteret er ein viktig føresetnad for dei rettane og pliktane den einskilde borgar har i samfunnet. Informasjon frå Folkeregisteret er sentral i offentlig saksbehandling og planlegging, og er viktig informasjonskjelde for private aktørar som treng personopplysningar av høg kvalitet.

Folkeregisteret oppfylte tidlegare ikkje samfunnets krav til registerkvalitet. Moderniseringa av Folkeregisteret har vore eit viktig tiltak for auka digitalisering og effektivisering av offentlig sektor. Den nye løysinga gjev nye tenester til inn-

byggjarane, betre kvalitet i opplysningane og raskare og meir automatisert saksbehandling i Skatteetaten og hos andre brukarar av Folkeregisteret. Elektronisk og rask utveksling av personopplysningar er sentralt i effektivisering og digitalisering av offentleg forvaltning og vil leggje til rette for betre samhandling mellom personar og privat næringsliv.

Ny systemløysing for avgiftsforvaltninga

Eit modernisert IT-system for forvaltning av særavgifter vart ferdig i 2019. IT-løysinga handterer fastsetjing og innkrevjing av særavgifter, meir-

verdiavgift ved innførsel og innkrevjing av alle pengestraumar ved import. Den nye løysinga sikrar provenyet og stør den nye oppgåvefordelinga etter at ansvaret for særavgifter og meirverdiavgift ved innførsel vart overført frå Tolletaten til Skatteetaten i 2016 og 2017. Den nye løysinga har gjeve automatisert fastsetjing av særavgifter og meir effektiv innrapportering. Det er òg laga sjølvbeteningsløysingar for omregistreringsavgift og automatisert saksbehandling av fritak frå omregistrerings- og eingongsavgifter. Desse løysingane har gjeve monaleg tidsinnsparing for næringsliv og innbyggjarar.

4 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Finansdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2020–2021 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar der rapporteringa ikkje vart varsla avslutta i Prop. 1 S (2020–2021) eller som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 580 S (2020–2021) om *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2019–2020* meinte at ikkje var utkviterte. I nokre tilfelle er det samstundes med rapporteringa her gjeve ei meir omfattande framstilling av oppfølginga i Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022* eller i Meld. St. 1

(2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*. I slike tilfelle er det vist til kor denne framstillinga finst i desse dokumenta.

Sjølv om det i tabellen nedanfor er oppgitt at rapporteringa vert avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølging av alle sider av vedtaket ikkje er slutført. Dette kan t.d. gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle vert Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Tabell 4.1 Oversikt over oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering vert avslutta (Ja/Nei)
2020–2021	23	Statens obligasjonsfond – moglegheit for auka fleksibilitet	Ja
2020–2021	104	Vurdere den kommunale handlefridomen i formuesskatten	Nei
2020–2021	146	Vindkraft – vurdere endringar i skattlegginga	Ja
2020–2021	147	Vindkraft – vurdere lokal kompensasjon	Ja
2020–2021	163	Vurdering av meirverdiavgiftsreglane ved omtvista krav i entreprisar	Ja
2020–2021	173	Endringar i regelverket om godkjenning av campingbilar	Ja
2020–2021	176	Forslag til ei ordning med differensiert tvangsmulkt	Nei
2020–2021	190	Mellombels ordning for utsatte skatteinnbetalingar	Ja
2020–2021	233	Sikring av inntektsgrunnlaget for hestesporten i Noreg	Ja
2020–2021	329	Vurdering av grensehandel	Ja
2020–2021	547	Tilskot ved avbroten permittering	Ja
2020–2021	555	Mellombels ordning for utsatte skatteinnbetalingar	Ja
2020–2021	580	Vurdering av grensehandel	Ja
2020–2021	621	Innføring av pensjon frå fyrste krone	Ja
2020–2021	658	Tiltak som kan avhjelpe situasjonen med ekstraordinært høge strømavgifter	Ja
2020–2021	761	Tilskot ved avbroten permittering	Ja
2020–2021	791	Klimaavgift på norsk kjøttproduksjon	Ja

Tabell 4.1 Oversikt over oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering vert avslutta (Ja/Nei)
2020–2021	795	Avgift på avfallsforbrenning	Ja
2020–2021	849	Endring av meirverdiavgiftsreglane ved omtvista krav i entreprisar	Ja
2020–2021	1141	Skattlegging av internasjonale selskap	Ja
2020–2021	1174	Utval om kontantane si rolle i samfunnet	Nei
2020–2021	1176	Samarbeidsløysingar for sparebankar	Nei
2020–2021	1177	Kapitalkrav for norske sparebankar	Nei
2020–2021	1250	Eigedomsskatt, utgreiing og vurdering av eit tak for bustader og fritidsbustader	Nei
2019–2020	554	Fiskal avgift på fiskeria	Ja
2019–2020	692	Konkret forslag om kontonummerportabilitet	Ja
2019–2020	693	Vurdering av digitale sentralbankpengar	Ja
2019–2020	694	Utrede om Finansklagenemnda kan få utvida mandat	Ja
2019–2020	707	Kulturmiljømeldinga – vedlikehald av privateide kulturminne og kulturmiljø	Nei
2019–2020	784	Reiarlagskatteordninga	Nei
2019–2020	785	Endringar i regelverket for campingbilar	Ja
2018–2019	45	Solidarisk alkoholpolitikk	Nei
2018–2019	404	Presisering i forskrift av kven som skal verte identifisert som reelle rettshavarar	Ja
2018–2019	424	Utgreiing av ny teknologi som kan erstatte gjeldande bompengerordning	Ja
2017–2018	868	Finansskatt – omlegging der finansskatt på løn vert fjerna	Ja
2016–2017	48	Land-for-land rapportering	Nei
2016–2017	1040	Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustadhandelen	Nei

4.1 Stortingssesjon 2020–2021

Statens obligasjonsfond – moglegheit for auka fleksibilitet

Vedtak nr. 23, 9. oktober 2020

«Stortinget ber regjeringen undersøke Statens obligasjonsfonds mulighet for større fleksibilitet når det gjelder selskaper som har fått redusert likviditet og soliditet som følge av koronautbruddet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 142 S (2019–2020), jf. Innst. 19 S (2020–2021). Oppmodingsvedtaket vart omtalt i Meld. St. 2 (2020–2021) *Revidert nasjonalbudsjett 2021*, kapittel 3.6 der departementet orienterte om at mandatet for Statens obligasjonsfond ikkje vil verte endra. I Innst. 600 S (2020–2021) tok komiteen omtalen til orientering. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Vurdere den kommunale handlefridomen i formuesskatten

Vedtak nr. 104, 26. november 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av det framtidige mulighetsrommet for endring av formuesskatten, der både statens inntekter og kommunenes handlingsrom for konkurranse om skattebetingelser mellom kommuner belyses.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 5 (2019–2020), *Levende lokalsamfunn for fremtiden – Distriktsmeldingen*, jf. Innst. 88 S (2020–2021). Oppmodingsvedtaket vert kort omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 5.8. Der kjem det fram at departementets svar på oppmodingsvedtaket vil vente til etter at Inntektssystemutvalget har kome med si innstilling i 2022.

Vindkraft – vurdere endringar i skattlegginga

Vedtak nr. 146, 1. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere endringer i vindkraftbeskatningen, inkludert en vurdering av hvordan en hensiktsmessig innretning på og tidsplan for hvordan skattebyrden på vindkraftprodusentene kan økes.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 28 (2019–2020) *Vindkraft på land – Endringer i*

konsesjonsbehandlingen, jf. Innst. 101 S (2020–2021). Regjeringa følgde opp oppmodingsvedtaket gjennom ein omtale i Meld. St. 2 (2020–2021) *Revidert nasjonalbudsjett 2021*, pkt. 5.3. Der varsla regjeringa at den tok sikte på å innføre ei moderat produksjonsavgift på vindkraftverk frå 2022 med atterhald om at avgifta er i samsvar med EØS-avtalen. Inntektene frå avgifta skal gå til staten, men skal fordelast til vertskommunane. I Innst. 600 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering og viste òg til Stortinget si handsaming av stortingsmeldinga om oppfølging av oppmodingsvedtak våren 2022.

For å følgje opp det som vart varsla i *Revidert nasjonalbudsjett 2021*, foreslår regjeringa i statsbudsjettet for 2022 å innføre ei avgift på landbasert vindkraft med 1 øre per kWh, sjå omtale i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 7.2. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Vindkraft – vurdere lokal kompensasjon

Vedtak nr. 147, 1. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2021 med en vurdering av hvordan lokal kompensasjon og forutsigbare rammebetingelser for vindkraft kan sikres, for eksempel naturressursskatt, en produksjonsavgift eller en annen hensiktsmessig innretning for alle involverte parter.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 28 (2019–2020) *Vindkraft på land – Endringer i konsesjonsbehandlingen*, jf. Innst. 101 S (2020–2021). Regjeringa følgde opp oppmodingsvedtaket gjennom ein omtale i Meld. St. 2 (2020–2021) *Revidert nasjonalbudsjett*, pkt. 5.3. Der varsla regjeringa at den tok sikte på å innføre ei moderat produksjonsavgift på vindkraftverk frå 2022 med atterhald om at avgifta er i samsvar med EØS-avtalen. Inntektene frå avgifta skal gå til staten, men skal fordelast til vertskommunane. I Innst. 600 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering og viste òg til Stortingets handsaming av stortingsmeldinga om oppfølging av oppmodingsvedtak våren 2022.

For å følgje opp det som vart varslt i *Revidert nasjonalbudsjett 2021*, foreslår regjeringa i statsbudsjettet for 2022 å innføre ei avgift på landbasert vindkraft med 1 øre per kWh, sjå omtale i Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*, kapittel 7.2. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Vurdering av meirverdiavgiftsreglane ved omtvista krav i entreprisar

Vedtak nr. 163, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere endringer i merverdiavgiftsregelverket for entrepriser slik at entreprenøren ikke trenger å innberette og innbetale merverdiavgift av omtvistede krav før tvisten er endelig avklart.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 LS (2020–2021), jf. Innst. 2 S (2020–2021). Vedtaket må sjåast i samanheng med oppmodingsvedtak nr. 849 (2020–2021) der Stortinget bad regjeringa om å gjere naudsynnte regelendringar slik at entreprenøren ikkje treng å betale meirverdiavgift før det omtvista kravet er avklart, og at regjeringa skal kome tilbake med naudsynt oppfølging i statsbudsjettet for 2022.

I Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 22, har regjeringa opplyst om at saken reiser statsstøtterettslege problemstillingar som bør verte avklarte med EFTAs overvakingorgan (ESA) før ein eventuelt vedtek ei regelendring. Ein slik prosess vil kunne ta inntil 18 månader. Regjeringa har difor ikkje gjort eit framlegg i tråd med Stortingets vedtak nr. 849, 3. desember 2020. Regjeringa har likevel skissert eit framlegg i tråd med det Stortinget har bede om, slik at Stortinget kan vedta ei regelendring dersom det ynskjer det. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Endringar i regelverket om godkjenning av campingbilar

Vedtak nr. 173, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket for at campingbilar/bobiler med europeisk type-godkjenning automatisk skal godkjennes for registrering i Norge uten fremstilling for enkeltgodkjenning hos trafikkstasjon, og legge frem forslag for hvordan det kan gjøres senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett i 2021.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 LS (2020–2021), jf. Innst. 2 S (2020–2021). Saka er nærmare omtalt i Prop. 194 LS (2020–2021), kapittel 15. Der går det fram at saka vil verte følgt opp gjennom forskriftsendringar seinast hausten 2021, og at regjeringa reknar oppmodingsvedtaket som følgt opp gjennom dette. I Innst. 600 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

Forslag til ei ordning med differensiert tvangsmulkt
Vedtak nr. 176, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til en ordning med differensiert tvangsmulkt, og komme tilbake med en vurdering av et slikt forslag til Stortinget på en egnet måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S (2020–2021), jf. Innst. 2 S (2020–2021).

Finansdepartementet arbeider, i samarbeid med Skattedirektoratet, med å vurdere ulike alternativ for å følgje opp vedtaket. Saka er omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 25, og departementet tek sikte på å kome tilbake til Stortinget med forslag i saka i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022.

Mellombels ordning for utsatte skatteinnbetalningar
Vedtak nr. 190, 3. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen innen utgangen av februar 2021 vurdere behovet for en ytterligere forlengning av ordningen med utsettelse av skatteinnbetalinger.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) og tilhørende Innst. 2 S (2020–2021). I Prop. 79 S (2020–2021), pkt. 2.12, vart den mellombelse ordninga for utsett betaling foreslått forlengd til 30. juni 2021. Allereie utsette krav vart då automatisk innvilga utsetjing til 30. juni 2021. Vidare vart det opna for at nye krav med forfall fram mot 30. juni 2021 kan få utsetjing, med unntak for krav på meirverdiavgift med forfall etter 12. april 2021. Den mellombelse ordninga vart innført i juni 2020 for å dempe belastninga av likviditeten for føretak og næringsdrivande som er ramma økonomisk av koronapandemien. I Innst. 233 S (2020–2021) tok finanskomiteen dette til orientering. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Sikring av inntektsgrunnlaget for hestesporten i Noreg

Vedtak nr. 233, 11. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen gjøre bortfallet av totalisatoravgift permanent.»

Vedtaket var gjort ved behandlinga av Dokument 8:126 S (2019–2020) *Representantforslag om*

sikring av inntektsgrunnlaget for hestesporten, jf. Innst. 86 (2020–2021). I Prop. 1 LS (2021–2022) fremjar regjeringa ikkje forslag om å gjeninnføre totalisatoravgifta for 2022. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Vurdering av grensehandel

Vedtak nr. 329, 15. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen senest i statsbudsjettet for 2022 legge frem en vurdering av situasjonen rundt grensehandel, og en vurdering av om et grensehandelsbarometer bør opprettes som en årlig undersøkelse.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:59 S (2019–2020) *Representantforslag om å reversere avgiftsøkningar på alkoholfrie drikkevarer og bevare arbeidsplasser i norsk næringsmiddelindustri og varehandel*, jf. Innst. 152 S (2020–2021). Oppmodingsvedtaket vert følgt opp i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 23. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Tilskot ved avbroten permittering

Vedtak nr. 547, 19. januar 2021

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene i arbeidslivet, senest i løpet av februar, fremme forslag om en ny modell for lønnsstøtte slik at folk kan holdes i jobb fremfor å være permittert.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av eit forslag frå Jonas Gahr Støre på vegne av Arbeiderpartiet, Framstegspartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, jf. Stortingsvedtak av 19. januar 2021.

I Prop. 94 LS (2020–2021) foreslo regjeringa å innføre ei ny ordning for tilskot ved avbroten permittering for perioden 15. mars til 30. juni 2021. Ordninga er i stor utstrekning lik tidlegare ordning, men gjev høgare tilskot per tilsett som vert teken tilbake frå permittering, og er meir fleksibel.

I Innst. 297 L (2020–2021) slutta eit fleirtal seg til regjeringa sitt lovforslag. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Mellombels ordning for utsatte skatteinnbetalingar
Vedtak nr. 555, 19. januar 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å utsette krav om innbetaling av mva, arbeidsgiveravgift og forskuddsskatt til 1. juli 2021.»

Vedtaket vart gjort i tilknytning til den forklaringa om handteringa av koronapandemien som statsministaren gav 18. januar 2021. I Prop. 79 S (2020–2021), pkt. 2.12, vart den mellombelse ordninga for utsett betaling foreslått forlengd til 30. juni 2021. Allereie utsette krav vart då automatisk innvilga utsetjing til 30. juni 2021. Vidare vart det opna for at nye krav med forfall fram mot 30. juni 2021 kan få utsetjing, med unntak for krav på meirverdiavgift med forfall etter 12. april 2021. Den mellombelse ordninga vart innført i juni 2020 for å dempe belastninga av likviditeten for føretak og næringsdrivande som er ramma økonomisk av koronapandemien. I Innst. 233 S (2020–2021) tok finanskomiteen dette til orientering. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Vurdering av grensehandel

Vedtak nr. 580, 4. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig legge frem for Stortinget en egen sak om grensehandel hvor det drøftes og foreslås tiltak for å redusere grensehandelen og sikre konkurransekraften til norsk næringsliv.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 27 (2019–2020) *Daglegvare og konkurranse – kampen om kundane*, jf. Innst. 185 S (2020–2021). Oppmodingsvedtaket vert følgt opp i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 23. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Innføring av pensjon frå fyrste krone

Vedtak nr. 621, 16. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til nødvendige lovendringer for å innføre pensjon fra første krone med sikte på innføring fra 1. januar 2023. Stortinget ber regjeringen vurdere midlertidige, kompensierende økonomiske tiltak for arbeidsgiversiden og overgangsregler som gjør at pensjon fra første krone kan innføres

over noe tid, for eksempel 3 år etter virkningstidspunktet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:53 S (2020–2021) *Representantforslag om et anstendighetsløft for pensjonister*, jf. Innst. 221 S (2020–2021).

Oppmodingsvedtaket vart omtalt i Prop. 223 L (2020–2021) *Endringer i pensjonslovgivningen mv. (pensjon fra første krone og dag, garanterte pensjonsprodukter)* frå Finansdepartementet, med forslag om lovendringar om pensjon frå fyrste krone som kan tre i kraft 1. januar 2023. Lovforslaget er til behandling i finanskomiteen. Regjeringa tek sikte på å kome tilbake til Stortinget med ei vurdering av moglege mellombelse, kompensierende tiltak og eventuelle forslag for lovreglane trer i kraft. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Tiltak som kan avhjelpe situasjonen med ekstraordinært høge strømutgifter

Vedtak nr. 658, 23. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart foreslå tiltak som kan avhjelpe situasjonen med ekstraordinært høye strømutgifter, og raskt komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 79 S (2020–2021), jf. Innst. 233 S (2020–2021).

Regjeringa følgde opp vedtaket i Meld. St. 2 (2020–2021) *Revidert nasjonalbudsjett 2021*, pkt. 5.6. Der går det mellom anna fram at departementet etter ei samla vurdering meiner det ikkje er behov for ytterlegare tiltak for å avhjelpe situasjonen. I Innst. 600 S (2020–2021) går det fram at finanskomiteen tek omtalen til orientering og at komiteen for øvrig viser til Stortingets handsaming av stortingsmeldinga om oppfølging av oppmodingsvedtak våren 2021. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Etter at oppmodingsvedtaket vart følgt opp, har kraftprisane igjen auka, og er no på eit høgt nivå. Situasjonen vert følgt nøye og kan gje grunnlag for å vurdere målretta tiltak.

Tilskot ved avbroten permittering

Vedtak nr. 761, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen i løpet av april gjøre en vurdering sammen med partene av hvordan

smittesituasjonen og vaksineringstempoet påvirker de økonomiske utsiktene, og dermed behovet for forlengning og eventuelle andre justeringer av lønnsstøtteordningen, og komme tilbake til Stortinget med en egen sak.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 94 LS (2020–2021), jf. Innst. 297 L (2020–2021). I Prop. 194 LS (2020–2021) foreslo regjeringa å forlengje tilskotsordninga med to månader, det vil seie for juli og august 2021. Talet på dagar den enkelte tilsette kan få tilskot for, er uendra 108 (talet på dagar i perioden frå 15. mars til 30. juni). I Innst. 600 S (2020–2021) hadde ikkje finanskomiteen merknader til saka. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Klimaavgift på norsk kjøttproduksjon

Vedtak nr. 791, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringen slå fast at økt skattelekking av norsk kjøttproduksjon ikke skal gjennomføres som en del av klimapolitikken.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*, jf. Innst. 325 S (2020–2021). Departementet viser til omtale av saka i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 9.9.8.

Det er ikkje aktuelt for regjeringa å foreslå ei avgift på utslepp av metan og lystgass frå norsk kjøttproduksjon no. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Avgift på avfallsforbrenning

Vedtak nr. 795, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringen om at avgiften på avfallsforbrenning må flyttes tidligere i verdikjeden for både å stimulere til mindre volum på avfall og for å håndtere avfallet i Norge.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*, jf. Innst. 325 S (2020–2021). I Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 9.9.5, er oppmodingsvedtaket følgt opp. For å vurdere om det er avgiftsteknisk mogleg å innføre ei avgift tidlegare i verdikjeda, vart Skattedirektoratet, med bistand frå Miljødirektoratet, bede om å gjennomføre ei utgreiing.

Skattedirektoratet konkluderer med at det er berre ei materialavgift på drikkevareemballasje med differensierte satsar etter delen sekundær råvare, som er aktuelt no. Ei brei avgift på embal-

lasje eller produkt gradert etter innhald av fossile materialar, vil ikkje vere mogleg å gjennomføre i praksis. Innføring av ei materialavgift på drikkevareemballasje vil ha betydelege økonomiske og administrative konsekvensar. Svært få plastflasker vert brent i forbrenningsanlegg i Noreg. Ei avgift tidlegare i verdikjeda vil truleg ha små effektar på utslepp av klimagassar frå avfallsforbrenning. Ei slik avgift er dermed eit lite eigna alternativ til ei CO₂-avgift på forbrenning av avfall. Regjeringa foreslår heller å innføre ei avgift på forbrenning av avfall. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Endring av meirverdiavgiftsreglane ved omtvista krav i entreprisar

Vedtak nr. 849, 27. april 2021

«Stortinget ber regjeringa foreta nødvendige forskrifts- og/eller regelendringar slik at innberetning og betaling av merverdiavgift ved bygge- og anleggsvirksomhet suspenderes inntil omtvistede krav er avklart, og komme tilbake med nødvendig budsjettmessig oppfølging snarest og senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2022.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:116 S (2020–2021), jf. Innst. 348 S (2020–2021). Vedtaket må sjåast i samanheng med oppmodingsvedtak nr. 163 (2020–2021) og omtalen av dette.

I Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 22, har regjeringa omtalt saka. Regjeringa har opplyst at saka reiser statsstøtterettslege problemstillingar som bør verte avklarte med EFTAs overvåkingsorgan (ESA) før ein eventuelt vedtek ei regelendring, og at ein slik prosess vil kunne ta inntil 18 månader. Regjeringa har difor ikkje gjort eit framlegg i tråd med Stortingets vedtak. Regjeringa har likevel skissert eit framlegg i tråd med det Stortinget har bede om, slik at Stortinget kan vedta ei regelendring dersom Stortinget ynskjer det. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Skattlegging av internasjonale selskap

Vedtak nr. 1141, 4. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa ta en aktiv rolle i internasjonalt samarbeid som sikrer regelverk for effektiv skattlegging av internasjonale teknologiselskaper og tiltak som motvirker maktkonsentrasjon, og gjennomføre nasjonale tiltak ved utilstrekkelig framgang i dette arbeidet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – Datadrevet økonomi og innovasjon*, jf. Innst. 568 S (2020–2021). Vedtaket gjeld blant anna det internasjonale samarbeidet om regelverk for effektiv skattlegging av internasjonale selskap. Forhandlingane om endringar i internasjonal skattlegging går føre seg i regi av OECD/G20-forumet *Inclusive Framework on BEPS*. Dette er eit samarbeidsorgan som består av 140 land og jurisdiksjonar. Arbeidet nådde ein milepæl da 130 av desse 1. juli 2021 kom til politisk einigheit om endringar i prinsippa for internasjonal skattlegging. Regjeringa meiner dette er eit viktig arbeid og vil fortsetje å medverke til å få eit best mogleg resultat. I Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 17, orienterer departementet om framgangen i det internasjonale arbeidet og Noregs rolle i dette arbeidet. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Utval om kontantane si rolle i samfunnet

Vedtak nr. 1174, 9. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa nedsette et offentlig utvalg som skal vurdere kontantenes rolle i samfunnet fremover.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2020*, jf. Innst. 582 S (2020–2021). Regjeringa vil følgje opp vedtaket og tek sikte på å setje ned eit utval om kort tid. Regjeringa vil omtale saka i Finansmarkedsmeldingen 2022.

Samarbeidsløysingar for sparebankar

Vedtak nr. 1176, 9. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa sikre sparebankene fleksibilitet til å benytte fellesløsninger i samarbeid med andre sparebanker innenfor forsvarlige rammer.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:250 S (2020–2021), jf. Innst. 539 S (2020–2021). Regelverket legg godt til rette for at sparebankane kan organisere verksemd i fellesskap gjennom alliansar og liknande på ein forsvarleg måte. Alliansesamarbeidet bidrar mellom anna til at dei små sparebankane kan bestå som sjølvstendige bankar og samstundes møte krav og behov i stadig endring, til dømes innan digitalisering. Mange små og mellomstore sparebankar som er til stades i heile landet, er eit framtrudende trekk ved det

norske banksystemet. Departementet tek sikte på å gje ein nærmare omtale av dette temaet i Finansmarkedsmeldingen 2022.

Kapitalkrav for norske sparebankar

Vedtak nr. 1177, 9. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen aktivt bruke handlingsrommet som finnes overfor EU, for å sikre at kapitalkravene til norske sparebanker ikke blir vesentlig strengere enn kravene til konkurrentene deres.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:250 S (2020–2021), jf. Innst. 539 S (2020–2021). Regjeringa er opptatt av likast mogleg kapitalkrav for alle bankar som opererer i Noreg, fordi det bidrar til stabilitet og jambyrdig konkurranse i bankmarknaden. Norske myndigheiter har derfor nytta seg av moglegheiter i EØS-regelverket og gjort endringar i det norske kapitalkravregelverket for å leggje til rette for at norske krav skal gjelde òg for verksemda til utanlandske bankar i Noreg. Ved gjennomføringa av EUs såkalla bankpakke, har regjeringa mellom anna lagt vekt på moglegheita for enklare krav for mindre og ikkje-komplekse bankar. Departementet tek sikte på å gje ein nærmare omtale av dette temaet i Finansmarkedsmeldingen 2022.

Eigedomsskatt, utgreiing og vurdering av eit tak for bustader og fritidsbustader

Vedtak nr. 1250, 16. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen legge fram en helhetlig utredning om eiendomsskatten og herunder utrede et tak for eiendomsskatt på ordinære boliger og hytter, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen for 2022*, jf. Innst. 660 S (2020–2021). Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

4.2 Stortingssesjon 2019–2020

Fiskal avgift på fiskeria

Vedtak nr. 554, 7. mai 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget (så snart som mulig, eventuelt fra

2021) med et forslag om en fiskal avgift på fiske-riene (villfisk) tilsvarende om lag 100 mill. kroner årlig. Det vurderes i den forbindelse om det kan gjøres etter modell av fiskeriforskningsavgiften. Modellen må være forenlig med Norges forpliktelser under EFTA-konvensjonen og EFTA-frihandelsavtaler.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 32 (2018–2019), jf. Innst. 243 S (2019–2020) *Innstilling fra næringskomiteen om et kvotesystem for økt verdiskaping. En fremtidsrettet fiskerier næring.*

I Prop. 1 S (2020–2021) skreiv Finansdepartementet at oppmodingsvedtaket ville verte følgt opp i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet og at Finansdepartementet ville kome tilbake til Stortinget om saka. I Innst. 5 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

Tilsvarande omtale kjem fram av Meld. St. 15 (2020–2021). I Innst. 580 S (2020–2021) hadde ikkje kontroll- og konstitusjonskomiteen merknader til omtalen.

I Prop. 194 LS (2020–2021) vart det foreslått ei avgift på viltlevande marine ressursar. Forslaget vart vedteke, jf. Innst. 600 S (2020–2021). Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Konkret forslag om kontonummerportabilitet

Vedtak nr. 692, 25. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget senest våren 2021 med et konkret forslag til hvordan man kan sikre kontonummerportabilitet i Norge, samt et forslag til ordning for enkel flytting av tjenester som eFaktura og AvtaleGiro mellom kontoer.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 22 (2019–2020) *Finansmarkedsmeldingen 2020*, jf. Innst. 353 S (2019–2020). Oppmodingsvedtaket vart omtalt i kapittel 3.3.3 i Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2021*. I Innst. 582 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Vurdering av digitale sentralbankpengar

Vedtak nr. 693, 25. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med Finansmarkedsmeldingen 2021 legge frem en

nærmere vurdering av spørsmålet om digitale sentralbankpenger.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 22 (2019–2020) *Finansmarkedsmeldingen 2020*, jf. Innst. 353 S (2019–2020). Oppmodingsvedtaket vart omtalt i Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2021*, kapittel 4.4. I Innst. 582 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Utrede om Finansklagenemnda kan få utvida mandat

Vedtak nr. 694, 25. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om Finansklagenemnda kan få utvidet mandat, f.eks. til også å behandle klager fra organisasjoner, næringsdrivende og bedrifter, eventuelt organisasjoner og bedrifter under en viss størrelse.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 22 (2019–2020) *Finansmarkedsmeldingen 2020*, jf. Innst. 353 S (2019–2020).

Oppmodingsvedtaket vart omtalt i Meld. St. 31 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2021*, kapittel 3.7. I Innst. 582 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

Kulturmiljømeldinga – vedlikehald av privateide kulturminne og kulturmiljø

Vedtak nr. 707, 16. juni 2020

«Stortinget har drøftet kulturmiljømeldingen, herunder nye nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken. Stortinget har vedtatt å be regjeringen i samband med bevaringsstrategiene, fremme forslag om hvordan staten kan stimulere private eiere av kulturminner og kulturmiljøer til jevnt, godt vedlikehold gjennom skatte- og avgiftsinsentiver.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 16 (2019–2020) – *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*, jf. Innst. 379 S (2019–2020).

Av Prop. 1 S (2020–2021) fremgår det at oppmodingsvedtaket vil verte følgt opp i samråd med Klima- og miljødepartementet og at Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget med

saka. I Innst. 5 S (2020–2021) tok komiteen omtalen til orientering. Departementet vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Reiarlagsskatteordninga

Vedtak nr. 784, 19. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede og vurdere endringer i rederiskatteordningen slik at selskaper innenfor ordningen i tillegg til virksomhet som kvalifiserer for rederibeskatning kan drive virksomhet som ikke er støtteberettiget, og som skal beskattes ordinært. Status for saken skal omtales i forbindelse med statsbudsjettet for 2021.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2019–2020), jf. Innst. 360 S (2019–2020). Finansdepartementet arbeider med oppfølging av oppmodingsvedtaket. Departementet har utarbeidd eit forslag om å innføre åtgang for selskap innanfor reiarlagsskatteordninga til òg å drive visse typer virksomhet relatert til skipsfart som i dag ikkje er akseptert innanfor ordninga. Forslaget vart sendt på høyring 24. september 2021, med høyringsfrist 7. januar 2022. Saka er nærare omtalt i Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 18.

Endringar i regelverket for campingbilar

Vedtak nr. 785, 19. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen legge frem endringer i regelverk for campingbilar som åpner for at antall sitteplasser kan overstige antall liggeplasser. De øvrige kriteriene justeres ved behov. Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til endringer snarest mulig og senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2021.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 107 LS (2019–2020) *Endringar i skatte-, avgifts- og tollavgivninga*, jf. Innst. 360 S (2019–2020).

Saka vart omtalt i Meld. St. 15 (2020–2021), der det går fram at Finansdepartementet vil kome tilbake til Stortinget om saka. Kontroll- og konstitusjonskomiteen utalte i Innst. 580 S (2020–2021) at den vil vente med å kvittere ut oppmodingsvedtaket. Saka vart så omtalt i Prop. 194 LS (2020–2021), kapittel 15. Der går det fram at saka vil verte følgt opp gjennom forskriftsendringar seinast hausten 2021, og at regjeringa reknar oppmodingsvedtaket som følgt opp gjennom dette. I Innst. 600 S (2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orientering.

4.3 Stortingssesjon 2018–2019

Solidarisk alkoholpolitikk

Vedtak nr. 45, 20. november 2018

«Stortinget ber regjeringen vurdere en reverse-
ring av den siste endringen av taxfree-kvoten ut
ifra en evaluering av hvordan kvoten påvirker
Vinmonopolets salg og stilling som et av de vik-
tigste alkoholpolitiske instrumentene.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument
8:141 S (2017–2018) *Representantforslag om en
offensiv og solidarisk alkoholpolitikk*, jf. Innst. 38 S
(2018–2019).

Av Prop. 1 S (2020–2021) frå Finansdeparte-
mentet går følgjande fram om departementet si
oppfølging:

«Finansdepartementet omtaler vedtaket i
Prop. 1 LS (2020–2021). Ifølgje Granavolden-
plattforma vil regjeringa «videreføre tax free-
endringen som ble gjennomført i 2014 der
tobakskvoten kan byttes inn i alkohol». Regje-
ringa vil etter dette ikkje foreslå nokon
endringar i tax free-kvotene nå.

Departementet ser det slik at oppmodings-
vedtaket er følgt opp gjennom dette.»

I Innst. 3 S (2020–2021) tok finanskomiteen omta-
len til orientering.

I Innst. 580 S (2020–2021) synte fleirtalet i
kontroll- og konstitusjonskomiteen – medlemene
frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk
Venstreparti – til oppmodingsvedtakets ordlyd.
Fleirtalet i komiteen kunne ikkje sjå at omtala i
Prop. 1 LS (2020–2021) kan sjåast som ei evalu-
ring og opprettheldt vedtaket. Mindretalet uttalte i
innstillinga at det vurderte oppmodingsvedtaket
som utkvittert i Prop. 1 LS (2020–2021). Ved
behandlinga i Stortinget vart komiteen si inn-
stilling einstemmig vedteke.

I Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 23, vert det
vist til at det førebels ikkje er gjennomført nokon
evaluering av korleis endringa i tax free-kvota har
påverka Vinmonopolets sal eller stillinga til Vin-
monopolet som eit av dei viktigaste alkoholpolitiske
instrumenta, men at regjeringa vil vurdere ei slik
evaluering nærare. Ifølgje Granavolden-plattform
vil regjeringa «videreføre tax free-endringen som
ble gjennomført i 2014 der tobakskvoten kan
byttes inn i alkohol». Regjeringa vil difor ikkje fore-
slå nokon endringar i tax free-kvotene no. Finansde-
partementet vil kome tilbake til Stortinget om saka.

Presisering i forskrift av kven som skal verte
identifisert som reelle rettshavarar

Vedtak nr. 404, 7. februar 2019

«Stortinget har vedtatt regjeringens forslag til ny
lov om register over reelle rettighetshavere og
bedt regjeringen presisere i forskrift hvem som
skal identifiseres som reelle rettighetshavere.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 109 L
(2017–2018), jf. Innst. 143 L (2018–2019) *Innstilling
fra finanskomiteen om Lov om register over reelle
rettighetshavere*.

I Meld. St. 15 (2020–2021) opplyste Finans-
departementet at forslag til forskrift til lov om
register over reelle rettshavarar var sendt på høyr-
ing, og at det i forslaget var foreslått detaljerte
reglar om identifiseringa av reelle rettshavarar. I
Innst. 580 S (2020–2021) opplyste kontroll- og
konstitusjonskomiteen at den ventar med å
kvittere ut vedtaket.

Forskrift til lov om register over reelle retts-
havarar vart fastsatt 21. juni 2021. Forskrifta inne-
held detaljerte reglar om identifiseringa av reelle
rettshavarar.

Departementet ser det slik at oppmodings-
vedtaket er følgt opp gjennom dette.

Utgreiing av ny teknologi som kan erstatte
gjeldande bompengoordning

Vedtak nr. 424, 5. mars 2019

«Stortinget ber regjeringen inkludere utredning
av ny teknologi som kan erstatte dagens bom-
pengeordning, som en del av gjennomgangen av
dagens avgiftssystem for bil.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument
8:26 S (2018–2019) *Representantforslag fra stor-
tingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Tore
Storehaug, Olaug V. Bollestad og Kjell Ingolf
Ropstad om å fjerne dagens ordning med bompeng-
innkreving* og Dokument 8:35 S (2018–2019)
*Representantforslag fra stortingsrepresentantene
Sverre Myrli, Ingalill Olsen, Øystein Langholm
Hansen og Kirsti Leirtrø om å utrede vegprising til
erstatning for dagens bompenger og andre drifts-
relaterte bilavgifter*, jf. Innst. 175 S (2018–2019).

Oppmodingsvedtaket vart kort omtalt i Prop. 1
S (2020–2021) frå Finansdepartementet. I Innst. 5 S
(2020–2021) tok finanskomiteen omtalen til orien-
tering. I Meld. St. 15 (2020–2021) redegjorde
departementet for omtalen over. I Innst. 580 S

(2020–2021) opplyste kontroll- og konstitusjonskomiteen at den ventar med å kvittere ut vedtaket.

I Prop. 1 LS (2021–2022), kapittel 9.5.7, varslar regjeringa at Finansdepartementet og Samferdselsdepartementet har gjeve Skattedirektoratet og Statens vegvesen i oppdrag å gjennomføre eit forprosjekt som skal avklare tekniske, organisatoriske, rettslege og økonomiske føresetnader og skissere moglege løysingar for eit system som kan brukast til å fastsetje og innkrevje både ein posisjonsbasert vegbruksavgift og bompengar. Etatane har fått ein frist på 18 månader til å levere forprosjektet. Departementet ser det slik at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

4.4 Stortingssesjon 2017–2018

Finansskatt – omlegging der finansskatt på løn vert fjerna

Vedtak nr. 868, 11. juni 2018

«Stortinget ber regjeringa komme attende til Stortinget på eigna måte, seinast i samband med statsbudsjettet for 2020, med framlegg om ei provenynøytral omlegging av finansskatten og der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:190 S (2017–2018) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Ingrid Heggø, Sigbjørn Gjelsvik, Kari Elisabeth Kaski og Kjell Ingolf Røpstad om provenynøytral omlegging av finansskatten der forhøgd arbeidsgivaravgift vert fjerna*, jf. Innst. 365 (2017–2018).

Av Prop. 1 S (2019–2020) frå Finansdepartementet går følgjande fram om departementet si oppfølging:

«Ein modell for ein endra finansskatt er presentert i Prop. 1 LS (2019–2020), kap. 22. Denne modellen kan gje same proveny som gjeldande finansskatt. Det vil derimot ikkje verte fremja eit slikt forslag med verknad for 2020. Omlegginga bør utstå til blant anna prosessen overfor ESA, knytt til like konkurransevilkår for offentlege og private verksemdar, er avklart.»

I Innst. 5 S (2019–2020), pkt. 2.2.2, og Innst. 3 S (2019–2020), pkt. 17.6, tok fleirtalet i finanskomiteen omtalen til orientering.

Departementet tek til etterretning at fleirtalet i kontroll- og konstitusjonskomiteen – medlemmane frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti – ikkje ser vedtaket som utkvittert, jf.

Innst. 580 S (2020–2021). Komitémindretalet slutta seg til regjeringa si behandling og vurderte vedtaket som utkvittert.

Departementet viser til framstillinga i Prop. 1 S (2019–2020), som finanskomiteen tok til orientering, og legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dette.

4.5 Stortingssesjon 2016–2017

Land-for-land rapportering

Vedtak nr. 48, 15. november 2016

«Stortinget ber regjeringa sørge for at selskap som etter forslagene i land-for-land-rapportering til skattemyndighetene, også blir pliktige til å rapportere etter regnskaps- og verdipapirloven, og at selskapene skal rapportere betalt inntektskatt og påløpt inntektsskatt, antall ansatte, akkumulert fortjeneste, resultat før skattekostnad, summen av inntekter fra transaksjoner med nærstående/ikke nærstående foretak og bokført egenkapital»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 120 L (2015–2016) *Endringer i ligningsloven (land-for-land-rapportering til skattemyndighetene)* og tilhøyrande Innst. 42 L (2016–2017). I Meld. St. 15 (2020–2021) opplyste Finansdepartementet at det tok sikte på å utarbeide forslag til lovendingar som vil verte sendt på høyring. I Innst. 580 S (2020–2021) opplyste kontroll- og konstitusjonskomiteen at den føreset at arbeidet med å gjennomføre Stortingets vedtak gis høg prioritet og opprettheld vedtaket i påvente av dette.

Reglar om offentleggjering/rapportering av informasjon frå store, multinasjonale selskap fungerer best når dei er samkøyrde på tvers av landegrensene. Like reglar bidreg til god informasjon, like konkurransevilkår og fråvær av regelverksarbitrasje. På europeisk nivå har det lenge vore diskutert om ein bør innføre krav om offentleggjering av visse skatterelaterte opplysingar for store fleirnasjonale føretak som driv verksemd i EU. Prosessen har stått stille i lengre tid, men sommeren 2021 vart det oppnådd politisk semje om regelverket om offentleggjering av visse skatterelaterte opplysingar. Sidan det vil kome EØS-relevante EU-reglar på sentrale delar av området som oppmodingsvedtaket dekkjer, vil oppmodingsvedtaket verte følgt opp i samband med gjennomføring av Noregs ventede EØS-rettslege skyldnader. Det vil samstundes vere behov for ei særskild vurdering av det nasjonale handlings-

rommet ved sidan av slike reglar. Finansdepartementet tek sikte på å utarbeide og høyre forslag til lovendingar basert på nye EU-reglar.

Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustadhandelen

Vedtak nr. 1040, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen sikre boligkjøpernes behov for mer tid i bolighandelen gjennom forskriftene til eiendomsmeglingsloven eller ved å fremme forslag for Stortinget om endringer i avhendingsloven»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:123 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Olav Syversen, Line Henriette Hjemdal, Hans Fredrik Grøvan, Kjell Ingolf Ropstad og Geir Sigbjørn Toskedal om tiltak for å styrke forbrukernes rettigheter i handel med bolig*, jf. Innst. 477 S (2016–2017).

I Prop. 1 S (2019–2020) opplyste Finansdepartementet at det tok sikte på å setje ned eit lovutval hausten 2019 for å revidere eigedomsmeklingslova. Utvalet vart sett ned 11. oktober 2019, jf. Meld. St. 12 (2019–2020). I Meld. St. 15 (2020–2021) vart det vist til omtalen i Prop. 1 S (2020–2021), der departementet opplyste at utvalget hadde frist 5. januar 2021 med å levere si innstilling. Departementet tek til etterretning at kontroll- og konstitusjonskomiteen ikkje anså vedtaket som utkvittert, jf. Innst. 580 S (2020–2021).

Utvalet overleverte si utgreiing, NOU 2021: 7 *Trygg og enkel eiendomsmegling — Evaluering av eiendomsmeglingsloven og forslag til en fremtidsrettet regulering*, 4. juni 2021. Utgreiinga inneheld mellom anna forslag til endringar som skal sikre forbrukarar meir tid i bustadhandelen. Utgreiinga har vore på høyring til oktober 2021. Departementet vil vurdere forslaga i ljøs av dei innkomne høyringsfråsegnene når det arbeider vidare med å følgje opp oppmodingsvedtaket.

5 Oversiktstabellar for budsjettet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
Regjeringa					
20	Statsministerens kontor	132 807	103 315	100 181	-3,0
21	Statsrådet	190 046	177 242	175 969	-0,7
24	Regjeringsadvokaten	119 469	123 141	125 815	2,2
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>442 322</i>	<i>403 698</i>	<i>401 965</i>	<i>-0,4</i>
Stortinget og tilknytte organ					
41	Stortinget	1 263 026	1 368 800	1 416 285	3,5
42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret	7 128	7 600	7 766	2,2
43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga	88 936	92 511	94 287	1,9
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	25 174	34 600	35 105	1,5
45	Noregs institusjon for menneske-rettar	26 665	26 100	26 040	-0,2
51	Riksrevisjonen	555 930	580 391	592 577	2,1
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>1 966 859</i>	<i>2 110 002</i>	<i>2 172 060</i>	<i>2,9</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>2 409 181</i>	<i>2 513 700</i>	<i>2 574 025</i>	<i>2,4</i>
Finansadministrasjon					
1600	Finansdepartementet	50 493 324	542 981	531 921	-2,0
1602	Finanstilsynet	452 580	445 178	475 860	6,9
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	806 685	866 800	932 857	7,6
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>51 752 589</i>	<i>1 854 959</i>	<i>1 940 638</i>	<i>4,6</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
	Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon				
1610	Tolletaten	1 723 892	1 729 475	1 794 107	3,7
1618	Skatteetaten	7 214 827	7 784 328	8 231 132	5,7
1619	Skatteklagenemnda	66 943	71 213	72 090	1,2
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>9 005 662</i>	<i>9 585 016</i>	<i>10 097 329</i>	<i>5,3</i>
	Offisiell statistikk				
1620	Statistisk sentralbyrå	888 516	874 860	897 347	2,6
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>888 516</i>	<i>874 860</i>	<i>897 347</i>	<i>2,6</i>
	Andre foremål				
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	29 155 976	31 200 000	31 180 000	-0,1
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	8 131 831	8 392 600	9 100 000	8,4
1634	Kompensasjon for inntektssvikt som følgje av koronaviruset	7 570 350	430 000		-100,0
1645	Statleg garantiordning for lån til små og mellomstore føretak	10 010 000	3 000	4 000	33,3
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>54 868 157</i>	<i>40 025 600</i>	<i>40 284 000</i>	<i>0,6</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>116 514 924</i>	<i>52 340 435</i>	<i>53 219 314</i>	<i>1,7</i>
	Statsgjeld, renter og avdrag m.m.				
1650	Statsgjeld, renter m.m.	10 472 723	10 160 900	10 250 600	0,9
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyning	13 995 000	88 000 000		-100,0
	<i>Sum kategori 24.10</i>	<i>24 467 723</i>	<i>98 160 900</i>	<i>10 250 600</i>	<i>-89,6</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>24 467 723</i>	<i>98 160 900</i>	<i>10 250 600</i>	<i>-89,6</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>143 391 828</i>	<i>153 015 035</i>	<i>66 043 939</i>	<i>-56,8</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
	Regjeringa				
3021	Statsrådet	224			0,0
3024	Regjeringsadvokaten	16 039	20 200	20 700	2,5
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>16 263</i>	<i>20 200</i>	<i>20 700</i>	<i>2,5</i>

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
Stortinget og tilknytte organ					
3041	Stortinget	6 746	7 100	8 000	12,7
3051	Riksrevisjonen	3 072	2 300	2 300	0,0
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>9 818</i>	<i>9 400</i>	<i>10 300</i>	<i>9,6</i>
	<i>Sum programområde 00</i>	<i>26 081</i>	<i>29 600</i>	<i>31 000</i>	<i>4,7</i>
Finansadministrasjon					
4600	Finansdepartementet	1 292	400	200	-50,0
4602	Finanstilsynet	15 567	13 088	13 300	1,6
4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	184 279	155 300	198 100	27,6
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	450 143	452 810	485 860	7,3
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>651 281</i>	<i>621 598</i>	<i>697 460</i>	<i>12,2</i>
Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon					
4610	Tolletaten	58 628	51 365	60 200	17,2
4618	Skatteetaten	2 211 680	2 354 096	2 548 000	8,2
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>2 270 308</i>	<i>2 405 461</i>	<i>2 608 200</i>	<i>8,4</i>
Offisiell statistikk					
4620	Statistisk sentralbyrå	243 247	275 634	263 194	-4,5
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>243 247</i>	<i>275 634</i>	<i>263 194</i>	<i>-4,5</i>
	<i>Sum programområde 23</i>	<i>3 164 836</i>	<i>3 302 693</i>	<i>3 568 854</i>	<i>8,1</i>
Statlege fordringar, avsetningar m.m.					
4670	Den nordiske investeringsbanken	70 237			0,0
5341	Avdrag på utestående fordringar	9 064	6 000 700	700	-100,0
5351	Overføring frå Noregs Bank	19 706 302	18 600 000	10 113 000	-45,6
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	1 838 344	1 200 700	1 501 800	25,1
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	104 052		104 100	100,0
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	863	800	300	-62,5
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>21 728 862</i>	<i>25 802 200</i>	<i>11 719 900</i>	<i>-54,6</i>
	<i>Sum programområde 24</i>	<i>21 728 862</i>	<i>25 802 200</i>	<i>11 719 900</i>	<i>-54,6</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>24 919 779</i>	<i>29 134 493</i>	<i>15 319 754</i>	<i>-47,4</i>

5.1 Bruk av stikkordet «kan overføres»

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2021	Forslag 2022
20	21	Spesielle driftsutgifter, Koronakommisjonen	6 219	5 000
41	21	Spesielle driftsutgifter	400	2 400
1600	21	Spesielle driftsutgifter	40 600	101 700
1618	22	Større IT-prosjekt	35 419	616 800
1620	21	Spesielle driftsutgifter	14 343	244 194

Del II
Budsjettframlegget for 2022

6 Nærare omtale av løyvingssframlegga m.m.

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar Programkategori 00.30 Regjeringa

Utgifter under programkategori 00.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
20	Statsministerens kontor	132 807	103 315	100 181	-3,0
21	Statsrådet	190 046	177 242	175 969	-0,7
24	Regjeringsadvokaten	119 469	123 141	125 815	2,2
	Sum kategori 00.30	442 322	403 698	401 965	-0,4

Statsministerens kontor og Statsrådet

Statsministerens kontor støttar statsministeren i arbeidet med å leie og samordne arbeidet i regjeringa, m.a. ved å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane.

Visse saker vert behandla i Statsrådet under Kongen si leiing. Det gjeld til dømes framlegg til nye lover, budsjettframlegg og andre framlegg til vedtak i Stortinget. Statsministerens kontor har saman med fagdepartementa ansvar for å førebu, gjennomføre og følgje opp Statsrådet sine møte hos Kongen. Vidare samordnar kontoret regjeringsmedlemmane si deltaking i enkelte debattar og munnlege spørjetimar på Stortinget. Kontoret skal òg støtte statsministeren i internasjonalt arbeid. Dessutan har kontoret arbeidsgjevarfunksjonar for regjeringsmedlemmane og andre politikarar i departementa.

Statsministerens kontor har tre avdelingar (administrativ og konstitusjonell avdeling, innanriksavdelinga og internasjonal avdeling) og ein kommunikasjonsseksjon.

Regjeringsadvokaten

Hovudoppgåvene til Regjeringsadvokaten er å føre sivile rettssaker på vegner av staten og gje fråsegner om rettslege spørsmål. Regjeringsadvokaten har som mål at staten får dekt behovet sitt for advokattjenester på ein god måte, og slik at dei tildelte ressursane vert utnytta best mogleg sett under eitt. Brukarane skal oppfatte embetet som serviceinnstilt, målretta og effektivt. Saksbehandlinga skal vere rask og god.

Brukarane til Regjeringsadvokaten er dei statlege organa, dvs. regjeringa, departementa og verksemdene under departementa. Saksfeltet omfattar alle område av staten si verksemd. Viktige område er domstolskontroll av offentlege styresmakter (skatt, trygd, konsesjonar, ekspropriasjon m.m.), skadebotsaker, eigedomssaker, saker om arbeids- og tenestetilhøve m.m. I tillegg fører Regjeringsadvokaten saker for internasjonale domstolar, t.d. Menneskerettsdomstolen i Strasbourg og domstolane i EU og EØS.

Kap. 20 Statsministerens kontor

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	123 899	93 315	95 181
21	Spesielle driftsutgifter, Koronakommisjonen, <i>kan overførast</i>	8 908	10 000	5 000
	Sum kap. 20	132 807	103 315	100 181

Rapport 2020**Post 01 Driftsutgifter**

Statsministerens kontor har støtta statsministeren i å leie og samordne arbeidet til regjeringa, m.a. med å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane. Om lag 80 pst. av utgiftene i 2020 var løn og godtgjersler til tilsette. Andre større utgifter var husleige og reiseutgifter. Hovudårsaka til reduksjonen frå rekneskap 2020 til saldert budsjett 2021 var at Regjeringas bilteneste blei overført til Politiets sikkerhets-teneste frå 1. januar 2021.

Budsjett 2022**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 20 *Statsministerens kontor* dekkjer vanlege driftsutgifter for kontoret. Framlegget inneber ei budsjetttramme på 95,2 mill. kroner.

Implementeringa av ny lov om nasjonal sikkerhet

Lov om nasjonal sikkerhet (sikkerhetsloven) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Føremålet med lova er å tryggje dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheitstrugande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir tryggja ved at departementa identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar av avgjerande betydning for GNF vert underlagde tryggingsslova, og naudsynte sikringstiltak for skjermingsverdige verdier vert

gjennomførte. For å vareta føremålet med lova, vil GNF-prosessen vere ein kontinuerleg prosess. Denne prosessen kan føre til endringar når det gjeld identifiserte funksjonar og skjermingsverdige verdier, kva for verksemdar som er av vesentleg og avgjerande betydning, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (andre verksemdar). Kva som vil krevjast for å oppnå eit forsvarleg sikkerheitsnivå, kan òg bli endra.

Statsministerens kontor har identifisert følgjande grunnleggjande nasjonale funksjonar i eigen sektor: *SMK GNF 1: Statsministerens kontors virksomhet, handlefrihet og beslutningsdyktighet* omfattar kontoret si rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underleggjande verksemd.

Statsministerens kontor har kartlagt avhengigheter og varsla ansvarlege verksemdar. Kontoret har ikkje verksemdar i eigen sektor som er av vesentleg eller avgjerande betydning for GNF. Identifisert GNF er innmeldt til tryggingssorganet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, Koronakommisjonen, kan overførast

I statsråd 24. april 2020 vart det oppretta ein uavhengig kommisjon som skal gjennomgå og trekkje lærdom frå covid 19-utbrotet i Noreg (Koronakommisjonen). Kommisjonen leverte sin første rapport 14. april 2021.

Kommisjonen vil halde fram arbeidet i 2022. Framlegget inneber ei budsjetttramme på 5 mill. kroner for 2022.

Kap. 21 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	190 046	177 242	175 969
	Sum kap. 21	190 046	177 242	175 969

Rapport 2020**Post 01 Driftsutgifter**

Større utgifter i 2020 har vore godtgjersle til regjeringa og dei politisk tilsette i departementa, investeringar i Regjeringa si bilteneste, reiseutgifter og husleige for pendlarbustader.

Hovudårsaka til reduksjonen frå rekneskap 2020 til saldert budsjett 2021 var at Regjeringas bilteneste blei overført til Politiets sikkerheits-teneste frå 1. januar 2021.

Budsjett 2022**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 21 *Statsrådet* skal dekkje godtgjersle til regjeringsmedlemmane, statssekretærene og dei politiske rådgjevarane, og ein del andre utgifter knytt til den politiske leiinga ved Statsministerens kontor og i departementa. Det gjeld m.a. utgifter til bustad for pendlarar, heimreiser, besøksreiser for familie og tenestereiser.

Nærare reglar om kva for ytingar den politiske leiinga kan få dekt, finst i «*Reglement om arbeidsvilkår for politisk ledelse*», fastsett ved kongeleg resolusjon 28. mars 2003. Reglementet er supplert og utfyllt i «*Håndbok for politisk ledelse*», som vert gjeve ut av Statsministerens kontor.

Framlegget inneber ein budsjetttramme på 176,0 mill. kroner.

Fullmakt til overskriding

I samråd med politiet set Statsministerens kontor i verk visse tryggingstiltak for regjeringa. Det er vanskeleg å budsjettere behova, og dei kan endre seg i løpet av budsjettåret. Difor gjer ein framlegg om samtykkje til at Statsministerens kontor i 2022 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrådet, post 01 *Driftsutgifter* for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa, jf. framlegg til romartalsvedtak III.1.

Kap. 3021 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Diverse refusjonar	224	-	-
	Sum kap. 3021	224	-	-

Posten dekte i hovudsak refusjonar av utgifter der Statsministerens kontor la ut for andre, til dømes når representantar frå næringslivet, politiske parti og presse deltok på reiser og skulle dekkje kostnadane sjølve.

Som følge av overgang til nettoføring av utlegg og utgiftsdeling frå 1. januar 2021 er det ikkje lenger behov for posten.

Kap. 24 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	106 067	108 355	110 715
21	Spesielle driftsutgifter	13 402	14 786	15 100
	Sum kap. 24	119 469	123 141	125 815

Rapport 2020

I 2020 kom det inn 1 276 nye saker til Regjeringsadvokaten, ein auke på 6 pst. i høve til 2019.

Utviklinga går i retning av at både fråsegn-saker og rettssaker vert større og meir kompliserte. Det har særleg samanheng med at rettskjeldematerialet er meir omfattande og samansett, og at sakene oftare har eit internasjonalt tilsnitt. Difor aukar behovet for spesialkompetanse innan menneskerettar, EØS-rett og allmenn folkerett.

Av dei nemnde sakene er 892 rettssaker (900 i 2019), 208 rådgjevande fråsegner (193 i 2019) og 176 høyringar (112 i 2019). Blant rettssakene utgjer områda trygd, psykisk helsevern og utlendingssaker framleis ein stor del.

Utlendingssakene viser ein nedgang til 91 saker (128 saker i 2019). Talet på psykisk helsevernsaker var 364 i 2020, ein auke frå 300 saker i 2019. Talet på trygdesaker hadde ein nedgang frå 122 saker i 2019 til 101 i 2020.

Arbeidsmengda for dei tilsette hos Regjeringsadvokaten er høg. Noko vert løyst ved å setje ut saker til private advokatar og ved noko eigenprosedyre i etatane. Sakene som vert sett ut til private advokatar, er helst slike som det er mange relativt like av. Viktige saker må behandlast av Regjeringsadvokaten.

Budsjett 2022**Post 01 Driftsutgifter**

Framlegget inneber ei budsjettramme på 110,7 mill. kroner for 2022. Løyvinga skal fyrst og fremst dekkje løns- og driftsutgifter hos Regjeringsadvokaten. For å sikre eit kvalifisert advokatkorps i ei tid der sakene stadig vert meir innfløkte, er Regjeringsadvokaten meir enn før nøydd til å halde på dei mest røynde advokatane, særleg dei som har møterett for Høgsterett.

Regjeringsadvokaten si budsjettramme har blitt styrkt over fleire år, blant anna for å auke kapasiteten på område som er særleg viktige og som det er pågang på frå regjering og forvaltning. Frå 2021 har i tillegg Regjeringsadvokaten fått frigjort kapasitet ved at Helsedirektoratet har tatt over hovudtyngda av saker om opphøyr av tvungent psykisk helsevern, og på den måten blitt ytterlegare styrkt.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje prosessutgifter og utgifter til leige av advokatar. Nokre sakstypar, til dømes utlendings- og trygdesaker, er tyngjande fordi det er så mange einskildsaker. Talet på nye rettssaker er uvisst.

Framlegget inneber ei budsjettramme på 15,1 mill. kroner.

Kap. 3024 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Vederlag for utgifter i rettssaker	16 039	20 200	20 700
	Sum kap. 3024	16 039	20 200	20 700

Post 01 Vederlag for utgifter i rettssaker

Inntektsframlegget dekkjer inntekter som følgjer av at staten vert tilkjend sakskostnader i sivile

saker der Regjeringsadvokaten er prosessfullmektig. Inntektene er vanskeleg å anslå, og der vert difor gjort framlegg om ei ramme for 2022 på 20,7 mill. kroner.

Programkategori 00.40 Stortinget og tilknytte organ

Utgifter under programkategori 00.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
41	Stortinget	1 263 026	1 368 800	1 416 285	3,5
42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret	7 128	7 600	7 766	2,2
43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga	88 936	92 511	94 287	1,9
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	25 174	34 600	35 105	1,5
45	Noregs institusjon for menneskerettar	26 665	26 100	26 040	-0,2
51	Riksrevisjonen	555 930	580 391	592 577	2,1
	Sum kategori 00.40	1 966 859	2 110 002	2 172 060	2,9

Kap. 41 Stortinget

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	901 235	990 900	1 022 485
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	3 014	4 200	2 400
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	130 911	139 900	147 400
50	Sannings- og forsoningskommisjonen	10 000	10 000	10 000
70	Tilskot til partigruppene	198 629	200 300	210 600
72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500	1 500	1 500
73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	15 192	16 500	16 500
74	Reisetilskot til skular	2 545	5 500	5 400
	Sum kap. 41	1 263 026	1 368 800	1 416 285

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Oppgåvene og arbeidsordninga til Stortinget som konstitusjonelt organ er nedfelte i Grunnlova, andre lover, stortingsvedtak og konstitusjonell praksis. Stortingets konstitusjonelle hovudoppgåver er å vedta lover, løyve pengar til rådvelde for regjeringa og føre kontroll med regjeringa og forvaltninga.

Eit folkestyre skal både bevare og fornye – bevare fordi det dannar ramma for fellesskapen vår, og fornye fordi det aldri må miste sin aktualitet. Men først og fremst må eit folkestyre vere levande. Eit levande folkestyre er visjonen vår.

Samfunnsoppdraget til Stortingets administrasjon er å organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og å legge til rette for at stortingsrepresentantane kan vareta verva sine. Det er vidare å formidle kunnskap om folkestyret og verksemda til Stortinget. Administrasjonen skal òg ta vare på Stortingets bygningar, historiske verdiar og kunst.

Det administrative arbeidet skal utførast effektivt og med god kvalitet og slik at det sikrar Stortingets omdømme på best mogleg måte. Administrasjonen skal opplevast som relevant, profesjonell og samfunnsbevisst både av stortingsrepresentantane og av andre målgrupper.

Resultat i 2020

Koronapandemien har påverka drifta i administrasjonen i stor grad i 2020. Nye arbeidsmåtar og nye digitale løysingar er tatt i bruk. Enkelte løysingar har blitt annleis enn det som var planlagt, men i det store og heile har administrasjonen levert gode løysingar også i 2020.

Beredskapsplanverket og kriseorganisasjonen blei endra for å kunne handtere koronapandemien. Hovudmålsettinga i krisehandteringa er å sikre den parlamentariske kjerneverksemda samtidig som koronasmitte ikkje skal inn på Stortinget. Kriseorganisasjonen har gjennom heile perioden hatt oversikt over smittesituasjonen og jamleg vurdert behovet for å justere eller innføre nye tiltak for å nå måla for krisehandteringa.

Stortingets administrasjon har i 2020 jobba etter desse overordna prioriteringane:

- gjennomføre drifta effektivt og med god kvalitet
- gjennomføre igangsette prosjekt og hente ut gevinstar av tidlegare og nye investeringar
- styrke formidlingsverksemda overfor barn og unge

- etablere og komme i gang med ein ny strategi for administrasjonen
- etablere eit program for modernisering og effektivisering som arbeidsform for større utviklingskraft
- utarbeide langsiktige planar for eigedom og IKT og prioritere tiltak i samsvar med dei

Måla, prioriteringane og rapporteringa frå 2020 er innretta etter formåla i strategien til Stortingets administrasjon.

Formål 1: Organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet

Stortingets administrasjon varetar alle funksjonar som knyter seg til verksemda Stortinget utøver som konstitusjonelt organ, medrekna Stortingets saksbehandling og arbeidsordning, forretningsorden, løyvingsreglement, komitéreiser og formelle spørsmål i tilknytning til verksemda i komiteane og det internasjonale arbeidet. Administrasjonen hentar dessutan inn og legg til rette for faktagrunnlag til arbeidet i Stortinget og dokumenterer verksemda i Stortinget.

Eitt av to satsingsområde innanfor modernisering og effektivisering rettar seg mot den parlamentariske saksbehandlinga. I 2020 gjennomførte administrasjonen ei konseptutgreiing for digitalisering av den parlamentariske saksbehandlinga basert på eit målbilete som var greidd ut i 2019. Det er arbeid fram eit vegkart for gjennomføringa over ein periode på tre–fire år og utarbeidd eit prosjektforslag for den første fasen med start i 2021. Det er venta at ei tydelegare oversikt over den parlamentariske saksgangen med oppgåver, roller, automatiske handlingar og aktivitetar gir betydelege gevinstar for organisasjonen. Det blir lagt til rette for større openheit, meir samarbeid og meir effektive arbeidsprosessar, med ei smidig overlevering av oppgåver og automatisering av manuelle oppgåver.

Statens digitaliseringsråd har gitt råd til prosjektet.

Eit nytt system for parlamentarisk saksbehandling blir utvikla i perioden 2021–2024. Prosjektet blir i 2022 i all hovudsak finansiert gjennom omprioriteringar innanfor normalnivået for vidareutvikling og nyinvesteringar.

Parallelt med prosjektet «Digitalisering av den parlamentariske saksbehandlinga» (DPS-prosjektet) er det gjennomført eit eige prosjekt for kompetanseutvikling og samhandling i den parlamentariske dokumentproduksjonsprosessen. Prosjektet involverte alle medarbeidarane som er knytte

til den parlamentariske dokumentproduksjonen. Eit mål med dette arbeidet var å bidra til å realisere DPS-prosjektet. Arbeidet resulterte i ein plan for kurs og andre kompetansetiltak og større grad av samhandling mellom einingane. Leiarar og medarbeidarar skal gjennom planen ta i bruk nye digitale verktøy, delta i automatiseringa av manuelle oppgåver og sikre eit kompetansegrunnlag for digital omstilling og samhandling. Prosjektet blei avslutta ved slutten av året, og arbeidet blir ført vidare som ein del av aktiviteten i linja.

Stortinget deltok i 2020 aktivt i det internasjonale parlamentariske samarbeidet trass i pandemien. Det interparlamentariske arbeidet, som tradisjonelt i stor grad er basert på fysiske møte og konferansar, måtte raskt omstillast da reise- og samlingsrestriksjonane blei innførte i mars i 2020. Digitale plattformer blei tatt i bruk. Slik kunne Stortinget halde fram med arbeidet i dei interparlamentariske forsamlingane. Offisielle besøk til og frå Stortinget har sidan mars 2020 i hovudsak vore erstatta av digitale møte. Stortinget skulle i løpet av 2020 vore vertskap for fleire internasjonale konferansar, men dei blei avlyste. Septembermøtet i Nordisk råd blei gjennomført digitalt. Den 14. arktiske parlamentariskkonferansen blei utsett til 2021, medan formannskapet for den europeiske interparlamentariske romfartskonferansen (EISC) blei gjennomført med eit digitalt møte i tillegg til at formannskapet blei utvida med eitt år til også å omfatte arrangement i 2021.

Allereie før koronapandemien blei det vedtatt å legge til rette for å kunne gjennomføre komitéhøyringar ved hjelp av fjernmøteteknologi. Koronasituasjonen førte til at dette blei sett i verk tidlegare og i større omfang enn det som først var planlagt. I 2020 blei dei aller fleste komitéhøyringane haldne ved hjelp av fjernmøteteknologi og/eller skriftlege høyringar. Også komitémøte er avvikla ved hjelp av fjernmøteteknologi.

Formål 2: Legge til rette for at representantane kan vareta verva sine

Administrasjonen har levert tenester for å gi stortingsrepresentantane gode føresetnader for å vareta vervet sitt. Tenestene har i større grad blitt tilpassa aktivitetsnivået i Stortinget, slik at dei framstår som relevante og tilgjengelege for brukarane, samtidig som ressursbruken er effektiv. Det blei levert ei rekke praktiske tenester, og administrasjonen leverte også relevante fakta, analysar og drøftingar til stortingsrepresentantane, slik at dei hadde eit fagleg grunnlag for sine politiske vurderingar. Talet på utgreiingsoppdrag varierer

over tid. I 2020 var det ein nedgang i talet på utgreiingsoppdrag frå partia og representantane på Stortinget og ein auke i talet på oppdrag frå parlament i andre land. Denne auken har mellom anna samheng med at det kom mange spørsmål om koronatiltaka regjeringa og Stortinget sette i verk.

Ein vesentleg del av oppdraget til administrasjonen er å formidle korrekt, utvitydig og lettforståelig informasjon til stortingsrepresentantar og tilsette om tenestene dei tilbyr. Gjennom 2020 blei arbeidet med denne typen kommunikasjonstiltak styrkt.

Prosjektet «*Helhetlig stortingsstorg*» blei sett i gang i 2019 og held fram gjennom 2022. Målet med prosjektet er betre tenester til representantane og meir effektiv ressursbruk i administrasjonen. Prosjektet utvikla i 2020 eit konsept med ny leveransemodell og nye, einskaplege arbeidsformer for tenesteleveransar frå administrasjonen. Implementering av konseptet vil bli gjennomført stegvis i åra framover. Forenkling for stortingsrepresentantane står sentralt, mellom anna betre digitale sjølvbeteningsløysingar.

Sikkerheitslova er med nokre unntak gjord gjeldande for Stortingets administrasjon frå 2020. I 2020 blei det etablert ein eigen sikkerheitsstab direkte under direktøren. Det har vore arbeid vidare med å utvikle eit heilskapleg system for sikkerheit og beredskap. Koronakrisa og to større IT-angrep (eitt i 2020 og eitt i 2021) har gitt viktig læring for det vidare arbeidet. Stortinget er no i gang med å auke den fysiske og digitale kapasiteten for behandling av gradert informasjon.

Hausten 2020 inngjekk administrasjonen ein avtale om ei teknologisk løysing for bruk av tale-til-tekst i stortingsreferatet. Dette er ei taleattkjenningsløysing som automatisk skriv ut ein første versjon av innlegga i stortingssalen, basert på ei lydfil. Den tekniske løysinga er installert og gjord klar for ein akseptansetest som skal gjennomførast i mars 2021.

Stortinget vedtok i mars ei mellombels lov om forskriftsheimel for å avhjelpe konsekvensane av utbrotet av covid-19 m.m. (koralova). Lova gav regjeringa fullmakt til å fastsette forskrifter med lovgivingsmessig innhald for å avhjelpe konsekvensane av virusutbrotet. Lova inneheldt ein særleg mindretalsrett som innebar at forskriftene måtte opphevast dersom minst ein tredel av representantane på Stortinget meddelte skriftleg til Stortingets presidentskap at dei ikkje støtta dei. Dette innebar ei form for skriftleg saksbehandlingsprosedyre i Stortinget, og var ei konstitusjonell nyvinning. I perioden mars-mai meddelte

regjeringa 32 forskrifter fastsette i medhald av den mellombelse lova. For fem av dei blei det fremma erklæringar frå eit tilstrekkeleg stort mindretal om at dei ikkje støtta delar av forskriftene, som da måtte opphevast.

Stortinget har behandla mange ekstraordinære saker i tilknytning til utbrotet av koronaviruset. Det har vore både lovproposisjonar og budsjettsaker, mellom anna fleire omfattande økonomiske tiltakspakker. Arbeidet med desse sakene har til dels skjedd under stort tidspress.

Som ein del av arbeidet med å hindre smitte av covid-19 på Stortinget er det innført fleire tiltak som har påverka det parlamentariske arbeidet. Det har vore avgrensingar i kor mange representantar som har kunna vere til stades, krav om digitale møte, montering av pleksiglas fleire stader og tilråding om bruk av munnbind der det ikkje har vore mogleg å oppretthalde ein meters avstand.

Formål 3: Formidle kunnskap om folkestyret og verksemda til Stortinget

I 2020 var det nødvendig å utvikle vidare det digitale formidlingstilbodet. Dette var ein konsekvens av at det fysiske besøkstilbodet til publikum, mellom anna omvisingar og besøk for å delta i læringspel, på grunn av koronapandemien blei stengt ned medio mars 2020. Eit eksempel er det nye læringsspelet for elevar i vidaregåande skole, Demo, som stod klart i desember 2019, men som måtte stenge ned medio mars 2020. Også publikumsgalleriet har i periodar vore stengt i 2020. Denne situasjonen understreka betydninga av digitale kanalar og sosiale medium. stortinget.no hadde ein markant trafikkvekst i 2020. Nettstaden er Stortingets viktigaste kanal for informasjon om arbeidet til dei folkevalde og sakene dei behandlar.

I løpet av 2020 lanserte Stortinget ein ny Instagram-kanal retta mot unge, Stortinget Ung, der målet er å engasjere unge med innhald om politiske prosessar og saker og demokratispørsmål. Det digitale formidlingstilbodet «*Spør stortingspresidenten*» blei vidareført i 2020 og trappa kraftig opp under nedstenginga. Hausten 2020 blei «Stortinget frå klasserommet» lansert. Her får elevar i vidaregåande skole ein annleis samfunnsfagtime, digitalt direkte frå stortingssalen, i møte med Stortingets formidlarar. Seinhausten 2020 blei formidlingstilbodet «Demokratiet og deg», ei digital klasseromsundervisning frå stortingssalen tilpassa vaksenopplæring for innvandrarar, utvikla. Tilbodet starta opp i februar 2021.

Uteareala i tilknytning til stortingsbygningen har gjennom 2020 vore tatt i bruk til formidlings-

formål på ein annan måte enn tidlegare. Ei plakatutstilling gav publikum eit innblikk i kva Stortinget er og gjer. Det blei også laga ei plakatutstilling som ein del av 100-årsjubileet til Stortingets presselosje.

Gjennom året har det vore jobba vidare med å legge til rette for og profesjonalisere arbeidet overfor media. Administrasjonen har sett i verk fleire tiltak for å legge til rette for at media skal få best moglege arbeidsvilkår innanfor smitteverngreglane, mellom anna avvikling av pressekonferansar.

I 2021 er det 100 år sidan Karen Platou som første kvinne blei vald til fast plass på Stortinget. Arbeidet med planlegging av ulike tiltak for å markere dei kvinnelege pionerane på Stortinget blei sett i gang i 2020.

Arbeidet med digital langtidsbevaring av dokumentasjon frå den parlamentariske og administrative verksemda heldt fram i 2020. Saman med fleire andre arkiv er Stortinget representert i Arkivverkets utviklingsarbeid for ei felles nasjonal løysing for digital langtidsbevaring.

Arbeidet med å legge til rette for innsyn og forskning basert på å gjere tilgjengeleg den upubliserte dokumentasjonen frå komitéarbeidet og administrasjonsverksemda held fram. Arbeidet krev fysisk kontakt med dokumentasjonen og er dermed noko forseinka.

Formål 4: Ta vare på Stortingets bygningar, historiske verdiar og kunst

God forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen er viktig for å sikre gode og trygge rammer for det parlamentariske arbeidet. Gjennomførte kartleggingar og analysar gir god oversikt over tilstanden til bygningsmassen og behova til brukarane.

I 2020 blei det sett i verk ein plan for strategiske avgjerder på eigedomsområdet som mellom anna skal danne grunnlaget for ein langtidsplan for investeringar i eigedom, bygg og anlegg.

For å ta vare på dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane er det utarbeidd verneplanar for framtidige endringar og ombyggingar. Administrasjonen har også utvikla ein forvaltningsplan og ein evakueringsplan for kunst og historiske gjenstandar. I 2020 ferdigstilte administrasjonen desse evakueringsplanane.

Reglementet for Stortingets bygge- og leigesaker legg føringar for planarbeidet. Stortingets administrasjon har i 2020, i tråd med føresegnene i reglementet, inngått ein avtale med Statsbygg om rådgivingsoppdrag. Statsbygg skal engasjerast

i ein tidleg fase for moglege framtidige byggeprosjekt.

Stortinget eig 143 pendlarleilegheiter for stortingsrepresentantar. Det har i løpet av dei siste åra vore gjennomført eit vedlikehaldsprogram for desse leilegheitene. I 2020 blei fire leilegheiter ferdig oppgraderte, og éi skal oppgraderast i 2021. Alle leilegheitene har no ein einskapleg, nøktern standard og er funksjonelt tilpassa behova til representantane.

Viktige utfordringar

Stortingets administrasjon søker å svare på samfunnsoppdraget gjennom å prioritere gode og effektive leveransar. Det er samtidig viktig å ha ressursar til å utvikle drifta. Administrasjonen har ein strategi som gir retning for det vidare utviklingsarbeidet og legg føringar for planlegginga av verksemda for åra framover. Tre satsingsområde er prioriterte i strategien:

- Moderne arbeidsplass: Vi er éin administrasjon som står saman om leveransane, feila og suksessane våre.
- Brukarorientert oppgåveløysing: Saman jobbar vi effektivt og profesjonelt for å skape gode brukaropplevingar.
- Ansvarleg institusjonsforvaltar: Vi bidrar til å fornye og bevare folkestyret og tilliten til Stortinget.

Arbeidet med modernisering og effektivisering skal prioriterast også i 2022, mellom anna skal gjennomføringa av strategiske utviklingstiltak gi ei betre samla brukaroppleving med mindre ressursbruk. Koronakrisa i 2020 har ført til eit læringsløft i bruken av digitale verktøy. Det blir viktig å vurdere korleis denne læringa kan takast med vidare i drifta og i utviklingsprosessar. Administrasjonen vil i 2022 særleg fokusere på kompetansetiltak som legg til rette for nye arbeidsprosessar som følge av moderniseringsprosjekta som er sette i verk.

Visjonen vår er eit levande folkestyre. Kunnskap om Stortingets arbeid og rolle i demokratiet er eit viktig grunnlag for politisk engasjement og demokratisk deltaking. Formidlingsaktivitetane må utviklast vidare for å nå målgruppene i takt med teknologiske og samfunnsmessige endringar. I sum skal formidlings- og kommunikasjonsarbeidet vårt bidra til at demokratiet lever og utviklar seg, og slik bidra til å oppfylle visjonen.

Verneplanen for stortingsbygningen skal følgast opp for å sikre at administrasjonen oppfyller samfunnsoppdraget som består i å ta vare på Stortingets bygningar og historiske verdiar.

Eit omskifteleg og langt meir samansett trusselbilette, der truslar kan komme både innifrå og utanifrå, krev at ein er årvaken på vegner av demokratiet. Arbeidet som er knytt til sikkerheit og beredskap ved Stortinget, er i utvikling og vil vere eit prioritert område også i framtida.

Mål og prioriteringar i 2022

Stortingets administrasjon jobbar etter desse overordna prioriteringane for 2022:

- levere på samfunnsoppdraget (formålet) med høg kvalitet og effektivitet
- halde fram med å hente ut effektar frå strategiske tiltak som skal gi ei betre samla brukaroppleving med mindre ressursbruk (program for modernisering og effektivisering)
- sikre god planlegging og forankring for store byggeprosjekt, mellom anna brukarinvolvering
- utvikle vidare formidlingsaktivitetane om folkestyret gjennom fysisk formidling i lokala til Stortinget og gjennom digitale format på ulike plattformer

Formål 1: Organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet

Stortingets administrasjon varetar alle funksjonar som knyter seg til verksemda Stortinget utøver som konstitusjonelt organ, medrekna Stortingets saksbehandling og arbeidsordning, forretningsorden og løyingsreglement, komitéreiser og formelle spørsmål i tilknytning til verksemda i komiteane og til det internasjonale arbeidet. Dessutan hentar administrasjonen inn og legg til rette for faktagrunnlag til arbeidet i Stortinget og dokumenterer verksemda til Stortinget.

I 2022 vil planen for auka samhandling og kompetanse for tilsette som arbeider med den parlamentariske saksbehandlinga, vere godt etablert som ein del av den ordinære drifta. Administrasjonen vil halde fram med å hente ut effektar i form av større digital kompetanse, større forståing for aktivitetane i dokumentproduksjonen, meir effektiv arbeidsflyt og meir effektiv bruk av ressursar.

Arbeidet med digitalisering av den parlamentariske saksbehandlinga har høg prioritet i 2022 som ledd i satsinga på modernisering og effektivisering. Gjennomføringsprosjektet er venta å vere godt i gang, dvs. den første fasen i eit prosjekt med ei varigheit på tre–fire år. Eit samarbeid om effektiv og sikker informasjonsutveksling mellom regjeringa og Stortinget inngår også i denne satsinga.

Effektane av prosjekta skal vere at Stortinget blir ein meir moderne arbeidsplass, får ei meir brukarorientert oppgâveløysing og oppfyller ansvaret som institusjonsforvaltar betre. Administrasjonen blir meir moderne med betre samarbeid og betre utveksling gjennom bruk av strukturar og standardar. Tekstinnhaldet skal gå mest mogleg direkte frå produksjon til offentleggjering, med raskare og sikrare behandling av informasjonselement og metadata og meir effektiv kvalitetssikring.

Vi får ei meir brukarorientert oppgâveløysing med ei enklare og meir effektiv løysing for arbeidet med merknader i innstillingar, utarbeiding av spørsmål og utveksling av innlegg og merknader til referat.

Som ansvarleg institusjonsforvaltar skal vi få betre sporbar informasjon, meir effektiv attfinning på alle digitale flater og større fleksibilitet når det gjeld å sørge for riktig parlamentarisk saksgang.

Formål 2: Legge til rette for at representantane kan vareta verva sine

Administrasjonen skal levere gode tenester, slik at stortingsrepresentantane har dei beste føresetnadene for å vareta verva sine. Det blir levert ei rekke praktiske tenester.

I 2022 vil administrasjonen halde fram arbeidet med å greie ut om dei faglege spørsmåla Stortinget ønsker klargjorde. Administrasjonen vil levere relevante fakta, analysar og drøftingar til stortingsrepresentantane som eit fagleg grunnlag for politiske vurderingar. Informasjonskjelder som blir stilte til rådvelde, skal i størst mogleg grad vere tilgjengelege på digitale einingar, uavhengig av kvar stortingsrepresentantane oppheld seg.

EØS-avtalen og andre internasjonale avtalar påverkar norsk politikk. Arbeidet med kunnskaps-tenester på det internasjonale området må vere robust og fleksibelt nok til å møte framtidige behov.

Administrasjonen skal profesjonalisere kommunikasjonen med representantar og tilsette ytterlegare. Relevant informasjon skal vere lett å finne, og det skal vere enkelt å halde seg oppdatert på endringar og hendingar.

Sikkerheitslova er med nokre unntak gjord gjeldande for Stortinget frå 2020. Stortingets administrasjon vil arbeide vidare med å sørge for at politikarane får betre møteromskapasitet og kommunikasjonsmoglegheiter som tar vare på lovpålagde krav, slik at behandlinga av gradert informasjon blir varetatt på ein trygg måte.

Prosjektet «Heilskapleg stortingstorg» blei sett i gang i 2019 og held fram gjennom 2022. Målet med prosjektet er betre tenester til representantane og meir effektiv ressursbruk i administrasjonen. Prosjektet vil i 2022 prioritere ei vidare utvikling av eit felles kontaktpunkt for å auke effektiviteten både for stortingsrepresentantane og for administrasjonen. Vidare vil det bli arbeid med å utvikle digitale sjølvhjelps-løysingar som vil gi stortingsrepresentantane tilgang til tenestene frå administrasjonen på ein meir effektiv måte. Forenkling for stortingsrepresentantane står, saman med større grad av digitalisering, sentralt.

Våren 2022 er det planlagt implementering av ei fullskala løysing for bruk av tale-til-tekst i stortingsreferatet. Løysinga vil vere lagd til rette for nynorsk og bokmål. Formålet er at stortingsreferatet skal produserast raskare, med same kvalitet og med mindre ressursar. I tillegg har prosjektet eit samfunns mål: Kjeldematerialet som blir utvikla, skal kunne delast med Språkbanken, slik at det fritt kan brukast av alle som ønsker å utvikle språkteknologiske ressursar for norsk.

Formål 3: Formidle kunnskap om folkestyret og verksemda til Stortinget

Stortingets kommunikasjons- og formidlingsarbeid skal bidra til å bygge tillit til, forståing for og oppslutning om Stortingets rolle i demokratiet.

Kommunikasjonen med omverda skal vere aktiv og relevant og opne for samhandling mellom folket og dei folkevalde og vere særleg retta mot barn og unge, vaksne med låg demokratisk deltaking og personar som i arbeidet sitt er i kontakt med Stortinget.

Gjennom ulike kanalar kommuniserer Stortinget fortløpande om arbeidet dei folkevalde gjer, om sakene som blir behandla, og om Stortinget som institusjon og betydninga det har for det norske demokratiet. Nettstaden gir brukarane tilgang til all informasjon om sakene som blir behandla i Stortinget, møte og høyringar, og utgjer kjerneinformasjonen om det parlamentariske arbeidet. Gjennom sosiale medium, filmar og arrangement kan alle sette seg inn i og lære om kva oppgåver Stortinget har, og arbeidet som blir utført. For å bidra til større openheit og ei brei offentlegheit om det som skjer i Stortinget, jobbar Stortinget kontinuerlig med å legge til rette for at pressa kan vareta samfunnsoppdraget sitt på best mogleg måte.

I 2022 skal formidlingsaktivitetane utviklast vidare. Det vil skje både gjennom fysisk formid-

ling i form av omvisingar, utstillingar og interaktive læringsspel i Stortinget, og gjennom det vidare arbeidet med å fornye det digitale formidlingstilbodet.

I 2021 markerer Stortinget 100 år med fast valde kvinnelege stortingsrepresentantar. I samband med det skal det på oppdrag frå presidentskapet lagast eit portrett av Karen Platou, som var den første fast valde kvinnelege stortingsrepresentanten. Portrettet skal etter planen avdukast tidleg i 2022. Det skal vidare lagast ein skulptur av Anna Rogstad som skal oppførast på Eidsvolls plass. Anna Rogstad var den første kvinna som møtte på Stortinget – som vararepresentant i 1911. Skulpturen skal etter planen avdukast i 2023. I samband med markeringa blir det også gjennomført eit pilotprosjekt der tidlegare kvinnelege stortingsrepresentantar blir intervjua. Formålet er å dokumentere erfaringane deira frå arbeidet i Stortinget. Dette arbeidet startar hausten 2021 og blir ført vidare i 2022.

For å nå alle målgruppene i formidlingsarbeidet vil administrasjonen arbeide med universell utforming i samsvar med generelle retningslinjer og krav. I digitaliseringa av den parlamentariske saksbehandlinga er dette aktuelt på fleire område. Arbeidet vil halde fram i 2022.

Eidsvolls plass er ein av Noregs viktigaste arenaer for ytringsfridom og engasjement. Stortingets administrasjon forvaltar bruken av plassen og legg til rette for at det kan haldast demonstrasjonar og markeringar. Frå 2022 vil administrasjonen jobbe vidare med å forenkle bestillinga av Eidsvolls plass.

Formål 4: Ta vare på Stortingets bygningar, historiske verdiar og kunst

Reglementet for Stortingets bygge- og leigesaker skal sikre god saksførebuing og forankring og styring av store byggeprosjekt. Statsbygg skal engasjerast som rådgivar i ein tidleg fase for moglege nye prosjekt i 2022.

Ein evalueringsrapport om byggeprosjektet Prinsens gate 26 med læringspunkt for seinare byggeprosjekt blei lagd fram for Stortinget i 2020. Forbetringpunkta som ikkje allereie er sette i verk, blir følgde opp vidare i 2022. Utgreiingsinstruksen og rettleiaren for store statlege byggeprosjekt i tidleg fase skal leggest til grunn i utgreiingar i 2022 for å sikre brukarinvolvering og tilstrekkeleg modenheit i byggeprosjekta. Dette gjeld mellom anna for prosjekt som er knytte til ei mogleg oppgradering av tilbygget mot Akersgata, og større prosjekt for utskifting av ventilasjon og

annan teknisk infrastruktur i stortingsbygningen og andre bygningar. Eit arbeid med ombygging av Akersgata 21 for å oppnå moderne og funksjonelle areal er i gang. Arbeidet med å utvikle vidare Stortingets prosjektmodell og etablering av ein samarbeidsavtale med Statsbygg når Statsbygg skal vere byggherre, vil bidra til ytterlegare å sikre at prosjekt når dei strategiske måla og blir styrte i samsvar med beste praksis.

Utviklinga av den parlamentariske verksemda med endra arbeidsformer og større grad av digitalisering kan påverke arealbehovet. Dette blir vidare greidd ut i 2022. Bruken av det samla arealet sett opp mot behovet skal kartleggast for å sikre at lokala støttar opp under verksemda framover. Behova blir lagde til grunn i dei langsiktige planane for investeringar og vedlikehald.

Planverket for forvaltning og evakuering av kunst og historiske gjenstandar blir løpande oppdatert og utvikla vidare. Det er i 2022 lagt opp til ei systematisk vurdering av kunstsamlinga med tanke på behovet for konservering og vedlikehald.

Budsjett for 2022

Stortingets administrasjon jobbar aktivt med effektivisering og betre kostnadskontroll, noko som vil prege budsjettet og ressursbruken òg i 2022. Stortinget held fram med å gjennomføre effektiviseringskutta på driftsposten sin som statsforvaltninga gjer. Løyvinga skal brukast i samsvar med måla og prioriteringane som er omtalte over, jf. Mål og prioriteringar i 2022. Løyvinga blir fordelt på desse postane:

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar godtgjersler for stortingsrepresentantar, lønn for tilsette og utgifter til kjøp av varer og tenester. Stortingets administrasjon har lagt til grunn ein vekst i lønn og godtgjersle på 2,7 prosent i 2022. For 2022 er det lagt inn 0,6 prosent i effektiviseringskutt. I tillegg vil kuttet på 10 millionar kroner i 2021 vidareførast.

For 2022 ber ein om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 41, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3041, post 01 *Salsinntekter*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

I Innst. 271 S (2018–2019) blei det varsla at det skulle settast ned eit utval som skulle evaluere lov om Riksrevisjonen og verksemda til Riksrevisjo-

nen. Til utvalsarbeidet blei det foreslått ei løyving på 3,6 millionar kroner for 2021. Nedsettinga av utvalet blei utsett til etter at rapporten frå utvalet for å greie ut Stortingets kontrollfunksjon, om spørsmål som gjeld Riksrevisjonen (Harberg-utvalet), blei lagd fram, og utvalet blei først oppnemnt våren 2021, jf. Innst. 341 S (2020–2021). Utvalet skal starte arbeidet hausten 2021 og levere rapport innan 1. september 2023. Den ubrukte løyvinga for 2021 blir overført til 2022. For 2022 er det ført opp ei løyving på 2,4 millionar kroner. Samla sett er det lagt til grunn eit budsjett på 8,5 millionar kroner for utvalet.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga over posten er knytt til forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av bygningsmassen, investeringar innan IT og andre investeringar i utviklingstiltak. Ein langsiktig plan for investeringar og vedlikehald i bygningsmassen skal utviklast vidare på bakgrunn av endra behov og dannar grunnlag for prioritering av bygningsmessige tiltak innanfor dei gjeldande budsjett-rammene i 2022.

På IT-området er investeringane delte inn i basisaktivitetar som blir utførte årleg, og større aktivitetar som blir utførte med sykliske mellomrom. Av større aktivitetar kan prosjektet for digitalisering av den parlamentariske saksbehandlinga nemnast. For 2022 utgjer dette prosjektet om lag 30 millionar kroner.

Post 50 Sannings- og forsoningskommisjonen

Kommisjonen som skal granske fornorskingspolitikken og uretten overfor samar, kvenar og norskfinnar (sannings- og forsoningskommisjonen), blei nemnd opp ved eit stortingsvedtak 14. juni 2018. Kommisjonen skal vere ferdig med

arbeidet sitt innan 1. juni 2023 og overlevere rapporten til Stortingets presidentskap.

Kommisjonen er sett saman av tolv medlemmer og har eit fagleg kompetent sekretariat som for tida består av fire årsverk. Sekretariatet fekk ytterlegare to årsverk i 2020. Det er ein føresetnad at kommisjonen innhentar personlege erfaringar ved at dei oppsøker samiske og kvenske/norsk-finske miljø i dei aktuelle distrikta.

Kostnadane i samband med verksemda til kommisjonen i 2022 er berekna til 10 millionar kroner. Sekretariatet for kommisjonen er lokalisert ved UiT (Noregs arktiske universitet i Tromsø), og medarbeidarane er tilsette ved UiT. Midlar til drift av kommisjonen og sekretariatet vil bli tildelte UiT, med rekneskaps- og rapporteringsplikt til Stortinget.

Post 70 Tilskot til partigruppene

Posten omfattar tilskot frå Stortinget til gruppe-sekretariata i partia og uavhengige representantar. Tilskotet til kvar av stortingsgruppene er avhengig av representasjonen til partiet på Stortinget.

Post 72 Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek

Posten omfattar tilskot til biblioteket ved Nobelinstituttet.

Post 73 Kontingentar til internasjonale delegasjonar

Posten omfattar kontingentane til Nordisk råd, OSSEPA og IPU.

Post 74 Reisetilskot til skolar

Posten omfattar støtte til søkarar frå skolar som besøker Stortinget.

Kap. 3041 Stortinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Salsinntekter	4 306	6 000	5 700
03	Leigeinntekter	2 440	1 100	2 300
	Sum kap. 3041	6 746	7 100	8 000

På kap. 3040 omfattar post 01 hovudsakleg salsinntekter frå kantiner, og post 03 omfattar hovudsakleg leigeinntekter frå næringslokale.

Kap. 42 Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	7 128	7 600	7 766
	Sum kap. 42	7 128	7 600	7 766

Hovudoppgåver og organisering

Ombodsmannsnemnda for Forsvaret er evaluert og vurdert i rapporten frå Harberg-utvalet, som blei overlevert presidentskapet i januar 2021. Harberg-utvalet foreslår ei ny, formell lov som skal erstatte den gjeldande instruksen av 1952. I budsjettforslaget for 2022 er det tatt omsyn til forventa endringar som ein konsekvens av denne evalueringa, rapporten og lovforslaget. Lova blei vedtatt av Stortinget 31. mai 2021 og trer i kraft 1. oktober 2021.

Samtidig endrar nemnda namn til «Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret», forkorta «Ombodsnemnda».

Etter den vedtatte lova består Ombodsnemnda, som i dag, av sju medlemmer som blir valde av Stortinget for fire år om gongen. Leiaren av nemnda skal etter at lova har tredd i kraft, ha tittelen «forsvarsombodet». Kontoret til Ombodsnemnda består av 3,6 årsverk, fordelt på fire personar.

For å møte krava til utvikling og varetaking av større og nye oppgåver, mellom anna ombodsrolla for veteranane i Forsvaret og eit større internasjonalt engasjement, meiner nemnda at kontoret må styrkast med ei fagstilling. Etter den vedtatte lova

skal nemnda fungere som eit styre, dvs. med overordna ansvar for verksemda når det gjeld både økonomi og saksbehandling. Det er venta at dette vil auke behovet for nemndsmøte, og at presset på administrasjonen og saksførebuinga vil auke tilsvarende. I tillegg er det ei uttalt målsetting at synfaringar og besøk på militære avdelingar og til militært personell skal prioriterast.

Nemnda samarbeider nært med TVO-ordninga i Forsvaret og med organisasjonane til dei tilsette. Vidare har nemnda eit aukande samarbeid med dei ulike veteranorganisasjonane i Forsvaret.

Ombodsmannen deltar i internasjonalt arbeid i regi av DCAF (Democratic Control of Armed Forces), ICOAF (International Conference of Ombuds Institutions for the Armed Forces). Ombodsmannen blir stadig invitert for å orientere og presentere den norske modellen i ei rekke land som ønsker å innføre demokratiske institusjonar til kontroll av væpna styrkar.

Melding til Stortinget

Ombodsmannsnemnda sender årleg ei melding om verksemda, Dokument 5, til Stortinget. Ein gjenpart av meldinga blir send til Forsvars-

departementet og til Forsvarets organ og avdelingar. Nemnda kan også, ved behov, sende særskilde meldingar til Stortinget om enkeltsaker.

Mål og prioriteringar for 2022

Med den nye lova og eit forsterka mandat for Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret vil 2022 vere eit viktig år for arbeidet i nemnda. Med den nye lova og eit forsterka og tydeleggjort mandat frå Stortinget vil nemnda sikre at arbeidet blir innretta deretter. Porteføljen i tilknytning til veteranane og til internasjonalt samarbeid vil bli toneangivande i så måte. I tillegg er det ein ambisjon at nemnda i løpet av 2022 vil ferdigstille eit betydeleg moderniseringsarbeid og ei oppgradering av infrastrukturen, rutinane og kvalitetane ved kontoret for å følge opp merknadene i evalueringa.

Ombodsnemnda vil sjølvstilt også i 2022 vere opptatt av personellsituasjonen i Forsvaret, med tanke på både den vidare oppfølginga av MOST-

undersøkinga og dei mange påviste manglane knytte til EBA (eigedom, bygg og anlegg). Det er planlagt fleire synfaringar i inn- og utland så snart pandemisituasjonen tillèt det.

I 2022 skal det markerast at det er 70 år sidan Stortinget vedtok å opprette Ombodsmannsnemnda, verdas første parlamentariske kontrollordning for militært personell. Sidan da har fleire land etablert liknande ordningar etter norsk modell. Eit omfattande samarbeid gjennom DCAF har ført til auka aktivitet og utvikling av demokratisk kontroll av dei væpna styrkane i ulike land. Kvart år blir det arrangert ein internasjonal ombodsmannskonferanse. I samband med 70-årsmarkeringa blei Noreg spurt om å påta seg å arrangere denne konferansen i 2022.

Post 01 Driftsutgifter

Posten inneheld lønnsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Kap. 43 Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	88 936	92 511	94 287
	Sum kap. 43	88 936	92 511	94 287

Hovudoppgåver og organisering

Sivilombodets (Sivilombodsmannen fram til 30. juni 2021) formål og oppgåver følger av lov om Stortingets ombud for kontroll med forvaltningen av 18. juni 2021. Sivilombodet blir vald av Stortinget fram til slutten av kvar valperiode.

Som ombod for Stortinget skal Sivilombodet føre kontroll med at det i den offentlege forvaltninga ikkje blir gjort feil eller urett mot den enkelte borgaren. Ombodet skal også bidra til at forvaltninga respekterer og sikrar menneskerettane. Desse oppgåvene blir først og fremst varetatt gjennom undersøkingar og behandling av klagar frå enkeltpersonar, organisasjonar og selskap. Ombodet står også fritt til å ta opp spørsmål og sette i verk saker ut frå eige tiltak. Slike undersøkingar er i hovudsak baserte på kjennskap til forhold i forvaltninga det kan vere grunn til å ta opp særskilt. Ombodet er også ein nasjonal førebyggjande mekanisme for førebygging av tortur og anna grusam, umenneskeleg eller ned-

verdiggjande behandling eller straff. Vidare søker Ombodet å hindre urett gjennom ulike kommunikasjonstiltak, f.eks. foredragsverksemd. Gjennom meldingane til Stortinget gir Sivilombodet informasjon om korleis Grunnlova, andre lover og stortingvedtak i praksis blir tatt i bruk i forvaltninga, og om verksemda som følger av førebyggingsmandatet.

Ombodets kontor er organisert i tre avdelingar som behandlar klagesaker innan ulike rettsområde, ei allmenn avdeling, ei eining for førebygging av tortur og ei administrasjonsavdeling.

Rapport for 2020

Arbeidet til Sivilombodsmannen blei sjølvstilt påverka av unntaksåret 2020. Ein god del planlagt aktivitet blei ikkje gjennomført eller fekk eit anna innhald enn det som var planlagt. Likevel blei verksemda etter forholda truleg mindre påverka enn mange andre og har kunna gjennomføre oppgåvene i tråd med mandatet.

Årsmeldingane frå Ombodsmannen for 2020 blei overleverte Stortinget i mars 2021. Sivilombodsmannens årsmelding i Dok. 4 (2020–2021) gjer greie for hovudinntrykk frå klagesaksbehandlinga i 2020 og omtaler også enkelte utviklingstrekk i forvaltninga basert på meir generelle erfaringar. Årsmeldinga for førebyggings- eininga, Dok. 4:1 (2020–2021), gir ein nærmare omtale av førebyggingsarbeidet i 2020.

Klagesaksbehandling

Det kom inn 4 009 saker til Ombodsmannen i 2020. Det er ein auke på 3 prosent samanlikna med året før, og det høgaste talet på klagar nokosinne. 17 saker er i tillegg tatt opp på eige initiativ. Desse sakene er ressurskrevjande, men viktige. Auken i saksmengda fører til stabilt høg saksavvikling, både for realitetsbehandla og avviste saker. Ombodsmannen jobbar målbevisst med å auke talet på rettferdige klagar.

Ombodsmannen avslutta 3 962 saker i 2020. Av dei er 37 prosent rekna som realitetsbehandla. Dei aller fleste er vurderte på bakgrunn av dei tilsende dokumenta og ordna eller avslutta utan at e finn grunn til å gå vidare med dei. For mange av sakene blir utfallet likevel positivt for klagaren ved at ei sak løyser seg medan ho er til behandling hos Sivilombodsmannen. Dette skjer ofte etter ein telefonsamtale eller eit brev til det aktuelle forvaltningsorganet. 122 saker blei avslutta med kritikk eller oppmoding om å sjå på saka på nytt.

63 prosent av dei avslutta sakene blei avviste. Det er ein auke samanlikna med tidlegare år.

Det er eit mål å bruke så kort tid som mogleg på saker som må avvistas. I 2020 har nedgangen i saksbehandlingstida for saker som er avslutta etter å ha vore tatt opp med forvaltninga, halde fram. Slik kan tida utnyttast betre på saker som krev undersøkingar i forvaltninga. Saksbehandlingstida må sjåast i samheng med saksinngangen.

Førebyggingsarbeidet til Sivilombodsmannen

Førebyggings- eininga mot tortur og umenneskeleg behandling ved fridomsrøving blei oppretta hos Sivilombodsmannen i 2014, i tråd med tilleggsprotokollen til FNs torturkonvensjon (OPCAT). Førebyggings- eininga har rett til å besøke alle stader der personar er frårøva fridommen sin, for å førebygge tortur og anna grusam, umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff.

I 2020 har førebyggings- eininga gjennomført ti slike besøk: tre besøk på ein psykisk helsevern- institusjon for barn og unge, to besøk på barne- vernsinstitusjonar, to besøk på sjukeheimar og tre besøk på bufellesskapar for personar med utviklingshemming. Besøka blei mellombels innstilte i mars, men tatt opp att etter sommaren. Smittevernomsyn gjorde det nødvendig å gjennomføre besøka delvis digitalt. I løpet av våren og forsommaren blei det gjennomført ei undersøking av korleis kriminalomsorga handterte covid-19- pandemien i fengsel med høg sikkerheit, og kva konsekvensar pandemien hadde for innsette. Det blei også laga ein temarapport om bruk av sikkerheitsseng i norske fengsel. Gjennom 2020 har førebyggings- eininga hatt dialog med tolv stader i etterkant av besøk gjorde i 2018, 2019 og 2020 for å følge opp korleis tilrådingane er blitt gjennomførte. Det blei som planlagt gjennomført tre halv- dagsmøte med det rådgivande utvalet i førebyggings- eininga. Som i tidlegare år har førebyggings- eininga i 2020 presentert ei rekke funn og utfordringar som førebyggingsarbeidet har avdekt. Førebyggings- eininga har mellom anna forelese på fagutdanningar og konferansar og oppretthalde samarbeid med relevante fagmiljø internasjonalt, mellom anna halde innlegg under digitale samlingar for førebyggings- einingar internasjonalt om arbeidsmetodar under covid-19-pandemien.

Menneskerettsarbeid

Sivilombodsmannens generelle arbeid på menneskerettsfeltet har i 2020 vore prega av pandemien ved at mange aktivitetar er blitt utsette eller avlyste. Aktivitetar som delegasjonsbesøk og internasjonalt samarbeid har vore avgrensa til digital kontakt.

I 2020 har Sivilombodsmannens arbeid med menneskerettane primært skjedd gjennom behandlinga av klagesaker der Noregs menneskerettslege forpliktingar er involverte. Éi sak blei også oppretta av eige tiltak. Tema for klagesakene i 2020 omfatta mellom anna barns beste, retten til rettferdig rettargang og ansvaret myndigheitene har for å vurdere om menneskerettane er tatt vare på.

Mål og budsjett for 2022

Dei to mandata til Sivilombodet er fastsette i lov, og verksemda har derfor stabile føringar for kva hovudmål dei skal nå kvart år. Ein stor del av verksemda går årleg ut på å gjennomføre undersøkingar og gjere rettslege vurderingar av utvalde

spørsmål. I fleire år har det vore eit mål at Sivilombodet skal prioritere arbeidsinnsatsen der innsatsen får størst betydning. Dette vil også vere viktig framover, og er reflektert i strategiplanen for perioden 2019–2022.

Det er venta at den store auken i klagar dei seinare åra kjem til å vare. Det blir viktig, men krevjande å handtere denne veksten også i 2022. Kapasitet og ressursar avgjer om svara på førespurnadene støttar opp under rolla til Sivilombodet. Sivilombodet vil innanfor det eksisterande ressursnivået forsøke å ta opp eit tilstrekkeleg antal saker, oppretthalde kvaliteten på dei svara som blir gitt, og med ei så kort saksbehandlingstid som mogleg.

Målet om å bli betre kjend har vore følgt opp gjennom fleire år. Dette er eit mål også for 2022. Det er spesielt ønskeleg å rette innsatsen mot grupper av klagarar som ein i større grad burde motta klagar frå, sjølv om det med den same ressursituasjonen må føre til at andre klagesaker må prioriterast ned.

Også i 2022 vil Sivilombodet besøke stader der menneske er frårøva fridommen. Kor mange og kva for stader som skal få besøk, vil bli avgjort ut

frå ei risikovurdering av aktuelle sektorar og stader i lys av kapasitet og ressursar. I tillegg må det leggst vekt på smittevernomsyn og andre forhold som er påverka av pandemien. Det vil mellom anna vere aktuelt å halde fram med å besøke sjukeheimar og bustader for menneske med utviklingshemming. Det kan også vere aktuelt å fokusere særleg på eit nærmare angitt tema som er spesielt aktuelt for mandatet. Det vil framleis bli lagt stor vekt på å vidareutvikle metodikk, heve kompetansen til eininga og innhente solide kunnskapsgrunnlag innanfor alle områda som er dekte av mandatet. Som ledd i ei tett oppfølging for å sikre at tilrådingane frå Sivilombodet får gjennomslag, vil det også bli lagt vekt på oppfølging av stadene og sektorane som får besøk.

I budsjettet er det innarbeidd prisjustering, konsekvensjustering og effektiviseringstrekk. Elles er det ingen auke.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønnsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	23 257	34 600	35 105
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 917		
	Sum kap. 44	25 174	34 600	35 105

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet) er eit permanent utval, oppretta av Stortinget i 1996. Utvalet har sju medlemmer. Medlemmene blir valde av Stortinget i plenum for eit tidsrom på inn-til fem år. Medlemmene kan nemnast opp på nytt éin gong etter innstilling frå Stortingets president-skap.

Hovudoppgåver

EOS-utvalet skal føre regelmessig tilsyn med den etterretnings-, overvakings- og tryggingstenesta (EOS-tenesta) som blir utført i den sivile og militære forvaltninga. Oppgåvene til kontrollutvalet er

å gjennomføre inspeksjonar, undersøke klagar og ta opp saker av eige tiltak som utvalet ut frå formålet finn det riktig å behandle. Hovudformålet er å vareta rettssikkerheita til den enkelte og sjå til at tenestene respekterer menneskerettane.

Utvalet gir årleg melding til Stortinget om verksemda si og ved behov særskilde meldingar.

Rapport for 2020

Utvalet har i 2020 gjennomført 16 inspeksjonar: PST er inspisert seks gonger, E-tenesta fire gonger, NSM to gonger og FSA to gonger. Etterretningsbataljonen og Forsvarets spesialstyrkar er inspisert éin gong kvar.

I 2020 undersøkte utvalet 16 saker av eige tiltak, mot 24 saker i 2019. Sakene utvalet har undersøkt av eige tiltak, er hovudsakleg funn frå inspeksjonane dei har gjennomført.

Utvalet undersøker klagar frå enkeltpersonar og organisasjonar. Det kom inn 29 klagar til utvalet i 2020, mot 26 klagar i 2019. Utvalet prioriterer klagesaksbehandlinga og bruker ein god del ressursar på det. Enkelte av klagane har vore retta mot fleire av EOS-tenestene samtidig. Utvalet har på formelt grunnlag avvist nokre klagesaker, mellom anna under tilvising til at forholdet fell utanfor kontrollområdet deira. Klagar og førespurnader som fell innanfor kontrollområdet, blir undersøkte i den eller dei tenestene klagen rettar seg mot. Utvalet praktiserer generelt sett ein låg terskel for å behandle klagesaker.

Utvalet meiner at ressursbruken har vore effektiv i 2020, og er samla fornøgd med resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2020. Koronapandemien og vakansar har ført til at EOS-utvalet har fått eit større mindreforbruk enn venta. Overførbare midlar er søkte overførte til budsjettet for 2021.

Nærmare opplysningar om verksemda er gitt i årsmeldinga for 2020 (Dokument 7:1 (2020–2021)).

Mål for 2022

Hovudoppgåva til utvalet er å føre løpande kontroll med EOS-tenestene. Kontrollen blir utøvd i form av inspeksjonar, behandling av klagesaker og behandling av saker som blir tatt opp av eige tiltak. Den faglege verksemda er i hovudsak styrt av det som kjem fram gjennom inspeksjonsverksemda og klagesakene, i tillegg til dei signala Stortinget gir ved behandlinga av årsmeldingane frå utvalet. I tillegg tar utvalet opp saker på bakgrunn av opplysningar som kjem fram i offentlegheita.

Rammene for verksemda er fastsette i lov om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste (EOS-kontrollova). Ifølge EOS-

kontrollova § 7 andre ledd skal den årlege tilsynsverksemda gjennomførast ut frå behov og minst omfatte fleire inspeksjonar årleg av E-tenesta sentralt, NSM, PST sentralt og Forsvarets tryggingssavdeling. I tillegg skal utvalet gjennomføre ein årleg inspeksjon av PST-einingar i minst to politidistrikt og av minst éin av stasjonane til E-tenesta eller etterretnings-/tryggingstenesta ved militære stabar og avdelingar. I tillegg er utvalet pålagt å ha minst éin årleg inspeksjon hos høvesvis Etterretningsbataljonen og Forsvarets spesialstyrkar. Utvalet kan også undersøke politiets bistand til PST, eller andre delar av forvaltninga om det er nødvendig ut frå kontrolloppgåva. Den overordna påtalemyndigheita, dvs. statsadvokatane og Riksadvokaten, er unntatt frå kontrollområdet. Utvalet vil også i 2021 gjennomføre inspeksjonar i samsvar med krava, i tillegg til å behandle innkomne klagesaker og undersøke saker i EOS-tenestene. Utvalet undersøker også saker innanfor kontrollområdet som har vore gjenstand for offentleg kritikk.

Ei ny lov om Etterretningstenesta tredde i kraft 1. januar 2021. Dei etterfølgande kontrolloppgåvene utvalet i dag har med verksemda til E-tenesta, blir vidareført, og den nye lova gir utvalet fleire kontrollpunkt i E-tenesta. I den nye lova om Etterretningstenesta er tenesta gitt heimlar til å bruke ein ny metode kalla «tilrettelagd innhenting av grenseoverskridande elektronisk kommunikasjon» (tilrettelagd innhenting). EOS-utvalet er pålagt å føre løpande kontroll med denne metoden, noko som inneber ein betydeleg auke i omfanget av oppgåvene deira. Kapitla om tilrettelagd innhenting har enno ikkje tredd i kraft, og det er uvisst når det vil skje.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar godtgjersle til medlemmene, lønn til dei tilsette i sekretariatet og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Kap. 45 Noregs institusjon for menneskerettar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	26 665	26 100	26 040
	Sum kap. 45	26 665	26 100	26 040

Hovudoppgåver og organisering

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) blei oppretta 1. juli 2015 som eit organ som er organisatorisk lagt under Stortinget. Formålet med oppgåvene til institusjonen følger av lov om Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter av 22. mai 2015 nr. 33 (NIM-lova) og instruks for Norges nasjonale institusjon for menneskerettigheter, som blei vedtatt av Stortinget 30. april 2016. NIM blir leia av eit styre og ein direktør. Styret har det overordna ansvaret for den faglege verksemda, økonomien og drifta. Stortinget vel både styre og direktør. Styret er valt for ein periode på fire år, medan direktøren er vald for ein periode på seks år. Stortinget utnemnde i mars 2019 Adele Matheson Mestad som direktør for perioden 2019–2025. NIM skal bidra til å styrke gjennomføringa av menneskerettane, særleg ved å overvake og rapportere om kva stilling menneskerettane har i Noreg, medrekna å legge fram tilrådingar for å sikre at Noreg oppfyller sine menneskerettslege forpliktingar, gi råd til Stortinget, regjeringa, Sametinget og andre offentlege organ og private aktørar om gjennomføringa av menneskerettane, informere om menneskerettane, mellom anna å rettleie enkeltpersonar om nasjonale og internasjonale klageordningar, fremme opplæring, utdanning og forskning på menneskerettane, legge til rette for samarbeid med relevante offentlege organ og andre aktørar som arbeider med menneskerettane, og delta i internasjonalt samarbeid for å fremme og verne om menneskerettane. NIM skal ikkje prøve enkeltsaker om krenking av menneskerettar. Stortinget føresett at institusjonen skal vere samlokalisert med og administrativt knytt til Sivilombodet.

Rapport for 2020

Det følger av § 11 i NIM-lova at NIM årleg skal levere ei årsmelding til Stortinget om verksemda si og om utviklinga av menneskerettssituasjonen i Noreg. Årsmeldinga, Dokument 6 (2020–2021), blei overlevert Stortinget 9. april 2021. Årsmeldinga dekkjer eit breitt spekter av område, men er på ingen måte uttømmende. I meldinga gir NIM tilrådingar på område der dei meiner norsk lovgiving eller praksis bryt med menneske-

rettane, område der det er rom for forbetring, eller område der det er særlege utfordringar som myndigheitene bør vere merksame på.

Mål og budsjett for 2022

NIM har eit særst breitt mandat, da menneskerettane har betydning for nær sagt alle rettsområde. Institusjonen bygger arbeidet sitt på 27 ulike rettsområde. Desse områda dannar grunnlag både for den systematiske overvakinga av menneskerettssituasjonen og for den interne arbeidsdelinga i den juridiske analyseavdelinga. Det breie mandatet gir NIM eit unikt høve til å følge det store biletet og skape dialog med dei ulike menneskerettsaktørane. NIMs visjon er eit sterkt og heilskapleg menneskerettsvern for alle. Det betyr at NIM må jobbe breitt innanfor ei heil rekke felt og ha tilsvarende brei kunnskap i organisasjonen. I NIMs strategi for 2019–2022 er det sett overordna mål om å vere ein sterk fagleg rådgivar, brubyggjar, vaktbikkje og formidlar. Breidda i mandatet krev ei tydeleg prioritering av arbeidsinnsatsen. I 2020 blei NIM evaluert. Evalueringa var i det store og heile svært positiv, men peikte også på enkelte forbetringpunkt. I 2022 vil NIM arbeide for å følge opp nokre av tilrådingane innanfor den økonomiske ramma som er gitt.

Institusjonen vil framleis arbeide internt for å ha ei tydeleg leiing og sikre at arbeidsprosessane er effektive og gode. I 2022 skal NIM

- bidra til at staten gjer best moglege menneskerettslege vurderingar
- førebygge og hindre menneskerettsbrot
- vidareutvikle undervisningsopplegg om menneskerettane
- bidra til å styrke arbeidet med menneskerettsansvar i kommunane
- bidra til informasjonsflyt og samarbeid på menneskerettsfeltet, både i sivilsamfunnet og mellom sivilsamfunnet og myndigheitene
- delta aktivt i internasjonalt samarbeid og bidra til å styrke dei nasjonale institusjonane i land der menneskerettane er under press

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønnsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Kap. 51 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	528 930	552 491	563 977
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	27 000	27 900	28 600
	Sum kap. 51	555 930	580 391	592 577

Hovudoppgåver og organisering

Riksrevisjonen blir leia av eit kollegium som består av fem riksrevisorar som er valde av Stortinget for ein periode på fire år. Riksrevisjonens formål, oppgåver og rammevilkår følger av lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 nr. 21 og instruks om Riksrevisjonens virksomhet av 11. mars 2004. Riksrevisjonen skal gjennom revisjon, kontroll og rettleiing bidra til at inntektene til staten blir innbetalte som føreset, og at midlane og verdiane til staten blir brukte og forvalta på ein økonomisk forsvarleg måte og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader, jf. riksrevisjonslova § 1.

Riksrevisjonen utfører årleg pålagde, faste revisjonsoppgåver som finansiell revisjon og selskapskontroll, i tillegg til revisjonsoppgåver Riksrevisjonen sjølv bestemmer ut frå ei vurdering av risiko og kva dei ser på som vesentleg. I valet av oppgåver blir det lagt vekt på aktualitet og relevans både for Stortinget og for allmenta.

Riksrevisjonen kan også etter avtale påta seg revisjons-, kontroll- og bistandsoppdrag internasjonalt. Stortinget kan pålegge Riksrevisjonen å sette i gang særlege undersøkingar. Oppgåvene er nærmare utdjupa i instruks om Riksrevisjonens virksomhet. Riksrevisjonen er organisert i sju avdelingar: tre rekneskapsrevisjonsavdelingar, to forvaltningsrevisjonsavdelingar, éi avdeling for metodestøtte og utvikling og éi administrasjonsavdeling. I tillegg er det ein stabsseksjon og ein internasjonal seksjon som er direkte underlagde revisjonsråden.

Rapport 2020

Riksrevisjonens visjon for planperioden 2018–2024 er: Revisjon til nytte for morgondagens samfunn. Det er definert tre hovudmål:

- Riksrevisjonen skal vere samfunnets fremste leverandør av aktuell og relevant offentleg revisjon.

- Riksrevisjonen skal gjennomføre revisjon og kontroll av høg kvalitet.
- Riksrevisjonen skal vere ein effektiv organisasjon.

2020 har vore eit krevjande år prega av koronapandemien, og medarbeidarane har i hovudsak jobba frå heimekontor. Det blei tidleg investert i tilrettelegging for heimekontor, og oppgåvene er løyste digitalt med effektive løysingar for kommunikasjon. I prioritering av oppgåver blei omsynet til medarbeidarar og eit forsvarleg arbeidsmiljø balansert mot produksjon. Omsynet til forvaltninga vog også tungt. I nokre tilfelle blei aktivitetar utsette, mellom anna som følge av reiserestriksjonane. Fristen for å legge fram revisjonsmeldingar for 2019 blei utsett, og overlevering av fleire planlagde undersøkingar blei utsett til 2021. I tillegg blei nokre interne aktivitetar og utviklingsprosjekt forseinka som følge av pandemien.

Dokument 1, der statsrekneskapen og totalt 230 verksemdsrekneskapar for 2019 er reviderte, blei overlevert Stortinget 3. november. Den årlege selskapskontrollen blei også gjennomført. Vidare blei elleve forvaltningsrevisjonar og sju etterlevingsrevisjonar rapporterte til Stortinget i 2020. I tillegg til å sjå tydelege gevinstar frå tidlegare arbeid med modernisering, effektivisering og digitalisering av verksemda blei nye steg tatt i 2020. Desse grepa gjorde Riksrevisjonen i stand til raskt å kunne omstille seg da pandemien inntruffe. Digital kommunikasjon saman med investering i tilrettelegging for heimekontor legg eit godt grunnlag for arbeidskvardagen etter pandemien.

Internasjonale aktivitetar og samarbeid er gjennomført i 2020 trass i utfordrande arbeidsforhold under koronapandemien. Møte og samarbeidsaktivitetar har stort sett gått føre seg på digitale plattformer, og nye digitale verktøy for samhandling og læring er tatt i bruk. Riksrevisjonen har rapportert nærmare 8,3 millionar kroner til OECD-DAC i 2020, mot 15 millionar kroner

i 2019. Årsaka er redusert aktivitet som følge av pandemien. At det ikkje har vore mogleg å reise, har gjort det svært vanskeleg å komme i gang med nye samarbeidsprosjekt på bistandsområdet, noko som var planlagt i 2020.

Ei detaljert orientering om verksemda i 2020 blei lagd fram for Stortinget i Dokument 2 (2020–2021).

Mål og budsjett for 2022

Riksrevisjonen utfører arbeidet sitt i tråd med den overordna visjonen og dei overordna målsettingane i den gjeldande strategiplanen.

Pandemien har vist kor raskt eit samfunn kan endre seg, og kor raskt verksemdar må, og kan, omstille seg. Riksrevisjonen har over tid jobba systematisk med omstilling og effektivisering, og 2020 viste gode resultat av innsatsen. Dette arbeidet held fram, og det vil vere høg takt i utviklingsaktiviteten også i 2022.

I lys av eit aukande trusselbilette knytt til informasjonssikkerheit og med nye kommunikasjons- og samhandlingsløyningar på plass blir arbeidet med IT-sikkerheit viktig. Ein ny strategi for framtidig bruk av skytenester til behandling og lagring av data skal utarbeidast og implementerast. Vidare vil etablering av sikre soner i bygget for å behandle gradert informasjon i tråd med føresegnene i sikkerheitslova slutførast.

Også arbeidet med digitalisering held fram. Riksrevisjonens rapportar og dokument skal bli meir lesarvennlege, med eit innhald som er tilpassa lesing på digitale flater og med auka bruk av visuelle/grafiske element. Vidare vil arbeidet med effektivisering av produksjonsprosessen for det årlege Dokument 1 og betre kommunikasjon av revisjonsresultata vidareførast og forbedrast. Alle-reie i 2021 vil «nye Dokument 1» bli presentert.

Riksrevisjonen ønsker å ta med seg erfaringane frå unntaksåret 2020 med heimekontor, reise-restriksjonar og digital oppgåveløysing og

utforske moglegheitene dette gir for framtidens arbeidsplass. Heile organisasjonen vil bli involvert, med oppstart i 2021 og slutføring i 2022.

Utviklingssamarbeidet med riksrevisjonar i andre land vil halde fram på nokolunde same nivå som planlagt i 2020, og Riksrevisjonen vil framleis samarbeide tett med IDI (INTOSAI Development Initiative). Riksrevisjonen har i fleire år hatt eit betydeleg samarbeid med riksrevisjonen i Myanmar. Etter kuppet i februar 2021 er denne bistanden frosen, på same måte som anna stat-til-stat-samarbeid Noreg har hatt med landet. Det blir no arbeid med å etablere nye bistandspartnarar, og det er forventa auka innsats hos desse i 2022.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønnsutgifter og utgifter til Riksrevisjonens kjøp av varer og tenester.

Post 75 Internasjonale organisasjonar og nettverk

Budsjettposten gjeld tilskot til drifta av INTOSAI Development Initiative (IDI), eit utviklingsorgan for riksrevisjonar i utviklingsland. Eit mål med IDIs arbeid er å styrke offentleg revisjon i utviklingsland og gjennom det bidra til godt styresett, utvikling og fattigdomsnedkjemping. IDI er organisert som ein stiftelse med eit styre og eit sekretariat. Styret i stiftelsen er leia av riksrevisor.

IDIs utviklingsprogram er finansiert av fleire land og organisasjonar: Canada, Estland, EU, Frankrike, INTOSAI, Irland, Island, Storbritannia, Sveits, Sverige, Tyskland, USA, Austerrike, Noreg og riksrevisjonane i Kuwait, Qatar og Saudi Arabia. Fleire riksrevisjonar gir også støtte til IDIs arbeid i form av ressursar og tenester. Tilskotet frå Riksrevisjonen finansierer drifta av IDIs sekretariat i tråd med intensjonen i Innst. S. nr 8 (1998–1999).

Kap. 3051 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Refusjon innland	2 034	2 000	2 000
02	Refusjon utland	1 038	300	300
	Sum kap. 3051	3 072	2 300	2 300

Riksrevisjonen vil motta refusjonar i samband med leigeavtalen som er inngått med IDI-sekretariatet og internasjonale revisjonsoppdrag.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programkategori 23.10 Finansadministrasjon

Utgifter under programkategori 23.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1600	Finansdepartementet	50 493 324	542 981	531 921	-2,0
1602	Finanstilsynet	452 580	445 178	475 860	6,9
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	806 685	866 800	932 857	7,6
	Sum kategori 23.10	51 752 589	1 854 959	1 940 638	4,6

Kap. 1600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	
01	Driftsutgifter	403 480	417 686	416 321	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	76 744	111 795	101 700	
70	Forskning på og allmennopplysning om finansmarknaden	13 100	13 500	13 900	
95	Kapitalinnskott, Statens obligasjonsfond, <i>kan overføres</i>	50 000 000			
	Sum kap. 1600	50 493 324	542 981	531 921	

Hovudoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Finansdepartementet kan delast inn i fem hovudområde:

- Samordning av den økonomiske politikken, som omfattar
 - overvaking og analyse av den økonomiske utviklinga
 - finanspolitikk
 - pengepolitikk
 - inntekts- og fordelingspolitikk
 - strukturpolitikk, mellom anna verkemåten til arbeidsmarknaden og produktmarknadene

- samordning av regjeringa sitt arbeid med berekraftig utvikling
 - internasjonalt økonomisk samarbeid
 - offisiell statistikk, irekna overordna styring av Statistisk sentralbyrå
- Arbeidet med formues- og gjeldsforvaltning, som omfattar
 - investeringsstrategien til Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg, irekna rammeverk for ansvarleg forvaltning
 - oppfølging av forvaltninga av rammeverket for Statens pensjonsfond
 - statleg gjeldsforvaltning

3. Arbeidet med statsbudsjettet, som omfattar
 - avgjersler om utgifter og inntekter på statsbudsjettet under dei enskilde fagdepartementa
 - tiltak som legg til rette for effektivitet og god offentleg ressursbruk
 - utgreiing av økonomiske og administrative verknader av offentlege tiltak
 - forvaltning av prosjektmodellen til staten med kvalitetssikring av større statlege investeringsprosjekt, forvaltning og utvikling av regelverket for økonomistyring i statsforvaltninga, tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i verksemdene og overordna styring av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring
 - saker frå fagdepartementa med økonomiske og administrative følgjer
4. Arbeidet på skatte- og avgiftsområdet, som omfattar
 - skatte- og avgiftsframlegg som ledd i den samla finanspolitikken
 - utvikling av regelverk for skattar, avgifter og toll
 - fordelingsverknadene av skatte- og avgiftssystema og verknader på inntektene til det offentlege og ressursutnyttinga i økonomien
 - overordna styring av Skatteetaten og Toll-etaten
 - internasjonalt samarbeid på skatte-, avgifts- og tollområdet
5. Arbeidet med finansmarknadsspørsmål, som omfattar overordna styring av Finanstilsynet og utforming av regelverk for og overvaking av
 - finansføretaka (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
 - verdipapirmarknaden og infrastrukturføretaka for verdipapirmarknaden (autoriserte marknadsplassar, verdipapirregister m.m.)
 - eigedomsmeklarar, rekneskapsførarar og revisorar
 - struktur- og konkurransepolitikk for finansmarknaden
 - finansiell stabilitet

Rapport

Økonomisk politikk og forvaltning av statsgjelda

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa er ei av hovudoppgåvene til Finansdepartementet, jf. nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett. Sjå nærare i Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*

for ein nærare omtale av stoda i landets økonomi og utsiktene framover. Departementet si vurdering av korleis pengepolitikken vert utøvt går fram av den årlege finansmarknadsmeldinga.

For 2022 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2021–2022) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2022 (Gul bok)*, medan Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* inneheld ein generell omtale av gjeldsforvaltninga.

Finansdepartementet overførte i 2015 alle operative oppgåver på statsgjeldområdet til Noregs Bank. Banken utfører oppgåvene etter eit mandat frå Finansdepartementet. Mandatet gjev banken i oppdrag å dekkje statens lånebehov slik dette er definert av departementet, samt forvalte uteståande statsgjeld.

Formuesforvaltning

Departementet rapporterte om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2020 i Meld. St. 24 (2020–2021) *Statens pensjonsfond 2021*.

Meldinga drøfta mellom anna fleire sider ved strategien for Statens pensjonsfond og gjorde greie for resultatene i forvaltninga og arbeidet med ansvarleg forvaltning. For Statens pensjonsfond utland vart det i meldinga mellom anna lagt opp til å endre referanseindeksen for investeringar i aksjar. Departementet gjorde òg greie for oppfølginga av forslaga frå utvalet som så på dei etiske retningslinene for SPU. For Statens pensjonsfond Noreg (SPN) vart det vurdert kva ein skal gjere med aksjeporteføljen si storleik på Oslo Børs. Meldinga inneheld òg analysar av resultatene i forvaltninga av SPU og SPN i 2020 og ein brei omtale av arbeidet med ansvarleg forvaltning.

Sjå elles omtale i del I, pkt. 2.2 Statens pensjonsfond.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Finansdepartementet forvaltar ordninga med ekstern kvalitetssikring av statlege investeringsprosjekt med anslått kostnadsramme over ein fastsett terskelverdi. Ordninga skal bidra til betre avgjerdsgrunnlag før vedtak i store investeringsprosjekt vert fatta.

Finansdepartementet samla krav som gjeld utgreiing, planlegging og kvalitetssikring av store investeringsprosjekt i eit eige rundskriv, R-108/19, som trådte i kraft 21. september 2019. Det er fastsett ein terskelverdi på 300 mill. kroner for digitaliseringsprosjekt og 1 mrd. kroner for prosjekt elles.

Kvalitetssikringa skal utførast av særleg kvalifiserte private verksemdar som etter konkurranse har fått ein rammeavtale med Finansdepartementet. I september 2019 inngjekk Finansdepartementet avtale med sju ulike føretakskonstellasjonar. Rammeavtalen gjeld i 2 år med opsjon på forlenging i 2 år. Finansdepartementet har nytta opsjonen til å forlenge rammeavtalen fram til september 2023. I løpet av dei to fyrste avtaleåra er det gjennomført 18 eksterne kvalitetssikringar (KS1) av utgreiingar av konseptval. Det er òg gjort 21 eksterne kvalitetssikringar (KS2) av kostnadsestimater og styringsunderlag for planlagde investeringsprosjekt før desse er lagde fram for Stortinget. Finansdepartementet arbeidar vidare med fagleg utvikling av metodikk for utgreiing og god prosjektstyring i staten som ein del av ordninga.

Finansdepartementet har sidan 2002 finansiert eit eige tverrfagleg forskingsprogram – Concept-programmet. Dette skal utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitetssikring og styring av store statlege investeringsprosjekt. Målet er å sikre gode konseptval, ressursutnytting og effekt av investeringane. Programmet skal vektleggje tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken. Programmet er organisatorisk forankra ved NTNU, og tilhøvet mellom institusjonen og Finansdepartementet er formalisert i ein samarbeidsavtale.

Etter kvart som tidlegare kvalitetssikra prosjekt vert fullførte, samlar Concept røynsledata som kan samanliknast på tvers av prosjekt og sektorar for å gje kunnskap og råd til dei som skal ta avgjerder og stå for kvalitetssikring av statens investeringsprosjekt. Concept-programmet har utvikla evalueringsformatet og prøvd det ut slik at ein kan evaluere verknadene etter kvart som prosjekta vert ferdigstilte og har vore i drift ei stund. I 2020 vart det levert 2 evalueringar av ferdigstilte prosjekt og igangsett fire nye evalueringar. Programmet driv i tillegg metodeutvikling, følgjeforskning og formidling av kompetanse til statleg sektor. Forskingsresultata og publikasjonane til Concept-programmet er fritt tilgjengelege frå nettsidene til programmet.

Finansdepartementet har sidan 2016 gjort djupare analyse av utvalde område for effektivisering og betre målretting av ressursbruken over statsbudsjettet (områdegjennomgangar). Målet med arbeidet er å identifisere og leggje til rette for budsjettinnsparingar, moglegheit for betre måloppnåing med uendra ressursbruk eller å finne nye måtar å løyse oppgåver på som kan gje redusert kostnadsvekst på sikt. I 2020 er det gjort slike analysar av legemiddel under folketrygda,

styring av politi- og lensmannsetaten og utanrikstenesta. I 2021 pågår det analysar om utanrikstenesta, bustadsløysingar og helse- og omsorgstenester for eldre og kartlegging av IKT og arkiv- og dokumentasjonsfunksjonen i staten. DFØ evaluerte i 2020 arbeidet med områdegjennomgangar, og som oppfølging av det pågår det mellom anna arbeid med metodeutvikling og å leggje til rette for betre produksjon og bruk av data i fleire delar av forvaltninga.

Skatte- og avgiftsområdet

Digital økonomi og skatt

Skattlegging av fleirnasjonale selskap reiser problemstillingar som omfattar mange land og krev internasjonale løysingar. Gjennom OECD/G20 sitt BEPS-prosjekt (Base Erosion and Profit Shifting Project) er det oppnådd semje om ei rekkje tiltak mot flytting av overskot og utholing av skattegrunnlag. Den digitale økonomien forsterkar utfordringane med skattlegging av fleirnasjonale selskap, samstundes som nye problemstillingar oppstår. *Inclusive Framework* (IF) er eit samarbeidsorgan med 139 medlemsland som vert oppretta for å følgje opp BEPS-prosjektet. IF leier det internasjonale arbeidet med globale løysingar for meir effektiv og rettferdig skattlegging av den digitale økonomien. 1. juli 2021 vart 130 land og jurisdiksjonar samde om hovudelementa i ein internasjonal reform for skattlegging av multinasjonale selskap. IF arbeider vidare med dei detaljerte løysingane og ein plan for gjennomføring av endringane. Noreg deltek i *Inclusive Framework* og i fleire arbeidsgrupper som greier ut ulike sider av forslaga.

Verdsetjing av fritidseigedom

Til 2010-budsjettet vart det utvikla eit nytt verdsetjingssystem for bustader i formuesskatten. Dette omfatta ikkje fritidseigedom. I samband med behandlinga av Meld. St. 4 (2015–2016) *Bedre skatt – En skattereform for omstilling og vekst*, fatta Stortinget 31. mai 2016 vedtak 738 nr. 15 som del av forliket om skattereform:

«Regjeringen bes gjennomgå og forbedre systemet for verddivurdering av fritidseiendom.»

Ein mogleg ny verdsetjingsmodell bygd på maskinlæring vart ferdigutvikla hausten 2020 av ein ekstern leverandør (PwC) i samarbeid med Statistisk sentralbyrå. I september 2021 er forslag til nytt verdsetjingssystem sendt på høyring frå

Finansdepartementet. Nytt verdsetjingssystem vil krevje administrative tilpassingar i Kartverket, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå. Det nye verdsetjingssystemet kan tidlegast gjelde frå 2024.

Ny ordning for tilsetteopsjonar i selskap i oppstarts- og vekstfasa

Finansdepartementet sende i juni 2021 på høyring eit forslag om ny ordning for tilsetteopsjonar i selskap i oppstarts- og vekstfasa. Eit lovforslag er lagt fram i Prop. 1 LS (2021–2022) Skatter, avgifter og toll 2022, kapittel 4.

Endring i reglane om konsernbidrag – frådrag for konsernbidrag til dotterselskap i utlandet

Finansdepartementet legg i Prop. 1 LS (2021–2022) Skatter, avgifter og toll 2022, kapittel 6 fram forslag til endring i reglane om konsernbidrag. Forslaget skal sikre at reglane er i tråd med EØS-avtalens reglar om fri etableringsrett.

Forslag til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift

Finansdepartementet sende i mai 2019 på høyring forslag til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift. Dei to nye lovene skal kome i staden for tollova. Det overordna målet for lov-arbeidet har vært eit oppdatert lovverk som passar betre til Tolletatens oppgåver. Departementet har etter høyringa arbeidd vidare med forslag til dei nye lovene, og proposisjon med lovforslag vart lagt fram for Stortinget 17. september 2021.

Samordning av reglane for innkrevjing av offentlege krav

Finansdepartementet har i samarbeid med Skatteetaten sett i gang eit arbeid med å samordne og modernisere reglane for Skatteetatens innkrevjingsoppgåver (skattebetalingslova, SI-lova og bidragsinnkrevingslova). Prosjektet vil i hovudsak samordne dei tre lovene som i dag gjeld for Skatteetatens innkrevjingsoppgåver. Føremålet er eit moderne og meir brukarvennleg regelverk som legg til rette for å gjere Skatteetatens innkrevjingsoppgåver meir effektive.

Finansmarknadsområdet

Regelverksarbeidet på finansmarknadsområdet har i stortingssesjonen 2020–2021 resultert i desse lovendringane og lovframlegga:

Stortinget vedtok 8. april 2021, etter framlegg i Prop. 57 LS (2020–2021), *Lov om endringer i finansforetaksloven mv. (verdipapirisering og kreditorhierarki)*.

Stortinget vedtok 30. april 2021, etter framlegg i Prop. 66 LS (2020–2021), *Lov om endringer i verdipapirhandelloven og regnskapsloven mv. (periodisk rapportering og direktivgjennomføring)*.

Stortinget vedtok 14. juni 2021, etter framlegg i Prop. 147 LS (2020–2021), *Lov om endringer i finansforetaksloven mv. (kapitalkravs- og krisehåndteringsregler for finansforetak mv.)*.

Stortinget vedtok 14. juni 2021, etter framlegg i Prop. 155 LS (2020–2021), *Lov om endringer i verdipapirfondloven mv. (gjennomføring av EØS-rett, administrative sanksjoner og andre forvaltningstiltak)*.

Stortinget vedtok 14. juni 2021, etter framlegg i Prop. 188 L (2020–2021), *Midlertidig lov om utsettelse av fristene for å fastsette årsregnskap mv. og avholde ordinær generalforsamling mv. for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid 19*.

Finansdepartementet la 4. juni 2021 fram Prop. 208 LS (2020–2021) *Lov om offentliggjøring av bærekraftsinformasjon i finanssektoren og et rammeverk for bærekraftige investeringer og samtykke til deltagelse i en beslutning i EØS-komiteen om innlemmelse i EØS-avtalen av forordning (EU) 2019/2088 og forordning (EU) 2020/852*. Finansdepartementet la 18. juni 2021 fram Prop. 223 L (2020–2021) *Endringer i pensjonslovgivningen mv. (pensjon fra første krone og dag, garanterte pensjonsprodukter)*.

Finansdepartementet la 3. september 2021 fram Prop. 235 LS (2020–2021) *Endringer i verdipapirhandelloven (EU-gjenoppbyggingsprospekt mv.) og samtykke til deltagelse i en beslutning i EØS-komiteen om innlemmelse av forordning (EU) 2021/337 om EU-gjenoppbyggingsprospekt i EØS-avtalen*.

Finansdepartementet la 3. september 2021 fram Prop. 233 LS (2020–2021) *Lov om forsikringsformidling (forsikringsformidlingsloven) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 214/2018 av 26. oktober 2018 om innlemmelse i EØS-avtalen av direktiv (EU) 2016/97 og direktiv (EU) 2018/411*.

Budsjett 2022

I kap. 2 i del I av denne proposisjonen er det omtalt nokre viktige oppgåver for Finansdepartementet i 2022. Dessutan går det fram av rapportdelen ovanfor at fleire av dei sakene som er omtalte der, krev oppfølging i seinare år.

Formuesforvaltning

Departementet sitt arbeid med Statens pensjonsfond går mellom anna ut på å utvikle den langsiktige investeringsstrategien til fondet og fastsetje og følgje opp retningsliner for forvaltninga, irekna fondet si rolle som ansvarleg investor. I tillegg til eigne ressursar nyttar departementet eksterne fagmiljø i inn- og utland.

Arbeidet med å utvikle investeringsstrategien for fondet i 2022 tek utgangspunkt i dei måla som er skildra i Meld. St. 24 (2020–2021) *Statens pensjonsfond 2021*. Sjå nærare omtale i del I, pkt. 2.2 Statens pensjonsfond, i proposisjonen her og i Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*.

Skatte- og avgiftsområdet

Digital økonomi og skatt

Arbeidet med globale løysingar for meir effektiv og rettferdig skattlegging av fleirnasjonale selskap held fram i 2022. Sjå nærare omtale av saka under rapport for 2020. Noreg deltek i Inclusive Framework og i fleire arbeidsgrupper som greier ut ulike sider av forslaga til løysingar.

Verdsetjing av fritidseigedom

Arbeidet med eit nytt verdsetjingssystem for fritidseigedom held fram i 2021 og 2022. Sjå nærare omtale av saka under rapport for 2020. Før eit nytt system eventuelt vert teke i bruk, vil departementet i samråd med Statistisk sentralbyrå vurdere resultatet av arbeidet nærare. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Samordning av reglane for innkrevjing av offentlege krav

Arbeidet med å samordne og modernisere reglane for Skatteetatens innkrevjingsoppgåver held fram i 2022. Sjå òg omtale av saka under rapport for 2021. Finansdepartementet tek sikte på å sende eit framlegg på høyring i 2023. Prosjektet er ein naudsynt føresetnad for modernisering av heile innkrevjingsområdet gjennom programmet *Framtidas innkrevjing*. Programmet er ei tverrsektoriell satsing som skal starte i 2022. Programmet vil leggje til rette for å samordne og modernisere IT-systemporteføljen, prosessane og regelverket på innkrevjingsområdet. Programmet er leia av Skatteetaten. I tillegg skal Skatteetaten samarbeide med politiet, Nav, Lånekassa og Brønnøysundregistranane om å utvikle samanhengande tenester.

Finansmarknadsområdet

I 2022 vil m.a. desse lovsakene og utgreiingane krevje særleg innsats på finansmarknadsområdet:

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av den såkalla PRIIPS-forordninga. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 1286/2014 om nøkkelinformasjonsdokument om samansette og forsikringsbaserte investeringsprodukt (PRIIPS-forordninga). PRIIPS-forordninga vart innlemma i EØS-avtala ved EØS-komiteens avgjerd 30. april 2020. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til gjennomføring av regelverk om kapitaldekning for verdipapirforetak. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av forordning (EU) 2019/2033 om krav til verdipapirforetak og direktiv (EU) 2019/2034 om tilsyn med verdipapirforetak. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til gjennomføring av den såkalla SMB-forordninga. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til forordning (EU) 2019/2115 om fremjinga av SMB-vekstmarknader. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har på høyring eit høyringsnotat utarbeidd av Finanstilsynet med utkast til gjennomføring av rettsakter som svarer til forordning (EU) 2019/1156 og direktiv (EU) 2019/1160 om grensekryssande distribusjon og marknadsføring av fond. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til gjennomføring av regelverk om sentrale motpartar. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett som svarer til EØS-reglane i forordning (EU) 2019/2099 og venta EØS-reglar som svarer til forordning (EU) 1095/2010. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2016: 2 frå Verdipapirlovutvalget, med utkast til føresegner om gjennomføring i norsk lov av endringar i rapporteringsdirektivet (direktiv 2004/109/EF). Finansdepartementet vil følgje opp uteståande delar av forslaget i lys av høyringsfråsegnene.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2019: 1 *Overtakelsestilbud – frivillig og pliktig tilbud* frå Verdipapirlovutvalget. Utgreiinga inneheld forslag til revisjon av føresegna om overtakingstilbud i verdipapirhandelloven kapittel 6 med tilhøyrande forskrifter. Finansdepartementet vil vurdere forslaga frå utvalet i lys av høyringsfråsegnene.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2018: 9 frå Revisor- og regnskapsførerlovutvalget, med utkast til ny lov om rekneskapsførarar. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av det såkalla IORP II-direktivet. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til direktiv (EU) 2016/2341 om verksemda til og tilsynet med tenestepensjonsføretak (IORP II). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat med utkast til føresegner om gjennomfører dei offentlegrettslege delane av direktivet om bustadlån (direktiv 2014/17/EU) i norsk lov og forskrift. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Regjeringa sette 11. oktober 2019 ned eit offentleg utval som skal evaluere eigeidoms-meklingslova og føreslå ei framtidssretta regulering (eigeidomsmeklingsutvalet). Utvalet leverte si innstilling, NOU 2021: 7 *Trygg og enkel eiendoms-megling – Evaluering av eiendoms-meklingsloven og forslag til en fremtidsrettet regulering* 4. juni 2021. Utgreiinga har vore på høyring, og Finansdepartementet vil vurdere forslaga frå utvalet.

Med frist 1. oktober 2021 har Finansdepartementet på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om gjennomføring i norsk lov og forskrift av direktiv 2021/338. Direktivet er ein del av EUs *Capital Market Recovery Package* og gjer endringar i mellom anna direktiv 2014/65/EU (MiFID II). Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett av venta EØS-reglar som svarer til direktivet. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget i lys av høyringsfråsegnene.

Finansdepartementet har hatt på høyring NOU 2021: 1 frå Verdipapirlovutvalget, med utkast til endringar i føresegna i verdipapirhandelloven om tilsynsmyndigheit, sanksjonskompetanse og klageordning. Utvalet foreslår mellom anna at marknadsoperatørane ikkje lenger skal utføre myndigheitsoppgåver. Finansdepartementet vil vurdere forslaga frå utvalet i lys av høyringsfråsegnene.

Finansdepartementet har hatt på høyring høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om endringar av kvitvaskingslova. Desse endringane gjeld foreldingsfristen for å vedta lovbrotsgebyr samt utviding av verkeområdet til lova til å gjelde samvirkeføretak. Finansdepartementet vil vurdere å følgje opp forslaga i lys av høyringsfråsegnene.

Finansdepartementet vil utgreie og høyre naudsynte endringar i kvitvaskingslova om forskjellige forhandlarar av kunstgjenstandar, til gjennomføring av EUs femte kvitvaskingsdirektiv.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til reglar for obligasjonar med førerett (OMF) som svarar til *covered bonds*-direktivet (EU) 2019/2162 og forordning (EU) 2019/2150 om endringar i kapitalkravsforordningen (CRR). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet vil vurdere om det bør gjerast ytterlegare endringar i regelverket for såkalla garanterte pensjonsprodukt (yttingsbaserte tenestepensjonsordningar og fripolisar), mellom anna for å leggje til rette for betre konkurranse i marknaden for kommunale tenestepensjonsordningar.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat med utkast til einskilde endringar i lovreglane om eigen pensjonskonto. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til føresegner om lovbrotsgebyr og leiingskarantene, mellom anna i finansføretakslova. Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Finansdepartementet har hatt på høyring eit høyringsnotat, utarbeidd av Finanstilsynet, med utkast til gjennomføring av regelverk om sentrale motpartar. Utkastet skal sikre gjennomføring i norsk rett som svarer til EØS-reglane i forordning (EU) 2019/834 (EMIR-Refit) og venta EØS-reglar som svarer til forordning (EU) 2019/2022 (EMIR 2.2). Finansdepartementet vil følgje opp forslaget.

Verdipapirlovutvalet skal på oppdrag frå Finansdepartementet utgreie norsk gjennomføring av nye EU-regler om finansiell folkefinansiering. Forslaga frå utvalet vil verte sende på høyring, og Finansdepartementet vil vurdere forslaga frå utvalet i lys av høyringsfråsegnene.

Rettsakter frå EU

Arbeidet med å utvikle det norske regelverket for finansmarknadsområdet hengjer nært saman med arbeidet med å tilpasse og ta inn nye EU-retts-

akter i EØS-avtalen. Finansdepartementet vil prioritere dette innlemmingsarbeidet i 2022 òg.

I tråd med den internasjonale utviklinga mot styrka regulering av og tilsyn med finansmarknadene har EU utarbeidd sær s mykje regelverk for

- finansføretak (bankar og andre kredittinstitusjonar, forsikringsføretak, m.m.),
- verdipapirføretak, verdipapirfond, infrastrukturføretak for verdipapirmarknaden m.m.,
- rekneskap, rekneskapsførarar og revisorar, og
- tiltak mot kvitvasking og finansiering av terror.

Dette er dels direktiv, med krav til utforminga av regelverket i dei ein skilde medlemslanda, og dels forordningar, som gjeld direkte i heile EU. Det aller meste av regelverket i EU på desse områda er EØS-relevant og skal difor takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. Direktiv som er teke inn i EØS-avtalen, skal gjennomførast med eigen norsk regeltekst i lov eller forskrift. Forordningar skal gjennomførast ved tilvising, enten i lov eller forskrift, til EUs regeltekst, slik denne er tilpassa i EØS-avtalen.

Dei tre EØS/EFTA-landa Liechtenstein, Island og Noreg klarlegg seg imellom kva ein treng av tilpassing til EU-rettsaktene og diskuterer dette med representantar for EU. Når partane er einige, kan rettsaktene takast inn i EØS-avtalen ved vedtak i EØS-komiteen.

Vedtaka i EØS-komiteen trer normalt i kraft med ein gong, med mindre EU-rettsakta enno ikkje er i kraft. Dersom det krevst stortingsvedtak, til dømes ny lovgjeving, er det vanleg å ta såkalla konstitusjonelt atterhald, slik at vedtaket i EØS-komiteen ikkje trer i kraft før det er gjeve melding om at konstitusjonelle krav er oppfylte. I slike tilfelle vert det normalt gjort framlegg om at Stortinget gjev samtykkje til innlemming, enten i særskild proposisjon eller saman med eit lovforslag.

EØS-arbeidet på finansmarknadsområdet er òg drøfta i kap. 3 i Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*.

Arbeidet med statsbudsjett og økonomistyring i staten

Finansdepartementet vil vidareføre finansieringa av forskingsprogrammet Concept ved NTNU for å utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitets sikring og styring av store statlege investeringsprosjekt. Hovudlinene i Concept-programmet vert vidareførte i 2022. Programmet skal evaluere store statlege investeringsprosjekt som no er komne i driftsfasen og vektleggje forskning på tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til

endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken. I tillegg driv programmet med metodeutvikling, følgjeforskning og kompetansebygging. Forskinga skal vere fritt tilgjengeleg for alle som søker kunnskap om prosjektstyring i staten.

Samfunnstryggleik og beredskap

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for tryggleiken i den kritiske samfunnsfunksjonen *Finansiell stabilitet*. Departementet har òg ansvar for viktige samfunnsfunksjonar som system for å handtere statens inntekter (proveny), Folke registeret og Tolletatens kontroll med den grensekryssande vareførsla.

På Finansdepartementets ansvarsområde skal det arbeidast systematisk med samfunnstryggleik. Beredskapen for å kunne handtere ekstraordinære hendingar skal vere god. Departementet og dei underliggjande etatane har beredskapsplanverk for å kunne handtere uynskte hendingar, og desse vert jamleg oppdaterte. Finansdepartementet samarbeider òg mellom anna med Nasjonalt tryggingssorgan og Direktoratet for samfunns tryggleik og beredskap.

Beredskapen i departementet og sektoren vart satt på prøve under koronapandemien, men viste seg å vere tilfredsstillande. Sjølv om pandemien kravde store ressursar, vart samfunnskritiske funksjonar og oppgåver ivaretekne på ein god måte.

Departementet deltek òg jamleg i store, nasjonale øvingar innan sikkerheit og beredskap. Til dømes deltok departementet i 2020 på den nasjonale øvinga *Digital 2020*, der finanssektoren var i fokus.

Ei sentral utfordring i finanssektoren er å halde betalingsformidlinga og andre deler av den finansielle infrastrukturen ved lag slik at samfunnet får dekt behovet for mellom anna betalingstenester. Finansielle tenester er utpeika som ein av 14 samfunnskritiske funksjonar i Noreg, og Finansdepartementet utarbeidde i 2018 ei særleg tilstandsvurdering av denne funksjonen, sjå kapittel 8 i departementet sin budsjettproposisjon for 2019.

Finansdepartementet arbeider òg med beredskapen for Statens pensjonsfond utland.

Kontroll av vareførselen over grensa har mellom anna som føremål å motverke ulovleg inn- og utførsel av farlege og ulovlege varer. Tolletaten byggjer i stor grad kontrollen på risikoanalysar og etterretning, og etaten vil i 2022 arbeide vidare med å gjere val av kontrollobjekt meir effektivt. I denne samanhengen starta etaten i 2019 ei satsing (Treff-satsinga) som mellom anna inneber å utvikle ny digitalisert systemstøtte for oppgåver i

alle ledd av kontrollprosessane til etaten, jf. eigen omtale under kap. 1610 *Tolletaten*.

Fleire etatar under Finansdepartementet forvaltar omfattande produksjonssystem som behandlar store informasjonsmengder. Informasjonstryggleik er ein viktig del av Finansdepartementets styringsdialog med underlagde etatar.

Særleg om arbeidet med ny lov om nasjonal sikkerheit

Lov om nasjonal sikkerhet (tryggingslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å gjennomføre føresegnene i lova. Føremålet med lova er å tryggje dei nasjonale sikkerheitsinteressene og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheitstrugande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene skal tryggjast ved at kvart departement identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF-ar) innanfor sitt ansvarsområde, slik at verksemdar av avgjerande betydning for GNF-ar kan underleggjast sikkerheitslova, og ein kan setje i verk naudsynte sikringstiltak for dei skjermingsverdige verdiane i verksemdene. For å vareta føremålet med lova, vil GNF-arbeidet i departementa vere ein kontinuerleg prosess. Arbeidet kan gje endringar i dei identifiserte GNF-ane og skjermingsverdige verdjar, kva for verksemdar som er av vesentleg og avgjerande betydning, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (til dømes andre verksemdar). Kva som krevst for å oppnå eit forsvarleg sikkerheitsnivå, kan òg verte endra undervegs.

Finansdepartementet har identifisert følgjande GNF-ar i sin sektor:

1. Evne til å finansiere offentleg verksemd
 - GNF-en omfattar både rolla til departementet i å sikre inntekter til staten og i å tryggje statlege utbetalingar.
2. Tryggje samfunnet si evne til å formidle finansielle tenester
 - GNF-en omfattar rolla departementet har ved å leggje til rette for eit stabilt og velfungerande finanssystem.
3. Finansdepartementets verksemd, handlefri-
dom og evne til å gjere vedtak
 - GNF-en omfattar departementet si rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggjande verksemdar.

I tråd med føresegna i sikkerheitslova, har Finansdepartementet innmeldt desse GNF-ane til Nasjonalt tryggingsorgan.

Statlege verksemdar som Finansdepartementets underliggjande etatar og Noregs Bank er allereie underlagt sikkerheitslova. Finansdepartementet har i 2020–2021 arbeidd med å identifisere andre verksemdar med vesentleg eller avgjerande viktighet for GNF-ane, samt med å førebu vedtak om å underleggje desse lova der det er naudsynt. Arbeidet vil halde fram i 2022. For verksemdar som vert underlagde lova, vil departementet i samråd med verksemda òg vurdere om verksemda eig eller forvaltar skjermingsverdige verdjar. Utpeiking av eventuelle skjermingsverdige verdjar vil gjerast av departementet i samråd med verksemdene. Departementet vil så setje fristar for gjennomføring av sikringstiltak.

Finansdepartementet har i 2020–2021 gjort vedtak om endringar for allereie utpeika skjermingsverdige verdjar og meldt dette til Nasjonalt tryggingsorgan.

Post 01 Driftsutgifter

Driftsløyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av departementet. For 2020 vart talet på årsverk rekna til 291. Lønsrelaterte utgifter utgjer nær 80 pst. av løyvinga. Av andre driftsutgifter utgjer lokalleige den største einskildposten. For 2022 foreslår departementet ei løyving på 416,3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar hovudsakleg utgifter til forskingsoppdrag, utgreiingsarbeid og ein del særlege innkjøp.

Forskningsmidlane vert m.a. brukte til program om skatteøkonomi i regi av Noregs forskingsråd. Vidare er det frå 2021, i kjølvatnet av virusutbrotet, sett i verk eit program som over tre til fire år ser nærare på den økonomiske behandlinga av krisa som følgje av utbrotet, der det òg vert samanlikna med tidlegare kriser som finanskrisa og oljeprisfallet i 2014–2015. Til dette programmet er det sett av 15 mill. kroner for 2022. Når det gjeld løyvingar i Noregs forskingsråd og tiltak for å redusere løyvingane, vises det til omtale i Kunnskapsdepartementet sin budsjettproposisjon.

Kostnader som er knytte til Concept-programmet, eit forskingsarbeid for å utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitetssikring og styring av store statlege investeringsprosjekt, vert belasta kap. 1600, post 21. Hovudlinene i Concept-programmet vert vidareførte. Programmet skal evaluere store statlege investeringsprosjekt som no er

komne i driftsfasen og vektleggje forskning på tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering av gjennomføringa er vedteken.

Tidlegare vart utgifter til kjøp av tenester frå Statistisk sentralbyrå (SSB) for å halde ved like det økonomiske modellapparatet finansiert her. Frå 2022 vert dette modellarbeidet i sin heilskap finansiert over grunnløyvinga til SSB på kap. 1620.

Midlane på posten vert òg brukte til ei rekkje særskilte utgreiingsoppgåver. Det kan vere kostnader til utgreiingsutval som regjeringa har sette ned på departementet sitt ansvarsområde, eller kjøp av eksterne konsulenttenester, m.a. i samband med departementet si oppfølging av Statens pensjonsfond. Etikkrådet er administrativt ein del av Finansdepartementet. Det gjev råd til Noregs Bank om utelukking og observasjon av verksemder.

Departementet held fram med å gjere djupare analyse av utvalde område for å skape effektivisering og betre budsjettmessig handlingsrom. I 2021 pågår det analysar om utanrikstenesta, bustadsløysingar og helse- og omsorgstenester for eldre og kartlegging av IKT og arkiv- og dokumentasjonsfunksjonen i staten. For å styrkje merksemda og kompetansen om offentleg ressursbruk har regjeringa starta med å utvikle DFØ til eit kompetansesenter for offentleg ressursbruk. Departementet tek sikte på å nyttiggjere seg av DFØ i arbeidet med områdegjennomgangar og andre analysar av offentleg ressursbruk i 2022 og framover.

For 2022 foreslår departementet ei løyving på 101,7 mill. kroner.

Post 70 Forsking og allmennopplysning om finansmarknaden

Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverke til auka kunnskap om og forståing for verke måten til finansmarknadene, gjennom forskning og allmennopplysning. Fondet vart skipa i 2002 med ei avsetjing etter omdanning og sal av Oslo Børs og Verdipapirsentralen. Fondet vart erstatta med vanlege utgiftsløyvingar over statsbudsjettet i 2013, sjå Prop. 1 S (2012–2013) *Finansdepartementet*. Løyvingsmodellen skal halde dei reelle tildelingane om lag like store som dei var med fondet. For 2021 vart det løyvd 13,5 mill. kroner, og for 2022 foreslår Finansdepartementet ei løyving til Finansmarknadsfondet på 13,9 mill. kroner. Kostnader til administrative tenester er budsjetterte under Forskingrådets budsjettkapittel,

kap. 285, post 55. Forskingrådet tek hand om tildelingane og rekneskapsførselen på vegne av Finansdepartementet.

Finansmarknadsfondet kan òg dele ut gåve midlar. Finansdepartementet opplyste i juni 2021 om dette i eit svarbrev til DNB Bank ASA som ynskjer å donere eit restbeløp på 13 mill. kroner av ein erstatningssum etter eit gruppesøksmål til Finansmarknadsfondet. Finansmarknadsfondet skal forvalte midlar mottekne som gåve saman med og på same måte som midlar løyvde over statsbudsjettet.

Fullmakt til å rette opp uopplåra differansar og feilføringar i statsrekneskapar frå tidlegare år

Frå tid til anna oppstår det differansar i rekneskapen hos rekneskapsførarane i staten. Nokre av differansane vert ikkje opplåra endå det er gjort mykje for å finna ut kva dei kjem av. Det hender òg at beløp vert tilviste og posterte feil i statsrekneskapen, og at feilen fyrst vert funnen etter at årsrekneskapen er avslutta.

På grunn av eittårsprinsippet vil retting av slike feil, med motsett postering i rekneskapen for eit seinare år, medføre at den rekneskapen òg vert galen. Slik Finansdepartementet ser det, er det mest korrekt at uopplåra differansar og andre feil vert retta opp i statsrekneskapen med posteringar over kontoen for forskuvingar i balansen. Då vil desse posteringane ikkje påverke løyvingsrekneskapen det året rettinga vert gjort. Rettinga må skje etter ei posteringsoppmoding frå vedkomande departement og i) etter at ein har gjort det ein kan for å opplåre differansen og ii) berre når feilposteringa ikkje kan rettast på nokon annan måte.

Det må hentast heimel frå Stortinget i kvar sak før posteringsoppmoding kan sendast til Finansdepartementet. For mindre beløp bør Finansdepartementet ha fullmakt.

Stortinget vedtok ved behandling av Innst. S. nr. 252 (1997–98), jf. St.prp. nr. 65 (1997–98), å gje Finansdepartementet ei fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 1998. Denne fullmakta er teken opp att i budsjettdokumenta kvart år sidan. Departementet gjer framlegg om same fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 2022, jf. framlegg til romartalsvedtak VII.

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassen

I Gul bok 2020 orienterte Finansdepartementet om endringar i føresegnene om økonomistyring i

staten med verknad frå 2020, mellom anna om mellomværet med statskassa, jf. òg rundskriv R-101 frå Finansdepartementet. Mellomværet syner om ei statleg verksemd eller rekneskapsførande statleg ordning har pengar til gode frå statskassa eller skyldar pengar til ho. Verksemdar med mellomvære vil ha eit unntak frå kontantprinsippet. På denne bakgrunn fekk departementet i saldert budsjett 2021 to fullmakter som heimlar

slike unntak for Skatteetaten. Ved budsjettrevisjonen våren 2021 vart ein av fullmaktene endra noko. Samstundes vart det gjeve ei ny fullmakt til Skatteetaten til føring mot mellomværet av midlar som etaten har kravd inn på vegner av andre og fram til han sender midlane vidare til aktuell aktør. Departementet gjer framlegg om dei same tre fullmaktene for 2022, jf. framlegg til romartallsvedtak X.

Kap. 4600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Ymse refusjonar	1 292	400	200
	Sum kap. 4600	1 292	400	200

Post 02 Ymse refusjonar

Posten omfattar refusjonar frå andre offentlege verksemdar som Finansdepartementet samarbeider med. Sidan det er uvisst kor store refusjonane vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å

overskride løyvingane under kap. 1600, post 01 *Driftsutgifter* og post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartallsvedtak II.1.

Kap. 1602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	425 344	425 378	440 560
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	27 236	19 800	35 300
	Sum kap. 1602	452 580	445 178	475 860

Samfunnsoppdrag og organisering

Samfunnsoppdraget til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Dette er naudsynte vilkår for tillit til det finansielle systemet, ei stabil økonomisk utvikling og vern av forbrukarar og andre brukarar av finansielle tenester. Hovudmålet i Finanstilsynets strategi for perioden 2019–2022 er det same som samfunnsoppdraget.

Finanstilsynet skal sjå til at føretaka under tilsyn etterlever lover og reglar. I dette arbeidet nyttar tilsynet ei rekkje verkemiddel, anten kvar for seg eller i kombinasjon. Verkemidla er tilsyn,

overvaking og kontroll, forvaltning, regelverksutvikling samt informasjon og kommunikasjon. Finanstilsynet har tilsyn med mellom anna bankar, finansieringsføretak, kredittføretak, betalingsføretak, forsikringsføretak, pensjonsføretak, forsikringsformidlarar, verdipapirføretak, fondsforvaltarar, eigedomsmeklingsføretak, inkassoføretak, rekneskapsførarar og revisorar. I tillegg har tilsynet kontroll med prospekt og finansiell rapportering frå noterte føretak og følgjer opp åtterda i verdipapirmarknaden.

Finanstilsynets styre har eit overordna ansvar for verksemda. Styret har fem medlemar og er supplert med to representantar frå dei tilsette ved

behandling av administrative saker. Medlemne og varamedlemne vert peikte ut av Finansdepartementet for ein periode på fire år. Direktøren for Finanstilsynet har ansvaret for den daglege leiinga av Finanstilsynet og vert oppnemnd av Kongen for eit åremål på seks år.

Finanstilsynet hadde ei bemanning tilsvarande 292 utførte årsverk i 2020.

Resultat i 2020

Nedanfor følgjer ein nærare omtale av arbeidet i Finanstilsynet i 2020. Sjå òg nærare omtale av tilsynet sine aktivitetar i Meld. St. 22 (2020–2021) *Finansmarkedsmeldingen 2021*.

Solide og likvide finansføretak

Finanstilsynet vurderer laupande soliditeten, risikoen og risikohandteringa i finansføretaka. Soliditeten i føretaka er følgt opp gjennom ein kombinasjon av stadlege tilsyn, pilar 2-vurderingar (krav til kapital ut over minstekrava for finansføretak), dokumentbasert tilsyn, makroøkonomisk overvaking og stresstestar. Utviklinga i norsk og internasjonal økonomi vert følgt laupande, og det er utarbeidd analysar og vurderingar av utsiktene for finansiell stabilitet. Med bakgrunn i den store uvisse under koronapandemien oppmoda dei felles europeiske tilsynsmyndighetene alle føretak om å avstå frå utbytteutdeling, tilbakekjøp av eigne aksjar og anna utdeling av eigenkapital, uavhengig av den finansielle stillinga til det enkelte føretaket. Finanstilsynet følgde opp dette i eigne oppmodingar til føretaka og i råd til Finansdepartementet.

Pandemien har medført enkelte tilpassingar på det regulatoriske området og behov for forsterka rapportering på ulike risikoområde. Dei finans- og pengepolitiske tiltaka har bidrege til å avgrense den negative verknaden pandemien har hatt på norsk økonomi i 2020, og dermed utlånstapa for bankane. Etter Finanstilsynets vurdering er det framleis stor uvisse om utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene, og dermed tapsrisikoen.

På grunn av pandemien vart det gjennomført færre tilsyn enn planlagt i 2020, og dei fleste stadlege tilsyna vart gjennomførte digitalt. Finanstilsynet gjekk gjennom og vurderte modellane i fire bankar, som har eigne modellar for å berekne kapitalkrav (IRB). Tilsynet har i 2020 gjennomført 17 soliditets- og likviditetsvurderingar (SREP) og fatta pilar 2-vedtak, der ti av vedtaka vart gjorde på bakgrunn av førebels SREP-vurdering i 2019.

I 2020 leidde Finanstilsynet, på oppdrag frå Finansdepartementet, ei arbeidsgruppe som skulle foreslå norsk gjennomføring av endringar i EU si såkalla bankpakke (gjennomføring av BRRD2, CRR2 og CRD5).

I 2020 var også oppfølginga av berekraft og klimarisiko inkludert i tilsynsverksemda på relevante område.

Robust infrastruktur

Robust finansiell infrastruktur er ein avgjerande føresetnad for sikre system for betalingar, handel, prissetting og oppgjær i finansmarknaden. Låg risiko for systemsvikt og god beredskap for raskt å rette opp svikt er difor avgjerande. Gjennom konsesjonskrav og tilsyn med mellom anna finansføretak, betalingsføretak og infrastrukturføretak bidreg Finanstilsynet til at føretaka har tilfredsstillande styring og kontroll av IKT-risiko og annan operasjonell risiko.

Under koronapandemien har Finanstilsynet hatt meir merksemd på infrastrukturen i marknaden og på den auka risikoen pandemien har ført til for både infrastrukturen og føretaka i finansmarknaden. Overvaking av potensielle truslar mot IT-systema til verksemdar har vore ei prioritert oppgåve, og det har vore laupande samarbeid med ulike styresmakter i Noreg for å ta vare på tryggleiken i den finansielle infrastrukturen. Det vart rapportert fleire IKT-hendingar i 2020 enn i 2019, men det vart ikkje observert spesielle avvik i betalingssystemdrifta som følge av krisa. Finanstilsynet gjennomførte i 2020 regelmessige møte med Nordic Financial CERT (NFCERT) om trusselbiletet og samhandling i samband med at Finanstilsynet har rolla som sektorvist responsmiljø (SRM). Det vart òg gjennomført ei mindre øving knytt til samhandlinga med NFCERT. Finanstilsynet og Noregs Bank starta i 2020 eit samarbeid om å etablere eit rammeverk for sikkerheitstesting for finansnæringa i Noreg. Rammeverket er basert på det europeiske TIBER-rammeverket («Threat Intelligence-based Ethical Red Teaming»).

Tilsynet har òg gjennom tilsyn, overvaking og kontroll følgt opp den operasjonelle risikoen i betalingssystema, oppgjærssystema og IKT-systema til føretaka innanfor alle tilsynsområda. Tilsynet registrerte 211 IKT-hendingar i 2020. Tilsynet har òg hatt beredskap for å handtere digital sårbarheit og sikkerheitshendingar, og dessutan følgt utviklinga av digital kriminalitet.

Finanstilsynet har i 2020 òg følgt utviklinga av ny finansiell teknologi (fintech) i finansmarknaden,

gitt rettleiing til nye teknologibaserte aktørar i finansmarknadene og fullført arbeidet med dei to prosjekta som vart tekne inn i fyrste pulje i den regulatoriske sandkassa for fintech-verksemder.

Vern av investorar

Påliteleg og tilstrekkeleg informasjon er naudsynt for å sikre at verdipapirmarknadene kan bidra til god allokering og prising av kapital. Finanstilsynet bidreg til at laupande og periodisk informasjon frå noterte føretak er rettvise og rettids, og at prospekt er i tråd med krav i verdipapirhandellova. Finanstilsynets tilsyn med revisorar for børsnoterte føretak, bidreg til at årsrekneskap held god kvalitet. Gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv og rask handheving av åtferdsreglane i verdipapirmarknaden, bidreg Finanstilsynet til marknadsdisiplin og til å ivareta interessene til investorar og noterte føretak.

På grunn av koronapandemien har Finanstilsynet gjennomført færre tilsyn enn planlagt i 2020, òg innanfor dette delmålet. Finanstilsynet har over tid observert gjentakande feil og manglande transaksjonsrapportering frå nokre verdipapirføretak. Tilsynet vil følgje opp dette overfor både norske og utanlandske verdipapirføretak for å auke kvaliteten på rapporteringa.

Trass i dei ekstraordinære oppgåvene i samband med pandemien i 2020 har Finanstilsynet gjennomført tilsyn med verdipapirmarknaden og informasjonstiltak for betre investorvern.

Finanstilsynet har i 2020 mellom anna følgd opp at aktørane i verdipapirmarknaden, medrekna børsnoterte føretak, oppfyller rapporteringskrava og at informasjonen er tilstrekkeleg og påliteleg. Etter tilsyn med rekneskapsførarselskap og rekneskapsførarar har 450 av dei sletta eige autorisasjon, i samband med tilsynet. Fleire rekneskapsførarar fekk trekte tilbake autorisasjonen fordi etterutdanningskrava ikkje var oppfylte.

Finanstilsynet utvikla i 2020 eit prospektregister som vil gje innsparingar i rapporteringa av godkjende prospekt til ESMA (Det europeiske verdipapir- og marknadstilsynet) og ved mottak av grensekryssande prospekt frå dei andre prospektmyndigheitene i EØS.

Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den enskilde forbrukar og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal ta vare på interessene til kundane og ta omsyn til at kundane skal kunne forstå eigenskapane til produkta.

Finanstilsynet følgjer opp forbrukarvernet gjennom tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og dessutan eigedom på ein forsvarleg måte. Tilsynet med inkassoføretaka styrkjer òg forbrukarvernet.

Finanstilsynet følgde verdipapirfondmarknaden tett etter det kraftige børsfallet i mars 2020, med dagleg kontakt med bransjeforeiningar, depotmottakarane og dei større aktørane. Beredskapen vart innretta slik at Finanstilsynet raskt kunne handtere ekstraordinære saker, til dømes søknader om suspensjon av verdiberekning og innløysingsretten i verdipapirfond. Det vart gjeve samtykke til suspensjon for ni verdipapirfond. For å overvake likviditetssituasjonen, iverksette Finanstilsynet ekstraordinær rapportering frå dei største forvaltningsselskapa kvar veke fram til midten av 2020.

I 2020 var det tett dialog mellom Finanstilsynet og dei europeiske tilsynsmyndigheitene om situasjonen i den europeiske fondsmarknaden. På grunn av marknadsuroa som følgje av pandemien vart det òg gjennomført ei undersøking knytt til likviditeten i store kreditt- og eigedomsfond. Undersøkinga omfatta forvaltningsselskap og forvaltarar av alternative investeringsfond (AIF) og vart gjennomført som ei felleseuropeisk undersøking i regi av europeiske tilsynsmyndigheiter.

Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet svarte på mange førespurnader frå forbrukarane i 2020. Koronapandemien medførte at Finanstilsynet i tillegg har fått ein del spørsmål om avtalar mellom kunde og bank, i hovudsak knytte til lånevilkår.

Effektiv krisehandtering

Beredskap for å kunne handtere kritiske situasjonar er viktig for tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har beredskap for å behandle kriser i så vel enkeltføretak som marknader, for å redusere risikoen for omfattande og varige skadeverknader for finanssektoren og kundar. Krav til at bankar og verdipapirføretak utarbeider gjenopprettingsplanar og at Finanstilsynet lager krisehandteringsplanar, vil bidra til at kritiske forhold vert behandla tilfredsstillande. Beredskap for å kunne gje rask og relevant informasjon til allmenta, er ein sentral del av kriseberedskapen. Det laupande tilsynsarbeidet gjev Finanstilsynet god kjennskap til verksemda i føretaka og bidreg til effektiv krisehandtering.

Finanstilsynet har utarbeidd 14 krisetiltaksplanar og fastsett minstekrav til summen av

ansvarleg kapital og konvertibel gjeld (MREL). I 2020 har Finanstilsynet òg vurdert gjenopp-retttingsplanane til 34 bankar.

For Finanstilsynet var 2020 prega av forsterka overvaking av finansmarknadene og føretaka som følgje av koronapandemien. Samstundes var Finanstilsynet oppteke av å følgje opp dei faste tilsynsoppgåvene. Pandemien førte til meir uvisse i marknadene, og risikobiletet for føretaka vart raskt endra. Finanstilsynet sette i verk tett oppfølging av føretak under tilsyn og påla ekstraordinær rapportering for å kunne følgje utviklinga nøye. Gjennom året samarbeidde Finanstilsynet tett med dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene både om å handtere konsekvensane av pandemien og om å følgje opp den generelle kriseberedskapen i føretaka. Finanstilsynet har samarbeidd med Noregs Bank og har hatt tett kontakt med Finansdepartementet under pandemien.

For å setje bankane betre i stand til å hjelpe sårbare kundar gjennom krisa, vart det bestemt mellombels å auke fleksibilitetskvotene i bustadlånforskrifta til 20 prosent i andre og tredje kvartal 2020. Bankane si rapportering til Finanstilsynet viste at prosentdelen innvilga lån som gjekk ut over krava i bustadlånforskrifta, auka i denne perioden.

I 2020 brukte Finanstilsynet ressursar på å delta i planlegginga av den sivile nasjonale øvinga *Digital 2020* i regi av Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap. Scenarioet for øvinga var eit digitalt angrep på finanssektoren. På grunn av koronapandemien vart øvinga redusert.

Innsats mot økonomisk kriminalitet

Finanssektoren skal sjølv førebyggje at finansføretak og andre aktørar vert utnytta i kriminelle aktivitetar. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering. Finanstilsynet fører òg tilsyn med at aktørane i verdipapirmarknaden overheld marknadsreglane mot innsidehandel og marknadsmisbruk. Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og undergrev verksemda for føretak som driv innanfor regelverket. Tilsynsverksemda bidreg til å førebyggje kriminalitet i føretak under tilsyn. Ved mistanke om alvorleg økonomisk kriminalitet vert forholdet meldt til politiet.

Dei seinare åra er det avdekt vesentlege svakheter i etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i mange store bankar internasjonalt. Finanstilsynet har, til liks med andre europeiske tilsynsmyndigheiter, trappa opp aktiviteten på dette området. I

2020 har Finanstilsynet mellom anna avslutta dokumentbaserte kvitvaskingstilsyn med 110 bankar. I 2020 fekk éin bank lovbrotsgebyr, og éin bank fekk varsel om gebyr. Det har òg vorte gjennomført større kvitvaskingstilsyn hos eigedoms- meklarar, revisorar og rekneskapsførarar som vil kunne ende med fleire lovbrotsgebyr.

Finanstilsynet vurderer på grunnlag av tilsyns-observasjonar at etterlevinga av kvitvaskingsregelverket framleis er mangelfull i mange tilfelle. På fleire tilsynsområde har Finanstilsynet peikt på manglande risikoforståing, for liten kapasitet til å følgje opp risikoar og for dårlege rutinar for å hindre kvitvasking. Finanstilsynet har bidrege til den nye regjeringsstrategien mot kvitvasking og terrorfinansiering.

Samla resultatvurdering

Koronapandemien har prega Finanstilsynets oppgåver og aktivitetsnivå i 2020. Pandemien gav behov for omprioritering av ressursar og medførte lågare aktivitetsnivå på einskilde område. Sett i lys av pandemien og den reduserte tilsynsaktiviteten har Finanstilsynet likevel oppretthaldt eit godt aktivitetsnivå, og departementet meiner resultatata for 2020 er tilfredsstillande. Departementet meiner tilsynets krisehandtering har vore god. Det same gjeld tilsynet sin innsats for å følgje opp driftsutfordringar i den finansielle infrastrukturen og soliditetsforhold i bankar og forsikringsføretak. Under pandemien har tilsynet oppretthalde arbeidet med digitalisering. Auka digitalisering av tilsynets prosessar har bidrege til å effektivisere arbeidsprosessar i ei tid då Finanstilsynet må vente stramme budsjett. Departementet meiner det er viktig at Finanstilsynet framleis har merksemd på oppfølging av tilsynet sin digitaliseringsstrategi, og at gevinstrealisering vert lagt vekt på når nye prosessar etter kvart vert automatiserte og digitaliserte gjennom tilsynets digitaliseringssatsing. Sjå og nærare omtale under *Mål og prioriteringar i 2022*.

Viktige utfordringar

Regelverksutvikling er eit sentralt verkemiddel for Finanstilsynet i innsatsen for å oppfylle samfunnsoppdraget. Det meste av arbeidet med regelverksutvikling vil framleis vere gjeve som oppdrag frå Finansdepartementet, mellom anna i samband med gjennomføring av EØS-reglar. Deltaking i arbeid organisert av dei europeiske tilsynsmyndigheitene EBA, ESMA og EIOPA, utgjør òg ein del av regelverksutviklinga i Finanstilsynet. Sjølv

om det er gjennomført omfattande reguleringsreformer i åra etter den internasjonale finanskrisa, må Finanstilsynet gjere rekning med betydeleg arbeid med gjennomføring av EØS-reglar og anna regelverksutvikling framover. Dette har mellom anna samanheng med behovet for å tilpasse reglane til den teknologiske og marknadsmessige utviklinga i Europa og Noreg, og til forandringar i mål og forventningar hos ålmenta om kva for problem finansmarknadsreguleringa skal løyse.

Samstundes som Finanstilsynet må handtere oppgåvene med regelverksutvikling, er det naudsynt å oppretthalde tilstrekkeleg tilsynsaktivitet med høg kvalitet, innanfor rammer i ei stendig utvikling. I tillegg til at EØS-reglene gir meir detaljerte krav til både tilsynsmyndigheitene og føretaka under tilsyn, arbeider dei europeiske tilsynsmyndigheitene for meir harmonisert tilsyn, mellom anna ved å utferde retningslinjer som supplerer EØS-reglane. Dette stiller nye krav til korleis Finanstilsynet innrettar tilsynsaktivitetane, inkludert tiltaka og rettleiinga andsynes norske føretak. Dei europeiske tilsynsmyndigheitene arbeider òg for meir felles tilsyn, der tilsynet med føretak og marknader skal gjennomførast etter same metodikk og på same tid. Dette kan vere krevjande for Finanstilsynet og andre nasjonale tilsynsmyndigheiter, sidan omfanget og prioriteringa av arbeidet vert bestemt i fellesskap på europeisk nivå, utan at ein fullt ut kan ta omsyn til nasjonale behov og ressurstilhøva hos dei ulike tilsynsmyndigheitene som tek del i samarbeidet. Tilsynsaktiviteten i Finanstilsynet må elles følgje beste praksis internasjonalt og vere tilpassa trekk og behov i norske marknader.

Samarbeidet i dei europeiske tilsynsmyndigheitene inneber mellom anna nye rapporteringskrav som Finanstilsynet må følgje opp overfor norske føretak. Krava gjer det naudsynt med systemutvikling, slik at tilsynet kan hente inn omfattande data frå norske finansføretak som skal inngå i den overordna overvakinga av finanssektoren i Europa.

Finanstilsynets arbeid med omfattande regelverksutvikling og fleire oppgåver skjerper kravet til effektiv utnytting av tilsynets ressursar og til prioritering av innsatsen på dei ulike tilsynsområda, slik at samla måloppnåing vert høgst mogleg. Sjå òg nærare omtale under *Mål og prioriteringar i 2022*.

Utviklinga innanfor digitalisering set krav til Finanstilsynet på fleire område. Generelt fører digitalisering til hyppige endringar i prosessar og produkt på finansområdet. Teknologisk innovasjon i prosessar og produkt på finansmarknads-

området kan reise nye, regulatoriske spørsmål og bidra til økt kompleksitet og risiko for føretaka som Finanstilsynet må følgje opp. Nye digitale tenester og tilbod stiller mellom anna nye krav til forsvarleg forbrukarvern og informasjonssikkerheit. Samstundes som ein må innrette regelverksutviklinga for å kunne dekkje nye teknologiar og marknader, bør ein leggje vekt på at regelverket ikkje utilsikta skal vere til hinder for bruk av ny teknologi og nye forretningsmodellar. Det reviderte betalingstenestedirektivet (PSD 2) inneber til dømes at verdikjeda i betalingssystemet vert endra, og at nye, teknologibaserte tenester vert leverte frå nye aktørar. Det er òg eit trekk at fleire aktivitetar i dei norske og globale marknadene har uklare tilhøve til løyve og finansmarknadsreguleringa generelt, til dømes visse former for folkefinansiering. Dei siste åra har det vore stor aktivitet i marknader for ulike kryptoeigedelar, som nyleg er møtt med omfattande regelverksframlegg i EU.

Dei seinare åra har det vore ein gradvis overgang frå ytingspensjon til innskotspensjon med investeringsval. Dei nye produkta krev fagleg forsvarleg og balansert rådgjeving. Både på forsikringsområdet og verdipapirområdet må Finanstilsynet sjå til at føretaka rettar seg etter god forretningssskikk i sals- og rådgjevingsverksemda. Fondmarknaden må følgjast opp ved at det vert innført fleire nye kategoriar av fond i medhald av nytt EØS-regelverk.

Oppfølging av krisehandteringsreglane som tok til å gjelde i 2019, vil framleis krevje ressursar i Finanstilsynet. Mellom anna må tilsynet følgje opp bankane sine gjenoppretingsplanar, medan tilsynet sjølv skal fastsetje krisetiltaksplanar for kvar bank.

Vidare er Finanstilsynets ansvarsområde utvida fordi verksemd med handel i varederivat har vorte regulert og underlagd tilsyn som følgje av nytt EU-regelverk. Det inneber at Finanstilsynet vil få nye, ikkje-finansielle føretak under tilsyn. Føretak som handlar med råvarer, her òg kraftselskap, er til dømes underlagde den same reguleringa som verdipapirføretak. Vidare må Finanstilsynet følgje opp den nye verdipapirsentrallova og nye reglar om marknadsåtfærd.

Klimarisiko har fått monaleg meir merksemd i finansmarknadene dei siste par åra, samstundes som berekraftig finans har vakse fram som ein integrert del av klima- og miljøpolitikken i Europa, med tilhøyrande detaljregulering. EU har ambisiøse mål på dette feltet, og meir regulering er venta i tida framover. For Finanstilsynet er det særleg viktig å følgje opp risikoen i samband med

overgangen til eit lågutsleppssamfunn, som vil ha konsekvensar for føretaka under tilsyn.

Mål og prioriteringar i 2022

Finanstilsynets samfunnsoppdrag er utdjupa i seks mål. Det er fastsett følgjande mål for Finanstilsynet for 2022:

- Solide og likvide finansføretak
- Robust infrastruktur
- Vern av investorar
- Forbrukarvern
- Effektiv krisehandtering
- Innsats mot kriminalitet

Styringsparametrar vert fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet i samband med utforminga av tildelingsbrev til verksemda for 2022. Departementet ventar at resultatata i 2022 samla sett skal verte betre enn i 2020. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda. I oppfølginga av etaten tek departementet omsyn til at dette er mål der oppfyltinga vert påverka av mange forhold som Finanstilsynet ikkje direkte kan styre, men der Finanstilsynet kan bidra til at måla vert nådde. Finanstilsynet arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre.

Viktige prioriteringar i 2022 vert:

Makrotilsyn

Finanstilsynet skal leggje vekt på makrotilsyn og utviklinga i makroøkonomiske forhold. Røynsler har vist at risiko i makroøkonomien kan skape finansielle kriser, og makrotilsyn må difor vere ein viktig del av grunnlaget for eit effektivt tilsyn. Makrotilsynet skal vere særleg retta mot den gjensidige påverknaden innanfor det finansielle systemet og mellom det finansielle systemet og realøkonomien. Dette arbeidet har òg stor betydning for Finanstilsynets føresetnader for å gje råd til Finansdepartementet om makroregulering, inkludert reguleringa av utlånspraksis i bankane og krav til soliditet og likviditet.

Arbeid med soliditet og likviditet i finansføretaka

Gjennom stadlege tilsyn og anna laupande tilsynsverksemd, skal Finanstilsynet bidra til at føretaka har god soliditet, er likvide, har robust finansiering, eigna leiing og ei forsvarleg risiko- og verksemdstyring. Finanstilsynet skal òg medverke til dette andsynes dei utanlandske føretaka i Noreg, mellom anna i samarbeidet med andre tilsyns-

myndigheiter og i val av tiltak som Finanstilsynet sett i verk eller foreslår av omsyn til risikotilhøva på den norske marknaden. Solide og likvide finansføretak er ein føresetnad for finansiell stabilitet, der norske og utanlandske føretak i Noreg er i stand til å oppfylle sine skyldnader overfor kundane og kan ta hand om sine samfunnsfunksjonar. Klimarisiko skal òg inngå i tilsyn med risiko og risikostyring i føretaka, medan nye reglar om verdipapirisering mellom anna føreset at Finanstilsynet kontrollerer at kredittrisiko vert overført til investorane.

Tilsyn med distribusjon av utlån, pensjons- og fondsprodukt samt andre finansielle instrument

Pensjonsprodukt med investeringsval og sparing i fondsprodukt inneber at kundane sjølv ber avkastningsrisikoen, og gjennom låneoptak pådreg kundane seg gjeld. Gjennom sitt tilsyn skal Finanstilsynet medverke til at føretaka tilbyr og formidlar produkta på ein forsvarleg måte, der dei tek vare på interessa til kundane og tek omsyn til deira føresetnader for å forstå eigenskapane til produkta og konsekvensar av sine avgjerder.

Tilsyn med aktørane i betalings-, handels- og oppgjerssystema og annan finansiell infrastruktur

Alvorleg svikt eller samanbrot i den finansielle infrastrukturen kan ramme finanssektoren og vitale samfunnsfunksjonar hardt. Nye og avanserte digitale løysingar og nye aktørar og leverandørar kan medverke til auka effektivitet, men kan òg auke risikoen i det finansielle systemet. Finanstilsynet skal bidra til at aktørane har tilfredsstillande styring og kontroll av IKT-risiko, cyberisiko og annan operasjonell risiko.

Tilsyn med etterleving av kvitvaskingsregelverket

Manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket aukar risikoen for at føretaka vert brukte til kriminalitet, og det aukar risikoen for omdømetap for føretaka og sviktande tillit til det finansielle systemet. Tilsynsverksemda har avdekt vesentlege svakheiter i etterleving av kvitvaskingsregelverket hos finansføretaka og andre rapporteringspliktige, og arbeidet må framleis ha prioritet.

Tilsyn med verdipapirmarknaden

Finanstilsynet må mellom anna følgje opp utvida rapporterings- og meldeplikter for aktørane etter dei nye reglane om marknadsåtfærd, nye tilsyns-

oppgåver etter den nye lova om verdipapirsentralar og innføring av nye fondstyper. Vidare er det forslag om at dei offentlege oppgåvene som i dag er delegerte til Oslo Børs og som gjeld oppfølging av pliktige tilbod og laupande informasjonsplikt, skal overførast til Finanstilsynet. Departementet behandlar desse forslaga. Dersom oppgåvene vert flytta, må dei integrerast med verksemda elles.

Overvaking av nye teknologiar og marknader

Teknologiske endringar i korleis finansielle transaksjonar kan gjennomførast og kva for eignedelar som kan omsetjast i digitale marknader, kan skape eit uoversiktleg bilete for myndigheiter og forbrukarar. Mellom anna inneber utviklinga innan tenester og eignedelar basert på desentraliserte løysingar, både moglegheiter og utfordringar av betydelege dimensjonar. Aktivitetar i nye marknader som i avgrensa grad er regulerte, kan påverke stabiliteten i finanssystemet og gjere det meir krevjande å ta i vare eit godt forbrukarvern. Finanstilsynet må følgje med på utviklinga og vurdere kva risiko ho utgjer for den norske finansmarknaden og norske forbrukarar.

Regelverksutvikling

Finanstilsynet må delta i internasjonal regelverksutvikling og løyse oppdrag frå Finansdepartementet. Dette mellom anna for å tilpasse reglane til nye EØS-reglar, den teknologiske og marknadsmessige utviklinga i Europa og Noreg, samt til endringar i mål og forventningar hjå ålmenta om kva for problem finansmarknadsreguleringa skal løyse.

Digitalisering og effektiv tilsynsverksemd

Vidare auke i Finanstilsynets oppgåver skjerpar kravet til effektiv utnytting av ressursane til tilsynet og til prioritering av innsatsen på dei ulike tilsynsområda, slik at samla måloppfylling vert høgast mogleg. Det er viktig at Finanstilsynet følgjer beste praksis for tilsynsarbeid og tek i bruk tilgjengeleg teknologi for å betre verksmeda internt og tenestene mot føretak og tilsynsobjekta. Finanstilsynet må kontinuerleg arbeide med å effektivisere arbeidsprosessar.

Frå 2022 skal Finanstilsynet trappe opp digitaliseringsarbeidet. Satsinga skal rettast mot automatisering av forvaltningsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og auka deling

av data. Tilsynet vil mellom anna ta i bruk kunstig intelligens på innsamla data for å avdekkje mønster og ulovleg aktivitet i verdipapirmarknaden. Det vil òg auke den maskinelle behandlinga og kontrollen med dokument og lydfilet. Arbeidet er planlagt å vare i fem år.

Tiltaka skal medverke til effektivisering, forenkling og betre kvalitet i tilsynsarbeidet. For næringslivet skal satsinga på sikt gje lågare kostnader i form av enklare rapportering, mindre dobbeltrapportering, lettare tilgang til tal og effektiv samhandling med Finanstilsynet. For 2022 er det sett av 21,5 mill. kroner til dette arbeidet. Etter planen skal tiltaka gje gevinstar frå 2023, og som gradvis vil auke i åra etter.

Budsjett for 2022

Departementet foreslår å setje budsjetttramma til Finanstilsynet for 2022 til 475,9 mill. kroner. Nominelt er dette 30,7 mill. kroner eller 6,9 pst. høgare enn saldert budsjett 2021. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor, jf. Mål og prioriteringar i 2022.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter. For 2022 foreslår departementet ei løyving på 440,6 mill. kroner som er nominelt er 17,2 mill. kroner eller 3,6 pst. høgare enn saldert budsjett 2021. Finanstilsynet må framleis leggje stor vekt på å sikre rasjonell og effektiv drift.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for IKT-systema i Finanstilsynet og effektivisering av tilsynsprosessar. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller omfattande krav til tilpassingar og utvikling av IKT-system som støtte for tilsynsarbeidet. For 2022 gjeld det mellom anna vidare arbeid med å tilfredsstille nye og endra europeiske rapporteringskrav og leggje til rette for naudsynt analyse. Arbeid med å modernisere Finanstilsynets samla IKT-plattform, samt følgje opp tiltaka i digitaliseringsstrategien, vil verte prioritert og ligg til grunn for den klare auken på denne posten. For 2022 gjer departementet framlegg om å løyve 35,3 mill. kroner, noko som er 15,5 mill. kroner meir enn i saldert budsjett 2021.

Kap. 4602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
03	Sakshandsamingsgebyr	11 238	12 588	12 800
86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	4 329	500	500
	Sum kap. 4602	15 567	13 088	13 300

Post 03 Sakshandsamingsgebyr

Posten omfattar hovudsakleg gebyr frå den operative prospektkontrollen for omsetjelege verdipapir. Vidare inngår gebyr for behandling av søknader om å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak, om inkassoløyve og om løyve til å opptre som opplysningsfullmektig.

Finanstilsynet skal sjå til at gebyra i størst mogleg utstrekning reflekterer dei reelle kostnadene ved saksbehandlinga. Eventuelle avvik mellom dei pålagde gebyra og kostnadene Finanstilsynet har ved prospektkontroll, vert fordelte året etter på dei noterte føretaka, anten som ei tilleggsutlikning eller som ei nedsetjing av utlikninga til andre tilsynsutgifter.

Slike etterutrekningar vert av praktiske årsaker førde på kap. 5580 *Sektoravgifter under Finansdepartementet*, post 70 *Finanstilsynet, tilsynsavgift*.

Gebyr ved tildeling av inkassoløyve er fire gonger rettsgebyret. Betalte gebyr vert trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for inkassoføretaka. Saksbehandlingsgebyr for betalingsføretak og e-pengeføretak, samt opplysningsfullmektig, er fastsett i forskrift til kr 30 000. Betalte gebyr vert trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for betalingsføretak og e-pengeføretak og opplysningsfullmektig.

Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	450 143	452 810	485 860
	Sum kap. 5580	450 143	452 810	485 860

Utgiftene til Finanstilsynet vert fullt ut dekte av føretaka som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1 eller annan lovheimel. Finansieringa av utgiftene er heimla i finanstilsynslova § 9. Lovreglane er supplerte med forskrifter. Brukarbetalinga er ein funksjon av budsjetterte tilsynsutgifter same året. I tillegg til utgiftene på kap. 1602 kjem posteringar på kap. 1633 *Nettordning, statleg betalt meirverdiavgift*, og til frådrag kjem inntektene på kap. 4602 *Finanstilsynet*, post 03 *Sakshandsamingsgebyr*. Dessutan kan utlikningsgrunnlaget

i 2022 korrigerast med verknader av løyvingsendringar etter saldert budsjett 2021.

Betalinga frå tilsynseiningane i 2022 er budsjettert til 485,9 mill. kroner. I tillegg kjem inntektene frå sakshandsamingsgebyr, jf. omtale ovanfor. Årsaka til at denne posten aukar meir enn kap. 1602, er at styrkinga av digitaliseringsarbeidet fyrste året i det vesentlege vil krevje kjøp av utstyr, programvare og tenester som vi gje større posteringar på kap. 1633.

Kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	779 928	842 306	906 109
22	Opplæringskontoret OK stat	9 132	7 394	9 248
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	17 625	17 100	17 500
	Sum kap. 1605	806 685	866 800	932 857

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har som samfunnsoppdrag å bidra til effektiv ressursbruk i staten og til at staten når sine mål gjennom god styring, organisering, leiing og gode avgjerdsgrunnlag. DFØ er statens fagorgan for økonomistyring, gode avgjerdsgrunnlag for statlege tiltak, organisering og leiing i staten, og for innkjøp i offentleg sektor, samt ansvarleg for å støtte statlege verksemder i arbeidsgjevarrolla. DFØ er òg leverandør av fellestenester til forvaltninga innanfor løn og rekneskap. DFØ skal sørge for ei heilskapleg tilnærming og utvikling av områda det har ansvar for.

DFØ leverer fellestenester på løn og rekneskap og forvaltar konsernsystema for statsrekneskapen og statens konsernkontoordning. DFØ inngår og forvaltar felles innkjøpsavtalar på vegner av statlege verksemder. DFØ forvaltar utgreiingsinstruksen, reglement for økonomistyring og føresegner om økonomistyring (økonomiregelverket for staten). DFØ formidlar kunnskap om korleis statlege verksemder skal etterleve utgreiingsinstruksen og økonomiregelverket. DFØ gjev faglege råd og rettleiing om mellom anna mål- og resultatstyring, samfunnsøkonomiske analysar, leiing, arbeidsgjevarrolla, tilskot og innkjøp. DFØ utarbeider og tilbyr verkøy for å utvikle statleg styring og leiing. DFØ gjev leiarar og tilsette i statlege verksemder tilbod om kompetanseutvikling på sine fagområde. Innanfor fagområda sine undersøker og analyserer DFØ tilstand, utvikling og endringsbehov i norsk forvaltning.

DFØ er lokalisert på fire stader – i Stavanger, Trondheim, Oslo og Harstad – og hadde per 31. desember 2020 ei bemanning tilsvarande 524 årsverk.

Resultat i 2020

Resultata til DFØ i 2020 vert vurderte ut ifrå fem hovudmål samt på fagområdet innkjøp i offentleg sektor, jf. omtale nedanfor.

Hovudmål 1: DFØs kundar har effektiv økonomistyring og kan frigjere ressursar

DFØ leverer løns- og rekneskapstenester internt i staten. Per 31. desember 2020 fekk 89 pst. av statlege verksemder levert lønstenester frå DFØ, medan 78 pst. fekk levert rekneskapstenester. Ved å tilby standardiserte løns- og rekneskapstenester med eit stort volum, oppnår staten stordriftsfordelar.

DFØ deltek i det nordiske Finance Benchmarking-programmet til Ernst & Young AS. I undersøkinga vert DFØ samanlikna med andre offentlege verksemder som tilbyr fellestenester, og med resultat frå internasjonale undersøkingar. Undersøkinga frå 2020 syner at DFØ skåra godt samanlikna med andre og over tid.

Kundemassen til DFØ er jamt aukande. Om lag tre firedelar av kundane synest DFØs tenester gjev god støtte i styringa av verksemda og at DFØs økonomiske data er lett tilgjengelege. Samstundes varierer det i kva grad kundane synast tenestene gjev effektivitet og gevinstar. I 2020 og fram til og med 1. januar 2021 har seks nye verksemder, mellom anna Universitetet i Bergen, vorte kundar av DFØ.

I 2020 gjennomførte DFØ fleire utviklings tiltak for å utnytte teknologi, forenkle tenestene og å gje betre brukarstøtte. Tiltak som både gjev ei effektiv økonomistyring og kan frigjere ressursar hos kundane, og samstundes aukar effektiviteten i DFØs eiga drift, vert prioriterte. Det vert òg lagt vekt på løysingar som kan auke kvaliteten på styringsinformasjonen DFØ tilbyr kundane. Vidare legg ein vekt på løysingar som

bidreg til betre etterleving av regelverk DFØ forvaltar.

Hovudmål 2: Statlege verksemder bruker avgjerdsgrunnlag av god kvalitet

DFØ har ansvaret for å forvalte føresegnene om økonomistyring i staten og utgreiingsinstruksen. Dette inkluderer mellom anna å svare på spørsmål, levere kompetansetenester og å leggje fram forslag til utvikling og vedlikehald av regelverka. Ein stor del av DFØs kundar og brukarar, om lag 90 prosent, var nøgde med tenestene innanfor økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen.

DFØ har tidlegare undersøkt i kva grad statlege verksemder følgjer utgreiingsinstruksen og har målt endringa frå 2016 til 2019 mellom anna ved ei gjennomgang av offentlege høyringar. Undersøkinga avdekte eit klårt forbettringspotensial med å etterleve instruksen og at kvaliteten på avgjerdsgrunnlag var for låg. Det vil vere trong til å arbeide med å betre kvaliteten i statlege avgjerdsgrunnlag framover.

DFØ har i 2020 arbeidd vidare med å auke merksemda rundt betre, og meir bruk av, økonomisk informasjon som del av statlege avgjerdsgrunnlag, og då spesielt informasjon om kostnader via dei statlege rekneskapsstandardane. DFØ har vore i dialog med andre statlege verksemder for å dele erfaringar på området. DFØ har òg styrkt arbeidet med å bidra til at departementa får betre tilgang på økonomisk informasjon i oppfølginga av underliggande verksemder. Mellom anna har DFØ ei eiga teknisk løysing som tilsette i departementa kan ha nytte av i sitt arbeid med løyvingsskontroll og oppfølging av underliggande verksemder. Løysinga legg òg til rette for analyser, prognosar og samanlikningar over tid og på tvers av statlege verksemder.

DFØ har i 2020 utarbeidd eit forslag til oppdaterte rundskriv om statleg økonomistyring. Rundskriva vart hovudsakleg endra som følge av endringar i føresegnene om økonomistyring i staten hausten 2019. Dei oppdaterte rundskriva gjeld frå 1. januar 2021.

Hovudmål 3: Statleg styring er tilpassa eigenart og retta mot overordna mål og effektiv ressursbruk

Gjennom forvaltninga av føresegnene om økonomistyring og av utgreiingsinstruksen bidreg DFØ til at statleg styring er tilpassa eigenart og er retta mot overordna mål og effektiv ressursbruk. DFØ utviklar rettleiingar, verkøy og metodar, og bidreg i utgreiingsarbeid på området.

DFØs tenestetilbod omfattar mellom anna utgreiingsinstruksen, samfunnsøkonomiske analysar, mål- og resultatstyring, etatsstyring, verksemdstyring, risikostyring, internkontroll, evalueringar og tilskot. Kompetansetenestene på området skal gjere det tydeleg for departementa og statlege verksemder kva krav regelverket set og kva som er god praksis for statleg styring.

DFØs kunde- og brukarundersøking i 2020 syner at 84 pst. av brukarane meiner at DFØ har bidrege til god styringspraksis. Dette er noko fleire enn i 2019. Tilbakemeldingar frå kundar og brukarar tilseier òg at DFØs arenaer for samhandling vert opplevde som nyttige.

Endring i styringspraksis tar tid og vert påverka av mange ulike faktorar som til dømes kompetanse, kultur, eigenart, tradisjon og kontekst. DFØ ser at styring av statlege verksemder har vorte meir innretta mot overordna effektar, og at samanhengen mellom resultat og bruk av ressursar har fått større merksemd over tid. Styringsfaglege spørsmål vert sette på dagsorden, og mange departement og verksemder arbeider aktivt med å vidareutvikle eigen styringspraksis. Dette gjeld både verksemdsstyring, etatsstyring og tilskotsforvaltning. Vidare ser DFØ aukande merksemd rundt tverrgående styringsutfordringar og samordning. Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor* peika mellom anna på eit betringspotensial som gjeld at statleg styring skal gje verksemder både handlingsrom og insentiv til å innovere og samarbeide med andre instansar. Alt i alt ser DFØ at det framleis er rom for å forbetre statleg styring.

Hovudmål 4: Offentlegheita har enkel og god tilgang til informasjon om statleg ressursbruk

Gjennom forvaltning av statsrekneskapen og produksjon av statistikk og rapportar, bidreg DFØ til å gje offentlegheita informasjon om statleg ressursbruk. DFØs ansvar for forvaltning av statsrekneskapen inkluderer mellom anna å levere månadlege løyving- og kapitalrekneskap til departementa og årleg å setje opp desse to rekneskapane til den årlege stortingsmeldinga om statsrekneskapen.

Portalen *statsregnskapet.no* som vart lansert i 2017, gjer rekneskapsinformasjon frå statlege verksemder tilgjengeleg og gjer det mogleg å samanlikne på ein enkel måte. Portalen gjev allmenta enklare og betre tilgang til informasjon om statleg ressursbruk. Trafikkmålingar tyder på at interessa for løysinga er noko mindre enn tidlegare, medan brukarane vert lenger varande i

portalen for kvart besøk. Godt over halvparten av brukarane, 63 prosent, er i stor grad nøgde med portalen.

DFØs nettsider for rapportar og statistikk vert hyppig brukt og inneheld ei rekkje produkt som får mykje merksemd. Mellom anna publiserer DFØ årleg ein rapport og statistikk om utvikling i talet på tilsette i statsforvaltninga. DFØ arbeider òg med ei løysing som etter kvart skal gje betre oversikt over statlege tilskot til frivillig sektor.

Hovudmål 5: Statlege verksemder er effektivt organisert og leia

DFØ overtok fagområda organisering og leiing i 2020. Ansvarer inneber å gje leiarar og tilsette i statlege verksemder tilbod om kompetanseutvikling på deira fagområde, samt å gje støtte til statlege verksemder i arbeidsgjevarrolla. Innanfor dei nye fagområda undersøker og analyserer DFØ tilstand, utvikling og endringsbehov i norsk forvaltning.

I 2020 har DFØ dreidd ein stor del av kompetansetiltaka retta mot leiarar, medarbeidarar og lærlingar, over på digitale løysingar. Omfattande bruk av heimekontor har bidratt til denne utviklinga og gjort at DFØ har nådd ut til fleire brukarar enn tidlegare. Over 70 prosent av DFØs brukarar har nytta eit eller fleire digitale kompetansetiltak i 2020, og brukarane vurderer kompetansetilbodet som både relevant, tilgjengeleg og brukarretta. I 2020 vart det teke opp 18 nye verksemder på *verksemdsplattforma*. Plattformen gjev brukarane støtte til utvikling, styring og deling av kompetanse mellom statlege verksemder.

DFØ får stadig fleire faglege førespurnader om arbeidsgjevarrolla. Ei undersøking viser at brukarane er meir tilfredse med svara dei fekk i 2020 enn tidlegare. Brukarane er òg godt nøgde med innhaldet på *arbeidsgjevarportalen*. Resultatet viser at det faglege innhaldet på portalen vert mykje brukt, og DFØ vurderer portalen som eit godt verktøy for arbeidsgjevarar, leiarar og HR-medarbeidarar i staten.

DFØ analyserer og produserer kunnskap om tilstand, utviklingstrekk og behov for endring i offentleg forvaltning. Sentrale tema i 2020 har mellom anna vore statleg styring av kommunane, store reformar, kvalitet på utgreiingar, nye organisasjonsformer, samordning, krisehandtering og innovasjon. DFØ arbeider kontinuerleg med å få betre tilgang til data og statistikk på sine fagområde, mellom anna ved å samarbeide med Statistisk sentralbyrå og Norsk senter for forskningsdata. I tillegg satsar DFØ på å utvikle eit sterkare kvantitativt analysemiljø i verksemda.

Offentlege innkjøp

DFØ overtok fagområdet innkjøp i offentleg sektor i september 2020. DFØ er statens fagorgan på området, eit ansvar som mellom anna inneber å gje råd, rettleiing og formidle kunnskap om innkjøp i offentleg sektor. DFØ arbeider òg for betre regelverksetterleving og effektivisering av offentlege innkjøp. I tillegg til fagansvaret for offentlege innkjøp i stort, overtok DFØ òg Statens innkjøps-senter i 2020 og dessutan ansvaret for å leggje til rette for at staten, gjennom felles innkjøpsavtalar, oppnår effektiviseringsgevinstar.

Området offentlege innkjøp er stort, og nær 600 milliardar kroner vert nytta til innkjøp over offentlege budsjett i 2019. DFØ har i 2020 arbeidd aktivt på fleire område for å bidra til betre forvaltning av desse midlane. Meld. St. 22 (2018–2019) *Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser*, inneheld ei rekkje tiltak som DFØ har arbeidd med i 2020. Døme her er satsingar som marknadsplassen for skytenester som skal gjere det enklare for verksemder å skaffe seg forsvarlege, lovlege og kostnadseffektive skytenester. DFØ arbeidde òg i 2020 med å auke bruken av innkjøp som er eigna til å gje innovasjon, medrekna regjeringa sitt program for innovasjonskjøp frå oppstartsselskap (*StartOff*). Programmet vart offisielt lansert 1. januar 2021.

Våren 2020 vart det gjennomført ei undersøking av mogenskap i offentlege innkjøp. Undersøkinga viser at mognaden er sterkast innan samarbeid og prosess, medan den er svakast innan digitalisering. DFØ peikar på at spesielt gjenbruk av data trekkjer ned den digitale mognaden i verksemdene. Digitalisering av offentlege innkjøpsprosessar er eit prioritert arbeid i DFØ. Ambisjonen er at offentlege innkjøpsprosessar skal vere heildigitale innan 2024.

DFØ melder om gode tal innan bruk av elektroniske løysingar i offentlege innkjøpsprosessar: Tal for gjennomførte konkurransar, bruk av *eBevis*, bestillingar, EHF-faktura og betalingstransaksjonar peikar i riktig retning. Med unntak av innkjøpsavtalar for reisebyrå som på grunn av koronapandemien vart mindre brukte enn tidlegare, vart dei statlege fellesavtalene for innkjøp brukte i aukande grad i 2020. Vidare er DFØs røynsle at fleire verksemder stiller krav til miljø i offentlege innkjøp. DFØ erfarer òg stor auke i bruken av rettleiingstenestene innan innkjøp av skytenester.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet meiner DFØs resultat i 2020 syner at brukarane og kundane jamt over er til-

fredse og at enkeltoppdrag i hovudsak er leverte i tråd med departementet sine forventningar. DFØ har i 2020 vore gjennom ei omorganisering og står midt i ein prosess med opptak av store kundar i universitetssektoren. Ut i frå både hovudmåla som vart sette for etaten, og koronasituasjonen i 2020, vurderer departementet resultatata samla sett som gode.

Viktige utfordringar

DFØ vart omorganisert i 2020. Fagområda til avdeling leining, avdeling for utgreiing og analyse og avdeling for offentlege innkjøp i Digitaliseringsdirektoratet vart flytta til DFØ. Samlinga av fagmiljø gjev DFØ nye moglegheiter i arbeidet med å leggje til rette for effektiv ressursbruk og bidra til ei kunnskapsbasert og utviklingsorientert forvaltning. Arbeidet med å tilpasse verksemda til endringane og henta ut synergieffektar på tvers av fagområda, vil vere eit arbeid som må prioriterast i 2022 òg.

På økonomiområdet leverer DFØ fellestenester som gjev synergjar og stordriftsfordelar for staten. For å kunne gjere dette må direktoratet vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar, mot behovet for spesialtilpassingar for einskildverksemdar eller grupper av verksemdar.

Mål og prioriteringar i 2022

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for DFØ for 2022:

- DFØs kundar har effektiv økonomistyring
- Offentleg sektor gjer effektive og berekraftige innkjøp
- Statsforvaltninga byggjer på kunnskap, er utviklingsorientert og har god styring, organisering og leining
- Offentlegheita kan enkelt ta i bruk informasjon om resultat og bruk av ressursar i forvaltninga

Departementet venter at resultatata i 2022 samla sett skal vere minst like gode som i 2020. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda.

DFØ arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet.

Viktige prioriteringar i 2022

Heilskapleg utvikling

Samlinga av fagområda leining, organisering, arbeidsgjevarstøtte og offentlege innkjøp i DFØ,

legg til rette for meir samordna utvikling av desse fagområda framover. Det er viktig at DFØ òg i 2022 har ei heilskapleg tilnærming og ser i kva mon samordninga av fagområda kan gje brukarane betre tenester. Arbeidet med å tilpasse verksemda til endringane og hente ut synergieffektar på tvers av fagområda, vil måtte prioriterast i 2022 òg.

Innføring av sams rekneskapsstandardar i statlege verksemdar

Finansdepartementet har fastsett at dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) skal vere obligatorisk for alle statlege verksemdar, med ein innføringsperiode på fem år frå 1. januar 2022 for dei verksemdene som ikkje nyttar SRS, jf. omtale i Gul bok 2022. SRS vart fastsett som tilrådde standardar i 2010. Om lag 35 prosent av verksemdene fører allereie rekneskapen i tråd med SRS. Sams rekneskapsstandardar vil bidra til å gjere det enklare å analysere og samanlikne ressursbruken i staten. Standardiseringa vil òg forenkla tenester og forvaltning i DFØ.

DFØ vil stø verksemdar som skal ta i bruk obligatorisk SRS i innføringsperioden, mellom anna med rettleiing og tilpassa kompetansetiltak. DFØ vil i dialog med departementa etablere ein plan for puljevis gjennomføring for verksemdar der DFØ er tenesteytar. I samarbeid med dei aktuelle verksemdene vil DFØ òg avklare behandling av pensjonar og stønader i rekneskapen. Vidare vil DFØ utarbeide rettleiing til departementa for bruk av SRS-rekneskap i styringa av verksemdene.

Offentleg ressursbruk

Det er ein ambisjon å utvikle direktoratet til eit kompetansesenter for offentleg ressursbruk. Departementet tek sikte på at DFØ skal hjelpe til i arbeidet med områdegjennomgangar og andre analysar av offentleg ressursbruk i 2022 og framover. Direktoratet skal òg arbeide med å leggje til rette for betre produksjon og bruk av data for effektiv ressursbruk slik at forvaltninga kan forbetre eigen ressursbruk og måloppnåing. Dette arbeidet krev ei heilskapleg tilnærming på tvers av fagområde i direktoratet.

Stabil teneste og drift

DFØ har dei siste åra vore gjennom to store omstillingsprosessar og fekk i 2020 ansvaret for fleire nye fagområde. Samstundes har talet på

kundar auka raskt, og direktoratet har tatt opp fleire svært store verksemdar som kundar. Universiteta i Trondheim og Tromsø vert etter planen løns- og rekneskapskundar av DFØ frå 2022. Saman med universiteta i Bergen og Oslo som vart kundar i 2021, inneber dette at talet på tilsette hos DFØs kundar aukar frå 93 000 til 116 000. Dette er ein monaleg auke med 25 pst., og universiteta er komplekse kundar. DFØ skal utvikle fleire nye løysingar for både dei store universiteta og andre kundar. Slike nye løysingar gjer DFØ i betre stand til å tilby effektive løns- og rekneskapsstenester i staten. Dette inneber òg at direktoratet har behov for å tryggje drifta og tid til å gjennomføre desse krevjande prosessane.

Informasjonstryggleik og behandling av personopplysningar

Direktoratet yter viktige fellestenester til dei fleste verksemdene i staten. I takt med at talet på kundar aukar og at DFØ tilbyr nye løysingar, aukar òg informasjonen DFØ er ansvarleg for. DFØ må arbeide systematisk med å forbetre informasjonstryggleiken. DFØ må syte for å ha rutinar og system som gjer at behandlinga av slike opplysningar er forsvarleg. DFØ skal i 2022 arbeide vidare med å styrkje informasjonstryggleiken på dette området.

Ein innovativ offentleg sektor

DFØ skal følgje opp tiltaka frå Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor – Kultur, ledelse og kompetanse*, på sine fagområde. Det gjeld særleg arbeidet med rammevilkår som å utforske nye modellar for styring, organisering og finansiering, samt å utvikle kompetanse og kultur for innovasjon i offentleg sektor. Leiarane i staten vil vere ei særleg prioritert målgruppe. Vidare er det viktig at DFØ arbeider med å vidareutvikle eit godt samarbeid med resten av virkemiddelaktørane for innovasjon i offentleg sektor og tek eit større ansvar for kunnskapsutvikling og deling av innovasjon i staten.

Meir effektive og profesjonelle offentlege innkjøp

For å kunne gjennomføre meir effektive innkjøp, har oppdragsgjevarar behov for god rettleiing om planlegging av innkjøp og oppfølging av kontraktar, irekna avklaring av behov, dialog med marknaden og gevinstrealisering gjennom oppfølginga av kontraktane. Nærings- og fiskeridepartementets og DFØs arbeid med utarbeiding av rettleiings-

verksemd er eit kontinuerleg arbeid som regjeringa vil utvikle i ei meir heilskapleg og brukartilpassa retning. I arbeidet skal DFØ vurdere behov for at rettleiinga vert tilpassa særskilde brukargrupper, mellom anna kommunar og fylkeskommunar.

Leiing og arbeidsgjevjarrolla

Den statlege arbeidsgjevjarstrategien (2020–2023), med temaområda kompetanse, omstilling og endring, og arbeidsgjevjarrolla, skal vere førande for DFØs tenester på leiing- og arbeidsgjevjarområdet. DFØ skal samordne kompetansetilbodet til heile statsforvaltninga i samsvar med prioritering av tverrgåande og strategiske kompetansebehov for leiarar og medarbeidarar. Støtta til arbeidsgjevjarar skal vidareutviklast, òg i tilknytning til lærlingsatsinga og tiltak for mangfald og inkludering.

DFØs støtte til dei statlege arbeidsgjevjarane vert foreslått styrkt. Føremålet er at DFØ har spisskompetanse i arbeidsgjevjarsspørsmål, slik at den enkelte verksemd kan få meir målretta rådgiving. DFØ skal mellom anna vidareutvikle sin juridiske spisskompetanse, knytt til arbeidsgjevjarsspørsmål. Dette er ei viktig prioritering som *Arbeidsgiverrådet i staten* òg er oppteke av.

Inkluderingsdugnaden

DFØ skal framleis støtte dei statlege verksemdene i gjennomføringa av regjeringa sin inkluderingsdugnad. DFØ må òg prioritere arbeidet i eiga verksemd med å nå målet om at 5 pst. av nyttilsette i direktoratet skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller «høl i CV-en».

Budsjett for 2022

Departementet gjer framlegg om å setje budsjett-ramma til DFØ for 2022 til 932,9 mill. kroner. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor, jf. mål og prioriteringar i 2022.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser, drift og innkjøp av kontorutstyr og IKT-utstyr med meir. Beløpet omfattar dessutan direkte utgifter til lønskøyning for andre statlege verksemdar hos ekstern leverandør, i tillegg til utgifter til vidareutvikling av tenestene. Løyvinga inkluderer òg

løyving til drift av OK stat som vert auka med 900 000 kroner.

Til *marknadsplassen for skytenester* er det sett av vel 20 mill. kroner.

DFØ har inntekter mellom anna frå tenester som direktoratet utfører for andre statlege verksemder. DFØs kundemasse og korleis kvar ein-skild kunde betalar for tenestene, kan endre seg gjennom året. Sidan det er uvisst kor store inntektene vert, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 01 *Økonomitenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Det vert gjort framlegg om å løyve 906,1 mill. kroner under post 01.

Post 22 Opplæringskontoret OK stat

OK stat er eit opplæringskontor for verksemder i staten. OK stat er eit ledd i regjeringa si satsing

for fleire lærlingar og eit bidrag til at fleire lærlingar skal fullføre og bestå. Frå hausten 2019 har OK stat som ei forsøksordning gjeve eit tilbod til verksemder i Nord-Noreg. DFØ har gjort ei evaluering av satsinga i Nord-Noreg, og det er vedtatt å gjere ordninga permanent.

Løyvinga på posten omfattar utbetaling av lærlingstilskot til statlege verksemder som bruker OK stat, og som er knytte til OK stat.

Det vert gjort framlegg om å løyve 9,2 mill. kroner under post 22.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar særleg utviklingstiltak for DFØs system og infrastruktur på IKT-området, medrekna naudsynte endringar og vidareutvikling av systemløyvingar.

Det vert gjort framlegg om å løyve 17,5 mill. kroner under post 45.

Kap. 4605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Økonomitenester	170 806	144 000	183 800
02	Opplæringskontoret OK stat	13 473	11 300	14 300
	Sum kap. 4605	184 279	155 300	198 100

Post 01 Økonomitenester

Posten omfattar i hovudsak betaling frå kundar når DFØ vidarefakturerer visse utgifter i samband med elektronisk fakturabehandling, lisensar, programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet. Posten inneheld òg inntekter som gjeld betaling for løns- og rekneskapstenester frå kundar som har fått unntak frå rammeoverføring som finansieringsform, eller som av andre årsaker ikkje kan overføre løyving til DFØ. I 2022 vert store nettobudsjetterte statlege verksemder kundar av DFØ. Desse vert fakturert for utgifter i samband med kundeopp-taket og tenesteleveransane, og denne tilveksten åleine fører til at både utgifts- og inntektsløyvinga aukar med om lag 38 mill. kroner.

Det vert vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01

Driftsutgifter, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 01 *Økonomitenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Det vert gjort framlegg om å løyve 183,8 mill. kroner under post 01.

Post 02 Opplæringskontoret OK stat

Posten omfattar innbetalingar av lærlingstilskot frå fylkeskommunane.

Det vert vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 22 *Opplæringskontoret OK stat*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 02 *Opplæringskontoret OK stat*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Det vert gjort framlegg om å løyve 14,3 mill. kroner under post 02.

Programkategori 23.20 Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon

Utgifter under programkategori 23.20 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1610	Tolletaten	1 723 892	1 729 475	1 794 107	3,7
1618	Skatteetaten	7 214 827	7 784 328	8 231 132	5,7
1619	Skatteklagenemnda	66 943	71 213	72 090	1,2
	Sum kategori 23.20	9 005 662	9 585 016	10 097 329	5,3

Kap. 1610 Tolletaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	1 555 159	1 593 275	1 627 407
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	168 733	136 200	166 700
	Sum kap. 1610	1 723 892	1 729 475	1 794 107

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Tolletatens samfunnsoppdrag er å sikre at lover og reglar for toll og grensekryssande vareførsel vert etterlevde. Dette inneber at Tolletaten skal forvalte regelverket og medverke til at det vert etterlevd, mellom anna ved å informere og rettleie aktørane. Etaten skal leggje til rette for at varer som vert førte inn i eller ut av landet, som hovudregel vert registrerte og klassifiserte etter tolltariffen, oppgjevne med riktig opphavsland og verdsette med riktig verdi, samt kontrollere at aktørane etterlever regelverket. Varer som er underlagde restriksjonar, skal kontrollerast for gyldige løyve ved inn- og utførsel. Smugling av varer som er ulovlege, ubeskatta eller underlagde restriksjonar, skal motverkast. Samstundes skal Tolletaten leggje til rette for effektiv handel og vareførsel.

Tolletatens verksemd har fleire positive effektar på samfunnsnivå.

- Ved å motverke ulovleg inn- og utførsel av varer i strid med forbod eller restriksjonar, bidreg Tolletaten til eit trygt og berekraftig samfunn.
- Ved å sikre riktige og fullstendige opplysningar om grensekryssande varer som grunnlag for å fastsetje skattar og avgifter, og ved å fastsetje riktig toll, bidreg Tolletaten til finansiering av offentlege tenester.
- Ved å motverke ulovleg vareførsel bidreg Tolletaten til rettferdige konkurransevilkår for lovlige aktørar.
- Ved å samarbeide med internasjonale partnarar og handelsorganisasjonar bidreg Tolletaten til at Noreg oppfyller internasjonale forpliktingar og til utvikling av internasjonalt regelverk og praksis ved vareførsel.
- Ved å registrere vareførselen inn og ut av Noreg medverkar Tolletaten til korrekt handelsstatistikk.

Etaten består av eit direktorat med fire fagdivisjonar (divisjonar for administrering, etterretning, IT og juss) og to fagdivisjonar (grensedivisjonen og vareførselsdivisjonen). Alle fagdivisjonane har ansvar og oppgåver for heile landet. Per 31. desember 2020 var etaten lokalisert 34 stader i landet og hadde ei bemanning som svarar til 1 360 utførte årsverk. I tillegg utfører svenske og finske tollstader oppgåver for norske tollmyndigheiter.

Resultat i 2020

Tolletatens resultat vert vurderte ut ifrå tre hovudmål, jf. nedanfor. Etaten innførte i 2019 ny overordna målstruktur med nye hovudmål, styringsparametrar og resultatindikatorar. Delar av resultat frå tidlegare år kan difor ikkje direkte samanliknast med resultatata for 2019 og 2020. Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Tolletaten som i større grad legg vekt på dei samla effektane av verkemidla etaten brukar, og i mindre grad på aktivitetar.

Hovudmål 1: Det er enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for grensekryssande vareførsel

Tolletaten skal leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer, både for næringslivet og privatpersonar. Aktørane i vareførselen skal få tilbod om enkle løysingar for tollbehandling, slik at varer kan krysse grensa raskt og føreseieleg – samstundes som lover og reglar vert etterlevde.

Etaten har i 2020 gjort brukarundersøkingar, retta mot næringsdrivande og reisande. Ein av to spurde næringsdrivande opplevde regelverket som føremålstenleg og forståeleg. Det var marginalt høgare enn i 2019. Òg for reisande var det om lag halvparten av dei spurde som opplevde regelverket som forståeleg i 2020, noko som var ein oppgang frå 2019. Sjølv om etaten ser ei betring, tyder resultatata på at regelverka og prosedyrane til etaten ikkje er godt nok tilpassa ulike brukergrupper. Systematisk arbeid med forenkling og brukardialog er satsningsområde i etaten og er forventa å gje verknad over tid.

Etaten handsamar og kontrollerer straumen av varer over grensa, med tilhøyrande vareinformasjon og inn- og utførselsdeklarasjonar. Talet for deklarasjonar aukar år for år. I 2020 tok Tolletaten imot om lag 8 mill. inn- og utførselsdeklarasjonar, mot 7,7 mill. i 2019. Deklarasjonane er grunnlaget for det meste av statsinntektene som kjem frå innførsel av varer til Noreg. Deklarasjonane vert òg brukte av Statistisk sentralbyrå i statistikken for norsk utanrikshandel, og dei utgjør handsamings-

og avgjerdsgrunnlag for andre etatar som Mattilsynet, Landbruksdirektoratet, og Miljødirektoratet.

Direktefortolling er fortolling av varen ved passering av grensa inn til Noreg, framfor at varene fyrst vert fortolla etter at dei har vore i landet ein periode. Direktefortolling legg til rette for ein betre kontroll av varene som kjem inn i landet, men det krev at Tolletaten er til stades på grensa når transporten passerer denne. Det vart i 2020 arbeidd med å gjere direktefortolling meir automatisert og effektiv enn i dag, sjå nærare omtale av Treff-satsinga. I 2020 utgjorde direktefortollingar 14 pst. av alle fortollingar, det same som i 2019.

Hovudmål 2: Aktørane i vareførselen oppfattar risikoen ved ikkje å etterleve lover og reglar som høg

Kontroll av vareførselen over grensa har òg som føremål å motverke ulovleg inn- og utførsel av varer, mellom anna varer som er farlege og restriksjonslagde. Dette gjer Tolletaten gjennom synleg nærvær som førebyggjer manglande etterleving, og ved å så langt som mogleg identifisere og stoppe dei som ikkje etterlever lover og regelverk for toll og vareførsel.

Tolletaten medverkar til at aktørane i vareførselen oppfattar risikoen ved ikkje å etterleve som høg. Dette skjer mellom anna gjennom etatens bruk av etterretningsinformasjon for målretta kontrollinnsats, synleg og fysisk nærvær på grensa, elektronisk nærvær gjennom utstyr med kamera og skiltattkjenning (ANPR), å vere synleg i media og kontroll av dokumentasjon før og etter grensepassering.

Tolletaten byggjer i stor grad kontrollen på risikoanalysar og etterretning for å avdekkje alvorlege lovbrøt og fortjenestemotivert, ulovleg inn- og utførsel. Kampen mot den organiserte kriminaliteten innan grensekryssande vareførsel har høg prioritet. Beslaga varierer frå år til år, og ein-skilde beslag kan gjere store utslag på årsresultatet. I 2020 førte koronapandemien til sterk reduksjon i den grensekryssande persontrafikken, noko som resulterte i ein betydeleg nedgang i beslagstala. Kontroll av post-, gods- og kurersendingar vart prioritert i 2020, og i godskontrollen har eit prioritert område vore å avdekkje smittevern-utstyr som ikkje held nasjonale standardar, samt falske medisinar.

Tolletaten har sidan 2012 nytta elektronisk utstyr med kamera og skiltattkjenning (ANPR). Systemet syner og registrerer køyretøy som passerer grensa, og det varslar mellom anna når

køyetøy mistenkt brukt til smugling, passerer ein grenseovergang. Etaten har fortlaupande bygd ut ordninga og slutførte i 2020 arbeidet med å etablere ANPR-løysinga ved alle landevegs grenseovergangar og ferjeterminalar med utanlandstrafikk. Røynsla med ANPR er god, og bruk av data frå systemet legg til rette for at etaten i større grad kan målrette kontrollen av vareførselen. Det vart gjort ei undervegsevaluering hausten 2020 som syner at ANPR har vorte eit sentralt verktøy i kontrollarbeidet. I evalueringa, som følgjer opp omtale i Prop. 1 LS (2016–2017), punkt 13.5.5, om ei evaluering av ordninga, er det mellom anna vurdert kva for ein effekt det har å auke eller redusere lagringstida frå seks månader. I følgje rapporten vil kortare lagringstid redusere samfunnsnytta av ANPR-ordninga. Ein auke i lagringstida vil kunne gje auka samfunnsnytta, men då i kombinasjon med ein tilsvarende auke i Toll-etatens evne til å gjere seg nytte av ANPR-dataene. Etaten skal innan utgangen av 2022 levere ei fullstendig evaluering av ordninga.

Tolletaten gjorde i 2020 brukarundersøkingar mellom næringsdrivande og reisande for å måle oppfatta risiko for oppdaging. Oppfatta risiko for oppdaging ved feildeklarering er relativt stabil mellom dei næringsdrivande, og brukarundersøkinga frå 2020 syner at 38 pst. opplevde risikoen for oppdaging ved feildeklarering som høg. Brukarundersøkinga mellom reisande syner mellom anna at 63 pst. opplevde at Tolletaten er synleg til stades, mot 57 pst. i 2019. Samstundes oppfatta nesten 50 pst. av dei spurde risikoen for oppdaging ved ulovleg innførsel som høg. Dette er ei betydeleg auke frå 35 pst. i 2019. Det er grunn til å tru at desse endringane kan henge saman med at Tolletaten og andre etatar har hatt meir synleg og uniformert nærvær på grensa under koronapandemien, og at mediedekninga av nærværet har styrkt effekten ytterlegare. Truleg har òg TV-serien «*Toll*» som inneheld informasjon om korleis etaten arbeider, verka positivt inn på resultatet.

Tabell 6.1 Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen

År	2018	2019	2020
Kontrollerte objekt	240 670	224 531	137 384
Tal på beslag	37 811	36 669	19 316
Tal på treff i kontroll av reisande	16 114	16 006	6 382
Tal på treff i kontroll av gods og kurér	594	631	622
Tal på treff i kontroll av transportmiddel	7 100	7 541	3 951
Tal på treff i kontroll av post	12 086	9 193	12 158
Tal på lovbrøt melde til politiet ¹	7 051	6 214	4 754
Tal på avdekte, alvorlege lovbrøt	609	637	406

¹ Lovbrøt melde til politiet, vert vurdert som alvorleg dersom det overstig ein fast definert terskelverdi for mengde varer.

Det samla talet på kontrollar og talet på beslag var vesentleg lågare i 2020 enn i 2019 og 2018, noko som må sjåast i samanheng med reduksjonen i grensekryssande trafikk under koronapande-

mien. Talet på treff er òg lågare enn i 2019, utanom tal på treff i kontroll av post som hadde ein auke i 2020. Oppgangen har samanheng med auka netthandel under pandemien.

Tabell 6.2 Tolletaten – grensek kontroll – beslagsstatistikk

År	2018	2019	2020
Tal på narkotikabeslag	4 222	3 736	2 897
Dopingmiddel (einingar)	155 000	106 943	80 762
Farmasøytiske preparat (einingar)	183 396	972 720	49 242
Brennevin ¹ (i liter)	50 899	35 927	31 365
Sprit ² (i liter)	106	562	1 625
Vin (i liter)	33 156	29 183	15 024
Øl (i liter)	315 864	229 440	161 839
Sigarettar (stk.)	12,9 mill.	8,9 mill.	10,5 mill.
Valuta NOK ³	10,3 mill.	6,0 mill.	6,3 mill.

¹ Alkoholvarer med alkoholprosent over 22 pst. t.o.m. 60 pst.

² Brennevin med meir enn 60 pst. alkohol

³ Valuta som er beslaglagd pga. mistanke om straffbare tilhøve

I 2020 gjorde Tolletaten om lag 19 300 beslag. Av desse galdt om lag 2 900 narkotika. Talet på narkotikabeslag var lågare enn i 2019, men nedgangen er forholdsmessig mindre enn nedgangen i det totale talet på beslag. I 2020 gjekk talet på beslag av brennevin, vin og øl markant ned, samanlikna med 2018 og 2019. Desse beslaga utgjer i stor grad beslag av mindre mengder alkohol frå reisande med fly, personbil eller ferje. Reduksjonen i talet på beslag er ei naturleg følgje av at den grensekryssande persontrafikken til Noreg var svært låg i store delar av 2020.

Det er over fleire år registrert ein voksende trend at reisande tek med seg medisinsk cannabis til Noreg frå Nederland. Tidleg i 2020 vart det registrert ein sterk auke, noko som kunne indikere at ein del var meint for vidaresal. Eit tett samarbeid med Statens legemiddelverk og nederlandske helsestyresmakter har medverka til at mengda av lovleg importert medisinsk cannabis er vorte redusert monaleg.

Hovudmål 3: Tolletaten støttar opp under verksemda til andre myndigheiter

Tolletatens nærvær på grensa inneber samarbeid med andre myndigheiter og aktørar, og etaten vart interessene deira i den grensekryssande vareførselen. I tillegg til eige regelverk, handhevar Tolletaten regelverket til 20 statlege myndigheiter i samband med den grensekryssande vareførselen. Etaten har òg eit formalisert og tett samarbeid med tollmyndigheitene i andre land.

Tolletaten gjekk i 2019 gjennom samarbeidet med andre norske myndigheiter og starta eit systematisk arbeid med å vidareutvikle og styrkje desse samarbeidsrelasjonane. Etaten vurderer metodar for å måle korleis samarbeidande myndigheiter opplever tenesteleveransane frå etaten. Evalueringar i 2020 tyder på at samarbeidet vart opplevt som godt.

Tolletatens rolle som samfunnskritisk verksemd vart meir tydeleg då grensa vart stengt som følgje av koronapandemien, særleg på området forsyningstryggleik. Etaten har òg hatt ei sentral rolle i samband med import av smittevernustyr, samt levert data om trafikk- og varestraumar på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Under pandemien har Tolletaten samarbeidd med politiet i samband med innføringa av indre grensek kontroll.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer resultatata i 2020 samla sett som gode. Tolletatens resultat for 2020 må sjåast i samanheng med koronapandemien og den store nedgangen i grensekryssande trafikk, som endra føresetnadene for deler av verksemda. Etter virusutbrotet vart hovudoppgåva til Toll-etaten å halde oppe og trygge vareførselen inn og ut av landet. Pandemien medverka òg til at samhandlinga mellom Tolletaten og fleire samarbeidande etatar vart betra og til at Tolletaten si beredskapsrolle vart gjort synleg. Finansdepartementet er nøgd med Tolletatens medverkande

innsats til forsyningstryggleiken, der etaten har vore i front med informasjon og bruk av data. Departementet er òg nøgd med etatens samarbeid og hjelp til politiet i samband med kontrollen på indre Schengen-grense og trekkjer særleg fram initiativ og medverkande innsats til planen for stenging av grensestasjonar.

Departementet er nøgd med at etaten i 2020 har arbeidd med ei rekkje tiltak for å gjere Toll-etaten meir effektiv og utviklingsorientert. Mellom anna gjennomførte Tolletaten i 2020 ei omorganisering av etaten frå seks regionar og direktorat til to operative, landsdekkjande fagdivisjonar (grensedevisjonen og vareførselsdivisjonen) og eit direktorat med fire fagdivisjonar (divisjonar for administrering, etterretning, IT og juss). Etaten har òg innført ny etatsutdanning og fullførte utbygginga av skiltgjenkjennande kamera (ANPR) i 2020. Treff-satsinga vart replanlagt på ein god måte, inkludert oppfølginga av ICS2 (EUs importkontrollsystem). Kva gjeld ICS2, leverte Tolletaten fyrste leveranse innan fristen i mars 2021. Treff-satsinga er eit krevjande utviklingsprosjekt, og det er avgjerande at etaten held fram med å ha stor merksemd på gjennomføringa av ho.

Viktige utfordringar

Tolletatens evne til å løyse samfunnsoppgdraget vert utfordra av stadig større volum og meir samansette varestraumar som skal kontrollerast. Dette inneber krevjande prioriteringar i Toll-etaten. Etaten må arbeide systematisk for å nytte tildelte ressursar og tilgjengelege verkemiddel på ein effektiv måte.

Tolletaten vil prioritere å digitalisere verksemda og utvikle eit nytt hovudlaup for næringslivet for innførsel av varer. Mellom anna er ANPR-ordninga og Treff-satsinga viktige for å lukkast med dette. Etaten må i større grad nytte IKT som verkemiddel for å gjere det enklare for reisande og næringslivet, samt å effektivisere interne prosessar.

Tolletaten har over tid hatt eit stort behov for endring og utvikling og har dei siste åra hatt eit høgt aktivitetsnivå knytt til mellom anna omorganisering og digitaliseringsprogram. I tida framover er det i fyrste rekke behov for konsolidering og å få dei gjennomførte endringane til å fungere godt.

I oktober 2020 vart siste del av omorganiseringa av Tolletaten sett i verk. Departementet meiner det er vesentleg at etaten framover utnyttar moglegheitene som følgjer av ny organisering,

mellom anna ved å tryggje god samhandling i organisasjonen. Den nye organiseringa er viktig for at etaten skal kunne tilpasse seg endringar i varestraumane, samt utvikle seg vidare innan automatisering og digitalisering. I tillegg er ny organisering viktig for innretning av kontrollarbeidet og effektivisering av prosessar i tråd med dei måla og samfunnseffektane etaten skal oppnå.

Kompetanse er òg viktig for utvikling av etaten. Etatsutdanninga er evaluert og endra til eit bachelorstudium. Hausten 2021 starta det fyrste kullet på det treårige bachelorstudiet i toll, vareførsel og grensekontroll ved Universitetet i Stavanger. Saman med etter- og vidareutdanning skal studiet dekkje etatens kompetansebehov for å løyse eit stadig meir komplekst samfunnsoppgdrag, samt gje Tolletatens medarbeidarar betre moglegheiter for kompetanse- og karriereutvikling.

Tolletaten har identifisert område der etaten må forbetre den interne styringa og kontrollen. I 2020 gjennomførte Tolletaten fleire tiltak for å styrkje styring og kontroll av etaten. Ved ny organisering vart roller, ansvar, fullmakter og oppgaver definert, og kritiske grensesnitt mellom divisjonane klargjorde. Arbeidet med å dokumentere interne føringar i form av styrande dokument held fram i 2022.

Koronapandemien har påverka Tolletatens oppgåveløysing i 2020 og 2021. For 2022 er det venta ein meir normalisert samfunnssituasjon, men effektar av pandemien vil fortsatt kunne påverke oppgåveløysinga og kontroll- og beredskapsnivået.

Mål og prioriteringar i 2022

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for Tolletaten for 2022:

- Det er enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for grensekryssande vareførsel.
- Aktørane i vareførselen oppfattar risikoen ved ikkje å etterleve som høg.
- Tolletaten støttar opp under verksemda til andre myndigheiter.

Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Tolletaten som legg vekt på dei samla effektane av verkemidla etaten bruker. Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Tolletaten i samband med utforminga av tildelingsbrevet frå departementet til etaten for 2022. Departementet ventar at resultatata i 2022 samla sett skal vere minst like gode som i 2020. I resultatvurderinga

vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda.

Tolletaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet. Etaten må nytte kontrollressursane på best mogleg måte og prioritere på grunnlag av risikovurderingar. Departementet forventar at etaten prioriterer betre utnytting av teknologi og sørgjer for rett kompetanse til dei ulike oppgåvene han skal løyse.

Viktige prioriteringar i 2022 vert:

Digitalisert systemstøtte på kontrollområdet og ekspressfortolling

I 2019 samla Tolletaten prosjektet for å digitalisere systemstøtta på kontrollområdet og prosjektet for ekspressfortolling i ei satsing – *Treff-satsinga*. Sjå omtale i Prop. 1 S (2018–2019). Satsinga inneber å etablere både ny og forbetra systemstønad for oppgåver i alle ledd av Tolletatens kontrollprosessar og ei ny løysing for deklarerering og automatisk fortolling av varer på grensa (ekspressfortolling). I Prop. 1 S (2019–2020) for Finansdepartementet vart det varsla om at Treff-satsinga var forseinka. Det vart gjennomført ein full gjennomgang av satsinga fyrste halvår av 2020, sjå omtale i Prop. 1 S (2020–2021). Teknisk og organisatorisk tilrettelegging for ICS2 (EUs importkontrollsystem) er no lagt inn i Treff-satsinga.

Etter at Treff-satsinga gjennom fyrste halvår av 2020 har vorte replanlagt, starta programmet opp igjen hausten 2020 med særleg merksemd på etablering av systemstøtte for ICS2 fase 1 og oppgåver knytt til utfasing av Tolletatens eksisterande kontrollstøtteverktøy. Samstundes vart det arbeidd med å revidere tryggleiksavtalen mellom Noreg og EU (EØS-avtalen, protokoll 10, kapittel IIa) frå 2009. Tryggleiksavtalen knyter Noreg til EU sitt tryggleikssområde. Avtalen inneber at Noreg må innføre tiltak på lik line med dei tiltaka EU vil innføre for medlemslanda sine, sjå omtale i Prop. 1 S (2020–2021).

Den reviderte tryggleiksavtalen mellom Noreg og EU vart implementert i februar 2021, og fyrste fase av ICS2 som omhandlar ekspressfrakt og post, vart sett i verk 15. mars 2021. Gjenstående leveranse av fyrste fase er planlagt gjort i 2021, og andre fase vil verte sett i verk i mars 2023.

Gjennom Treff-satsinga vert det òg utvikla nye analyse- og etterretningsverktøy for støtte til alle kontrollprosessar i Tolletaten. I laupet av 2019 og 2020 vart det levert plattform og løysingar for søk og analyse, samt støtte for digitalisering av hand-

saminga av kurérmanifest. Desse er tekne i bruk i etaten og vart i 2020 utvida gjennom leveranse av ei elektronisk mottaksløysing for informasjon frå næringslivet. Det vart òg arbeidd med å lage ny løysing for kontroll og intern etterretningsrapportering, slik at ein kan starte med utfasing av dei gamle systema frå 2022. Gjennom 2021 skal det òg etablerast ein nettverksanalyseløysing for etterretningsområdet. I 2022 er det planlagt etablering av løysing for sentral risikovurdering og første versjon av ei løysing for melding og framlegging for innførsel av varer.

Innanfor Treff-satsinga er det vidare gjennomført eit prøveprosjekt med digital informasjonsinnhenting og automatisert grensepassering ved Ørje tollstad (ekspressfortolling). Løysinga er vidareutvikla med fleire prosedyrar, og prøvinga vart utvida til Svinesund tollstad hausten 2020. Prosjektet er evaluert fyrste halvår av 2021. Evalueringa syner at konseptet er godt, men det er eigenskapar med løysinga som kan forbeholdt slik at dei næringsdrivande i større grad tek ho i bruk. Ein vidare strategi for å handtere dette er under arbeid og vil verte sett i verk gjennom Treff-satsinga.

Kostnadsramma for Treff-satsinga er etter replanlegginga 838,3 mill. kroner (2022-kroner), der 183,2 mill. kroner er Tolletatens eigenfinansiering. Gjennomføringsperioden er frå 2019 til 2024. For 2022 er det sett av 123,2 mill. kroner til Treff-satsinga. I tillegg er det sett av 39,8 mill. kroner til driftskostnadar for dei delane av systema som er sette i drift.

For Treff-prosjektet kan det verte bruk for avtalar som går utover budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om at Tolletaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor kostnadsramma som er gjeve ovanfor, jf. framlegg til romartalsvedtak V.

Etablering og oppfølging av ny eining for passasjeropplysningar (PNR-direktivet)

EU har vedteke PNR-direktivet om innhenting av opplysningar om flypassasjerar (Passenger Name Record – PNR-opplysningar) for å førebyggje, oppdage, etterforske og straffeforfølgje terrorhandlingar og alvorleg kriminalitet.

Det pågår eit arbeid med å etablere ei nasjonal løysing for innhenting og bruk av PNR-opplysningar. I den nasjonale løysinga skal det, i samsvar med PNR-direktivet, verte etablert ei eining som skal motta, lagre og analysere PNR-opplysningar (PIU). I eininga skal politiet, PST og Tolletaten delta.

PST gjennomfører i 2021 eit hovudprosjekt for etablering av eininga, der Tolletaten deltek. Eininga er planlagt å vere operativ frå 1. januar 2022 og med full drift frå 1. juli 2022.

Ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift

Finansdepartementet sende i 2019 framlegg til ny lov om inn- og utførsel av varer og ny lov om tollavgift på høyring. Dei nye lovene skal erstatte tollova. Tolletaten har vore involvert i arbeidet med framlegg til nye lover og oppfølging av høyringa. Proposisjon med lovforslag vart lagt fram for Stortinget 17. september 2021. Staten er i gang med å utarbeide forskrifter til dei to nye lovene, og desse skal sendast på høyring. Fastsetjing av forskrifter og utarbeiding av rettleiingar og informasjonsmateriale, samt naudsynte systemtilpassingar, vert viktig arbeid i 2022.

Budsjett for 2022

Departementet foreslår å setje utgiftsramma for Tolletaten til 1 794 mill. kroner. Dette er 3,7 pst. høgare enn saldert budsjett 2021. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Kap. 4610 Tolletaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Særskilt vederlag for tolltenester	7 721	5 493	7 600
02	Andre inntekter	1 491	1 698	2 200
04	Ymse refusjonar	7 208	1 099	1 100
05	Refusjon frå Avinor AS	25 856	25 875	26 300
85	Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	16 352	17 200	23 000
	Sum kap. 4610	58 628	51 365	60 200

Post 01 Særskilt vederlag for tolltenester

Posten omfattar gebyr for privatrekvirert tollbehandling og ekspedisjonsgebyr for utført tollforretning utanfor kontorstad og ekspedisjonstid. For å dekkje dei meirkostnadane som denne behandlinga og ekspederinga fører med seg ved høgare aktivitetsnivå enn det som er føresett, ber

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter og er budsjettert til 1 627,4 mill. kroner. Det er ein auke på 2,1 pst. frå saldert budsjett 2021.

Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, postane 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, 04 *Ymse refusjonar* og 05 *Refusjonar frå Avinor AS*, jf. nærare omtale nedanfor.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større vedlikehald, utskiftingar og kjøp av utstyr til grensekontrollen og IT-føremål. Posten er budsjettert med 166,7 mill. kroner. Det er 30,5 mill. kroner høgare enn saldert budsjett 2021. Ein stor del av 2022-framlegget gjeld vidareføring av prosjekta for digitalisert systemstøtte på kontrollområdet og ekspressfortolling, jf. nærare omtale foran.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyvt, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om ei bestillingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Satsane for privatrekvirert tollbehandling skal i 2022 vere 480 kroner for 50 pst. overtid og 620 kroner for 100 pst. overtid. Ekspedisjons-

gebyret skal vere på 240 kroner per påbyrja halvtime. Gebyrheimel er tollova § 4–3 tredje ledd. Kostnadsgrunnlaget er nyleg gjennomgått og vurdert å samsvare bra med gebyrnivået.

Post 02 Andre inntekter

Posten omfattar fleire typar inntekter, som til dømes inntekter frå auksjonssal av varer som er forsøkt smugla inn i landet eller varer på tollager som ikkje har vorte tollbehandla, innkravde sakskostnadar og agio.

Tolletaten har ein del direkte utgifter i samband med auksjonssal, særleg til kunngjeringar, provisjon til nettauksjonsstaden og til taksering av særskilde varer, til dømes teppe og smykke. Slike utgifter er med på å gje høgare salsinntekter. For å få eit meir korrekt uttrykk for salsresultatet foreslår departementet at slike direkte utgifter kan trekkjast frå brutto salsbeløp (nettoposterast), jf. framlegg til romartalsvedtak IX.

Post 04 Ymse refusjonar

Posten vert brukt til inntekter som er ei direkte følgje av, og av same slag som, den tilsvarende utgifta. Det gjeld mellom anna bestemte prosjekt etter oppdrag og med tilskot frå andre statlege etatar, kompetansetiltak m.m. og inntekter frå kursverksemd for næringslivet.

Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 04 *Ymse refusjonar*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 05 Refusjon frå Avinor AS

Avinor AS skal dekkje Tolletatens meirkostnader til ordninga med enklare prosedyrar ved flybytte

på Oslo lufthamn (forenkla transfer). Refusjonar frå Avinor AS vert førte på denne posten. Fordi meirkostnadane og dermed òg refusjonsbeløp er noko usikre, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 05 *Refusjon frå Avinor AS*, jf. framlegg til romartalsvedtak II.1.

Post 85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr som vert ilagde ved ulovleg ut- og innførsel av valuta, gebyr for brot på nærare angjeve føresegner i tollova kapittel 3 og 4 og tvangsmulkt for brot på nærare angjeve føresegner i tollova kapittel 13.

Valuta og andre betalingsmiddel med ein verdi på meir enn 25 000 kroner skal meldast og leggjast fram for Tolletaten ved inn- og utførsel i samsvar med tollova med forskrift. Når det er konstatert brot på deklareringsplikta, kan det ileggjast eit gebyr, eventuelt kan tilhøvet meldast til politiet. Gebyret kan utgjere opp til 30 pst. av det ikkje-deklarererte beløpet.

Ved brot på nærare angjeve føresegn i tollova kapittel 3 og 4, for manglande medverknad til kontroll og utskrivning av uriktig opphavsbevis m.m., kan det ileggjast eit gebyr. Ramma for gebyret er regulert i forskrift.

Ved brot på nærare angjeve føresegn i tollova kapittel 13, om krav til å gje opplysningar m.m., kan det ileggjast ei dagleg, laupande tvangsmulkt fram til opplysningane vert gjevne.

Inntektene på post 85 er vanskelege å budsjettere sidan dei i stor mon avheng av åtferda hos reisande og transportørar. Sidan det var lågare reiseaktivitet i 2021 enn vanleg, som følgje av koronapandemien, reknar ein med noko høgare inntekter her enn i 2021.

Kap. 1618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	6 377 346	7 045 422	7 102 061
21	Spesielle driftsutgifter	188 729	199 300	264 800
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overføres</i>	359 048	346 000	616 800
23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	94 565	96 706	97 638
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	190 506	91 200	143 400
70	Tilskot	4 633	5 700	6 433
	Sum kap. 1618	7 214 827	7 784 328	8 231 132

Samfunnsoppdrag og organisering


Skatteetaten skal sikre eit finansielt hovudgrunnlag for offentleg verksemd.

Skatteetaten består av eit direktorat og seks divisjonar med landsdekkjande ansvar for kvar sine fagområde. Etaten har 57 skattekontor fordelt rundt i landet. Skatteoppkrevjarfunksjonen vart overført frå kommunane til Skatteetaten 1. november 2020. Om lag 1 000 personar med ansvar for arbeidsgjevarkontroll, skatteinnkrevjing og skatterekneskap vart då overførte frå kommunane til Skatteetaten. Skatteetaten har no eit heilskapleg ansvar for fastsetjing, innkrevjing

og kontroll av skattar og avgifter. Etaten hadde per 31. desember 2020 ei bemanning tilsvarande 7 241 årsverk.

Resultat i 2020

Fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter er krevjande prosessar. Desse prosessane byggjer på prinsippet om eigenfastsetjing og føreset omfattande bruk av tredjepartsopplysningar, registerinformasjon av god kvalitet, velfungerande og effektive IT-system og god dialog med dei skattepliktige. Figuren under gjev ei forenkla framstilling av denne prosessen.



Figur 6.1 Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter

Skatteetatens resultat vert vurderte ut ifrå tre hovudmål. Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Skatteetaten som i større grad legg vekt

på dei samla effektane av verkemidla etaten bruker, og i mindre grad på aktivitetar.

Hovudmål 1: Dei skatte- og opplysningspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane

Dei skatte- og opplysningspliktige skal oppleve at ordningane til etaten legg til rette for enkel og riktig registrering, rapportering og innbetaling. Skatteetaten skal likebehandle dei skattepliktige og avdekkje og korrigere uriktige og manglande opplysningar.

Tabell 6.3 syner fastsett proveny for dei viktigaste skatteartane. Skatteetaten bidrog i 2020 til eit proveny på til saman 1 175,4 mrd. kroner frå direkte og indirekte skattar. Samla proveny var 100,5 mrd. kroner mindre enn i 2019. For personlege skattytarar auka provenyet med 77,1 mrd.

kroner. Det meste av auken kjem av at forskotsskatt for 2019 (62,2 mrd. kroner) vart bokført i desember 2018, medan utskriven forskotsskatt for 2020 vart bokført i januar 2020. Provenyet for upersonlege skattepliktige (aksjeselskap m.m.) auka med 13,8 mrd. kroner. Petroleumsskatt vart redusert med 184,8 mrd. Redusert petroleumsskatt kjem mellom anna av dei mellombelse skatteendringane som vart vedtekne våren 2020, jf. Prop. 113 LS (2019–2020) og Innst. 351 L (2019–2020). Det vart skrivne ut negativ terminskatt for 2020. Nærare omtale finst i Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*.

Tabell 6.3 Skatte- og avgiftsproveny (i mrd. kroner)

	2018	2019	2020
Personleg skattepliktige ¹	573,3	473,6	550,7
Upersonleg skattepliktige	79,2	86,4	100,2
Meirverdiavgift	295,0	306,9	310,3
Særavgift	95,7	93,5	93,3
Kjeldesatt ²	4,8	4,9	2,4
Tvangsmulkt (skatt)	0,5	0,5	0,1
Finansskatt	1,9	2,0	2,0
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	139,2	123,9	-60,9
Avgift på arv og gåver ³	0,0	0,0	0,0
Arbeidsgjevaravgift	173,4	184,2	177,3
Totalt skatte- og avgiftsproveny	1 363,0	1 275,9	1 175,4

¹ Kommune, fylke, stat og folketrygd samla.

² Artistiskatt og kjeldesatt på utbyte til utanlandske aksjonærar.

³ Beløp mellom 0,0 og 0,1 mrd. kroner.

Dei store fastsetjings- og innkrevjingsprosessane har i 2020 vore gjennomførte med tilfredsstillande kvalitet og utan vesentlege avvik. Kvaliteten på tredjepartsopplysningane som er grunnlag for både skattekort og den førehandsutfylte skattemeldinga, har vore god.

Analysar av etterleving

Skatteetaten analyserer stadig etterlevinga hos dei skattepliktige og utviklinga over tid. Ein effektindikator gjev eit kvalitativt eller kvantitativt uttrykk for høvet mellom innsats eller aktivitet og

det resultatet eller den samla effekten som Skatteetatens verkemiddel gjev.

For 2020 hadde etaten fire effektindikatorar under hovudmål 1, knytte til etterleving: riktig registrering i pliktige register, korrekte og fullstendige opplysningar, betaling til rett tid og del verksemder som opplev lite eller svært lite sannsyn for oppdaging.

Til dei pliktige registra vert rekna Folkeregisteret, meirverdiavgiftsregisteret og aksjonærregisteret. Ei samla vurdering viser at det i hovudsak er ei positiv utvikling når det gjeld riktig registrering i desse registra.

Del rettidig leverte skattemeldingar frå næringsdrivande personar og selskap har vore lågare i 2020 enn i 2019, sjølv om fristen for levering vart utsett frå 31. mai til 31. august som følgje av koronapandemien. Del rettidig leverte mva-meldingar vart òg redusert. Den negative utviklinga har truleg samanheng med dei økonomiske verknadene koronapandemien har hatt på samfunnet og avgjerda om å ikkje ileggje tvangsmulkt for forsinka skattemelding i 2020. Skatteetaten har innvilga ei rekkje utsette betalningar i 2020 på grunn av pandemien. Per 18. august 2021 var det innvilga om lag 41 000 søknader om betalingsutsetjingar. Delen rettidige innbetalningar vil difor verte redusert òg i 2021 og kan hende i 2022 òg. Det er òg grunn til å tru at talet på konkursar vil auke når dei mellombelse betalingsutsetjingane forfell. Etaten har sett i verk tiltak for å handtere innkrevjinga av utsette skattar og avgifter framover.

Kvaliteten på innrapporterte grunnlagsdata som vert leverte som grunnlag for den førehandsutfylte skattemeldinga, har vore god. Del rettidig betaling på skatt- og meirverdiavgiftsområdet viser ei betre etterleving enn året før. Som tidlegare år er det noko variasjon mellom dei ulike kravtypane. Del rettidig betalt har auka for forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift og restskatt for upersonlege skatteytarar, men har gått noko ned for dei andre skattartene og for meirverdiavgifta.

Opplevd oppdagingsrisiko

Skatteetaten gjennomfører årleg på våren ei spørjeundersøking (Sero) som mellom anna måler opplevd oppdagingsrisiko hos eit utval verksemder. Delen som opplever liten eller svært liten oppdagingsrisiko ved å ikkje rapportere alle skattar og avgifter, var 25 pst. i 2020. Dette er om lag same resultat som dei fire åra før. Grunna ynskje om auka innsikt om haldningar i næringslivet under ein krisesituasjon, vart det i tillegg gjennomført ei undersøking hausten 2020. Resultata frå dei to undersøkingane viser ein klårt høgare del som opplever liten risiko for å verte oppdaga i laupet av 2020 – frå 25 pst. på våren til 30 pst. på hausten. Skatteetaten vil følgje opp utviklinga framover.

I Sero-undersøkingane vert òg opplevd oppdagingsrisiko i ulike bransjar målt. Bygge- og anleggsbransjen er den bransjen som, i samsvar med 2019-resultata, har oppgjeve lågast risiko for å verte oppdaga. Denne bransjen har vore ei prioritert målgruppe i arbeidet mot arbeidslivskriminalitet.

Ei undersøking av proffmarknaden i bygg og anlegg viser at klårt færre i bransjen opplever svart arbeid og arbeidslivskriminalitet som svært vanleg eller ganske vanleg i 2020 enn i 2015. Resultata frå desse undersøkingane bør vurderast over tid før ein kan trekkje klare konklusjonar om utviklinga.

Skatteetaten har i 2020 arbeidd mykje med oppfølging av regjeringa sin strategi mot arbeidslivskriminalitet. Måla for dette arbeidet er å redusere kapasitet og intensjon monaleg hos sentrale trusselaktørar, setje utanlandske arbeidstakarar i stand til å ivareta sine rettar og oppfylle sine plikter, samt sikre at oppdragsgjevarar og forbrukarar ikkje bidreg til a-krim ved kjøp av varer og tenester. Etaten samarbeider med relevante etatar gjennom dei sju a-krimsentra og i Nasjonalt tverretatleg analysesenter (NTAES). I tillegg deltek etaten i internasjonale samarbeid.

Ny skattemelding for lønstakarar og pensjonistar

Ny skattemelding for lønstakarar og pensjonistar vart, som ein del av Sirius-prosjektet, lansert i mars 2020 til 3,4 millionar skattepliktige. Den nye skattemeldinga har vore utvikla ytterlegare for inntektsåret 2020, og løysinga dekte 4,2 millionar skattepliktige dette inntektsåret. Førebelse erfaringar og vurderingar er at den nye skattemeldinga gjev forventa gevinstar, mellom anna betre støtte til dei skattepliktige si eigenfastsetjing, meir korrekte eigenfastsette skattemeldingar og redusert saksbehandlingsbehov.

Ny løysing for mva-registrering

Som ein del av arbeidet med nytt IT-system for meirverdiavgift (Memo) vart ein fyrste versjon av ny løysing for meirverdiavgiftregistrering lansert i 2020, med tilhøyrande ny saksbehandlarløysing. Sidan tenesta opna i 2020 er per 1. august 2021 ca. 25 000 verksemder vorte registrerte, av desse er om lag 93 pst. behandla automatisk. Dette utgjer om lag 50 pst. av alle nyregistreringar i perioden. Ny registreringsløysing gjev ein positiv effekt på kvaliteten, og brukarane opplev at saksbehandlingstida er redusert. I tillegg har etaten arbeidd med ny mva-melding.

Saksbehandlingstid for klager

I 2020 vart 84,7 pst. av sakene på skattekontora behandla innan 3 månader. I saker der skattekontoret ikkje finn å gje klagar medhald, vert klaga hovudsakleg sendt til Skatteklagenemnda

for avgjerd. Av sakene som vart sende til nemnda for avgjerd, hadde 12,6 pst. ei samla saksbehandlingstid på under åtte månader, noko som var betre enn året før. Klager i saker med lav provenyeffekt eller av særskilte sakstyper, vert avgjort av Skattedirektoratet. Saksbehandlingstida for desse sakene ligg, i all hovudsak, innanfor målkrava.

Restansane ved sekretariatet til Skatteklagenemnda stabiliserte seg noko gjennom 2019 og vart noko mindre gjennom 2020. Frå 2018 til 2020 er det totale talet på ubehandla saker redusert frå 2 550 til 2 081. Samla saksbehandlingstid for sakene som vert sende til nemnda, er framleis for lang. Saksproduksjonen i sekretariatet har i 2020 vore negativt påverka av koronapandemien sidan heimekontor har gjort saksbehandlinga meir krevjande. Skattedirektoratet er i kontinuerleg dialog med sekretariatet om restansesituasjonen. Sjå nærare omtale under kap. 1619 Skatteklagenemnda.

Hovudmål 2: Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet

Det offentlege og andre brukarar har behov for registerdata og informasjon frå Skatteetaten i sitt arbeid. Skatteetaten skal ha ei effektiv og sikker innsamling, gjennomarbeiding og tilgjengeliggjering av slik informasjon nasjonalt og internasjonalt. Registera er òg eit viktig grunnlag for Skatteetaten si evne til å fastsetje skattane riktig og til rett tid.

For 2020 hadde etaten to effektindikatorar under hovudmål 2: tilgang på formålstenleg informasjon for brukarane og registerdata og informasjon frå Skatteetaten av god kvalitet. Tilgang til registerdata og informasjon har i all hovudsak vore god. Tenestene som vert brukte av eksterne, har vore tilgjengelege mellom 99 og 100 pst. av tida. Kvaliteten på registerdata og informasjon vert vurdert som god.

Nytt modernisert folkeregister ferdigstilt

I 2020 vart eit nytt modernisert folkeregister lansert. Moderniseringa har vore eit av dei største utviklingsprosjekta i etaten. Resultatet er ei ny modernisert utforming, betre kvalitet i opplysningane og raskare og automatisert saksbehandling for Skatteetaten og andre brukarar av registeret. Ei innsynsløysing for innbyggjarar, der ein kan sjå egne opplysningar, vart òg utvikla og er lansert i 2021. Det er òg gjennomført ei opprydding i d-nummer-databasen. Etaten har òg arbeidd aktivt for å leggje til rette for deling av data på ein sikker

og effektiv måte i tråd med teieplikt og personvern.

Ei brukarundersøking syner at 72,9 pst. av dei profesjonelle brukarane av Folkeregisteret er nøgde med kor godt og tilgjengeleg registeret er. Folkeregisteret var tilgjengeleg for brukarane tilnærma utan avbrot i heile 2020, men overgangen til ny modernisert løysing har gjeve nokre utfordringar som har ført til tidvis lengre saksbehandlingstid enn venta for nokre meldingstypar.

Tredjepartsopplysningar

Kvaliteten på tredjepartsopplysningar som vert nytta i den førehandsutfylte skattemeldinga, vert vurdert som gjennomgåande høg og utan vesentlege avvik. Heile 99,7 pst. av tredjepartsopplysningane vert leverte med riktig kvalitet til riktig tid. Den formelle datakvaliteten i a-ordninga er god og utvikla seg i 2020 positivt med færre feil enn tidlegare. For inntektsopplysningar er datakvaliteten svært god.

Hovudmål 3: Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Skatteetaten skal forvalte regelverk og tilby brukartenester for å vareta dei rettar og plikter som dei skatte- og avgiftspliktige har. Dei skatte- og opplysningspliktige skal møte profesjonell og effektiv saksbehandling, få god informasjon og oppleve at informasjonen deira vert forvalta på ein god og trygg måte.

For 2020 hadde etaten fire effektindikatorar under hovudmål 3: at dei skattepliktige har tillit til Skatteetaten si utøving av mynde, at dei skattepliktige opplever at rettar og plikter vert tekne vare på, at dei skatte- og opplysningspliktige opplever at informasjon vert forvalta på ein trygg måte, og at dei skatte- og opplysningspliktige opplever profesjonell og effektiv saksbehandling og at dei får god informasjon.

Skatteetaten gjennomfører årlege undersøkingar hos privatpersonar og bedrifter for å kartleggje deira inntrykk av Skatteetaten. Undersøkingane frå 2020 syner at ein stor del av brukarane har høg tillit til korleis Skatteetaten utøver mynde, og til at deira rettar vert tekne vare på. Resultata er gjennomgåande noko betre enn for 2019. Heile 84 pst. av dei spurde personane har høg tillit til at Skatteetaten forvaltar informasjon på ein trygg måte. Dette er det høgaste resultatet etaten har hatt. Framleis er det noko låg tillit til at skattemyndigheitene sikrar at andre verksemder betalar riktig skatt, sidan berre 50 pst. har svart at dei har «stor» eller «svært stor» tillit.

Arbeid med koronatiltak

Skatteetaten har i 2020 utvikla og forvalta fleire mellombelse koronatiltak, både innanfor og utanfor skatteområdet: mellombels tilskotsordning for føretak med stor reduksjon i omsetnaden (kompensasjonsordninga for næringslivet), mellombels tilskotsordning for arbeidsgjevarar i tiltakssona og på Svalbard, mellombels tilskotsordning ved avbroten permittering (lønsstøtteordninga), den forenkla ordninga for mellombelse betalingsutsetjingar etter skattebetalingslova § 15-4 (utsetjingsordninga), og dei materielle skatteordningane. I tillegg vart innkrevjing av skattar og avgifter for næringsdrivande i stor utstrekning sette på hald i mars 2020 som følgje av koronasituasjonen, men vart seinare sett i gang igjen. I mellombels instruks for innkrevjingsarbeidet ved koronapandemien vart det gjeve føringar om å setje dette på vent. Dei sentrale omsyna bak instruksen er smittevern, kapasitet hos Skatteetaten, skatteoppkrevjarane og andre offentlege etatar (tingrettar, alminneleg namsmann), og dessutan omsyn til likviditeten hos privatpersonar og næringsverksemder. Etaten har òg, ved at det var mogeleg å tilbakeføre underskot i 2020 mot skatta overskot i 2018/2019, lagt til rette for at selskap mellombels kan få utnytte skatteverdien av selskapsunderskotet i 2020, på inntil 30 mill. kroner, tidlegare enn om dei skulle framført underskotet mot overskot seinare inntektsår. Arbeidet med nemnde koronatiltak har kravt store ressursar i etaten i 2020.

I kompensasjonsordninga for næringslivet for perioden mars–august 2020 har etaten per 31. desember 2020 motteke 100 139 søknadar. Av desse har 78 940 søknadar vorte godkjente (79 pst.) og 21 199 avslått (21 pst.). I 2020 vart det utbetalt til saman 6,9 mrd. kroner til 34 332 verksemder. Trass i nokon einskildsaker meiner etaten at det ikkje er indikasjonar på omfattande misbruk av ordninga. I mellombels tilskotsordning for arbeidsgjevarar i tiltakssona og på Svalbard har etaten utbetalt til saman 160,1 mill. kroner i støtte per 31. desember 2020. I lønsstøtteordninga for perioden juli–desember 2020 har etaten per 31. desember 2020 innvilga 2 366 søknadar av til saman 3 039. Samla utbetalt støtte i 2020 i lønsstøtteordninga er 162,6 mill. kroner. Lønsstøtteordninga er vedtatt vidareført for perioden mars–august 2021. Etaten vil i 2021 gjennomføre etterkontrollar av innvilga tilskot.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer Skatteetatens resultat i 2020 samla sett som tilfredsstillande, sett i lys av eit krevjande år med koronapandemi. Etaten har måtta gjere svært vanskelege prioriteringar. Kjerneoppgåvene og arbeidet med koronatiltak har hatt høgaste prioritet og lagt beslag på store ressursar. Departementet meiner etaten har gjort gode og heilskapelege prioriteringar, samt vist stor fleksibilitet i koronasituasjonen.

Overføringa av skatteoppkrevjinga frå kommunane er gjennomført på ein god måte. Dei store fastsetjings- og innkrevjingsprosessane har vore gjennomførte utan vesentlege avvik og med tilfredsstillande kvalitet. Departementet meiner det er svært positivt at etaten fekk gjennomført produksjonen under skattemeldingsperioden på ein gode måte rett etter virusutbrotet. Etaten har i hovudsak gode resultat på styringsparametrane.

Analysar og evalueringar peiker i retning av at etatens aktivitetar og bruk av verkemiddel på områda arbeidslivskriminalitet, frivillig retting og rettidig levering har effekt på etterlevinga. Samstundes underbyggjer negativ utvikling i 2020 for rettidig levering av skattemeldingar frå næringsdrivande personar og selskap at etaten framleis må vektleggje arbeid med auka etterleving på dette området. Departementet ventar òg at utsette fristar for innbetaling av skattar og avgifter som følgje av koronasituasjonen, vil gjere innkrevjingsarbeidet meir krevjande framover.

Undersøkingar syner at brukarane av Folkeregisteret er nøgde med kvaliteten på innhaldet i registeret. Registeret er godt tilgjengeleg.

Brukarundersøkingar tyder òg på at befolkninga og verksemdene har høg tillit til Skatteetaten. Dette er ein viktig føresetnad for etterleving av skatte- og avgiftsreglane.

Utviklinga i klagesaksbehandlingstida i etaten er positiv. Redusert saksbehandlingstid i etaten bidreg til at samla saksbehandlingstid vert redusert. Skattedirektoratet må framleis følgje opp sekretariatet for Skatteklagenemnda sitt arbeid med å redusere restansane.

Skatteetaten har ein stor og kompleks utviklingsportefølje. Departementet meiner etaten har arbeidd godt med utviklingsprosjekta i 2020, sjølv under krevjande forhold med stor bruk av heimekontor. Kjerneoppgåvene og arbeidet med koronatiltak har hatt høgaste prioritet, og fleire viktige utviklingsoppgåver er utsette. I 2020 har etaten lansert ny skattemelding for lønstakarar og pensjonistar, tatt i bruk nytt modernisert folkeregister, og den fyrste versjonen av ny mva-

registreringsløysing er lansert med tilhøyrande ny saksbehandlingsløysing for mva-registrering.

Departementet meiner etaten sitt arbeid med dei mellombelse koronatiltaka har vore god. Etaten må framleis gjere gode risikovurderinga av korleis koronasituasjonen påverkar etaten og naudsynte prioriteringar framover.

Viktige utfordringar

Finansdepartementets styring av Skatteetaten har eit fleirårig perspektiv. Evna etaten har til å oppfylle samfunnsoppdraget og nå måla sine, avheng både av utanforliggjande forhold og dei interne prosessane og oppgåveløysinga i etaten.

Departementet ventar at utsette fristar for innbetaling av skattar og avgifter som følgje av koronapandemien, vil kunne gjere innkrevjingsarbeidet til etaten meir krevjande framover. Innkrevjingsarbeidet vil òg verte påverka av den økonomiske situasjonen til næringslivet. Det høge talet betalingsutsetjingar medfører òg risiko for provenytnap.

Framover vil det framleis vere viktig at etaten vektlegg arbeidet for auka etterleving. Skatteetaten må arbeide systematisk for at kontrollnivået skal vere tilstrekkeleg høgt og at kontrollar vert gjennomførte på ein planmessig og heilskapleg måte, basert på gode risikovurderingar. Skatteetaten vil til ei kvar tid vekte kontrollnivået opp mot andre aktivitetar som kan betre etterlevinga.

Skatteetaten har gjennomført fleire større omstillingsprosessar sidan 2014. Departementet meiner det er vesentleg at etaten framover utnyttar moglegheitene som følgjer av ny organisering og dei nye oppgåvene, mellom anna sikre god samhandling i organisasjonen.

Ifølgje Nasjonal tryggleiksmyndigheit (NSM) er den digitale risikoen i samfunnet auka. Skatteetaten har ein stor og kompleks IT-systemportefølje. Velfungerande og sikre IT-system er avgjerande for etatens evne til å løyse sitt samfunnsoppdrag. Etaten må difor fortlaupande vurdere informasjonstryggleiken i eiga system på ein god måte.

Skatteetaten har ei rekkje pågåande utviklingsprosjekt. God prosjektstyring vil vere viktig for å sikre at prosjekta leverer i tråd med planlagt framdrift, kostnader og kvalitet.

Fleire viktige utviklingsoppgåver har ikkje vorte mogleg å prioritere parallelt med koronahandteringa, men dette er oppgåver som må løysast i åra som kjem. Det er samstundes avgjerande at etaten får handtert kjerneoppgåvene med

kontroll og innkrevjing på ein god måte. Etaten skal i 2022 òg handtere krav til effektivisering, innsparingar og gevinstrealiseringar. Samla sett må etaten gjere svært krevjande prioriteringar i 2022.

Mål og prioriteringar i 2022

Finansdepartementet fastset desse hovudmåla for Skatteetaten for 2022:

- Dei skatte- og opplysningspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane
- Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet
- Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Underliggjande effektindikatorar, styringsparametrar og forklaringsvariablar vert fastsette i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Skatteetaten i samband med utforminga av tildeingsbrev til etaten for 2022. Departementet ventar at resultatata i 2022 samla sett skal vere like gode som i 2020. Samstundes ser departementet at etterarbeid etter koronatiltaka og vanskelege prioriteringar elles i etaten, gjev risiko for noko lågare måloppnåing i 2022. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda.

Skatteetaten arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet.

Viktige prioriteringar i 2022 vert:

Oppfølging av koronatiltak

For å lette situasjonen for dei skattepliktige under pandemien er det i tillegg til nye kompensasjonsordningar, gjort fleire koronatilpassingar av regelverk, både for personar, næringsdrivande og føretak. Skatteetaten må ha særleg merksemd på at regelverkstilpassingane vert praktiserte som føreset. I tillegg må klager knytte til kompensasjonsordningane handterast. Koronatiltaka vil òg medføre noko arbeid med saksbehandling, oppfølging, etterkontrollar og innkrevjing i 2022.

Skatteetaten har per 18. august 2021 innvilga om lag 41 000 søknader om utsetjing på skatte- og avgiftskrav etter skattebetalingsloven § 15-4. Utsette krav utgjer om lag 5,6 mrd. kroner. Ved eventuell manglande betaling av avdrag vil innfordringstiltaka i det alt vesentlege måtte gjennomførast i 2022 parallelt med innkrevjing av laupande terminar. Etterslepet som følgje av utsetjingane som er gjevne, vil i stor grad avhenge av betalings-evna hos dei som har fått betalingsutsetjing.

Konsekvensar av tiltak i samband med koronapandemien og dei arbeidsmessige hindringane denne gav, har medverka til eit generelt etterslep på kontroll- og innkrevjingsområdet. Det ligg difor i budsjettframlegget inne ein ettårig auke på 50 mill. kroner for å teke i vare noko av etterslepet som følgje av pandemien.

Oppfølging av ny organisering

Skatteetaten vart omorganisert i 2019. Etaten har òg sidan 2014 fått tilført fleire oppgåver på innkrevjingsområdet. Ansvar for skatteoppkrevjinga vart overført frå kommunane til Skatteetaten i 2020. No som den nye organiseringa har fått virke ei tid, er det viktig at etaten framover nyttar effektar og moglegheiter som følgjer av ny organisering og dei nye oppgåvene, mellom anna gjennom å sikre god samhandling i organisasjonen.

Informasjonstryggleik

Skatteetaten har omfattande digitale prosessar og ein stor og kompleks IT-systemportefølje. Vel fungerande og sikre IT-system i etaten er avgjerande for at etaten skal løyse sitt samfunnsoppdrag for folk og næringsliv. Ifølgje Norsk tryggleiksmyndigheit (NSM) er «*det digitale risikobildet [er] skjerp*». Også Skatteetatens eigne trusselvurderingar syner auka risiko for digitale trugsmål.

Etaten må fortlaupande vurdere informasjonstryggleiken i eigne system på ein god og systematisk måte og setje i verk tiltak ved behov. Arbeid med informasjonstryggleik må vere ein integrert del av styringa i verksemda og basere seg på gjeldande reglar, anerkjende standardar og oppdaterte vurderingar av trugsmåla. Det er etter kvart vorte klårare at ein er komen noko på etterskot med omsyn til å oppretthalde stabile og tilstrekkeleg sikre system. jf. òg NSMs ovannemnde åtvaring.

I budsjettframlegget ligg det inne ein auke på 75 mill. kroner for å styrkje etaten sin IT-infrastruktur. Styrkinga som ein legg opp til at skal vere treårig, vil betre etaten sin evne til å verne seg mot og handtere uønskte digitale hendingar.

Etterleving og kontroll

Skatteetaten arbeider etter OECDs etterlevingsmetodikk. Den er risikobasert, og årsaksanalysar og kunnskap om framferd legg grunnlag for betre etterleving. Ulike verkemiddel som skal auke

etterlevinga, vert sette i samanheng. Innsats i forkant, til dømes å utnytte digitaliseringa som skjer i samfunnet (*compliance by design*), tilrettelegging av gode digitale tenester, forenklingar, regelverksendringar og god rettleiing, vil kunne hindre at feil oppstår og kan òg vere ressurseffektive verke-medel. Skatteetaten arbeider kontinuerleg for å få skattepliktige til å handle riktig og for at dei som omgår regelverket, skal oppleve høgt sannsyn for å verte oppdaga, korrigert eller sanksjonert. Kontroll er eit avgjerande verkemiddel for å avdekkje uriktige og manglande opplysningar og for å bygge tillit i samfunnet. Skatteetaten må arbeide systematisk for at kontrollnivået skal vere tilstrekkeleg høgt og at kontrollar vert gjennomførte på ein planmessig og heilskapleg måte, basert på gode risikovurderingar.

Internasjonalt arbeid for å tryggje skattegrunnlaget

Skatteetaten skal leggje til rette for god etterleving og riktig skatt frå utanlandske aktørar i Noreg, samt aktivt nytte tilgjengelege verkemiddel i arbeidet med å avdekkje skjulte inntekter og formuar i utlandet og i arbeidet med internprising i fleirnasjonale konsern. Skatteetaten skal halde fram med å arbeide med effektive løysingar for å nytte opplysningar etaten mottok frå andre land, og arbeide for å auke kvaliteten på desse opplysningane. Etaten skal òg følgje med på nye internasjonale standardar som vert utvikla og vurdere korleis desse kan brukast i oppgåveløysinga. Etaten skal gjennom samarbeid i internasjonale fora leggje vekt på openheit, til dømes om eigarskap, for å redusere risikoen for at inntekter og formue vert haldne skjult for skattlegging. Skatteetaten må ha høg merksemd på nye ordningar for skattlegging av transaksjonar over landegrensene. Etaten må i 2022 òg førebu innføring av nye skattereglar for store fleirnasjonale konsern i samsvar med internasjonal avtale om skattlegging av den digitaliserte økonomien.

Tiltak mot arbeidslivskriminalitet

Regjeringa la i 2021 fram ein revidert strategi mot arbeidslivskriminalitet. I strategien er førebygging, kunnskap og betre identitetsforvaltning framheva som viktige område. Tiltaka gjeld område under fleire departement.

Ein sentral del i strategien er òg betre koordinering mellom etatane slik at deira sams innsats vert så slagkraftig og effektiv som mogleg. I 2022 vil arbeidet med å bygge kunnskap om arbeidslivskriminalitet og effektar for å prioritere og mål-

rette tiltak, halde fram. Departementa vil arbeide vidare med å gje etatane betre høve til å dele og stille saman informasjon. For 2022 vil Skatteetaten, saman med andre etatar, prioritere arbeidet med å redusere handlingsrommet for å drive med arbeidslivskriminalitet. Dei vil hindre at kriminelle får oppdrag, ved å hjelpe oppdragsgjevarar og forbrukarar til å velje seriøse leverandørar, blant anna gjennom informasjon, samarbeid og bruk av skatteattestar. Dei vil prioritere målretta tiltak for å sikre riktig skattlegging av utanlandske arbeidstakarar, betre identitetsforvaltning og for å førebygge at utanlandske arbeidstakarar vert utnytta. Etatane vil prioritere å stoppe alvorleg arbeidslivskriminalitet gjennom kontrollverksemd og andre tiltak. Desse prioriteringane vil ein arbeide med tverretatleg, i arbeidslivskriminalitetssentera (a-krimssentera), og i Skatteetaten, der overføringa av arbeidsgjevarkontrollen frå kommunane vil innebere ei styrking av innsatsen.

Dialogbasert skattemelding (Sirius)

Sirius er eit prosjekt for utvikling og innføring av ei ny dialogbasert støtte til skattepliktige si eigenfastsetjing. Prosjektet skal bidra til ein heilskapleg skattemeldingsprosess overfor skattepliktige, med samanhengande og einsarta prosessar for forskot, fastsetjing og skatteoppgjær. For næringsdrivande skal prosjektet gje grunnlag for betre og enklare integrasjon mellom bokførings- og rekneskapsystema deira og system i etaten for behandling av næringsoppgåver.

I 2022 skal ein ferdigstille dialogbasert skattemelding for lønstakarar og pensjonistar med hovudvekt på særgrupper og utlandsforhold. I 2022 skal prosjektet òg nytte røynsler frå 2021 til å utvikle ei ny dialogbasert skattemelding for næringsdrivande.

Prosjektet starta i 2018 og er planlagt ferdigstilt i 2024. Prosjektet har ei kostnadsramme (P85) på 772,8 mill. 2022-kroner. For 2022 er det sett av 111,9 mill. kroner til prosjektet.

Nytt IT-system for meirverdiavgift (Memo)

Memo er eit prosjekt for utvikling av eit nytt IT-system for meirverdiavgift for å auke kvaliteten på meirverdiavgiftsforvaltninga. Tiltaket vil gje ei modernisert IT-plattform for registrering i meirverdiavgiftsregisteret, mottak og behandling av skattemeldinga for mva., dialog med dei skattepliktige og anna saksbehandling i samband med meirverdiavgift. Målet er auka etterleving av regelverket, sikring av meirverdiavgiftsprovenyet

og meir effektive løysingar og arbeidsprosessar for næringslivet og Skatteetaten. Etter å ha utvikla og lansert ein ny portal for mva-registrering, arbeider ein i prosjektet i 2021 og vidare i 2022 med utvikling av ny skattemelding for mva.

Prosjektet starta i 2019 og er planlagt ferdigstilt i 2023. Som opplyst i Prop. 1 S (2020–2021) for Finansdepartementet, har prosjektet i 2020 avgjeve delar av prosjektleiinga og utviklingsressursane til å arbeide med kompensasjonsordningar ifm. virusutbrotet. Det vart der opplyst om at dette kunne påverke framdrifta i prosjektet. Prosjektet har òg i periodar hatt noko lågare produktivitet enn opprinneleg lagt til grunn. Det er våren 2021 gjennomført ein ny uvisseanalyse av prosjektet, og som viser auka risiko for at prosjektet må forlengjast og at kostnadsramma ikkje er tilstrekkeleg. Prosjektet har ei kostnadsramme på 646,6 mill. 2022-kroner. Det vert førebels lagt til grunn at prosjektet kan gjennomførast innanfor gjeldande kostnadsramme. Finansdepartementet vil i samråd med ekstern kvalitetssikrar gjere ei nærmare vurdering av prosjektet. Ein vil kome tilbake til Stortinget om vidare oppfølging av desse forholda. For 2022 er det sett av 167,2 mill. kroner til prosjektet.

Betre identitetsforvaltning

Fleire etatar har oppgåver som påverkar identitetsforvaltninga i Noreg. Skatteetaten skal i 2022 halde fram arbeidet i den tverrfaglege, rådgjevande gruppa for betre identitetsforvaltning (KoID). Hovudføremålet med gruppa er å bidra til ei styrkt identitetsforvaltning i Noreg og at innsatsen på området frå dei fem etatane vert meir heilskapleg og koordinert. KoID har felles, overordna mål som partane arbeider målretta mot. Gruppa vil òg samarbeide med andre sentrale aktørar som Finans Noreg, Nasjonalt ID-senter og Brønnøysundregistera. Skatteetatens innsats held fram i 2022.

Personopplysningane i Folkeregisteret vert nytta når andre instansar skal utferde dokument som pass, bankkort og førarkort og når verksemder yter tenester til registrerte personar. Folkeregisteret viser om identiteten til personen er kontrollert eller ikkje. Skatteetaten skal framleis arbeide med å bevisstgjere brukarane av Folkeregisteret om at dei sjølve må vurdere om dei har behov for å nytte slike opplysningar på deira ansvarsområde. Slik kan brukarar av Folkeregisteret avgjere om identiteten er trygg nok for deira bruk.

Etablering av Unik i Folkeregisteret

Skatteetaten har etter lov om folkeregistrering høve til å registrere om ein identitet er unik. Fødsels- og d-nummer vert nytta i nær sagt alle digitale prosessar i samfunnet for å identifisere ein innbyggjar, og skilje ein person frå ein annan. Det å sikre at ein person har ein identitet i Norge som tenesta og autentiseringsmekanismer kan byggje vidare på, er ein grunnstein i identitetsforvaltninga. Tilliten til Folkeregisteret avheng av at samfunnet kan stole på at ein person berre har eitt fødsels- eller d-nummer, og at fleire personar ikkje kan nytte same fødsels- eller d-nummer. Det er behov for at personar som er tildelt eit fødsels- eller d-nummer, kan dokumentere at han eller ho er rettmessig eigar av det tildelte nummeret, både fysisk og digitalt. For å sikre at ein person berre kan ha ein unik identitet i Folkeregisteret, er det naudsynt å nytte informasjon om biometriske data frå register i justissektoren. Etaten skal i 2022, i samarbeid med KoID og relevante verksemder, følgje opp aktivitetar som legg til rette for å etablere unik identitet i Folkeregisteret. Skatteetaten skal bidra i arbeidet med å utvikle det juridiske rammeverket som må etablerast for å ta i bruk biometri som grunnlag for etablering av status «unik» i Folkeregisteret.

Innføring av ny personidentifikator

Kapasiteten i dagens fødselsnummer-serie er i ferd med å verte brukt opp. For å auke tilgangen på gyldige fødselsnummer og d-nummer, er det vedteke å ta i bruk nye nummerseriar frå 2032. Samstundes tek ein bort informasjon om kjønn i nummeret. Desse endringane vil ha verknader for mange verksemder. Skatteetaten vil i 2022 halde fram med å førebu samfunnet på omlegginga.

OTP og deling av data

Prosjektet obligatorisk tenestepensjon (OTP) og deling av data går ut på at etaten skal utvikle ei løysing for å dele dei opplysningar om inntekt og arbeidsforhold som arbeidsgjevar allereie har innrapportert i a-meldinga, med pensjonsverksemder slik at desse kan rekne ut rett pensjonsgrunnlag etter OTP-regelverket. Målet er betre etterleving av pensjonsforpliktingar frå arbeidsgjevarane og å forenkle rapporteringa av opplysningar frå næringslivet. Løysinga vil gje arbeidsgjevarar og pensjonsverksemdene lågare kostnader. Det er òg venta at den samla pensjonssparinga vil auke. Løysinga vil òg gjere det mogleg for arbeidstakar å

følgje med på om arbeidsgjevar har etablert ei pensjonsordning og hos kva for ei pensjonsverksemd. 1. juni 2021 overtok Skatteetaten frå Finanstilsynet ansvaret for tilsyn med plikta arbeidsgjevarar har til å opprette OTP-ordning.

I 2022 vil det verte arbeidd vidare med utvikling av ny automatisert og maskinell tilsynsløysing og oppbygging av ny kompetanse og kapasitet for å kunne utføre denne oppgåva på ein effektiv måte. Vidare skal etaten i 2022 arbeide vidare med å byggje opp kompetanse og kapasitet på IT- og fagsida for deling av data med offentlege og private verksemder. I tilknytning til dette skal det etablerast nye IT-løysingar for å effektivisere arbeidet med oppfølginga av produsentar (dei som leverer data til løysinga) og konsumentar (brukarane), og leggje til rette for auka grad av sjølvbetjening og automatisert oppfølging og overvaking av delingstenestene.

Prosjektet starta i 2020 og er planlagt ferdigstilt i 2022. Prosjektet har ei kostnadsramme på 137,3 mill. 2022-kroner, inkl. 11,6 mill. kroner til naudsynt utvikling i Arbeids- og velferdsetatens Aa-register. For 2022 er det sett av 40,1 mill. kroner til prosjektet. Av dette ligg 36,8 mill. kroner på kap. 1618, post 22, og 3,3 mill. kroner på Arbeids- og velferdsetatens kap. 605, post 45.

Modernisering av innkrevjing

Skatteetaten er den største offentlege kreditoren og krev inn om lag 1 350 mrd. kroner årleg i skattar, avgifter og andre offentlege krav. Dei seinare åra har Skatteetaten overteke fleire innkrevjingsoppgåver frå andre verksemder: Statens innkrevjingsssentral vart innlema i Skatteetaten i 2015, innkrevjing av toll, meirverdiavgift ved innførsle og særavgifter vart flytta frå Tolletaten i 2016 og 2017, Nav Innkrevjing vart innlema i Skatteetaten i 2018 og skatteoppkrevjarfunksjonen vart flytta frå kommunane i november 2020. Praktisk talt all statleg innkrevjing er no samla i Skatteetaten. I tillegg er etaten systemleverandør for politiet ved Alminneleg namsmann, både for utlegg og andre sivile gjeremål (gjeldsordningsaker, forlikrådssaker mv.).

Skatteetaten forvaltar no ein omfattande IT-portefølje på innkrevjingsområdet med sju parallelle hovudsystem som er noko ulike. Fleire av systema er vorte overførte frå andre verksemder. Innkrevjing av dei ulike kravtypane skjer i stor grad i parallelle prosessar, og systema er i liten grad koordinerte på tvers av dei etablerte innkrevjingsmiljøa som er vorte innlema i Skatteetaten. Dette påverkar både brukaropplevinga og

ressursbruken på innkrevjingsområdet negativt. Det er difor eit stort potensial for å effektivisere ressursbruken ved å automatisere fleire av dagens innkrevjingsprosessar som krev mykje manuelt arbeid. Det er òg eit stort potensial for meir brukarvennlege løysingar. Porteføljen er òg bygd på utdattert teknologi som framover ikkje vil innfri krav til effektiv drift og forvaltning, endringsevne og tryggleik. Ei vidareføring av dagens system ville kravd omfattande investeringar. Vidare er dagens regelverk på innkrevjingsområdet spreidd i fleire lover, tilpassa tidlegare organisatoriske einingar slik situasjonen var før oppgåvene vart flytta til etaten. Mangel på samordna prosessar, deling av data og eit harmonisert regelverk for innkrevjingsområdet gjer at dagens løysingar er fragmenterte og lite brukarvennlege. Dette går utover skyldnar som opplever at det er vanskeleg å få oversikt over eigne rettar og pliktar, samt gjer saksbehandlinga meir komplisert. Målet med å samle statleg innkrevjing i Skatteetaten har vore å oppnå ei heilskapleg og effektiv forvaltning av innkrevjing. For å kunne oppretthalde ein akseptabel risiko for offentleg innkrevjing og realisere fleire ynskte effektar ved ei samla statleg innkrevjing, er det naudsynt å modernisere innkrevjingsområdet, særleg IT-porteføljen.

Regjeringa gjer difor framlegg om å modernisere innkrevjingsområdet og særleg IT-porteføljen. Tiltaket vil leggje til rette for å samordne og modernisere systemporteføljen, prosessane og regelverket på innkrevjingsområdet. Tiltaket vil gjere prosessane og regelverket meir brukarvennlege. Programmet er ei tverrsektoriell satsing som vert foreslått gjennomført over sju år. Programmet skal starte i 2022, leia av Skatteetaten. I tillegg skal Skatteetaten samarbeide med politiet, Nav, Lånkassen og Brønnøysundregistrene om å utvikle samanhengande tenester. Programmet vert foreslått gjennomført i tre steg. Steg 1 er planlagt gjennomført i 2022–2024, steg 2 i 2025–2026 og steg 3 i 2027–2028. Forventa netto nytte er utrekna til 4,2 mrd. kroner for heile programmet, og 3 mrd. kroner for steg 1 (2020-kroner). Prissett gevinst frå steg 1 er for det offentlege om lag 70 mill. kroner årleg, og for næringslivet og personar om lag 430 mill. kroner. For programmet samla er tala om lag 400 mill. kroner og 550 mill. kroner. Dei prissette nytteverknadene består i hovudsak av effektiviseringsgevinstar (reduert ressursbruk). I samfunnsøkonomisk verdi er det forventa at dei ikkje-prissette verknadene er større enn dei prissette nytteverknadene. Forventa gevinstar består i betre samanhengande tenester mellom offentlege aktørar, betre tenester

for næringslivet og brukarane, og auka tillit til offentleg innkrevjing. Skatteetaten vil òg verte betre rusta til å gjennomføre samfunnsoppdraget sitt, medrekna å gjennomføre pålagte endringar raskare og meir effektivt.

Prosjektet har våren 2021 vorte kvalitetssikra av ein ekstern kvalitetssikrar (KS2-prosess). Kvalitetssikrar vurderer at prosjektet med høg tryggleik er samfunnsøkonomisk lønsamt og tilstrekkeleg robust, og tilrår at det blir fastsett økonomiske rammer for programmet samla og for gjennomføringa av steg 1. Regjeringa legg til grunn ei samla *Design to cost* (DTC)-ramme for heile programmet (steg 1–3) lik P65 på 4 341 mill. kroner inkl. mva. For steg 1 som det no vert gjort framlegg om, foreslår regjeringa ei kostnadsramme på 1 864 mill. kroner inkl. mva. og ei styringsramme på 1 553 mill. kroner inkl. mva. (innanfor samla DTC-ramme).

For 2022 er det sett av 357,7 mill. kroner til prosjektet, fordelt på Skatteetaten (315,4 mill. kroner), politiet (18,5 mill. kroner), Nav (13,5 mill. kroner) og Brønnøysundregistra (10,3 mill. kroner). Midlane til Skatteetaten er fordelt med 10,7 mill. kroner på post 01 Driftsutgifter og 304,7 mill. kroner på post 22 Større IT-prosjekt.

Klagesaksbehandling

Samla behandlingstid for klagesakene som vert sende til Skatteklagenemnda for avgjerd, er i dag for lang. Skattedirektoratet må framleis følgje opp sekretariatet for Skatteklagenemndas arbeid med å redusere restansane.

Sjå nærare omtale om prioriterte tiltak for Skatteklagenemnda under kap. 1619 Skatteklagenemnda.

Budsjett for 2022

Budsjettramman for Skatteetaten er for 2022 sett til 8 231,1 mill. kroner som er 446,8 mill. kroner høgare enn i saldert budsjett 2021. Av auken gjeld om lag $\frac{3}{4}$ investeringar på IT-området over postane 22 Større IT-prosjekt og 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar mellom anna lønsutgifter, utgifter til opplæring, utgifter til leige og drift av kontorlokale, reiser og kontorutstyr.

For 2022 er det gjort framlegg om å løyve 7 102,1 mill. kroner under post 01. Dette er ein

nominell auke frå saldert budsjett 2021 med 56,6 mill. kroner eller 0,8 pst. Ei omlegging av ordninga med premiebetaling til Statens pensjonskasse, inneber åleine ein reduksjon med 104,0 mill. kroner. Forslaget inneber skjerpa krav til effektivisering, innsparingar og gevinstrealiseringar på grovt rekna 120 mill. kroner, medan justering for lønsvekst utgjer om lag 170 mill. kroner. Posten er òg auka med 50 mill. kroner til mellombels styrking av kontroll- og innkrevjingsområdet som følgje av pandemien og 25 mill. kroner til arbeid med informasjonstryggleik, jf. omtale ovanfor. Samla inneber budsjettframlegget at bemanninga i etaten vil verte lågare i 2022 enn i 2021.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til innkrevjing av arbeidsgjevaravgift, skatt, trygdeavgift, meirverdiavgift, særavgifter og petroleumsskatt m.m. Posten omfattar òg kostnader med tvangsforretning, tinglysing, garantistilling og innkrevjing av barnebidrag. Vidare omfattar posten sakskostnader i rettsaker som gjeld meirverdiavgift, petroleumsskatt, særavgifter, krav frå statlege oppdragsgjevarar og bidrag og tilbakebetaling. For 2022 er det gjort framlegg om å løyve 264,8 mill. kroner under post 21.

Post 22 Større IT-prosjekt, kan overførast

Posten omfattar løyvingar til arbeid med dialogbasert skattemelding (Sirius), eit nytt IT-system for meirverdiavgift (Memo), OTP og deling av data. Prosjekta er nærare omtalte ovanfor. For 2022 er det gjort framlegg om å løyve 616,8 mill. kroner under post 22.

For desse investeringsprosjekta kan det verte bruk for avtalar som går utover budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om at Skatteetaten får fullmakt til å inngå

slike avtalar innanfor dei kostnadsrammene som er gjevne ovanfor, jf. framlegg til romartalsvedtak V.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga

Skatteetaten tek hand om interessene til dei tre samarbeidande etatane (Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten og Statistisk sentralbyrå) og til dei opplysningspliktige i den vidare forvaltinga og utviklinga av a-ordninga. For 2022 er det gjort framlegg om å løyve 97,6 mill. kroner til forvaltinga av a-ordninga.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for Skatteetatens system og infrastruktur på IKT-området, medrekna meir omfattande oppgraderingar, vidareutvikling av systemløysingar med meir. For 2022 er det gjort framlegg om å løyve 143,4 mill. kroner under post 45. Auken frå 2021 – med nominelt 52,2 mill. kroner eller 57,2 pst. – skal særleg nyttast til å styrkje og sikre IT-infrastrukturen.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyvt. Difor ber departementet om ei tingingsfullmakt på 40 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak IV.

Post 70 Tilskot

Posten omfattar tilskot til Senter for skatteforskning ved Noregs Handelshøgskule og til Universitetet i Oslo og Universitet i Bergen sine satsingar på skatterettsfaget. For 2022 er det rekna med høvesvis om lag 2,3, 1,6 og 2,5 til desse institusjonane. For 2022 er det gjort framlegg om å løyve vel 6,4 mill. kroner under post 70.

Kap. 4618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	65 906	58 000	37 300
03	Andre inntekter	59 204		6 300
05	Gebyr for utleggsforretningar	40 532	123 500	107 800
07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	4 797	3 500	4 500
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar	2 818	3 596	3 000
85	Inngått på tapsførte lån m.m.	228 939	240 000	240 000
86	Bøter, inndragingar m.m.	1 537 645	1 630 000	1 853 000
87	Trafikantsanksjonar	61 997	60 000	60 000
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	203 701	230 000	230 000
89	Gebyr for regelbrot	6 141	5 500	6 100
	Sum kap. 4618	2 211 680	2 354 096	2 548 000

Inntektene på kap. 4618, postane 85–88, er jamt over vanskelege å budsjettere. Hovudgrunnen er at krava vert ilagde av andre. Også inntektene på nokre av dei andre postane på kapitlet vert monaleg påverka av forhold utanfor etaten.

Post 01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av gebyr ved utleggsforretningar som vert utførte av Skatteetaten og dei alminnelege namsmennene, jf. kap. 1618, post 21. Inntektene framover på denne posten gjeld innfordringar som vart sette i gang før 1.11.2020. Kor mange slike som står att etter 2021, er svært usikkert.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfatta til og med 2020 mellom anna refusjonar for datatenester som vart utførte for andre statlege verksemder, gebyr for folkeregisteropplysningar og nokre andre refusjonar. Etter at det er gjort eit nytt unntak frå bruttoprinsippet i statsbudsjettet, vert slike refusjonar posterte på ein utgiftspost – her kap. 1618, post 01. Som gjort greie for i Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021*, har ein seinare kome fram til at somme av dei inntektene som vart posterte på post 03, likevel ikkje

kan reknast som refusjonar. Dette gjeld mellom anna nokre salsinntekter og tilskot. For 2022 reknar ein med 6,3 mill. kroner i slike inntekter.

Post 05 Gebyr for utleggsforretningar

Posten omfattar gebyrinntekter frå utleggsforretningar som Skatteetaten utfører sjølv. Dei klårt høgare inntektene her etter 2020 kjem særleg av at gebyrinntekter som kommunane tidlegare hadde i kraft av særnamsmannkompetanse, etter overføringa av skatteinnkrevjinga til staten vert inntektsførte hos Skatteetaten. Verknaden av lågare utleggsgebyr er innarbeidd.

Post 07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner

Posten omfattar inntekter frå gebyr for bindande førehandsfråsegner frå Skatteetaten.

Post 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar

Ved innførsel er hovudregelen at toll og avgifter skal betalast ved grensepasseringa. Etter tollkredittordninga kan godkjende importørar få kreditt slik at deklarasjonar for ein kalendermånad kan samlast og betalast den 18. i månaden etter. I månader der ein importør har brukt tollkredittordninga, vil han få eit gebyr på 100 kroner.

Samla gebyrinntekter svarer til dei kostnadane som Skatteetaten har med tollkredittordninga. Kostnadsgrunnlaget vart gjennomgått i 2020 og vurdert å samsvare bra med gebyrnivået.

Post 85 Inngått på tapsførte lån m.m.

Posten omfattar inntekter frå innkrevjing av misleghaldne lån som er tapsførte i Statens lånekasse for utdanning og i Husbanken.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten omfattar inntekter frå bøter (forenkla førelegg, vanlege førelegg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnadar. At framlegget for 2022 er vel 220 mill. høgare enn saldert budsjett 2021, heng mellom anna saman med planar om nivå- og prisjusteringar av ein del forenkla førelegg og betre utnytting av fotoboksar.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten omfattar inntekter frå trafikkgebyr, parkeringsgebyr og overlastgebyr, utferda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret

Posten omfattar innbetaling av forseinkingsgebyr, ilagde av Rekneskapsregisteret.

Post 89 Gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr for regelbrot som kan ileggjast arbeidsgjevarar som ikkje kan leggje fram ei oppdatert personalliste.

Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu

For å sikre og følge opp krav i konkursbu som ledd i det offentlege innkrevjingsarbeidet, vart det for både 2020 og 2021 gjeve fullmakt slik at Skatteetaten kunne gje nye, vilkårsbundne tilsegner om

dekking av kostnadar ved vidare bubehandling for opp til 8 mill. kroner. Ved utgangen av 2020 låg det føre slike tilsegner for vel 5,4 mill. kroner. Tilsegningsfullmakta er knytt til kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Dei kommunale skatteoppkrevjarane hadde fram til 1. november 2020 ein liknande fullmakt. Ansvaret i denne var 7,4 mill. kroner per 31. desember 2020. Staten har teke over dette ansvaret slik at samla ansvar for staten per 1. januar 2021 var 12,8 mill. kroner. I samband med Prop. 195 S (2020–2021) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2021*, vart grensa for nye tilsegner i 2021 auka frå 8 til 16 mill. kroner som ein konsekvens av at staten no har eineansvar for å gje slike tilsegn.

Vanlegvis vert det gjeve tilsegn når ein reknar med at vidare bubehandling kan tilføre eit konkursbu aktiva, men buet ikkje har evne til å bere risikoen for kostnadane. I særlege tilfelle er tilsegna grunngeevne med preventive omsyn. Det gjeld mellom anna når mistanke om økonomisk kriminalitet tilseier at konkursbuet forfølgjer saka privatrettsleg eller overfører saka til påtalemakta. Ordninga medverkar dessutan til å avsløre brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga og motverkar økonomisk tapping av verksemdar.

Føremålet med tilsegningsordninga er å tilføre skatte- og avgiftskreditorane verdiar som gjev betre dekking av skatte- og avgiftskrav som er melde i buet. Skatteetaten opplyser at skatte- og avgiftskreditorane får ei meirdekking i konkursbu der det er gjeve tilsegn om midlar til vidare bubehandling.

Finansdepartementet ser på tilsegningsordninga som viktig med tanke på både innkrevjing og allmennprevensjon. Ansvaret for å gje nye tilsegner er delegert til Skattedirektoratet. Departementet gjer framlegg om å vidareføre ordninga i 2022 ved å gje Skattedirektoratet fullmakt til å gje nye vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnadar ved vidare bubehandling for opp til 16 mill. kroner innanfor ei samla fullmakt for nye og gamle tilsegner på 44,9 mill. kroner, jf. framlegg til romartalsvedtak VII.

Tabell 6.4 Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu

	(i 1 000 kr)
	Tilsegner
Samla ansvar per 1. januar 2020	7 546
Nye tilsegner i 2020	2 792
Tilsegningsreduksjonar som følgje av utbetalingar i ikkje-avslutta bu	- 24
Differanse mellom tilsegner og utbetalingar i avslutta bu	- 4 885
Ansvar per 31. desember 2020 – påtatt av Skatteetaten	5 429
Ansvar per 31. desember 2020, påtatt av kommunale skatteoppkrevare, overtatt av Skatteetaten	7 400
Skatteetatens samla ansvar per 1. januar 2021	12 829
Fullmakt til nye tilsegner i 2021	16 000
Framlegg til fullmakt til nye tilsegner i 2022	16 000
Framlegg til samla fullmakt i 2022 for nye og gamle tilsegner	44 829

Kap. 1619 Skatteklagenemnda

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	66 943	71 213	72 090
	Sum kap. 1619	66 943	71 213	72 090

Samfunnsoppdrag og organisering

Skatteklagenemnda behandlar klager som gjeld skatt og meirverdiavgift. Ordninga skal bidra til rettstryggleik for dei skattepliktige ved at klager der vedtaka ikkje vert omgjorte i fyrste instans ved skattekontora, får ei ny og uavhengig behandling.

Eit eige sekretariat førebur sakene for nemnda. Sekretariatet er lokalisert i Stavanger og hadde per 30. august 2020 totalt 58 tilsette. Sekretariatet er administrativt underlagt Skattedirektoratet, men er fagleg sjølvstendig. Det er lovfesta at Skatteklagenemnda og sekretariatet ikkje skal kunne instruerast i faglege spørsmål.

Kjernen i det faglege sjølvstendet er at overordna myndigheit ikkje kan instruere organet om utfallet av enkeltsaker eller sakstypar. Det administrative ansvaret gjer at det ansvarlege organet kan gå langt i å setje rammer for saksbehandlinga utan at det faglege sjølvstendet stenger for dette, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Finansdepartementet.

Organisering av oppgåveløysinga, saksbehandlingstid og måloppnåing er eksempel på kva overordna organ kan gje føringar om.

Løyvingane til Skatteklagenemnda og sekretariatet vert frå og med 2020 gjort på eit eige budsjettkapitel. Utgiftene til nemnda og sekretariatet vart tidlegare løyvt på kap. 1618 *Skatteetaten*, post 01 *Driftsutgifter*.

Resultat i 2020

Saksproduksjonen i Skatteklagenemndas sekretariatet har i 2020 vore negativt påverka av koronapandemien sidan heimkontor har gjort saksbehandlinga meir krevjande. Restansane ved sekretariatet vart likevel redusert med om lag 300 saker i 2020. Totalt har 1 470 klagesaker vorte behandla i 2020. Frå 2018 til 2020 er det totale talet på ubehandla saker redusert frå 2 550 til 2 081. Delen ubehandla saker som er eldre enn eit år, er høg, og sekretariatet har i 2020 fortsett å prioritere arbeid med å redusere dei eldste restansane.

Samla saksbehandlingstid for sakene som vert sende til nemnda, er framleis for lang.

Mål og prioriteringar i 2022

Finansdepartementet fastset følgjande hovudmål for Skatteklagenemndas sekretariat for 2022:

- Saksførebuinga for Skatteklagenemnda skal vere effektiv og ha god kvalitet.

Underliggjande resultatkrav og styringsparametrar for sekretariatet vert formidla via tildelingsbrev til Skatteetaten for 2022.

Viktige prioriteringar i 2022:

Talet på ubehandla saker ved Skatteklagenemndas sekretariat er framleis for høgt. Skatteklagenemndas sekretariat må i 2022 halde fram arbeidet for å effektivisere saksbehandlinga. Det er viktig å redusere talet på ubehandla saker og eldre restansar vesentleg. For å få ei meir effektiv saksbehandling, må Skatteklagenemndas sekretariat gjere systematiske vurderingar av organiseringa av dei interne arbeidsprosessane og korleis fag-

kompetansen i sekretariatet kan verte utnytta best mogleg.

Departementet vil framleis følgje opp arbeidet med å redusere saksbehandlingstida i Skatteklagenemndas sekretariat. Departementet tek sikte på at framlegg om regelendringar som kan medverke til å effektivisere saksbehandlingsprosessen for klager, vert sende på høyring hausten 2021.

Budsjett for 2022

Budsjettramma for Skatteklagenemnda er for 2022 sett til 72,1 mill. kroner.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løn til tilsette i Skatteklagenemndas sekretariat, godtgjering til nemndsmedlemene, arbeidsgjevaravgift, pensjon og andre personalutgifter samt enkelte andre driftsutgifter. Fordi det er Skatteetaten som har inngått dagens leigeforhold og Skatteklagenemnda bruker etatens IT-system, vert utgifter til eigedom, inventar, IT-utstyr mv. dekte over kap. 1618.

Programkategori 23.30 Offisiell statistikk

Utgifter under programkategori 23.30

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1620	Statistisk sentralbyrå	888 516	874 860	897 347	2,6
	Sum kategori 23.30	888 516	874 860	897 347	2,6

Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	613 735	611 820	649 553
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	241 768	253 640	244 194
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	33 013	9 400	3 600
	Sum kap. 1620	888 516	874 860	897 347

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Ny lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikklova) tredde i kraft 1. januar 2021. Der heiter det at Statistisk sentralbyrå (SSB) «*er den sentrale myndigheten for utvikling, utarbeiding og formidling av offisiell statistikk i Norge*». Offisiell statistikk gjev viktig kunnskap om korleis samfunnet er bygd opp, korleis det verkar og korleis det utviklar seg. Statistikk medverkar til allmenn folkeopplysing, er grunnlag for analyse, forskning, planlegging og styring både for private og for styresmaktene, og legg til rette for eit opplyst offentleg ordskifte. Lova gjev SSB eit todelt samfunnsoppdrag. I tillegg til statistikk skal SSB «*drive med forskning og analyse*», retta mot regjeringa og sentralforvaltninga, Stortinget og partane i arbeidslivet.

Statistikklova slår fast at SSB er fagleg sjølvstendig i utføringa av oppgåvene verksemda er til-

lagt gjennom lova. Dette er avgjerande for den til-lita og autoriteten offisiell statistikk må ha.

Den nye lova gjev SSB ei sentral rolle i å samordne og kvalitetssikre den offisielle statistikkproduksjonen på tvers av offentlege statistikkprodusentar. SSB har vore sentral i arbeidet med å etablere eit nasjonalt program for offisiell statistikk, mellom anna gjennom si leing av Utvalet for offisiell statistikk.

Ved utgangen av 2020 hadde verksemda ein arbeidsstokk tilsvarande 758 årsverk, uendra frå eit år tidlegare. I tillegg utgjorde intervjuarar 40 årsverk.

Talet på tilsette i SSB er redusert frå over 1 000 til om lag 830 dei seinaste ti åra. Dei overordna krava til effektivisering og kostnadskutt krev at SSB framleis reduserer talet på tilsette.

SSB har kompetansmiljø både på Kongsvinger og i Oslo.

Om lag 65 pst. av dei tilsette i 2020 arbeidde i Oslo og 35 pst. på Kongsvinger.

Finansdepartementet har oppnemnt Utvalet for offisiell statistikk. Utvalet er i hovudsak sett saman av statistikkprodusentar og eigarar av sentrale offentlege register som vert nytta til offisiell statistikk. Regjeringa vedtek periodiske nasjonale statistikkprogram som skal ramme inn den offisielle statistikken i Noreg. SSB leiar arbeidet med programforslaga, i samråd med Utvalet for offisiell statistikk.

Med heimel i statistikklova oppnemner Regjeringa representantar til Rådet for SSB for periodar av fire år. Rådet skal medverke til at dei oppgåvene som vert lagde til SSB, vert utførte på best mogleg måte. I 2021 leverte Rådet sin fyrste årlege rapport om SSBs verksemd. SSB har òg rådgevande utval og andre brukarforum for ei rekkje statistikkområde og kjem der i dialog med viktige brukarar av statistikken.

SSB har hovudansvaret for Noregs deltaking i internasjonalt statistisk samarbeid. Dette samarbeidet er med på å heve kvaliteten på norsk statistikk og legg til rette for å samanlikne norsk og internasjonal statistikk. Samstundes legg særleg EØS-avtalen sterke føringar på den norske statistikkproduksjonen. Forordning (EU) nr. 223/2009 om europeisk statistikk («*Den europeiske statistikklova*») inneheld retningslinjer for å utvikle, utarbeide og formidle europeisk statistikk og er gjort gjeldande i norsk rett. Saman med Dei

Sameinte Nasjonane sine grunnleggjande prinsipp for offisiell statistikk, utgjer desse retningslinene eit internasjonalt rammeverk for verksemda til SSB.

Resultat i 2020

Statistikk av høg kvalitet som dekkjer viktige sider av samfunnet, er eit hovudmål for SSB. Det er sett kvantitative mål for viktige indikatorar som skal underbygge SSBs arbeid med å levere relevant statistikk av høg kvalitet. Indikatorane er òg forankra i dei europeiske retningslinene for statistikk.

Nedanfor følgjer ein omtale av resultatata for sentrale resultatindikatorar for statistikkproduksjonen i 2020.

Aktualitet

Som mål på aktualitet i statistikken nyttar ein talet på veker frå referanseperioden går ut til statistikken vert publisert. Den gjennomsnittlege produksjonstida for statistikkane var betre i 2020 enn i 2019 for alle frekvensar av statistikk. Særskild er det for årsstatistikkar at aktualiteten er betra. Det følgjer etter fleire år med målretta effektiviseringsarbeid.

Tabell 6.5 Aktualiteten til statistikken – veker frå utgangen av referanseperioden til publisering

	2016	2017	2018	2019	2020
Månadsstatistikk	3,5	3,6	3,6	3,7	3,5
Kvartalsstatistikk	7,7	8,1	8,0	7,7	7,3
Årsstatistikk	33,2	33,1	33,2	32,5	29,9

Punktleg publisering av statistikk

SSB annonserer tidspunkta for publisering i ein publiseringsskalender på nettsida ssb.no. I 2020

vart 97 pst. av statistikkane publiserte på det varsla tidspunktet.

Tabell 6.6 Publisering av statistikk – del som vart publisert på varsla tidspunkt

	2016	2017	2018	2019	2020
Del av statistikkane som vart publisert på varsla tidspunkt	97	95	90	97	97

Svarrespons

For at statistikken skal halde høg kvalitet, er det viktig at ein så stor del av dei statistiske einingane som mogleg tek del i undersøkingane. Statistikklova gjev SSB heimel til å bruke opplysningsplikt ved innsamling av data og eventuelt tvangsmulkt

ved manglande levering. SSB har arbeidd målretta med å halde svarprosentane høge under koronapandemien, gjennom mellom anna tett samarbeid med bransjeorganisasjonane. Svarresponsen for både undersøkingar med oppgåveplikt og frivillige undersøkingar avtok difor berre moderat i 2020.

Tabell 6.7 Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent

Undersøkingar:	2016	2017	2018	2019	2020
Med oppgåveplikt	94	96	96	96	94
Frivillige	65	54	61	58	56

Oppgåvebør

Det er eit viktig mål for regjeringa å redusere oppgåvebøra til næringslivet. Tilrettelegging for elektronisk rapportering er eit viktig verkøy for å halde oppgåvebøra låg. Nær all rapporteringa til

SSB skjedde elektronisk i 2020. Om lag eit av ti føretak i privat sektor rapporterer til SSB i ei eller fleire undersøkingar. Oppgåvebøra har minka over tid, sjølv om større, periodevise undersøkingar kan gje store svingingar frå eit år til det neste.

Tabell 6.8 Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk

	2016	2017	2018	2019	2020
Næringslivet i alt	61	81	75	73	69
Personar og offentlege institusjonar	20	15	12	16	17

Statistikkpubliseringar

I 2020 vart det publisert 797 statistikkar frå SSB. Det var ei nedgang frå året før, sjå tabellen nedanfor. Nedgangen her gjennom fleire år kjem i stor grad av at ein har slått saman statistikkar for å gje meir heilskaplege bilete av tema. Grunna behov

for meir fortløupande og utfyllande informasjon under pandemien, er det produsert nokre nye statistikkar, og nokre sentrale statistikkar er publisert hyppigare enn tidlegare. Desse er ikkje inkludert i tabellen nedanfor. Det er vedteke eit nasjonalt statistikkprogram som i stor grad vil avgjere kva for statistikk som vert publisert framover.

Tabell 6.9 Statistikkpubliseringar

	2016	2017	2018	2019	2020
Frigjevne statistikkar	874	861	814	812	797

SSB måler òg feil i statistikkane sine. Det vart i 2021 avdekt ein alvorleg rapporteringsfeil i SSB sine tall for sal av marine gassoljer og autodiesel som har ført til at nasjonale utslepp av klimagassar har vore rapportert for lavt. Feilen gjeld perioden 2012–2019. SSB føretek regelmessige områdegjenomgangar av statistikkane sine for å

avdekkje feil og finne moglegheiter for utvikling eller effektivisering av eige arbeid.

Samla resultatvurdering

SSBs samfunnsoppdrag er å levere statistikk, analysar og forskning av høg kvalitet til nytte for det

norske samfunnet. SSB har gjennomført dette oppdraget på ein god måte i 2020, trass i dei utfordringane koronapandemien har gjeve. SSB har jamt over hatt eit resultat på line med året før, sjølv med mykje ekstra arbeid i samband med implementering av ny statistikklov. Verksemda må heile tida arbeide vidare med å betre måloppnåinga.

Viktige utfordringar

Moderne demokratiske samfunn må understøttast av truverdig offisiell statistikk. Det vert stadig viktigare med fakta som er både uavhengige og kvalitetssikra. Statistikk, forskning og analyse skal medverke til innsikt i samfunnsutviklinga, gje grunnlag for det offentlege ordskiftet og gjere det mogleg å ta avgjerder på informert grunnlag. Dette stiller krav til at SSB utviklar statistikken og analysane, til høg aktualitet og ikkje minst til evna til å formidle resultat. På denne måten bidreg SSB òg til å motverke spreining av falske nyhende. SSB bør ha ei sentral rolle i det offentlege ordskiftet.

Koronapandemien har vore ei særskild utfordring for statistikkproduksjonen, og SSB har lagt ned mykje arbeid i å redusere konsekvensane av utsett eller manglande innrapportering som følgje av pandemien. Òg i krisetid er det viktig at SSB har grunnlag for å lage god og oppdatert statistikk som klargjer viktige samfunnsspørsmål.

Eit nasjonalt program for offisiell statistikk vart vedteke av regjeringa i 2020. SSB skal framleis vere den sentrale produsenten av offisiell statistikk og får òg ei større rolle som samordnar og kvalitetssikrar av statistikk frå alle myndigheiter som etter programmet er ansvarlege for offisiell statistikk. Statistikk som vert omfatta av programmet, må møte krava til kvalitet som er felte ned i både norsk og europeisk regelverk, og ei rapport om kvaliteten på offisiell statistikk skal produserast årleg.

Forventingane til digitale tenester vert stadig større, endringar skjer raskare og det er krav til at data vert gjort tilgjengeleg raskt og er meir tilpassa brukarane. Veksten i datamengda vil truleg gå endå raskare framover og gjer det mogleg å skape ny innsikt. Nye teknologiske løysingar vil kunne gje SSB meir avanserte analysemetodar som òg er betre eigna for bruk når SSB tek i bruk fleire datakjelder. Vidare vil løysingar grunna i maskinlæring kunne medverka til meir automatisering, effektivisering og standardisering av statistiske produksjonsprosessar og betre formidling. Slik effektivisering vil vere viktig i møte med strammare økonomiske rammer i offentleg sektor

framover. Samstundes betyr desse omveltingane store utfordringar, og verksemda må prioritere investeringar i mellom anna kompetanse, data-lager, nye løysingar og auka sikkerheit. Til grunn for ulike utviklingsprosjekt i SSB ligg òg at mykje data skal flyttast over til sky. Det største utviklingsprosjektet byggjer på dei same elementa som vert utvikla i samband med Skatteetatens prosjekt Sirius. SSB vil leggje til rette for at desse løysingane òg kan nyttast i annan statistikkproduksjon.

Datamaterialet som SSB samlar inn, skal vere vårt sams faktagrunnlag og bør kome alle til gode. Ny statistikklov gjev forvaltinga enklare tilgang på mikrodata for statistiske og analytiske føremål. Det er etablert nye retningslinjer for deling og prising av data frå byrået, og som skal gje betra forutsigbarheit og transparens for brukarar. Det er høg etterspurnad etter mikrodata frå SSB. SSB må arbeide kontinuerleg med å gjere det enklare og raskare for forskarar og styresmakter å få tilgang til slike data, samstundes som datatryggleik og personvern er høgt prioritert.

Microdata.no-portalen skal gje forskarar og studentar lettare og betre tilgang til registerdata, og han skal òg frigjere ressursar hos SSB. SSB har av Noregs forskingsråd fått innvilga midlar til ein fase 2 av prosjektet. Fase 2 vil opne for klart fleire variablar. Prioriteringa av variablane vert i stor grad grunna ut frå etterspurnaden frå brukarane og vil òg gje høve til å kople SSBs data med eigne tredjepartsdata hos forskarane. SSB vektlegg kompatibilitet med andre offentlege data-plattformer. Det er nedsett eit brukarråd for ordninga slik at ho skal møte behova hos brukarane og avlaste arbeidet med anna tilgjengeleggjering av data.

SSB må prioritere å gjere data tilgjengeleg både gjennom microdata.no-løysinga og direkte overfor større brukarar.

Statistikk er omfattande regulert i EØS-avtalen. Nasjonale statistikkkrav må sjåast i samheng med og tilpassast krava frå EU, mellom anna dei nye krava til Arbeidskraftundersøkinga (AKU) og undersøkinga om levekår som utgjer ein del av ei ny rammeverksforordning om sosialstatistikk. SSB må òg innarbeide nye krav frå den europeiske rammeverksforordninga for næringsstatistikk. Forordninga gjev nye føringar om statistikk for fleire næringar, mellom anna undervising, helse- og sosialtenester, kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar, finanstenester og anna tenesteyting, samt for hyppigare statistikk om tenestenæringar.

Mål og prioriteringar i 2022

SSBs samfunnsoppdrag, hovudmål og oppgåver er fastsette i statistikklova § 17 og skal ligge til grunn for verksemda i 2022:

- *Statistisk sentralbyrå er den sentrale myndigheiten for utvikling, utarbeiding og formidling av offisiell statistikk i Norge.*
- *Statistisk sentralbyrå skal også drive med forskning og analyse.*
- *Statistisk sentralbyrå kan påta seg andre oppgaver i den grad disse understøtter virksomheten som nevnt i første og annet ledd.*

I tillegg skal SSB leie *Utvalet for offisiell statistikk* som skal bidra til samordning og utvikling av offisiell statistikk og gje råd om utarbeiding og formidling av statistikken.

Den underliggjande målstrukturen vert fastsett i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og SSB i samband med utforminga av tildelingsbrevet til byrået.

Måla som skal ligge til grunn for SSBs verksemd dei neste åra, er at SSB skal:

- *vere den fremste leverandøren av fakta om norske samfunnsforhold*
- *sikre samarbeid, heilskap og kvalitet i det norske statistikkssystemet*
- *samle inn, bruke og dele data til beste for samfunnet*

Måla skal bidra til at SSB har naudsynt tillit, truverd og leverer produkt og tenester i tråd med brukarbehov, samt til at statistikk, forskning og analyse held god kvalitet. SSB skal òg ivareta fagleg sjølvstende, kvalitet og kontinuitet i heile det norske offisielle statistikkssystemet. Vidare skal verksemda medverke til kvalitet og kontinuitet i grunnlagsdata og utnytte veksten i nye datakjelder. Innhenting, bruk og deling av data skal gjerast effektivt, og folk skal ha tillit til at SSB handsamar data og informasjon konfidensielt og sikkert.

SSB arbeider jamt med å løyse oppgåvene sine betre. SSB skal, som ein del av arbeidet med å betre kvaliteten i oppgaveløysinga, nytte ressursane sine så effektivt som mogleg. I det daglege arbeidet er det samstundes naudsynt at verksemda veg effektivitet opp mot andre kvalitetsindikatorar.

Departementet venter at resultatata i 2022 samla sett skal vere minst like gode som i 2020. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda.

Viktige prioriteringar i 2022

Heilskap og kvalitet i statistikkssystemet

Stortinget vedtok i juni 2019 ny statistikklov, basert på Prop. 72 LS (2018–2019). Den nye lova tredde i si heilheit i kraft 1. januar 2021. SSB må framleis arbeide med implementering av nytt regelverk.

Med den nye lova har SSB fått ei ny rolle som sentral myndigheit for utarbeiding, utvikling og formidling av offisiell statistikk, og må ifølgje lova ta ei større rolle som samordnar og kvalitetssikrar av statistikk frå alle produsentane i det norske statistikkssystemet. Dette vil vere ei viktig oppgåve framover.

Det er vedteke eit nasjonalt program for offisiell statistikk for 2021 til 2023. Fyrste program gjeld ein kort periode, og SSB må i 2022 starte arbeidet med å utarbeide forslag til program for neste programperiode. Forslaget skal fremjast etter samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*.

SSB skal utvikle og fremje tiltak for kvalitetssikring og kompetansebygging innan det norske statistikkssystemet i samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*. Eit system for kvalitetssikring skal etablerast i 2021, og ein fyrste kvalitetsrapport for den norske offisielle statistikken skal publiserast i 2022. Denne rapporten gir grunnlag for å vurdere tiltak for betre kvalitet i offisiell statistikk og endringar i systemet for kvalitetssikring.

Offisiell statistikk skal være lett tilgjengeleg for brukarane. SSB skal utvikle ei plattform for offisiell statistikk som er integrert med *ssb.no*. Plattformen gjev informasjon om det norske statistikkssystemet og har inngangar til offisiell statistikk hos andre produsentar. Målet på sikt er at all offisiell statistikk skal vere tilgjengeleg i same løysing. Plattformen skal gradvis byggjast ut i samarbeid med produsentane og etter samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*.

SSB er ein viktig premissgjevar som skal vere til stades i offentlegheita, bidra med statistikk om heile samfunnet, sjå statistikkar i samanheng og gjere analysar av aktuelle saker. Verda vert meir komplisert, og det er viktig å nytte data frå fleire og nye kjelder for å belyse samhengane. SSB må difor fange opp og utvikle relevante statistikkar og statistikkområde og gode formidlingsmetodar innanfor dei ressursane verksemda disponerer. Gjennom å leie *Utvalet for offisiell statistikk* og ha eit utvida ansvar for samordning, skal SSB òg kunne følgje opp at alle dei offisielle produsentane i statistikkssystemet bidrar til dette.

I samband med ny lov og krava til offisiell statistikk er den FoU-statistikken som NIFU

(Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) utarbeidar vedtatt overført til SSB. Overføringa vert gjennomført som ei verksemdsoverdraging og bidrar til å samle FoU-statistikken hos SSB.

Leiande miljø for anvend forskning på norsk økonomi

SSB skal drive forskning og analyse i den grad det krevst for å kunne utvikle, utarbeide og formidle offisiell statistikk på ein god måte. Det vil stadig vere naudsynt å forske på statistiske metodar. Aukande tilfang av nye datakjelder gjer at nye problemstillingar vil dukke opp.

Statistikklova § 17 slår òg fast at SSB skal drive forskning og analyse på norsk økonomi ut over det som krevst i samband med statistikkproduksjonen. Det er lange tradisjonar for slik forskning i SSB. Saman med statistikken har dette arbeidet lagt til rette for ei god forståing av samfunnet og samfunnsutviklinga.

SSB må utvikle dei økonomiske modellane det forvaltar. Modellane er sentrale for både verksemdas eige arbeid med mellom anna prognosar og for regjeringas politikktutvikling. Finansieringa av delar av modellarbeidet vert frå 2022, i samsvar med ynskje frå SSB, ført over frå direkte betaling for modellane frå Finansdepartementet til den generelle løyvinga til SSB, jf. omtale nedanfor under budsjettframlegget for kap. 1620, post 01.

Betre produkt og tenester

Offisiell statistikk skal vere til allmenn nytte. Folk hentar informasjon om samfunnet og samfunnsutviklinga frå mange kjelder. For at SSB skal vere ei relevant og aktuell kjelde som vert brukt, må vidare utvikling av SSB òg skje i dialog med brukarar, registereigarar og andre dataforvaltarar. Behova til brukarane vil vere viktig for utvikling, produksjon og formidling av statistikk, analysar og forskning.

Eit godt samarbeid med registereigarane og andre dataeigarar kan òg medverke til å redusere oppgåvebøra for næringslivet og andre, gje registerdata med betre kvalitet og sikre tilgang til nye datakjelder. For næringslivet vil betre skjema for sjølvadministrerte undersøkingar, auka bruk av data direkte frå næringane sine eigne system og auka bruk av ukonvensjonelle datakjelder vere viktig.

SSB skal òg fortsetje arbeidet med å betre tenesta for tilgjengeleggjing av mikrodata. Mikrodata skal gjerast tilgjengeleg for forskarar

og styresmakter på ein effektiv og føreseieleg måte, både ved tradisjonell tilgjengeleggjing og ved å vidareutvikle dei nye tekniske løysingane for datatilgang, lansert gjennom *microdata.no*. SSB må ha god dialog med brukarane og finne praktiske løysingar for forskarar og forvaltninga. Ei fjernaksesløysing eller ei eksportløysing til eksterne arbeids- og analyserom bør over tid verte ein del av SSBs tilbod.

Utvikling og effektivisering

Teknologiske endringar gjev tilgang på meir data og nye datakjelder. Det skapar nye høve til statistikkutvikling, men fører òg til auka etterspurnad etter statistikk og analysar frå SSB. SSB må bruke stordata og nye metodar for å utvikle ny statistikk og nytte ressursane sine betre. Det er naudsynt å effektivisere og fornye, og ikkje minst å frigjere ressursar som kan gje rom for utvikling. SSB må heile tida utvikle statistikkproduksjonen for å møte auka krav frå brukarane, samstundes som verksemda skal effektiviserast. I det daglege arbeidet er det naudsynt at verksemda veg effektivitet opp mot andre kvalitetsindikatorar.

Arbeidet med dei fyrste utviklingsprosjekta for å etablere ei moderne IT-plattform starta i 2018. Utviklingsarbeidet inneber mellom anna nye løysingar for datalagring og datafangst og prosessforbetringar i dei statistikkproduserande avdelingane. Rutineprosessar som i dag krev mykje arbeidsinnsats, kan i større grad standardiserast og automatiserast, og slik skape rom for å nytte fleire nye datakjelder og lage meir statistikk, analyse og formidling som er godt tilpassa ulike brukaromsyn. I tillegg til at forenkla produksjonsprosessar kan gje rom for vidare kontinuerleg utvikling, vil auka bruk av nye datakjelder òg medverke til å redusere oppgåvebøra for oppgåvegjevarar.

Det største utviklingsprosjektet byggjer på dei same elementa som vert utvikla i samband med Skatteetatens prosjekt Sirius. SSB vil leggje til rette for at desse løysingane òg kan nyttast i annan statistikkproduksjon.

Transaksjonsdata og andre stordata kan gje høve til statistikk på nye område og redusere oppgåvebøra for oppgåvegjevarar. Slike data kan saman med nye metodar òg bidra positivt til eksisterande statistikk, noko bruk av transaksjonsdata i produksjonen av nasjonalrekneskapan i 2020 er eit døme på. SSB vil i 2022 gjennomføre ei ny forbruksundersøking. SSB skal i dette arbeidet gjere seg nytte av transaksjonsdata, som det ikkje tid-

legare har hatt tilgang til. Førebelse konklusjonar er at ein i tillegg til å nytte transaksjonsdata, må supplere med andre kjelder for å få eit godt nok grunnlag til å lage statistikkane.

Kompetente og motiverte leiarar og medarbeidarar

Tilsette med rett kompetanse er avgjerande for at SSB skal levere gode resultat. Behovet for kompetanse endrar seg i takt med den teknologiske utviklinga og etterspurnaden etter ny statistikk.

Med dei store endringane verksemda har vore og skal gjennom, er det særskild viktig å halde på og utvikle kjernekompetansen, og å behalde eit godt arbeidsmiljø.

Modernisering av SSBs produksjonssystem vil gje store endringar i arbeidsprosessane. SSB vil difor utvikle kompetansen slik at verksemda kan meistre endringane som moderniseringa gjev, og slik at dei tilsette har grunnlag for å meistre nye oppgåver.

Internasjonalt samarbeid

SSB skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid på statistikkområdet med samordning, informasjonsdeling og kompetanseutvikling. Det internasjonale samarbeidet inneber at det vert sett særskilde krav til innhald, omfang og kvalitet i statistikkane. I stor grad samsvarer slike internasjonale krav med SSBs prioriteringar og gjev føringar for utvikling av nye statistikkområde.

Eurostat føreteik ei ny runde med fagfelle-vurderingar (peer review) og Noreg vert vurdert hausten 2021. Resultata frå fagfelle-vurderinga vert vurdert og følgt opp i 2022 og framover.

SSB skal vere vertskap for DGINS-konferansen i 2022. DGINS-konferansane samlar direktørane i dei nasjonale statistikkbyråa i det europeiske statistikkssystemet (ESS), EUs kandidatland og fleire internasjonale organisasjonar. Det skal òg vere eit møte i ESS-komiteen i samband med konferansen, der Noreg deltar. Det er fyrste gong på meir enn 50 år at konferansen vert halden utanfor eit EU-land.

SSBs utviklingssamarbeid vert gjennomført i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad og er i tråd med norsk utviklingspolitikk.

Budsjett for 2022

Departementet gjer framlegg om å setje budsjett-ramma til SSB for 2022 til 897,2 mill. kroner. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei mål og prioriteringar som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til løn, opplæring, leige og drift av kontorlokale, reiser, kontorutstyr o.a. For 2022 gjer departementet framlegg om ei løyving på 649,5 mill. kroner som er 6,2 pst. meir enn Saldert budsjett 2021. Det meste av auken gjeld overtaking av ansvar for FoU-statistikk frå *Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning* (NIFU) og av ansvar for modellarbeid frå Finansdepartementet.

Etter at ny lov vart gjort gjeldande og forskings- og utredningsverksemda fekk nye retningslinjer, vart det gjort tydeleg at modellarbeidet SSB gjer for Finansdepartementet er ei sentral del av verksemdas samfunnsoppdrag. Følgjeleg vil Finansdepartementet avvike dagens ordning med delvis direkte finansiering av dette arbeidet gjennom kontraktar og delvis finansiering over grunnløyvinga til SSB. 12 mill. kroner er difor omdisponert frå kap. 1600 Finansdepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter, til SSBs kap. 1620.

FoU-statistikken som NIFU utarbeider i dag, vert overført til SSB. Til dekking av meirutgiftene på post 01 er det overført 12 mill. kroner – 11,5 mill. kroner frå kap. 285 Kunnskapsdepartementet, post 52 Langsiktig, grunnleggende forskning, og 0,5 mill. kroner frå kap. 732 Helse- og omsorgsdepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Spesielle driftsutgifter er knytte til brukarfinansierte oppdrag. For 2022 gjer departementet framlegg om ei løyving på 244,2 mill. kroner, noko som reelt er ein del lågare enn for 2021. Hovudårsaka er at Finansdepartementet flyttar finansieringa av dei økonomiske modellane i SSB frå betaling for kontraktar til den generelle løyvinga, og følgjeleg vert forventa oppdragsinntekter justert ned med 9,6 mill. kroner.

Ved brukarfinansierte oppdrag vert utgiftene posterte på kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Inntekta frå slike oppdrag skal dekkje utgiftene og vert postert på kap. 4620 *Statistisk sentralbyrå*, post 02 *Oppdragsinntekter*.

SSB kan overskride løyvinga til oppdragsverksemda på kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*. Eventuelle unytta meirinntekter kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på post 21, jf. framlegg til romartalsvedtak II.2.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, kan overføres

Framlegget gjev monaleg lågare løyving enn for 2021. Årsaka er lågare konsulentbruk ved IKT-for-

nyingar mot meir oppbygging av intern kompetanse.

Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
02	Oppdragsinntekter	238 488	260 634	253 194
85	Tvangsmulkt	4 759	15 000	10 000
	Sum kap. 4620	243 247	275 634	263 194

Post 02 Oppdragsinntekter

Sjå omtale under kap. 1620, post 21.

Oppdragsinntektene er førte opp med 9 mill. kroner meir enn utgiftene på kap. 1620, post 21. Inntektene skal overstige utgiftene med meirverdiavgifta i samband med brukarfinansierte oppdrag, og som vert å belaste kap. 1633 *Netto-*

ordning, statleg betalt meirverdiavgift. Desse utgiftene er vurderte til 9 mill. kroner.

Post 85 Tvangsmulkt

SSB har med heimel i statistikklova høve til å ileggje tvangsmulkt. Mulktene vert som hovudregel utmålt med utgangspunkt i rettsgebyret.

Programkategori 23.40 Andre føremål

Utgifter under programkategori 23.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	29 155 976	31 200 000	31 180 000	-0,1
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	8 131 831	8 392 600	9 100 000	8,4
1634	Kompensasjon for inntektssvikt som følgje av koronaviruset	7 570 350	430 000		-100,0
1645	Statleg garantiordning for lån til små og mellomstore føretak	10 010 000	3 000	4 000	33,3
Sum kategori 23.40		54 868 157	40 025 600	40 284 000	0,6

Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	
61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	27 009 275	28 950 000	28 900 000	
72	Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	2 146 701	2 250 000	2 280 000	
Sum kap. 1632		29 155 976	31 200 000	31 180 000	

Post 61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2004 vart det innført ei allmenn ordning der kommunar og fylkeskommunar vert kompenserte for meirverdiavgift på kjøp av varer og tenester. Føremålet med ordninga er at meirverdiavgifta i minst mogleg mon skal påverke avgjerdene som kommunane tek om anten å produsere avgiftspliktige tenester med egne tilsette eller å kjøpe dei frå private. Ordninga vart finansiert med ein reduksjon i dei frie inntektene til kommunane. Den allmenne kompensasjonsordninga kom i staden for ei

avgrensa kompensasjonsordning som vart innført i 1995.

I saldert budsjett for 2021 vart det lagt til grunn ei utgift på 28 950 mill. kroner i momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar. Løyvinga vart redusert til 28 380 mill. kroner ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2021.

Samla momskompensasjon til kommunar og fylkeskommunar i 2022 er talfesta til 28 900 mill. kroner.

Kommunane sender inn oppgåver over meirverdiavgiftskompensasjon til avgiftsstyremaktene annankvar månad slik som i det ordinære meirverdiavgiftssystemet, men det er òg mogleg å

levere årsoppgåver. Utbetalingane skjer etter kvart og innan tre veker etter innsending. Dokumentasjonskrava i samband med innsending av kompensasjonskrav er forenkla ved at krava berre skal ha stadfesting frå revisor. Kompensasjonskrav frå private tenesteprodusentar kan sendast direkte til avgiftsstyresmaktene. Det er ei minstegrense på 20 000 kroner for kompensasjonsbeløp per år for at verksemdar skal kome inn under ordninga. Ordninga gjeld nokre private og ideelle verksemdar òg. Det er ein eigen tilskotspost for desse, jf. post 72.

Post 72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, overslagsløyving

For ikkje å medverke til konkurransevriding mellom kommunal og privat produksjon av sentrale

velferdstenester er private og ideelle verksemdar òg omfatta av ordninga. Det gjeld private og ideelle verksemdar som utfører slike sosiale tenester og helse- og undervisningstenester som kommunane ved lov er pålagde å utføre. Det er på desse områda ein reknar med at kompensasjonsordninga i størst mon vil kunne gje kommunane ein konkurranseføremon framfor private verksemdar utan avgiftsplikt. Dei private og ideelle verksemdane som er omfatta av ordninga, skal sende krav etter dei same kriteria som kommunane.

I saldert budsjett for 2021 vart det lagt til grunn ei utgift på 2 250 mill. kroner på denne posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2 280 mill. kroner under denne posten for 2022.

Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	8 131 831	8 392 600	9 100 000
	Sum kap. 1633	8 131 831	8 392 600	9 100 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2015 vart det innført ei ordning med nettoføring av meirverdiavgift i ordinære statlege forvaltningsorgan. Nettoføringsordninga inneber at forvaltningsorgana som er inkluderte i ordninga, ikkje vert belasta meir-

verdiavgift for utgifter på postane 01–49 i budsjetta og rekneskapane sine, men fører utgiftene til meirverdiavgift på eit sentralt kapittel for meirverdiavgift under Finansdepartementet (kap. 1633, post 01). Det vil vere uvisse om løyvingsbehovet til ordninga også i 2022. Regjeringa foreslår ei løyving på 9 100 mill. kroner.

Kap. 1634 Kompensasjon for inntektssvikt som følgje av koronaviruset

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
21	Spesielle driftsutgifter	218 796	130 000	
70	Tilskott til verksemdar med rett til stønad	7 028 764		
71	Kompensasjonsordning for arbeidsgjevare i tiltakssona og på Svalbard	160 104		
72	Stønad for å ta permitterte tilbake i jobb, <i>overslagsløyving</i>	162 686	300 000	
	Sum kap. 1634	7 570 350	430 000	

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Våren 2020 vart det etablert ei mellombels tilskotsordning for føretak med stort omsetningsfall. Føremålet var å hindre at elles levedyktige føretak går konkurs som følgje av virusutbrotet og dei smitteverntiltaka som vart innførte. Seinare kom det òg ei kompensasjonsordning for arbeidsgjevarar i tiltakssona og på Svalbard og ei ny, søknadsbasert ordning for å stimulere verksemder til å ta permitterte tilbake i jobb.

Skatteetaten fekk ansvar for å administrere alle ordningane ved rettleiing, søknadsbehandling, vedtak, registrering av vedtak, utbetaling og tilbakebetaling av tilskot, oppfølging og kontroll.

Ordningane innebar vesentleg ressursbehov i Skatteetaten i både 2020 og 2021. Arbeidet med etterkontroll og eventuell innkrevjing av for mykje utbetalt stønad er òg følgt opp etter rekneskapsavslutninga i 2021. På post 21 vart det for 2020 gjeve ei eiga løyving til etaten sitt arbeid her, og av denne vart 218,8 mill. kroner nytta. Løyvinga for 2021 på 130 mill. kroner vart ved handsaminga av Prop. 94 LS og Innst. 298 LS (2020–2021) auka til 223,7 mill. kroner i samband med at stimuleringsordninga for å ta permitterte tilbake i jobb vart forlengt, men med endra innretning. På grunnlag av nye berekningar vart løyvinga sett ned til 180 mill. kroner ved budsjettrevisjonen våren 2021.

Fleire saker som gjeld ordningane som er omtalte ovanfor, krev òg oppfølging og eventuelt innkrevjing i 2022. Utgiftene til dette og til andre kontroll- og innkrevjingstiltak der aktiviteten som

følgje av pandemien har vorte lågare enn normalt, vert i 2022 dekte over kap. 1618, post 01.

Post 70 Tilskott til verksemder med rett til stønad

Kompensasjonsordning for føretak med stort omsetningsfall vart avslutta i 2020. Ved budsjettrevisjonen våren 2021, jf. Prop. 195 S og Innst. 600 S (2020–2021) vart det opna for inntektsføring på post 70 av frivillige tilbakebetalingar og tilbakebetalingar som følgje av kontrollar. Per 31. august 2021 var det her inntektsført 263,8 mill. kroner.

Post 72 Stønad for å ta permitterte tilbake i jobb, overslagsløyving

Tilskotsordninga for å ta permitterte tilbake i jobb vart opphavleg avgrensa til juli og august 2020, men vart seinare utvida til òg å gjelde oktober–desember same året med utbetaling i 2021. Som konsekvens av lenginga vart det i Saldert budsjett 2021 sett av 300 mill. kroner. Som konsekvens av ei ytterlegare lenging fram til 31. august 2021 ved handsaminga av Prop. 94 LS og Innst. 298 LS (2020–2021) vart løyvinga på post 72 auka til 1 200 mill. kroner.

Stønadsordninga er no avslutta. Det vert difor ikkje gjort framlegg om løyving for 2022. På same vis som for post 70, jf. omtale ovanfor, legg departementet til grunn at i den mon det kjem tilbakebetalingar som følgje av kontrollar eller frivillig frå mottakarar, kan beløpa førast til inntekt på post 72.

Kap. 1645 Statleg garantiordning for lån til små og mellomstore føretak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
23	Spesielle driftsutgifter til administrering av statleg garantiordning for små og mellomstore føretak	10 000	3 000	4 000
50	Tilskot til tapsavsetjing for statleg garantiordning for lån til små og mellomstore føretak	10 000 000		
	Sum kap. 1645	10 010 000	3 000	4 000

Post 23 Spesielle driftsutgifter til administrering av statleg garantiordning for små og mellomstore føretak

Våren 2020 vart det som eit av tiltaka for å avhjelpe verknader av koronapandemien etablert ei garantiordning for lån til små og mellomstore føretak og gjeve tilskot til tapsavsetjing under ordninga. Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) vart engasjert til å administrere ordninga.

Til denne oppgåva vart det samstundes løyvd midlar på *post 23 Spesielle driftsutgifter til administrering av statleg garantiordning for små og mellomstore føretak*.

Både i 2021 og 2022 er det trong for å følgje opp tilskotsordninga, etter kvart særleg med behandling av krav på grunnlag av stilte garantiar. Oppfølginga skjer ved Eksportfinansiering Noreg som GIEK frå 1. juli 2021 vart ein del av.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.**Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.**

Utgifter under programkategori 24.10 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022	Endring i pst.
1650	Statsgjeld, renter m.m.	10 472 723	10 160 900	10 250 600	0,9
1651	Statsgjeld, avdrag og innløsning	13 995 000	88 000 000		-100,0
	Sum kategori 24.10	24 467 723	98 160 900	10 250 600	-89,6

Det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet, slik det er berekna ved nysalderinga av budsjettet, vert finansiert med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Finansieringsbehovet i statsbudsjettet, m.a. avdrag på statsgjelda, netto utlån og kapitalinnskott til statsbankane, vert dekt med låneopptak i marknaden og/eller ved trekk på staten si kontantbeholdning.

Det er lagt opp til at finansieringsbehovet til staten skal dekkjast ved å ta opp nye langsiktige lån innanlands. Av omsyn til statspapirmarknaden vert det vanlegvis lagt opp til å glatte ut den lang-

siktige opplåninga over fleire år. Den kortsiktige opplåninga er mellom anna for å fange opp behovet i marknaden for kortsiktige papir. Finansdepartementets fullmakt til å låne i marknaden vart fram til 2015 fastsett av Stortinget på grunnlag av ein årleg proposisjon om lånefullmakter. For 2022 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2021–2022) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2022* (Gul bok).

Tabell 6.10 syner den innanlandske statsgjelda per 31. desember 2020, medrekna kontolån frå ordinære fond i statskassa.

Tabell 6.10 Innanlandsk statsgjeld per 31. desember 2020

Type lån	Beløp (mill. kr)
Faste innanlandske lån	469 005
Statskassevekslar	61 000
Kortsiktige kontolån	107 958
Kontolån frå ordinære fond ¹	171 037
Sum	809 000

¹ Gruppe 81 i Statsrekneskapen. Er ikkje omfatta av dei ordinære lånefullmaktene.

Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
01	Driftsutgifter	10 185		
89	Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	10 462 538	10 160 900	10 250 600
	Sum kap. 1650	10 472 723	10 160 900	10 250 600

Post 89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

(mill. kr)

Underpost	Underpostnamn	Rekneskap 2020 ¹	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
89.11	Faste lån	8 076	6 784	6 902
89.12	Gjenkjøps- og rentebyteavtalar	-1 171	-553	-55
89.13	Kontolån	101	88	26
89.14	Kontolån frå ordinære fond	2 223	2 322	2 239
89.15	Statskassevekslar	568	611	168
89.17	Nye faste lån		764	971
	Sum kap. 1650, post 89	9 796	10 016	10 251

¹ I rekneskapen vert faste lån og nye faste lån ført samla.

Til grunn for overslaget for renteutgiftene under kap. 1650, post 89, ligg dels eksisterande lån og dels overslag over behovet for låneopptak i 2022. Renteutgiftene vert påverka av omfanget av ny opplåning, førtidig innfriing og endringar i statens portefølje av rentebyteavtalar. Renteutgiftene vert òg påverka av utviklinga i marknadsrentene. Overslaget over renteutgifter er usikkert.

Underpost 89.11 Faste lån

Under denne posten vert det budsjetttert renteutgifter på obligasjonslån som er tekne opp før 1. januar 2021. Ved opptak av statsobligasjonslån kan det på grunn av skilnad mellom kupongrenta på det aktuelle lånet og marknadsrenta på lånetidspunktet oppstå ein over- eller underkurs. For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege finansieringskostnadene for staten, vert ein slik over- eller underkurs ikkje inntekts- eller utgiftsført på lånetidspunktet, men avrekna mot ein balansekonto i

statsrekneskapen (gruppe 77) og inntekts- eller utgiftsført på post 89.11 over den løpetida som står att for lånet. Renteutgiftene på faste lån i 2022 kjem dermed fram som kupongrenta, justert for den delen av over- eller underkursen som vert inntekts- eller utgiftsført i 2022.

Renteutgiftene på faste lån er anslått til 6 902 mill. kroner i 2021.

Underpost 89.12 Gjenkjøps- og rentebyteavtalar

Posten omfattar dels renteutgifter i samband med utlån av statspapir til primærmeklarane (gjenkjøpsavtalar). Staten betaler rente på kontantinnskotet som primærmeklarane stiller som sikkerheit i utlånsperioden. I tillegg vert nettoeffekten på renteutgiftene frå rentebyteavtalar i norske kroner ført på denne posten. Staten har for tida ei netto inntekt frå desse avtalane. Staten mottek ei fast langsiktig rente og betaler ei kortsiktig pengemarknadsrente i rentebyteavtalane. Etter-

som ein ventar framleis låge pengemarknadsrenter, reknar ein med ei nettoinntekt på denne posten på 55 mill. kroner i 2022.

Underpost 89.13 Kontolån

Statsinstitusjonar og statlege fond skal etter avtale plassere ledige midlar som innskot (kontolån) i statskassa. For dei fleste av desse innskota betaler staten rente. Kontolånplasseringar som kjem frå overskotslikviditet i samband med skatte- og avgiftsbetalingar, vert ikkje forrenta. Renteutgiftene på kontolån er anslått til 25,9 mill. kroner i 2022.

Underpost 89.14 Kontolån frå ordinære fond

Inneståande kontolån frå ordinære fond (gruppe 81 i Statsrekneskapen) var ved utgangen av 2020 på 171,0 mrd. kroner (medrekna kapitaliserte renter). For 2022 vert rentene på kontolån frå ordinære fond anslått til 2 239 mill. kroner.

Underpost 89.15 Statskassevekslar

Den ordinære kortsiktige opplåninga i marknaden skjer gjennom auksjon av statskassevekslar. Dette er renteberande papir utan kupongrente, der rentekostnaden følgjer av underkursen som papira vert lagde ut til. Den effektive renta på statskassevekslane er såleis avhengig av kursen som staten oppnår i auksjonane.

Dei samla renteutgiftene til staten under denne posten er anslått til 168 mill. kroner i 2022.

Underpost 89.17 Nye faste lån

Underposten omfattar renteutgifter på innanlandske obligasjonslån med faste rente- og avdrags-terminar, tekne opp etter 1. januar 2021. Over- eller underkurs er budsjettert som omtalt under post 89.11. For 2022 er renteutgiftene på nye faste lån anslått til 971 mill. kroner.

Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløyving

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2020	budsjett 2021	2022
98	Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	13 995 000	88 000 000	
	Sum kap. 1651	13 995 000	88 000 000	

Post 98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Posten omfattar avdrag på langsiktige statsobligasjonslån. I 2022 er det ikkje forfall av langsiktige statsobligasjonslån. Noregs Bank vil venteleg arrangere tilbakekjøpsauksjonar i marknaden i 2022 i lånet som forfell i 2023. Det kjøpte beløpet

vert då å rekne som avdrag i 2022 og vil samstundes redusere forfallet i 2023. Det er ikkje mogleg å gje gode overslag for omfanget av tilbakekjøp, og slike er difor ikkje teke omsyn til i budsjettforslaget. Det er heller ikkje ynskjeleg å gå ut med overslag her, sidan dette kan gje staten mindre handlefridom i marknaden.

Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.

Den nordiske investeringsbanken (NIB), som har hovudsete i Helsingfors, Finland, vart skipa i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei nordiske landa. Avtalen er seinare revidert etter semje 23. oktober 1998. Frå 1. januar 2005 vart Estland, Latvia og Litauen medlemmar av banken.

Avtalen om NIB vart endra igjen frå 29. juli 2020, mellom anna for å betre risikostyringa for banken si verksemd. Endringane innebar mellom anna at ordningane med lån til prosjektinvesteringar utanfor Norden (PIL) og miljøinvesteringar i nærområda til medlemslanda (MIL) vart avvikla. Dei avsette midlane i kredittrisikofondet for PIL og garantien til PIL vart samstundes konverterte til høvesvis innbetalt grunnkapital og garantiansvar i banken. Tilsvarande vart ikkje gjort for MIL-ordninga, der det ikkje var sett av midlar til eit kredittrisikofond.

I tillegg til nedlegginga av MIL og PIL vart det gjort fleire endringar i avtalen og statuttane for NIB. Sjå nærmare i Prop. 1 S (2019–2020) frå Finansdepartementet, s. 107.

Låne- og garantiordninga i NIB

Etter endringane i avtalen om NIB utgjer hovudtyngda av verksemda til banken vanlege investeringsutlån og garantiar til aktivitetar i eigarlanda. Det aller meste av utlåna går med til fremje av miljø og/eller produktivitet. Utlåna vert finansierte med grunnkapitalen til banken.

Grunnkapitalen

Grunnkapitalen er dels innbetalt kapital og dels garantikapital frå medlemslanda. Den norske kapitalen utgjer 21,5 prosent av den samla kapitalen i NIB. Etter at avtalen om endringar i NIB vart sett i verk, utgjer Noregs innbetalte kapital 181 832 487 euro, medan garantikapitalen fråtrekt innbetalt kapital er 1 617 872 454,48 euro. Dette er uendra frå 2021-framlegget.

I tråd med ovannemnde tilrår departementet at Stortinget gjev Finansdepartementet fullmakt til å gje garantiar i 2022 for Noregs del av grunnkapitalen til NIB, fråtrekt innbetalt kapital, innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 617 872 454,48 euro, jf. framlegg til romartalsvedtak VI.

Kap. 4670 Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
50	Tilbakeføring av tapsfondsmidlar	70 237		
	Sum kap. 4670	70 237		

I åra 1999–2000, 2002–2004 og 2015–2018 vart det gjeve løyvingar over kap. 1670 *Avsetningar til Den nordiske investeringsbanken*, post 50 *Tapsfond for miljølåneordninga*. Desse avsetningane sto i stats-

rekneskapan som skyldnader. Sidan garantiordninga for både miljø- og prosjektlåneordningane fall bort i 2020, vart desse avsetjingane tekne til inntekt med til saman 70 237 000 kroner.

Kap. 5341 Avdrag på utestående fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
91	Vanlege fordringar	8 428		
95	Avdrag på lån til andre statar	636	700	700
98	Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar		6 000 000	
	Sum kap. 5341	9 064	6 000 700	700

Post 91 Vanlege fordringar

På denne posten vert det ført eventuelle avdrag på lån, m.a. til næringsverksemd.

Post 95 Avdrag på lån til andre statar

Posten gjeld avdrag på eit lån som vart gjeve til Jugoslavia i 1983. Den delen av lånet som står att, vert no betalt av Serbia og Montenegro. Sjå

nærare omtale i Prop. 1 S (2015–2016) frå Finansdepartementet.

Post 98 Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar

Posten omfattar avdrag som staten får innbetalt på eigenbeholdning av statsobligasjonar som vert nytta til marknadspleie. I 2022 er det ikkje forfall av langsiktige statsobligasjonslån.

Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
85	Overføring	19 706 302	18 600 000	10 113 000
	Sum kap. 5351	19 706 302	18 600 000	10 113 000

Etter retningslinene for Noregs Banks årsoppgjersdisposisjonar, fastsette ved kgl. res. 21. desember 2000, skal eit eventuelt overskot setjast av til bankens kursreguleringsfond inntil fondet utgjør ein bestemt del av dei innanlandske og utanlandske aktiva som inneber ein kursrisiko for banken. Eventuelt overskot etter avsetjingar til kursreguleringsfondet skal setjast av i eit overføringsfond. Ved kvart årsoppgjer skal eit beløp svarande til ein tredel av innestående beløp i overføringsfondet overførast til statskassa.

Basert på vurderingar av risikoen for svingingar i resultatet til Noregs Bank i åra framover, er storleiken på kursreguleringsfondet sett til 40 pst.

av bankens netto internasjonale fordringar og 5 pst. av bankens beholdning av innanlandske verdipapir. Retningslinene er nærare omtalte i St.prp. nr. 40 (2002–2003). Kursreguleringsfondet var i fleire år lågare enn minstekravet i retningslinene, og det vart difor ikkje sett av midlar til overføringsfondet. Dette har endra seg frå 2015 av. I 2020 vart det overført 19,7 mrd. kroner til statskassa og i 2021 var overføringa 15,2 mrd. kroner. Ein reknar førebels med at det vil vere grunnlag for overføringar til staten i 2022 på 10,1 mrd. kroner. Endeleg beløp vert fastlagt ved Noregs Banks avslutning av rekneskapen for 2021.

Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	669 893		
81	Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta	168	200	200
82	Av innanlandske verdipapir	912 371	787 900	925 000
83	Av alminnelege fordringar	55 734	125 000	120 000
84	Av driftskreditt til statsverksemdar	132 246	223 500	413 000
86	Renter av lån til andre statar	70	100	100
89	Garantiprovisjon	67 862	64 000	43 500
	Sum kap. 5605	1 838 344	1 200 700	1 501 800

Post 80 Av statskassas foliokonto i Noregs Bank

Ved utgangen av 2020 var staten si kontantbeholdning i Noregs Bank om lag 313 mrd. kroner, som er 125 mrd. kroner høgare enn ved utgangen av 2019.

Alle betalningar til og frå staten vert avrekna mot staten sin foliokonto i Noregs Bank. Det er store daglege svingingar på kontoane til staten, m.a. som følgje av skatteinnbetalningar og overføringar frå Statens pensjonsfond utland. Utviklinga i kontantbeholdninga er heller uvisst.

Renta av det inneståande på foliokontoen vert rekna ut på bakgrunn av den renta som Noregs Bank får på sine utanlandske krav, avrunda til næraste ¼ prosentteining, og vert endra kvartalsvis. Det er venta at rentene på dei utanlandske krava til banken held seg låge. Anslaget for dei samla renteinntektene i 2022 under denne posten er derfor rekna til 0 kroner.

Post 81 Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta

Posten omfattar m.a. renter på staten sine bankinnskott til bruk på utanriksstasjonane. For 2022 er renteinntektene under denne posten rekna til 0,2 mill. kroner.

Post 82 Av innanlandske verdipapir

Posten omfattar for det meste renteinntekter som staten får på eigenbeholdninga av statspapir som vert nytta til marknadspleieføremål.

For å gje eit meir korrekt bilete av dei årlege renteinntektene på eigenbeholdninga og dermed av dei årlege netto finansieringskostnadene til staten, vert over- eller underkurs ført etter dei same prinsippa som for statsgjelda, jf. omtale under kap. 1650, post 89. For 2022 er renteinntektene under denne posten rekna til 925 mill. kroner.

Post 83 Av alminnelege fordringar

Posten omfattar renteinntekter av innskott frå statens rekneskapsførarar i bankar utanom konsernkontoordninga, utlån som vert forvalta av Finansdepartementet og andre departement, og andre renteinntekter av alminnelege krav.

Inntektene på denne posten er vanskeleg å føreseie. På usikkert grunnlag er det for 2022 ført opp inntekter på 120 mill. kroner.

Post 84 Av driftskreditt til statsverksemdar

Dei regionale helseføretaka kan ta opp lån i statskassa til investeringsføremål. Føretaka skal ikkje betale renter i opptrekkperioden. Rentene i denne perioden skal i staden kapitaliserast og leggast til låna gjennom ei særskild låneløyving for opptrekkrenter under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 732, post 83. Post 84 her er den motsvarande inntektsposten. Etter opptrekkperioden skal rentene på låna innbetalast av føretaka og inntektsførast på særskilde postar under fagdepartementet.

I 2009 vart dei regionale helseføretaka sine driftskredittar i private bankar omgjorde til drifts-

kredittar i staten, jf. kap. 732, post 86 under Helse- og omsorgsdepartementet. Føretaka betaler renter av trekka på driftskredittramma, og desse rentene vert òg inntektsførte under post 84.

For 2022 er renteinntektene under denne posten rekna til 413,0 mill. kroner.

Post 89 Garantiprovisjon

Garantiordninga for lån frå finansforetak til små og mellomstore føretak vart etablert i mars 2020 for å styrkje tilgangen på lån til verksemdar som

vert ramma av virusutbrotet. Føretaka som får garanterte lån, skal betale ein årleg garantiprovisjon til staten, i tillegg til at bankane skal betale ei årleg garantiavgift. *Eksportfinansiering Noreg* (som *Garantiinstituttet for eksportgaranti* (GIEK) vart ein del av frå 1. juli 2021) forvaltar ordninga på vegner av staten og har bedømt at dette kan gje inntekter på 43,5 mill. kroner i 2022. Overslaget er usikkert og kviler på usikre føresetnader om kor mykje av utlånsvolumet som vil verte innfridd eller misleghalde.

Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
85	Utbyte	104 052		104 100
	Sum kap. 5692	104 052		104 100

Den nordiske investeringsbanken betaler utbyte til medlemslanda i høve til den innskotne kapitalen. Storleiken på utbytet vert vedteken av årsmøtet (guvernørrådet) i banken, etter tilråding frå styret, på grunnlag av resultatet av verksemda året før. For 2019 har banken i 2020 betalt utbyte til den norske stat med nærmare 9,7 mill. euro eller nærmare 104,1 mill. kroner. For 2020 støtta guvernørrådet tilråding frå styret om at banken ikkje skulle betale utbyte i 2021. Rådet omtalte avgjerda som ein del av eigaranes vilje til å maksimere NIBs svar på den pågåande koronakrisa og vise støtte til banken si verksemd. I uttalen frå styret heiter det at ein vil vurdere å betale høgare utbyte enn normalt i 2022 dersom koronastoda betrar seg og banken si kapitalstilling gjer det mogleg.

Banken rapporterte 27. august 2021 eit resultat for fyrste halvår på 82 mill. euro, mot 15 mill. euro fyrste halvår 2020. I meldinga frå banken vart resultatframgangen særleg forklart med lågare tap på finansielle instrument og lågare tapsavsetjingar.

På grunnlag av fråsegna om årsrekneskapen for 2020 og resultatata for fyrste halvår 2021 har departementet funne det rett å budsjettere med utbetaling av utbyte for 2021 i 2022. Teknisk er det ført opp same utbyte som vart betalt i 2020 – 104,1 mill. kroner. Departementet understrekjer at dette beløpet ikkje vil vere førande for Noregs stemmegiving i årsmøtet i 2022.

Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2020	Saldert budsjett 2021	Forslag 2022
85	Utbyte frå Folketrygdfondet	863	800	300
	Sum kap. 5693	863	800	300

Det er tidlegare lagt til grunn at staten skal ha normalt utbyte av den innskotne ansvarlege kapitalen i Folketrygdfondet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for *Finansdepartementet*. I tråd med dette er det for 2021 fastsett eit utbytekraft på 337 000 kroner.

Utbytekraftet er fastsett med utgangspunkt i ei femårig statsobligasjonsrente. For 2022 er det difor budsjettert med eit utbyte på 0,3 mill. kroner.

Del III
Andre saker

7 Likestilling og mangfald

Nedanfor kjem ei oversikt over stoda i arbeidet med likestilling og mangfald på Finansdepartementets område, jf. § 26 a i likestillings- og diskrimineringslova. Som nemnt i pkt. 1.1 i del I omfattar denne proposisjonen av praktiske grunnar og programkategori 00.30 Regjering, som Statsministerens kontor har ansvaret for. Difor er likestillingsstoda for denne programkategorien òg teken med.

Budsjettkapitla på området til Finansdepartementet gjeld for det aller meste administrasjon og statens gjeld og krav. Disponeringa av desse løyvingane har lite å seie for kjønns- og likestillings-tilhøve. Departementet sitt arbeid med til dømes skatte-, avgifts- og pensjonsspørsmål har i nokre tilfelle følgjer for likestillinga. Det same gjeld personalpolitikken til departementet og dei underliggjande etatane.

7.1 Finansdepartementet

Kvinner utgjorde 47 pst. av dei tilsette ved utgangen av 2020. Blant leiarane var talet 32 pst. Av

seniorsaksbehandlarane var 45 pst. kvinner, og av juniorsaksbehandlarane var 59 pst. kvinner. 51 pst. av juristane og 41 pst. av økonomane var kvinner.

Det følgjer av tilsettingspolitikken at Finansdepartementet skal leggje til rette for at tilsette med varig eller mellombels nedsett funksjonsevne kan bruke kompetansen sin og røynsla si. Departementet har ein samarbeidsavtale med Fontenehuset – for overgangsarbeid. Eit medlem frå Fontenehuset vart engasjert i eit ni-månaders overgangsarbeid 2020–2021. Vidare vert det lagt til rette for ein ny medarbeidar frå Fontenehuset i laupet av hausten 2021.

Ved utgangen av 2020 hadde om lag 4 pst. av dei tilsette innvandrarbakgrunn. Talet på søkjarar med innvandrarbakgrunn var 9 pst. i 2020.

Sjukefråværet har vore lågt i mange år. Samla sjukefråvær var 2,3 pst. i 2020 mot 2,9 pst. i 2019. For kvinner var det 3,8 pst. og for menn 1,0 pst. mot 4,1 pst. og 1,8 pst. i 2019. Kvinner har i gjennomsnitt teke ut 29 veker foreldrepermisjon, medan menn har teke ut 16 veker.

7.2 Etatane under Finansdepartementet

7.2.1 Likestilling

Tabell 7.1 Likestilling mellom kjønna

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
Tilsette	7 475 (6 399)	1 531 (1 529)	832 (841)	669 (457)	323 (302)
<i>Prosentdelar:</i>					
Kvinner i etaten	62 (61)	46 (46)	48 (49)	61 (60)	51 (53)
Kvinnelege leiarar, heile etaten	59 (60)	32 (38)	41 (44)	58 (62)	56 (56)
Kvinnelege leiarar region, direktorat og avdeling nivå 2	49 (45)	22 (25)	33 (50)	53 (80)	83 (57)
Kvinnelege leiarar nivå 3	59 (55)	41 (37)	43 (44)	63 (57)	50 (59)
Kvinnelege leiarar nivå 4	60 (63)	30 (44)			
Mellombels tilsette kvinner	1,2	0,9	3,3	6,9	1,8
Mellombels tilsette menn	1,3	0,2	3,4	7,2	0,6
Deltid kvinner	7,4	8,9	10,8	3,2	10,4
Deltid menn	2,1	1,6	6,0	0,8	3,8
<i>Foreldrepermisjon; uttak av veker:</i>					
Kvinner	37	30	33	26	31
Menn	19	19	18	13	12

Tabellen nedanfor syner tal for samla sjukefråvær for 2020 for både kjønn, kvinner og menn.

Tabell 7.2 Samla sjukefråvær i pst. – både kjønn, kvinner og menn

	Skatteetaten	Tolletaten	SSB	DFØ	Finanstilsynet
Både kjønn	4,5	5,5	3,1	4,2	3,0
Kvinner	5,5	6,3	4,0	3,3	3,7
Menn	3,0	4,7	2,4	0,9	2,4

Alle etatane i departementsområdet er IA-verksemder og har plikt til å leggje til rette for at tilsette med varig eller mellombels nedsett funksjonsevne kan vere i arbeid. I 2020 har sjukefråværet vore lågare enn i 2019 for alle etatane. 2020 var eit spesielt år med virusutbrot og bruk av heimekontor, og tiltaka har vore mykje knytt til

denne situasjonen (utstyr, rettleiing og kompetansetiltak knytt til arbeidsmiljø, stress, video trening og psykisk helse m.m.). Fleire etatar meiner at heimekontor kan vere årsaka til eit lågare sjukefråvær. Det er eigenmeldt fråvær som er redusert mest.

Nokre tiltak

Alle verksemdar skal leggje til rette for at ingen vert diskriminerte, jamfør òg krava i diskrimineringslovene. Kvar arbeidsplass skal òg leggje forholde til rette for eit godt arbeidsmiljø som inkluderer alle, òg uavhengig av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk.

Skatteetaten har byrja å kartleggje risikofaktorar og har utarbeidd ein plan for korleis ei risikovurdering av likestilling og mangfald skal gjennomførast i 2021. For likestilling mellom kjønna vil etaten særleg arbeide for lik løn for arbeid av same verdi. Vidare har etaten mål om å utjamne utilsikta skilnader i løn.

Tolletaten har lagt vekt på arbeidet med kjønnsbalansert leiing, rekrutteringsprosessar, leiaropplæring, handlingsplan for *Inkluderingsdugnaden*, revidering av mangfaldsstrategi og varslingsrutinar for å avdekkje trakassering og kjønnsbasert vald mot tilsette i teneste. Etaten har innført rutinar for sluttsamtalar som undersøker tema rundt arbeidsmiljø og leiing, utvikling og påverknad og avgjerande sluttårsaker. Det blir òg gjort ei sluttundersøking med same tema som skal analyserast årleg. Det er utarbeidd nye malar for medarbeidar- og utviklingssamtalar mellom

anna med sikte på likebehandling og utviklingsmoglegheiter uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne og kulturell bakgrunn. Etaten har utarbeidd ein tiltaks- og oppfølgingsplan for å hindre mobbing og trakassering. Det er teke i bruk et e-læringskurs om temaet. Grensdivisjonen gjennomfører òg årleg ei undersøking blant dei tilsette, der dei vert spurde om dei opplever negative kommentarar i kontrollsituasjonar som tyder på at dei vel objekt på bakgrunn av etnisitet, nasjonalitet, klesdrakt, religion o.a., og i tillegg om dei føler at dei kan velje objekt utan frykt for represaliar frå kontrollobjekta. Vidare ser ein på korleis tilsette opplever merksemda etaten har når det gjeld etnisitet o.a., og på kor trygg den tilsette føler seg i kontrollsituasjonar med spesielt sårbar grupper som barn, unge og funksjonshemma.

Statistisk sentralbyrå fekk ein ny personal- og lønspolitikk i 2020 der eit kapittel om mangfald, likestilling og livsfasepolitikk gjev ei ramme for arbeidet med å hindre diskriminering på grunnlag av funksjonsnedsetjing. Etaten sette i 2020 òg i gang eit leiarutviklingsprogram der inkluderande rekruttering er eitt av temaa. Det vart òg sette i verk ein ny varslingsrutine for kritikkverdige forhold som mellom anna mobbing og trakassering.

Tabell 7.3 Kvinnens del av menns løn for nokre yrkeskodar

	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	Finans- tilsynet
1227 Produksjonsdirektørar innan offentleg adm.	98 (96)	103 (102)	99 (97)	94 (101)	95 (97)
2411 Økonomisk og samfunnsvitskapleg planlegging og utgreiing	93 (92)	89 (83)	93 (96)	96 (99)	93 (93)
2412 Juridisk planlegging og utgreiing	96 (95)	100 (101)	112 (110)	87 (berre kvinner)	103 (102)
3432 Revisorar	95 (94)	97 (98)	113 (85)	96 (96)	
2122 Statistikarar			97 (94)		
3441 Tollfunksjonærar	97 (97)	98 (98)			

Tala er frå 2020, med 2019-tal i parentes.

7.2.2 Etnisitet

Tabell 7.4 Tilsette med innvandrarbakgrunn

Prosentdelar	Skatte- etaten	Toll- etaten	SSB	DFØ	Finans- tilsynet	Heile dep.omr.	Statleg tariffomr.
I alt	8,8 (8,4)	5,9 (6,0)	14,8 (14,6)	12,0 (13,0)	6,6 (6,8)	8,9 (8,7)	12,4 (11,9)
– Frå landgruppe 1 ¹	3,1 (3,0)	2,7 (2,8)	4,2 (4,6)	3,9 (4,2)	2,5 (3,2)	3,1 (3,2)	6,2 (6,0)
– Frå landgruppe 2 ²	5,7 (5,4)	3,1 (3,1)	10,6 (10,0)	8,1 (8,8)	4,1 (3,6)	5,8 (5,5)	6,3 (5,9)

¹ EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand

² Resten av verda

Kjelde: SSB

Tabellen over syner prosentdelen tilsette med innvandrarbakgrunn i statleg tariffområde, departementsområdet og etatane. Tala er frå 2020, med 2019-tal i parentes. Skatteetaten, Statistisk sentralbyrå og sektoren under eitt har ein større prosentdel tilsette med innvandrarbakgrunn enn i 2019.

Alle etatane har innarbeidd statleg praksis om innkalling av minst ein kvalifisert søkjar med innvandrarbakgrunn til jobbintervju. Fleire av etatane deltek òg i mangfaldsnettverk og E-læringskurset «mangfaldsrekruttering» er teke i bruk av fleire etatar.

Finanstilsynet var ein av 15 verksemder knytt til pilot om anonyme søknader (blind rekruttering). Dette medførte auka merksemd rundt *Inkluderingsdugnaden*.

Inkluderingsdugnaden

Regjeringa har som mål at fem prosent av alle nyttilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller «høl i CV-en». Sektoren under eitt oppnådde 2,7 pst. i 2020 mot 1,4 pst. i 2019. Se tabellen under:

Tabell 7.5 Inkluderingsdugnaden

	Nytilsette i 2020	Nytilsette i målgruppa	Måloppnåing
Finansdepartementet	30 (30)	2 (0)	6,7 (0) pst.
Skatteetaten	532 (445)	13 (5)	2,4 (1,1) pst.
Tolletaten	63 (30)	0 (1)	0 (3,3) pst.
Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	63 (78)	4 (1)	6,3 (1,3) pst.
Statistisk sentralbyrå	131 (77)	4 (1)	3,1 (1,3) pst.
Finanstilsynet	45 (40)	0 (2)	0 (5) pst.
Heile sektoren	864 (700)	23 (10)	2,7 (1,4) pst.

Tala er frå 2020, med 2019-tal i parentes.

Nokre tiltak

På overordna nivå gjennomfører etatane tiltak som utlysing av stillingar som trainee/målretta engasjement og dei inngår samarbeidsavtalar med Nav og andre relevante aktørar. Det vert òg arbeidd med ein rekke *indirekte* tiltak som analyse av søkjarmassedata og analysar av kor utfordringane er og utvikling av alle ledd i rekrutterings-

prosessen. Inkludering er på dagsorden på alle leiarnivå. Det er etablert ein overordna handlingsplan for heile sektoren, og alle etatane har eigne planar for oppfølging av *Inkluderingsdugnaden*.

7.2.3 Likestillings- og mangfaldsarbeidet i etatane som offentleg myndigheit

Alle verksemder skal være universelt utforma slik at alle skal kunne bruke tenestene både i fysiske lokale og på etatanes heimesider. Etatane har i

varierende grad publikumskontakt, men nedanfor er det nokre døme på tiltak rundt tema som identifisering av eventuell diskriminering av brukarar, kompetansehevingstiltak, brukarundersøkingar og kommunikasjon med brukarar.

Identifisering av eventuell diskriminering av brukarar

Skatteetaten starta i 2020 med å kartleggje risikofaktorar og lage plan for gjennomføring av risikovurderinga av likestilling og mangfald som skal gjennomførast i 2021. Resultata frå risikovurderinga vert grunnlag for tiltak og for korleis etaten skal arbeide vidare med likestilling og mangfald.

Kompetansehevingstiltak

Skatteetaten har i mange år hatt etablerte metodar for korleis den skal ha brukarfokus og brukskvalitet i utvikling av tenestene. For at behovet til brukarane skal vere tydeleg i alt utviklingsarbeid, arbeider etaten no fram ein ny utviklingsmetode for å styrkje brukarorienteringa, gje betre brukarinnsikt og vite korleis det skal brukartestast. Etaten har vegvisar for tilsette der dei kan finne ulike kurs om universell utforming.

Finanstilsynet har halde foredrag i regi av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring om korleis leiarar spiller ein viktig rolle i arbeidet med *Inkluderingsdugnaden*.

Brukarundersøkingar om behov for tilgjenge, tilrettelegging av språk, religion og livssyn og om nokon føler seg utsett for stereotypisering i direkte kommunikasjon eller i informasjonsmateriell

Skatteetaten har ikkje gjennomført brukarundersøkingar som dekkjer dette området i 2020, men kartlegginga som vert gjennomført i 2021, vil kunne gje nokre svar på eventuelle behov for tilgjenge og tilrettelegging. Spørsmåla om nokon kjenner seg utsette for stereotypisering i direkte kommunikasjon eller i informasjonsmateriell, vert vurdert tekne inn i *Skatteetaten* sine brukarundersøkingar.

Statistisk sentralbyrå har spørjeundersøkingar der informasjonsmateriellet vert utarbeidd på morsmålet (t.d. polsk, litauisk eller urdu) til grupper som skal svare på undersøkingane.

Tilgjenge lokalar og digitale tenester

Skatteetaten starta i 2020 eit forprosjekt for universell utforming ut i frå innføringa av EUs webdirek-

tiv (WAD – om universell utforming av IKT). Forprosjektet sine tre hovudleveransar er kartlegging av status på universell utforming i noverande løysingar, planleggje tiltak for status og kontroll i forvaltningssituasjon og identifisere og gjennomføre kompetansetiltak.

Statistisk sentralbyrå har utarbeidd nye løysingar for ein meir brukarvenleg statistikkbank. Alle statistikkar og mange artiklar vert òg oversette til engelsk. Dei fleste sidene har ein tilbakemeldingsfunksjon.

Rekrutteringsmaterieil

Skatteetaten vidareutviklar jobbanalysen og legg inn spørsmål som er retta mot målgruppene, tilpassar utlysingane for å nå målgruppa og vil at dei skal vise etaten sitt mål om å tilsette personar med nedsett funksjonsevne og «*høl i CV-en*», sørgje for at kvalifikasjonskrava ikkje diskriminerer eller stengjer ute, og bruke språk og bilete som viser mangfald og er inkluderande.

Informasjonsmaterieil om tenester (språk, informasjon retta mot grupper)

Skatteetaten har rutinar og brukarrådgevinger for alle saker som skal publiserast på kundeservice-sidene. Den har laga eige nettstad for interne og samarbeidspartnarar, og som gjev føringar og hjelp til språk, design og utvikling og som tek vare på mellom anna universell utforming og klar-språk. Etaten følgjer føringar og råd frå Språkrådet, er kjønnsnøytrale og seier *du* og *dere*. Universell utforming skal sikre at alle har tilgang til å setje seg inn i rettar og plikter. Det betyr mellom anna å ivareta personar med kognitive utfordringar med å skrive enkelt og bruke korte, forstålege setningar, gje alternative presentasjonar, gje god nok tid på oppgaver og følgje retningslinene for nettsidetilgjengelighet. Det vil til dømes bety å tekste videoar. Klart språk skal gjere institusjonelle tekster, som til dømes vedtaksbrev og informasjon, meir forståeleg.

Tolletaten har omsett mykje av innhaldet på heimesida toll.no til engelsk. Nye tekstar vert omsette ved behov. Nokre av dei mest etterspurde rettleiingstekstane er òg omsette til tysk, spansk, fransk, polsk og russisk. Kontaktsenteret i etaten har nær kontakt med publikum og god oversikt over behova til dei enkelte gruppene og bidreg til at dei digitale tenestene til kvar tid er oppdaterte.

Finanstilsynet har stadig meir informasjon tilgjengeleg på engelsk.

System for å avdekkje trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald mot tilsette i teneste

Skatteetaten har som mål å sikre at alle tilsette er trygge på jobb og har null-toleranse for vald og trugslar. Mange av Skatteetatens medarbeidarar er eksponerte for vald og trugslar når dei gjennomfører oppgåver som til dømes rettleiing i skranke/telefon, oppsøkjande kontrollverksemd, innkrevjing, deltaking i rettssaker, saksbehandling m.m. Etaten har førebyggjande tiltak mot vald og trugslar, rutine for *Sikker jobb-analyse* og retningsline for å melde til politiet. Førebygging av vald og trugslar er eige tema i HMS-opplæringa. Alle typar konflikt, mobbing og trakassering er med i etaten sitt avvikssystem som vert kontinuerleg oppdatert. Oppfølging av HMS-avvik skjer gjennom fagleg nettverk for ansvarlege for HMS-avvik, kampanjar for å motivere til å melde avvik og i arbeidsmiljøutval.

7.3 Programkategori 00.30 Regjering

Statsministerens kontor

Statsministerens kontor har som mål å fremje likestilling og mangfald gjennom personalpolitikken. Kontoret legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit til utvikling i oppgåver og kompetanse, og dermed same høve til lønsutvikling.

Tilstandsrapport kjønn

Tabellen under syner prosentdelen kvinner i verksemda, prosentdelen mellombels tilsette kvinner og menn og prosentdelen deltid kvinner og menn. Tabellen viser òg gjennomsnittleg uttak av foreldrepermisjon for kvinner og menn.

	SMK	Kvinner sin del av menn si løn
	Prosentdelar	Prosentdelar
<i>Kvinner:</i>		
Totalt i verksemda	45 (44)	98 (109)
Leiarstillingar	40 (33)	127 (135)
Fagdirektørar og seniorrådgjevarar	54 (52)	90 (98)
Andre saksbehandlarar og støttefunksjonar	72 (69)	108 (96)
Sjåførar	14 (15)	98 (98)
<i>Mellombels/deltid:</i>		
Mellombels tilsette kvinner	5,0	
Mellombels tilsette menn	4,1	
Deltid kvinner	10,0	
Deltid menn	0	
<i>Foreldrepermisjon; uttak av veker:</i>		
Kvinner	29	
Menn	16	

Målet er ei jamn kjønnsfordeling blant dei tilsette ved kontoret. Kjønnsfordelinga kan verte betre i

einskilde grupper, som til dømes i sekretærgruppa der det er ti kvinner og ein mann.

Samla sjukefråvær:

Prosentdelar	Både kjønn	Kvinner	Menn
	1,8	2,5	1,4

Tiltak for å fremje likestilling og mangfald

Personar med nedsett funksjonsevne, personar med «høvl i CV-en» og personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje ledige stillingar ved kontoret. Dersom det finst kvalifiserte søkjarar i desse gruppene, vert minst ein søkjar kalla inn til intervju.

Statsministerens kontor er IA-verksemd. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskild tilrettelegging,

til dømes på grunn av sjukdom, graviditet eller omsorgsoppgåver.

Kontoret ynskjer å leggje til rette for gode arbeidsvilkår for ulike fasar i livet. For tilsette over 60 år vert det i medarbeidarsamtalen utført ein seniorsamtale for å kartleggje eventuelle ynskjer om endra arbeidsoppgåver, tilrettelegging av arbeidssituasjonen og andre tiltak som kan styrkje moglegheita for å stå lenge i stillinga.

Regjeringsadvokaten

Regjeringsadvokaten har ein likestillingsplan med mål som skal hindre forskjellsbehandling på grunn av kjønn innanfor område som bemanning, leing, faglege utfordringar, løn, tilrettelegging for omsorgsplikter m.m. Embetet legg vekt på å gje kvinner og menn same moglegheit for utvikling gjennom oppgåver og kompetansetiltak.

Tilstandsrapport kjønn

	Regjeringsadvokaten	Kvinner sin del av menn sin løn
	Prosentdelar	Prosentdelar
<i>Kvinner:</i>		
Totalt i verksemda	55 (53)	79 (78)
Leiarstillingar	33 (33)	93 (92)
Fagleiar	36 (30)	102 (101)
Andre advokatar og støttefunksjonar	61 (58)	88 (85)
<i>Mellombels/deltid:</i>		
Mellombels tilsette kvinner	2,4	
Mellombels tilsette menn	2,9	
Deltid kvinner	4,8	
Deltid menn	0	
<i>Foreldrepermisjon; uttak av veker:</i>		
Kvinner	32	
Menn	18	

Av dei 52 i advokatembete var 46 pst. kvinner. Av dei 25 tilsette på administrativ side, var 72 pst. kvinner. Regjeringsadvokaten har ein god kjønnsbalanse i alle stillingskategorier, med unntak av advokat-assistentane, der alle fast tilsette er kvinner.

To personar var mellombels tilsette – ei kvinne og ein mann. Dette er jus-studentar som arbeider som kveldssekretær og resepsjonsmedarbeidar.

To tilsette arbeidde deltid; ein på grunn av uføre og ein friviljug.

På leiarnivå hadde menn høgare lønsnivå i gjennomsnitt enn kvinner. Dette har si årsak i at leiar av verksemda, som har høgast løn, er mann. For dei andre i leiargruppa var gjennomsnittsløna høgare for kvinner enn for menn. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierte, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidserfaring. For advokatane gjeld eit rent ansiennitetsprinsipp ved fastsetjing av løn, noko som medfører at kvinner og menn har lik løn gitt same ansiennitet.

Hos Regjeringsadvokaten får advokatane eit relativt stort lønshopp når dei får møterett for Høgsterett. Tildeling av prøvesaker for Høgsterett følgjer i stor grad ansiennitet og vil såleis alltid skje på kjønnsnøytrale premiss.

Samla sjukefråvær:

Prosentdelar	Både kjønn	Kvinner	Menn
	1,9	2,6	1,2

Ved utlysning av stillingar i grupper med skeiv kjønnsfordeling, vert det underrepresenterte kjønn oppmoda til å søkje. Regjeringsadvokaten kallar som hovudregel inn minst ein søkjar, som regel fleire, med innvandrarbakgrunn til intervju. Tilsvarende gjeld dersom det er kvalifiserte søkjarar med nedsett funksjonsevne eller «hòl i CV-en».

Regjeringsadvokaten legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr og arbeidsoppgåver for medarbeidarane i tillegg til arbeidsoppgåver og arbeidstid for dei med behov for særskilt tilpassing. Embetet tilbyr arbeidsplassvurdering til alle tilsette og gir moglegheit til trening.

For dei som har minimum fem år til fyrste moglege avgangstidspunkt, vert det lagt opp til ein seniorsamtale. Føremålet er å diskutere framtidssikter og kva moglegheiter arbeidsgjevar har til å foreslå utfordrande oppgåver og kompetansehevande tiltak som kan gjere det attraktivt å stå lenger i stillinga. For at dei eldre skal stå lenger i stillinga, har embetet innført betre ordningar for seniorar.

7.4 Verknader av virusutbrotet i 2020

I Prop. 1 S (2020–2021), punkt 6.4, vart det gjeve ein omtale av verknadene av virusutbrotet i 1. halvår 2020. Nedanfor gjev Finansdepartementet ei overordna oversikt over verknader for heile 2020.

Finansdepartementet

Finansdepartementet har ikkje registrert likestillingsutfordringar i samband med virusutbrotet i 2020.

2020 vart i stor grad prega av virusutbrotet med tidvis stengde skular og barnehagar og heimekontor for dei aller fleste i departementet. Dette har truleg påverka sjukefråværet enten ved at medarbeidarane ikkje har vore like mykje sjuke eller har kunna arbeide litt fordi dei har arbeidd heimanfrå. Det er berre registrert covid-relatert fråvær på til saman 7 arbeidsdagar i 2020.

Fråvær på grunn av sjuke barn utgjorde 0,5 pst. i 2020 mot 0,4 pst. i 2019. Kvinner har i gjennomsnitt hatt slikt fråvær 3,6 dagar mot 3,1 dagar i 2019, og menn har hatt 2,9 dagar mot 2,5 dagar i 2019. Det er ein noko større prosentdel av menn som har hatt slikt fråvær i 2020, 62 pst. mot 53 pst. blant kvinner.

Sjukefråværet for menn gjekk ned i 2020 og var berre 1,0 pst. mot 1,8 pst. i 2019. Kvinner sitt sjukefråvær var 3,8 pst. mot 4,1 pst. i 2019. Det er grunn til å tru at ein vesentleg del av nedgangen er knytt til at svært mange har hatt heimekontor i store delar av 2020.

På grunn av arbeidet med koronatiltaka vart det nytta markant meir overtid frå mars til mai, jamført med same periode i 2019. Hausten 2020 vart det òg arbeidd meir overtid enn hausten 2019. Året 2020 under eitt har kvinner arbeidd 29 pst. meir overtid enn i 2019, medan menn har arbeidd 23 pst. meir overtid.

Etatane og Statsministerens kontor

Året 2020 sett under eitt har ingen av etatane funne grunn til å tru at virusutbrotet, eller tiltak som er sette i verk som følgje av det, har forsterka eksisterande likestillingsutfordringar eller skapt nye slike.

Skatteetaten meiner heimekontor og dei iverksette tiltaka har bidrege til at sjukefråværet er mykje lågare enn tidlegare. Etaten har gjort store tilpassingar for heimekontor. Tilsette med uheldig fysisk arbeidsmiljø eller belastningar heime, vert prioriterte for tilbakeføring til kontoret. Utbrotet har for dei fleste i etaten ikkje ført til auka belastningar, men det vart brukt mykje meir overtid for dei som arbeidd med grunnlaget og systemet for kompensasjonsordninga for inntektssvikt. I tillegg la etaten til rette for overføringa av skatteoppkrevjingsfunksjonen frå kommunane frå 1. november 2020.

Tolletaten har i 2020 lagt ekstra vekt på medarbeidaroppfølging med mange tilsette på heimekontor. Tiltaka har primært som mål å forhindre muskel- og skjelettplager, men psykososiale utfordringar er òg handtert der det er fanga opp. Det er liten forskjell i fråvær på grunn av sjuke barn i 2020 samanlikna med 2019. Det er litt færre tilfelle av fråvær på grunn av sjuke barn i 2020 enn i 2019. Samstundes er fråværet litt lengre for kvinner i 2020 enn i 2019 og litt kortare for menn i 2020 enn i 2019. Det er samla sett mindre bruk av overtid i 2020 enn i 2019. I 2020 hadde kvinner 31 pst. av overtidstimane i etaten, mot 40 pst. i 2019. I 2020 hadde menn 69 pst. av overtidstimane, mot 60 pst. i 2019.

Statistisk sentralbyrå har i 2020 hatt eit sjukefråvær på 3,1 pst. mot 4,7 pst. i 2019, og det er det lågaste som er registrert på mange år. Dette kan

henge saman med at smitteverntiltak og mindre fysisk kontakt har ført til lågare risiko for sjukdom. Dei tilsette har rapportert om lågare terskel for å arbeide heilt eller delvis under sjukdom i ein situasjon der heimekontor er hovudregelen. Fråvær på grunn av barns sjukdom auka markant i 2020 samanlikna med 2019. Målt i gjennomsnittleg antall dagar brukte menn 6,9 dagar på grunn av barns sjukdom i 2020, medan kvinner brukte 7,2 dagar. I 2019 var tala 3,8 dagar for menn og 4,3 dagar for kvinner.

Statsministerens kontor har ikkje registrert særskilde utfordringar knytt til likestilling i eiga verksemd i samband med virusutbrotet i 2020. Det har vore eit arbeidskrevjande år, men det er ikkje noko som tyder på at arbeidsbelastning og overtidbruk, fordelt på kjønn og alder, er endra.

8 Omtale av klima- og miljørelevante saker

8.1 Finansdepartementet

Berekraftig utvikling

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv forvaltning av dei økonomiske ressursane. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

Oppfølginga av Dei Sameinte Nasjonanes 17 mål for berekraft er integrert i regjeringas ordinære politiske arbeid. Kommunal- og moderniseringsdepartementet koordinerer den nasjonale oppfølginga, Utanriksdepartementet koordinerer oppfølginga internasjonalt og Finansdepartementet samanfatar rapporteringa i nasjonalbudsjettet.

Sektorovergripande klima- og miljøverkemiddel

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innretting av avgifter i miljøpolitikken. Rett utforma miljøavgifter gjev tildriv til å minke utsleppa og sikrar òg at forureinarane betaler.

8.2 Statistisk sentralbyrå

Statistikk over utslepp til luft er eit prioritert område. Statistikken over utsleppa av klimagasar er mellom anna knytt til oppfølginga av Noregs klimamål slik dei mellom anna kjem fram i Kyoto-protokollen og i Parisavtala, til ei ny forordning om miljørekneskapar i Eurostat, samt rapportering som følgjer av klimalova. I tillegg til dei krava som Kyoto-protokollen set, vert det teke med tal for utslepp frå internasjonal luft- og sjøfart og opptak av CO₂ i skog. Norsk klimapolitikk er nært knytt til EU. Noreg og EU vil frå 2021 ha eit samarbeid om klimaskyldnadene for 2030. Statistikken over langtransportert forureining er mest knytt til oppfølginga av Gøteborg-protokollen.

Utviklinga av statistikk over verkemiddelbruk, m.a. avgifter og utsleppskvotar, skal halde fram. I

2019 vart statistikken utvida med tal for miljøsubsidiar. Statistikken over reinsing og utslepp av kommunalt avløpsvatn vert utvikla vidare. SSB følgjer òg opp statistikkforordninga om materialrekneskapar; «*Sirkulær økonomi*» (materialstrømmer og attvinning). SSB skal hjelpe Miljødirektoratet med å finne målepunkt som er tilpassa nytt direktiv, tilpasse innhentinga av data og avklare korleis statistikken skal kunne ta vare på nasjonale og internasjonale behov. SSB skal ta i bruk nye kjelder om plastavfall ved utarbeiding av avfallsrekneskapen. SSB er med på å kartleggje matsvinn i primærleddet, altså hos jordbruksbedriftene. Det er Landbruksdirektoratet som finansierer arbeidet ved utviding av skjema i to avlingsundersøkingar. SSB skal oppdatere og publisere arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og andre meir analyseprega temastatistikkar om areal. Statistikk og analysar er publiserte som planlagd.

Etterspurnaden etter miljøstatistikk til internasjonale publikasjonar og indikatorsystem, særleg i EU og OECD, er aukande.

Frå 2017 gav ei EU-forordning rapporteringsplikt på områda rekneskap for miljøvernuttgifter (EPEA), statistikk for produksjon, bruttoprodukt, sysselsetting og eksport av miljørelaterte varer og tenester (EGSS) og næringsfordelt energibruk. Alle desse områda vert utarbeidd etter den internasjonale standarden SEEA (System for Environmental and Economic Accounting) og i tråd med prinsipp i nasjonalrekneskapen.

Innanfor forskingsverksemda i SSB på miljø- og klimafeltet er det fleire analyseprosjekt i gang, knytt til energimarknadstrendar, klimapolitisk utvikling og bruk av naturressursar. I desse nyttar ein økonomiske analysemodellar av norsk, europeisk og global økonomi. Modellar av norsk økonomi (SNOW) vert òg leverte til Finansdepartementet for bruk der. Forskjingsprosjekta nyttar norske data, i hovudsak frå SSB, og medverkar til statistikkarbeid på energi-, utslepps- og miljøfeltet. Prosjekta omfattar mellom anna omstilling av norsk økonomi og studiar av Noregs klimapolitiske mål og verkemiddel, løysingar for låge utslepp i transport, energi og

industri, samt verdsetjing av naturressursar og tenester frå økosystema. Forskarane arrangerer og deltar i aktivitetar overfor norske brukarar i

forvaltninga, nærings- og organisasjonslivet, allmenta, samt nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

Finansdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2021–2022) om statsbudsjettet for år 2022 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Finansdepartementet blir i Prop. 1 S (2021–2022)
statsbudsjettet for budsjettåret 2022 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 20–51, 1600–1650, 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5605, 5692–5693

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Regjeringa				
20	Statsministerens kontor			
	01	Driftsutgifter	95 181 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, Koronakommisjonen, <i>kan overførast</i>	5 000 000	100 181 000
21	Statsrådet			
	01	Driftsutgifter	175 969 000	175 969 000
24	Regjeringsadvokaten			
	01	Driftsutgifter	110 715 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	15 100 000	125 815 000
		Sum Regjeringa		401 965 000
Stortinget og tilknytte organ				
41	Stortinget			
	01	Driftsutgifter	1 022 485 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	2 400 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	147 400 000	
	50	Sannings- og forsoningskommisjonen	10 000 000	
	70	Tilskot til partigruppene	210 600 000	
	72	Tilskot til Det Norske Nobelinstituttets bibliotek	1 500 000	
	73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	16 500 000	
	74	Reisetilskot til skular	5 400 000	1 416 285 000
42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret			
	01	Driftsutgifter	7 766 000	7 766 000
43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga			
	01	Driftsutgifter	94 287 000	94 287 000

Kap.	Post		Kroner	Kroner
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste			
	01	Driftsutgifter	35 105 000	35 105 000
45	Noregs institusjon for menneskerettar			
	01	Driftsutgifter	26 040 000	26 040 000
51	Riksrevisjonen			
	01	Driftsutgifter	563 977 000	
	75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	28 600 000	592 577 000
		Sum Stortinget og tilknytte organ		2 172 060 000
		Finansadministrasjon		
1600	Finansdepartementet			
	01	Driftsutgifter	416 321 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	101 700 000	
	70	Forskning på og allmennopplysning om finansmarknaden	13 900 000	531 921 000
1602	Finanstilsynet			
	01	Driftsutgifter	440 560 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	35 300 000	475 860 000
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring			
	01	Driftsutgifter	906 109 000	
	22	Opplæringskontoret OK stat	9 248 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	17 500 000	932 857 000
		Sum Finansadministrasjon		1 940 638 000
		Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		
1610	Tolletaten			
	01	Driftsutgifter	1 627 407 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	166 700 000	1 794 107 000
1618	Skatteetaten			
	01	Driftsutgifter	7 102 061 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	264 800 000	
	22	Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	616 800 000	
	23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	97 638 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	143 400 000	
	70	Tilskot	6 433 000	8 231 132 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
1619	Skatteklagenemnda		
	01 Driftsutgifter	72 090 000	72 090 000
	Sum Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		10 097 329 000
	Offisiell statistikk		
1620	Statistisk sentralbyrå		
	01 Driftsutgifter	649 553 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	244 194 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	3 600 000	897 347 000
	Sum Offisiell statistikk		897 347 000
	Andre føremål		
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift		
	61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	28 900 000 000	
	72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, <i>overslagsløyving</i>	2 280 000 000	31 180 000 000
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	9 100 000 000	9 100 000 000
1645	Statleg garantiordning for lån til små og mellomstore føretak		
	23 Spesielle driftsutgifter til administrering av statleg garantiordning for små og mellomstore føretak	4 000 000	4 000 000
	Sum Andre føremål		40 284 000 000
	Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		
1650	Statsgjeld, renter m.m.		
	89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	10 250 600 000	10 250 600 000
	Sum Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		10 250 600 000
	Sum departementets utgifter		66 043 939 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Regjeringa			
3024	Regjeringsadvokaten		
	01 Vederlag for utgifter i rettssaker	20 700 000	20 700 000
	Sum Regjeringa		20 700 000
Stortinget og tilknytte organ			
3041	Stortinget		
	01 Salsinntekter	5 700 000	
	03 Leigeinntekter	2 300 000	8 000 000
3051	Riksrevisjonen		
	01 Refusjon innland	2 000 000	
	02 Refusjon utland	300 000	2 300 000
	Sum Stortinget og tilknytte organ		10 300 000
Finansdepartementet			
4600	Finansdepartementet		
	02 Ymse refusjonar	200 000	200 000
4602	Finanstilsynet		
	03 Sakshandsamingsgebyr	12 800 000	
	86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	500 000	13 300 000
4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring		
	01 Økonomitjenester	183 800 000	
	02 Opplæringskontoret OK stat	14 300 000	198 100 000
4610	Tolletaten		
	01 Særskilt vederlag for tolltjenester	7 600 000	
	02 Andre inntekter	2 200 000	
	04 Ymse refusjonar	1 100 000	
	05 Refusjon frå Avinor AS	26 300 000	
	85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	23 000 000	60 200 000
4618	Skatteetaten		
	01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	37 300 000	
	03 Andre inntekter	6 300 000	
	05 Gebyr for utleggsforretningar	107 800 000	
	07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner	4 500 000	
	11 Gebyr på kredittdeklarasjonar	3 000 000	
	85 Inngått på tapsførte lån m.m.	240 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	86	Bøter, inndragingar m.m.	1 853 000 000	
	87	Trafikantsanksjonar	60 000 000	
	88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	230 000 000	
	89	Gebyr for regelbrot	6 100 000	2 548 000 000
4620		Statistisk sentralbyrå		
	02	Oppdragsinntekter	253 194 000	
	85	Tvangsmulkt	10 000 000	263 194 000
		Sum Finansdepartementet		3 082 994 000
		Ymse inntekter		
5341		Avdrag på utestående fordringar		
	95	Avdrag på lån til andre statar	700 000	700 000
5351		Overføring frå Noregs Bank		
	85	Overføring	10 113 000 000	10 113 000 000
		Sum Ymse inntekter		10 113 700 000
		Skatter og avgifter		
5580		Sektoravgifter under Finansdepartementet		
	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	485 860 000	485 860 000
		Sum Skatter og avgifter		485 860 000
		Renter og utbyte m.m.		
5605		Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar		
	81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	200 000	
	82	Av innanlandske verdipapir	925 000 000	
	83	Av alminnelege fordringar	120 000 000	
	84	Av driftskreditt til statsverksemdar	413 000 000	
	86	Renter av lån til andre statar	100 000	
	89	Garantiprovisjon	43 500 000	1 501 800 000
5692		Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken		
	85	Utbyte	104 100 000	104 100 000
5693		Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.		
	85	Utbyte frå Folketrygdfondet	300 000	300 000
		Sum Renter og utbyte m.m.		1 606 200 000
		Sum departementets inntekter		15 319 754 000

Fullmakter til å overskride gjevne løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 41 post 01	kap. 3041 post 01
kap. 51 post 01	kap. 3051 post 02
kap. 1600 postane 01 og 21	kap. 4600 post 02
kap. 1605 post 01	kap. 4605 post 01
kap. 1605 postane 01 og 22	kap. 4605 post 02
kap. 1610 post 01	kap. 4610 postane 01, 04 og 05
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 03

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01, for dei statlege forvaltningsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved berekninga av overføring av unytta løyving til neste år.

2. overskride løyvinga til oppdragsverksemd på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 21 Spesi-

elle driftsutgifter, med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620 Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsinntekter.

Unytta meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal reknast med ved utrekning av overførbart beløp på posten.

Meirinntekt som gjev grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift som er knytt til overskridinga, og kjem difor òg ved kap. 1633, post 01.

III

Fullmakt til overskriding

Stortinget samtykkjer i at Statsministerens kontor i 2022 kan overskride løyvinga på kap. 21 Statsrådet, post 01 Driftsutgifter, for å setje i verk naudsynte tryggingstiltak for regjeringa.

Fullmakter til å pådra staten skyldnader utover løyvingane

IV

Tingingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan gjere tingingar utover det som er løyvt, men slik at den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar ikkje overstig desse summane:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1610		Tolletaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	40 mill. kroner
1618		Skatteetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	35 mill. kroner

V

Fullmakter til å pådra staten skyldnader i investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan gjennomføre investeringsprosjekt innanfor kostnadsrammer som vist nedanfor:

Nemning	Etat	Samla ramme
Dialogbasert skattemelding (Sirius)	Skatteetaten	772,8 mill. kroner
Nytt IT-system for meirverdiavgift (Memo)	Skatteetaten	646,6 mill. kroner
OTP og deling av data	Skatteetaten m.fl.	137,3 mill. kroner
Modernisering av innkrevjing – steg 1	Skatteetaten m.fl.	1 864,0 mill. kroner
Treff-prosjektet	Tolletaten	838,3 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forplikingar som vert pådregne for seinare budsjettår og innanfor kostnadsrammene for prosjekta. Finansdepartementet vert gjeve fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

VI

Garantifullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan gje garanti for grunnkapitalen til Den nordiske investeringsbanken innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 617 872 455 euro.

VII

Fullmakt til å dekkje utgifter til vidare
bubehandling

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet for 2022 under ordninga med oppfølging av staten sine krav i konkursbu kan pådra staten skyldnader utover løyvingane, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 44,9 mill. kroner. Utbetalingar vert dekte av løyvingane under kap. 1618 Skatteetaten, post 21 Spesielle driftsutgifter.

Andre fullmakter

VIII

Fullmakt til å rette opp uoppklåra differansar og feilposteringar i statsrekneskapar for tidlegare år

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 i einskildsaker kan rette opp uoppklåra differansar i rekneskapane og feilposteringar i statsrekneskapen som gjeld rekneskapar for tidlegare år. Dette må gjerast ved å postere over kontoen for forskuvingar i balansen i statsrekneskapen i rekneskapen for det inneverande året. Fullmakta gjeld opp til 1 mill. kroner.

IX

Nettoposteringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan trekkje direkte utgifter i samband med auksjonssal frå salsinntektene før det overskytande vert ført som inntekter under kap. 4610 Tolletaten, post 02 Andre inntekter.

X

Fullmakter til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan gje Skatteetaten fullmakt til å:

1. inntektsføre statens del av skatteinngangen i statsrekneskapen i same periode som denne vert rapportert frå skatterekneskapen, og mot mellomværet som skatterekneskapen har med statskassa. Mellomværet vert utlikna i påfølgjande periode når oppgjeret vert overført frå skatterekneskapen.
2. føre uplasserte innbetalingar mot mellomværet med statskassa. Etter at krava er fastsette og registrert i rekneskapssystemet, vert innbetalingane resultatførte i statsrekneskapen og mellomværet utlikna.
3. føre midlar Skatteetaten krev inn på vegner av andre aktørar, mot mellomværet med statskassa i dei tilfelle der Skatteetaten sender midlane vidare. Mellomværet skal utliknast i perioden Skatteetaten sender midlane vidare til aktuell aktør.

Vedlegg 1

Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak**1 Noregs Bank**

Sentralbanksjef Øystein Olsen er tilsett på åremål frå 1. januar 2017 og ut 2022. Han melde 28. august 2021 til Finansdepartementet at han ynskjer å fråtre stillinga i februar 2022. Sentralbanksjefen leier òg hovedstyret i Noregs Bank.

Løna til sentralbanksjefen utgjorde 2 524 121 kroner i 2020. Verdien av andre føremoner utgjorde same året 163 647 kroner. Sentralbanksjefens pensjon er regulert gjennom ei eiga pensjonsordning. Maksimalt pensjonsgrunnlag er 12 ganger Folketrygdens grunnbeløp (12 G).

1.2 Folketrygdfondet

Folketrygdfondet er eit særlovselskap, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

Løna til administrerande direktør utgjorde 3 900 000 kroner i 2020 og anna godtgjersle 71 000 kroner.

Administrerande direktør må fråtre si stilling seinast ved fylte 70 år. Oppseiingstida er seks månader. Administrerande direktør har rett til etterløn tilsvarande seks månaders løn, rekna frå utgangen av oppseiingstida, dersom han vert oppsagd eller sjølv seier opp etter avtale med styret. Det er ikkje knytt rett til feriepengar eller pensjon til etterløna.

Folketrygdfondet har ein avtale om innskottsbasert pensjonsordning for dei tilsette. Dersom administrerande direktør i perioden frå han er 65 til 67 år tek imot yting knytt til sjukdom eller arbeidsuførleik, frå Nav og/eller tenestepensjonsordningar, vil desse ytingane kome til frådrag i pensjonen frå Folketrygdfondet i denne perioden. Pensjon for administrerande direktør vil verte samordna med alderspensjon frå folketrygda, oppsett rettighet i Statens pensjonskasse og innskottspensjon frå 67 år.

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2021

